

Kulturlandskap og biologisk mangfald på Haugalandet

Anders Lundberg



Fylkesmannen i Rogaland, Miljøvernavdelinga
2010

Miljørappor

Fylkesmannen i Rogaland Miljøvernnavdelingen



Postadresse:
Postboks 0059
4001 STAVANGER
Tlf. 51 56 87 00

Kontoradresse:
Statens Hus
Lagårdsveien 44
4010 STAVANGER

Forfattar:	Anders Lundberg	Rapportnr.:	5 - 2010
		Dato:	Desember 2010
Prosjektansvarleg:	Audun Steinnes	Geografisk område:	Haugalandet
		Antall sider:	212
		ISSN-nummer:	0802-8427
Emneord:	Haugalandet, biologisk mangfold, kulturlandskap, raudlisteartar, berekraftig jordbruk		
Finansieringskjelde:	Kommunane Bokn, Haugesund, Karmøy og Tysvær og Fylkesmannen i Rogaland		
Samandrag:			
<p>Kulturlandskapet på Haugalandet inneholder regionalt karakteristiske naturtypar og kulturlandskap som er betre utvikla her enn i dei fleste andre delane av landet, så som kystlynghei, kystmyr og sanddyner. Artsrikdomen er stor, men mange av naturtypane og artane som karakteriserer dei er i dag trua og nokre er alt utsydde frå regionen. Rapporten har undersøkt biologisk mangfold i 74 område på Haugalandet, i kommunane Bokn, Haugesund, Karmøy og Tysvær. Mange av dei er særskilt artsrike og inneholder mange sjeldsynte og trua artar av planter, insekt, fuglar og andre dyr. Dei fleste av dei undersøkte områda er kulturlandskap, dvs. innmark eller utmark knytt til jordbruk og gardsdrift. Talet på artar i eit område heng nøye saman med det lokale naturgrunnlaget, så som berggrunn, jordsmonn og lokalklima. Undersøkinga viser at også bruken av området har mykje å seie for artsrikdomen. Jordbruksområde, både innmark og utmark, som blir drivne på ein miljøvennlig måte med stor bruk av lokale ressursar og liten eller ingen bruk av eksterne, tilførte, ikkje-lokale ressursar er meir artsrike. Aktiv bruk av utmarksbeite som lynghei og andre naturbeitemarker tar vare på og utviklar tradisjonelle kulturlandskap og dette har mange gode sider ved seg. Det gir eit berekraftig jordbruk med produksjon av lokal, kortreist mat av god kvalitet, det gir husdyr som er friske og som treng mindre medisin og mindre kraftfør, det gir arbeid og inntekt til bonden, det gir landskap til nytte og glede for publikum og det gir høgt biologisk mangfold. Undersøkinga viser at det finst mange slike landskap og naturtypar på Haugalandet. Desse områda er verdifulle for friluftsliv, for naturvern og for jordbruket. Områda er vurderte i høve til ei nasjonal klassifisering, som A-område (svært viktige område), B-område (viktige område) og C-område (lokalt viktige område), etter kriterium frå Direktoratet for naturforvaltning. Til saman 43 område er klassifisert som A-område, fire område er delvis A, delvis B, 12 område er klassifisert som B-område, seks er klassifisert som C-område og ni område er vurdert å ha mindre verdi for biologisk mangfold (men dei kan vere viktige av andre grunnar). Bønder som har område som er klassifisert som A- eller B-område kan få støtte til å drive vidare på ein miljøvennlig måte. Undersøkinga gir ein omtale av mange av dei mest artsrike og flottaste naturtypane på Haugalandet og ho gir påskjønning til bønder som driv på ein miljøvennlig måte. Undersøkinga gir også råd om skjøtsel og korleis områda skal brukast og drivast vidare, kva som truar og kva som skal til for å vidareføre den store artsrikdomen og variasjonen av naturtypar og kulturlandskap. I det vidare arbeidet med å forvalte kulturlandskap og biologisk mangfold på Haugalandet på ein god og framtidsrettet måte er det viktig at bønder, rådgjevarar, kommunane og andre set seg inn i dei funna som er gjort i undersøkinga og følgjer opp med praktiske tiltak i høve til drift og arealplanlegging.</p>			

Kulturlandskap og biologisk mangfold på Haugalandet

Anders Lundberg



Bokn
kommune



Haugesund
kommune



Karmøy
kommune



Tysvær
kommune



Fylkesmannen i Rogaland, Miljøvernavdelinga
Miljørapporet 2010, 5

Føreord

Føremålet med denne rapporten er å auke kunnskapen om det biologiske mangfaldet i kulturlandskapet på Haugalandet. Jordbrukslandskapet på Haugalandet kan grovt sett delast i innmark og utmark, men det finst mange underkategoriar innanfor kvar av desse: fulldyrka jord (i dag helst eng til slått, i mindre grad åker), overflatedyrka jord (helst grasdominert beitemark) og utmark med lysthei, myr, skog og anna. Det har lenge vore kjent at delar av dette jordbrukslandskapet husar eit stort biologisk mangfald i form av planter, fuglar og dyr. På den andre sida har det også vore kjent at dette landskapet endrar seg og dermed også det biologiske mangfaldet som er knytta til det. Nokre stader blir utmark og anna jordbruksreal brukta i mindre grad enn før, gjerne med gjengroing som følgje. Andre stader skjer det ei intensivering av jordbruksområda, med tilsvarande tap av biologisk mangfald. Vern av biologisk mangfald er eit høgt prioritert mål på nasjonalt plan og planen med rapporten er å auke kunnskapen om det biologiske mangfaldet som er knytta til jordbrukslandskapet på Haugalandet, både i høve til bøndene og i høve til miljø- og landbruksforvaltninga på lokalt og regionalt nivå. Målsettinga er at denne kunnskapen skal nyttast til å identifisere område med miljøvennleg drift og å oppmuntre til miljøvennleg drift som bidar til å ta vare på det særprega biologiske mangfaldet som er knytta til jordbrukslandskapet på Haugalandet.

I arbeidet med rapporten har eg hatt stor hjelp av mange. Takk til John Bjarne Jordal og Frank Steinkjellå for låن av biletar av sopp og fuglar. Takk også til John Bjarne Jordal for hjelp med bestemming av soppartar. Eg vil også rette ei stor takk til Oskar Bjørnstad som har gitt verdifull informasjon om fuglelivet på Vest-Karmøy. Dette har i stor grad styrka dokumentasjonen av kor viktige desse områda er for det biologiske mangfaldet og kor viktig det er å få tatt vare på dei for notid og framtid.

Prosjektet er utført i nært samarbeid med Haugaland landbruksrådgjeving, kommunane Bokn, Haugesund, Karmøy og Tysvær og Miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen i Rogaland. Haugaland landbruksrådgjeving har vore administrativt ansvarleg for prosjektet. Rådgjevar Annlaug Fludal har hatt ei sentral rolle og vore eit fagleg og administrativt knutepunkt i arbeidet. Ei stor takk går til alle bønder og grunneigarar som eg har vore i kontakt med under feltarbeidet og som har vist stor interesse og velvilje. Takk også til rettleiarar og konsulentar i kommuneadministrasjonane: Jon Egil Frette (tidlegare landbrukskonsulent i Tysvær, Bokn og Haugesund), landbrukskonsulent Bente Helen Bergstøl Norvalls (Tysvær, Bokn og Haugesund), Britt Johnsen Pedersen og Leif Kåre Solheim (landbrukskontoret i Karmøy). Stor takk også til seniorkonsulent Audun Steinnes, Fylkesmannen i Rogaland, og til rådgjevar Annlaug Fludal, Haugaland landbruksrådgjeving. Alle har hatt viktige rollar i arbeidet og i stor grad bidratt til at prosjektet blei realisert og at det kom i mål. Takk til alle for godt samarbeid.

Innhaldet i rapporten står for forfattaren si rekning. Rapporten er ikkje kontrollert og "godkjent" av andre, jamvel om fleire har hatt han til gjennomsyn og gitt viktige og gode tilbakemeldingar. Rapporten er basert på faglege vurderingar og kjennskap til naturen og kulturlandskapet på Haugalandet opparbeidd gjennom mange år. Håpet er at rapporten skal bidra til å auke kunnskapen om, interessa for og ansvaret for å ta vare på denne viktige delen av mangfaldet på jorda mens det ennå er tid til å gjere det.

Bergen, november 2010

Anders Lundberg



Innhald

Innleiing.....	4	Karmøy, Skudeneshavn, Nalei-Høynes	102
Bakgrunn.....	4	Karmøy, Skudeneshavn,	
Kulturpåverknad – korleis bruken påverkar det biologiske mangfaldet	5	Natterhukmyr-Ytre Holmavatnet	105
Metode og kjelder.....	8	Karmøy, Skudeneshavn, Nedre Risdal	109
Verdisetting.....	8	Karmøy, Skudeneshavn, Risdal, Torvavegen.....	111
Mal for lokalitetsomtale	8	Karmøy, Skudeneshavn,	
Raudlisteartar.....	9	Risdal, torvmyr aust for Torvhodl	112
Nokre kjenneteikn ved jordbruket på Haugalandet	9	Karmøy, Skudeneshavn, Rørvik-Syreglânå-Syrevågen ..	113
Bokn, Austre Bokn, Vardefjellet.....	14	Karmøy, Skudeneshavn, Sandhåland-Skårneshamn ..	115
Bokn, Austre Bokn, Våga, Nipa-Supanskallen.....	16	Karmøy, Skudeneshavn, Sandve hamn- Sandvesanden-Mjølhussanden	118
Bokn, Vestre Bokn, Are	18	Karmøy, Skudeneshavn, Skitnadalsnes	121
Faktarute: Saltblomstermose.....	22	Karmøy, Skudeneshavn, Stavasanden	123
Bokn, Vestre Bokn, Lammaneset-Boknahovet	23	Karmøy, Skudeneshavn, Taravika	126
Haugesund, Hagland, nord for Ravnafloke	25	Karmøy, Skudeneshavn, Taravika-Hebneståa	132
Haugesund, Hagland-Svehaug	27	Karmøy, Skudeneshavn, Vikra-Sandve hamn	135
Haugesund, Kalland, Klauv.....	30	Karmøy, Stangaland,	
Haugesund, aust for Steinsfjellet	32	Midt-Stokke, Bratthammarhaugen	137
Haugesund, Toskatjødn-Kyrkjelit	36	Karmøy, Stangaland, Midt-Stokke, Kvednavik.....	139
Haugesund, Ørpelvæit, Tjodnaåsen-Kyrkjelit	38	Karmøy, Stangaland, Sør-Stokke, Bratthammar ..	142
Haugesund, Røvær, Gitterøy	40	Karmøy, Stangaland,	
Haugesund, Røvær, Hillersøy	42	Sør-Stokke-Blikshavn-Mjåvatnet	144
Haugesund, Røvær, Indrevær	43	Karmøy, Torvastad, Dalsvågen 1 (lynghei).....	147
Haugesund, Røvær, Røvær (hovudøya)	45	Karmøy, Torvastad, Dalsvågen 2 (strandeng)	148
Haugesund, Røvær, Ulvøy	48	Karmøy, Torvastad, Føynå, Duøy	150
Haugesund, Røvær, Ur	49	Karmøy, Torvastad, Føynå, Feøy	152
Haugesund, Tømmervågen-Torevarden	51	Karmøy, Torvastad, Føynå, Kvaløy	155
Haugesund, Årabrot	53	Karmøy, Torvastad, Føynå, Sandholmane	157
Karmøy, Avaldsnes, Fosen, Bratt-helgaland, Duberg	58	Karmøy, Torvastad, Føynå, Sørøy	159
Karmøy, Avaldsnes, Fosen, Bratt-helgaland, Steintre	60	Karmøy, Torvastad, Føynå, Ulvøy	162
Karmøy, Avaldsnes, Fosen, Skokkane	62	Karmøy, Torvastad, Munkaskard	164
Karmøy, Avaldsnes, Fosen, Tjoland	64	Karmøy, Torvastad, Røvær, Bjørkevær	166
Karmøy, Avaldsnes, Høvring	66	Karmøy, Åkra, Nedre Liknes	168
Karmøy, Avaldsnes, Landanes	69	Karmøy, Åkra, Stong	172
Karmøy, Avaldsnes, Myklabust	71	Karmøy, Åkra, Åkrasanden-Øvre Liknes	174
Karmøy, Avaldsnes, Selen	73	Faktarute: Dynehårstjerne	179
Karmøy, Avaldsnes, Søylå	74	Faktarute: Storbust	180
Karmøy, Avaldsnes, Visnes nord	76	Strendene frå Stong til Syrevågen – framlegg om etablering av Vest-Karmøy	
Karmøy, Avaldsnes, Visnes sør	78	landskapsvernområde	182
Faktarute: Sprikesteinmose	80	Tysvær, Førlandsvågen, inst	184
Karmøy, Avaldsnes, Østhuslia	81	Tysvær, Høyetre	187
Karmøy, Skudeneshavn,		Tysvær, Høyevassdraget, Eikeskog-Hetland	188
Blikshavn-Hovdastad-Dale-Tjøstheim	83	Tysvær, Høye, Kalleviksøya	191
Karmøy, Skudeneshavn, Falnes	88	Tysvær, Krosshaug-Såt	193
Karmøy, Skudeneshavn, Ferkingstad hamn-Langåker	90	Tysvær, Sørvåg	196
Karmøy, Skudeneshavn, Hemnes-Laksudden-Sandhåland	95	Tysvær, Valhest	198
Karmøy, Skudeneshavn, Mjølhus-Kvalvik-Rørvik	99	Tysvær, Voll-Hetlandsvågen	202
Faktarute: Blåmose	101	Tysvær, Våg, Hodnafjell	205
		Oppsummering	207
		Litteratur	210

Innleiing

Bakgrunn

Dei siste åra har det vore utført naturtypekartlegging i kommunar over heile landet. Det dreier seg om ei nasjonal satsing for å auke kompetansen i kommunane om det biologiske mangfaldet dei har, slik at det kan forvaltast på ein god og framtidssrett måte. Det dreier seg også om å samkøyre to tradisjonelt skilde sektorar – naturvernsektoren og landbrukssektoren. Tradisjonelt har dette vore to verder som ikkje alltid har hatt god kontakt med kvarandre eller som har vore i strid med kvarandre. Mange bønder har oppfatta naturvern som eit trugsmål mot lønsam drift og mange naturvernalar har oppfatta bønder som trugsmål mot natur og miljø. Med utgangspunkt i naturvernlova er det oppretta mange verneområde og areal som er verna på denne måten har auka jamt og trutt dei siste åra. Per januar 2008 er 14,3 % av arealet i Noreg verna, som nasjonalpark (8,3 %), landskapsvernområde (4,7 %) eller naturreservat (1,3 %). I dei fire kommunane som inngår i dette prosjektet, Bokn, Haugesund, Karmøy og Tysvær, er det oppretta 23 verneområde. Desse er små, men viktige område for det bilogiske mangfaldet på Haugalandet. Dei utgjer likevel ein svært liten del av det samla arealet i kommunane. Dei fleste (17) av desse verna områda er sjøfuglreservat på holmar og småøyer, tre er ferskvatn med rikt fugleliv, to er skog og eitt er myr. Haugalandet har mykje verdifull natur, langt meir enn det som er sikra gjennom naturvernlova. Det gjeld mange ulike typar miljø og landskap, slike som skog, myr, ferskvatn, kystfjell, havstrand, llynghei og andre kulturlandskap.

Haugalandet er eit av dei eldste landskapa i landet; isen forsvann frå delar av Haugalandet alt for meir enn 14.000 år sia, mange tusen år før andre delar av landet blei isfritt. Nokre av dei eldste spora av menneske og menneskeleg aktivitet er derfor kjent frå Haugalandet, t.d. funnet av den såkalla Bleivikmannen frå Skåre, datert til eldre steinalder. Landskapet på Haugalandet har vore brukt av menneske gjennom tusenvis av år og området har vore og er kjenneteikna av ulike typar kulturlandskap. Sjølv sagt gjeld dette det dyrka og bebygde landskapet, men det gjeld også det meste av utmark. Det gjeld såleis all llynghesi, det aller meste av myr (som har vore nytta som torvmyr), det gjeld skog (som til alle tider har vore hausta), ferskvatn, elver og bekkar (som er regulerte eller

påverka på ulike måtar) og strender, kort sagt: heile Haugalandet.

Mykje av det me i dagleg tale omtalar som natur, er i røynda kulturlandskap. Den delen av kulturlandskapet på Haugalandet som ikkje er fulldyrka eller utbygd, utmark i vid tyding, er likevel dominert av viltveksande planter – lyng, gras, sev, blomsterplanter, buskar og tre. Artsrikdomen er stor, berre i Karmøy kommune rapporterte Lundberg (1998) om 860 artar karplanter (bregnar, blomsterplanter, gras, sev, buskar og tre). Det er ikkje gjort noko liknande undersøking av andre delar av Haugalandet, men kanskje er det omkring 1000 karplanter i dei fire kommunane som inngår i denne rapporten. I tillegg finst det mange andre grupper av planter, fuglar og dyr, så det er ingen tvil om at mangfaldet er stort. Mangfaldet skuldast eit variert naturgrunnlag (klima, berggrunn og lausmassar) og lang og variert bruk (som husdyrbeite, slått og hausting) og varierte habitat (skog, myr, hei, vegkantar, åkerkantar osb.). Kulturpåverknaden (bruken) av naturen er ikkje berre øydeleggjande (som når det blir laga vegar, bustadfelt, kaiar og industriområde), den kan også bidra til å auke mangfaldet av artar. Det har såleis vist seg at dei gamle, ugyptsla slåttengene er mellom dei mest artsrike landskapstypane som finst. Llynghieiar som blir beita og brent med visse mellomrom kan også vere heller artsrike samanlikna med llynghieiar som har gått ut av bruk. Likeeins kan grasdominert naturbeitemark huse ein imponerande artsrikdom, ofte med innslag av sjeldsynte artar.

Det aller meste av det store biologiske mangfaldet på Haugalandet finst utanfor dei verna områda. Skal me ta vare på denne rikdomen, må me forvalte han med utgangspunkt i andre lovar og føreskrifter enn dei som berre gjeld naturvern.

Den nasjonale satsinga på registrering av biologisk mangfald i kommunane skaut fart etter St.meld. nr. 58 (1996-97): *Miljøvernpolitikk for en berekraftig utvikling. Dugnad for framtida*. I 1993 ratifiserte Noreg Konvensjonen om biologisk mangfold og i 1999 kom retningslinjer for korleis arbeidet med å registrere biologisk mangfald skulle gjennomførast, jf. DN-Handbok 13, 1999; revidert i 2006 og 2007: *Kartlegging av naturtyper – verdisetning av biologisk mangfold*. Særleg relevant i denne samanhengen er også St.meld. nr. 42 (2000-2001) *Biologisk mangfold, sektoransvar og samordning*. I 2009 kom den nye naturmangfaldlova og den nye plan- og bygningslova, begge med føringar for korleis natur- og miljøverdiar skal og bør forvaltast.

Satsinga på biologisk mangfald har delvis vore samkørt med Regionalt miljøprogram i jordbruksket. Målet for dei regionale miljøprogramma er å styrke miljøinnsatsen i jordbruksket gjennom å ta vare på kulturlandskapet og dei biologiske og kulturhistoriske verdiane som finst der. Programmet kanaliserer delar av dei offentlege tilskota til jordbruksket og i seinare år er desse i stor grad lagt om frå reine produksjonstilskot til areal- og miljøtilskot. Jordbruksket har gått frå først og fremst å vere ein matprodusent til også å produsere miljøgoder som kulturlandskap tilgjengelege for publikum, turstiar, reine vassdrag og å ta vare på biologisk mangfald. Tanken er at dei bøndene som gjennom drifta bidrar til å ta vare på og utviklar det biologiske mangfaldet, får tilskot. På den måten blir ikkje naturvern og jordbruk motstandarar, men medspelarar med eins mål.

Undersøkinga som ligg til grunn for rapporten har fått støtte frå Bokn, Haugesund, Karmøy og Tysvær kommunar, som har søkt om såkalla SMIL-midlar (spesielle miljøtiltak i landbruksket) i Regionalt miljøprogram. I tillegg har Fylkesmannen i Rogaland, Miljøvernavdelinga bidratt med midlar, både til registrering av biologisk mangfald i kulturlandskap og i andre typar landskap. Prosjektet har vore administrert av Haugaland landbruksrådgjeving ved rådgjevar Annlaug Fludal.

Føremålet med denne undersøkinga er å stimulere bønder som ønskjer å drive på ein måte som fremjer biologisk mangfald og videreføring av tradisjonelle og viktige kulturlandskap. Område som blir klassifisert i verdiklasse A og B kvalifiserer for støtte gjennom tilskotsordningane i jordbruksket. Slik drift er gjerne også ekstensiv og skil seg frå moderne, høgintensive driftsmåtar. Det gir mindre sjukdom på husdyra, betre kvalitet på kjøtet og det bidar til produksjon av kortreist mat som er bra for klima og miljø.


Kulturpåverknad – korleis bruken påverkar det biologiske mangfaldet

Kystlyngheiane er eit gammalt kulturlandskap som på Haugalandet truleg har ein alder på 3000-5000 år. Dei er utvikla på tidlegare skogsmark (helst furu- og eikeskogar), der skogen blei svidd av, hogd eller rydda for å blir erstatta av lyngbeitemark. Grunnen til at folk gjorde dette i førhistorisk tid, er at lyngheiane kunne beitast året rundt. Dermed gjorde overgangen frå skog til hei at bøndene kunne halde større buskapar enn før.

Dette var viktig for folkeauke, etablering av fast busetnad langs kysten og for lokaløkonomien i det heile. I løpet av livsløpet sitt går lyngen igjennom ulike utviklingsfasar, frå spiring, ung fase, moden fase og eldingsfase. Dei unge og modne fasane gir best beiteverdi. Då er lyngen grøn og fin og ikkje for grov. I eldingsfasen er lyngen grov og lite høveleg som fôr. Lyngbrenning grip inn i lyngen sitt livsløp ved at den gamle delen blir brent og ikkje får utvikle seg. Brannen gjer at dei overjordiske delane blir svidd av, men lyngen har evne til rask spiring frå røtene. Brenninga skjedde gjerne på ettermårsdagane (februar-mars) og lyngen kan då spire alt same året, utover sommaren, hausten og vinteren (som er mild på kysten). Lyngbrenning gjer også at brakjen forsvinn, då han ikkje toler brann. Lyngbrenning gjorde at beiteverdien av heiane auka og det bidrog også til å halde arts mangfaldet oppe. Nyleg brente område er lysopne med godt med varme i øvre jordlag og dette favoriserer spiring av lyng, gras og blomsterplanter. I seinare år har det blitt ei auka interesse for den tradisjonelle lyngheidrifta, med villsau, lyngbeite og lyngbrenning. Dette er positivt for forvaltninga av det biologiske mangfaldet og for å halda oppe det gamle kulturlandskapet langs kysten. Prosjektet *Sjå Haugalandet* i regi av Haugaland landbruksrådgjeving har vore ei drivande kraft i dette arbeidet, i samarbeid med lokale grunneigarar og brukarar.

Eit hovudproblem med lyngheiane langs kysten i dag er at dei ikkje blir beita eller at dei blir beita for lite. Det bidrar til gjengroing og forfall. Eit passe beitetrykk er nødvendig for å oppretthalde lyngheiane (figur 1). Beitetrykket kan likevel bli for høgt og i så fall blir lyngheiane omdanna til grasmarker. Om beitetrykket blir for stort, blir resultatet liknande ein plen med få artar gras (figur 2) som ikkje har same beiteverdien om vinteren. Kva er så eit passe beitetrykk?

Ei undersøking på Lindøy kan kaste lys over dette (Lundberg 2002, 2005). Dominerande vegetasjonstypar (lynghei eller grasmark) blei undersøkt i høve til beitetrykk (tal beitedyr/dekar) gjennom ein serie flyfoto frå åra 1955, 1964, 1978, 1982, 1991 og 2002. Det tilgjengelege beitearealet er i dag lynghei, myr, bjørkeskog og litt strandeng, til saman om lag 1000 dekar. I 1955 var beitetrykket moderat (6-8 melkekryr, 30 vinterfôra sau og 1 hest) og vegetasjonen var lynghei. I 1964 var beitetrykket høgt (50 sau og 100 lam) og vegetasjonen blei grasmark. I 1965 tok husdyrhaldet slutt på Lindøy. Etter det har lyngheiane tatt over frå grasmarkene og i dag er bjørkeskogen i ferd



FIGUR 1. Dynamikken mellom skog, llyngheti, einermark og kulturbete er styrt av driftsmåten (etter Lundberg 1991).

med å invadere. Undersøkingane frå Lindøy indikerer at overgangen frå llyngheti til grasmark blir utløyst ved eit beitetrykk på 2,4-2,7 sauer/hektar/år. Er det fleire enn 2,4-2,7 sauer/hektar/år, blir det grasmark, er det lågare, blir det llyngheti.

Både beite og slått bidrar til å hindre gjengroing, men på ulike måtar. I det gamle jordbruket skjede slåtten på Haugalandet gjerne i juli, altså mykje seinare enn i dag når slåtten begynner i slutten av mai eller i starten av juni. I det gamle jordbruket blei all gjødsel, som var husdyrgjødsel, brukt på åkeren, ikkje på eng og beite. Den seine slåtten og ingen gjødsel bidrog til utvikling av artsrike engar, med mange ulike grassortar og blomsterplanter. Den tidlege slåtten i moderne engar og bruken av store mengder gjødsel gjer at dei moderne engene er høgproduktive, men fattige på artar, stort sett timotei, raigras og engsvingel. Dei gamle engene har nesten forsvunne og dette er bakgrunnen for at det er stor interesse for å ta vare på dei få som måtte vere igjen. I 2010 er slåttemark ein av fem prioriterte naturtypar i Noreg. Det gjeld slåttemark som ikkje blir slått og som ikkje er gjødsla på moderne måte. Det er utarbeidd ein eigen handlingsplan for tradisjonell slåttemark i Noreg.

Beite kan ofte ikkje erstatte den gamle slåtten, spesielt ikkje om beite går føre seg heile året. Blomsterplantene får då ikkje utvikla modne frø og i lengda vil dei forsvinne. Dessverre har me altfor mange døme på at mange artar som før voks i gamle slåttenger har forsvunne eller gått sterkt tilbake i distriktet. Det gjeld mellom anna marinøkkel, solblom, myrflangre, grov nattfiol, kvitkurle, bakkesøte, kystengkall, karve og mange andre.


I andre tilfelle kan beite vere positivt for plantemangfaldet. Trakk frå beitande dyr skapar lysopne mikrohabitat som mange planter dreg nytte av. Det gjeld t.d. fleire pusleplanter, som dverglin, bustsevaks og pusleblom, som har hatt ein sterk tilbakegang i distriktet dei siste tiåra fordi veksestadene dei trivst i blir for tette på grunn av manglende trakk frå beitedyr.

Bruken av eng og beitemark har mykje å seie for arts mangfaldet (figur 3). Dei mest artsrike engene er u gjødsla slåttenger som kan ha omkring 70 artar karplanter. I undersøkinga som ligg til grunn for figur 3 utgjorde urtene 70 % (49 av 70 artar) av artane i u gjødsla slåtteng, gras og halvgras utgjorde 29 % og lyng berre vel 1 %. I gjødsla slåttenger blei talet på artar redusert til 40, ein nedgang på 43 % i høve til tilsvarande u gjødsla engar. U gjødsla beitemarker (grasmarker) er også heller artsrike (52 artar i figur 3), mens gjødsling i slike engar fører til at talet på artar blir meir enn halvert (eit tap av artar på 54 %). Engar som ikkje er i bruk har mindre biologisk mangfald enn engar som blir slått eller beita, jamvel om dei ikkje blir gjødsla. Om slike engar likevel blir gjødsla, blir arts mangfaldet radikalt endra, jf. stolpen heilt til høgre i figur 3.

Me kan trekke to viktige konklusjonar ut av dette. For det første er det viktig for å ta vare på biologisk mangfald at engene blir brukt, til beite eller til slått. Ein føresetnad er at beitepresset ikkje er for høgt, men passe. For det andre kjem det fram at gjødsling bidrar til å redusere det biologiske mangfaldet. Dessverre er det slik at gjødslinga går mest utover dei interessante, sjeldsynte og mest verdifulle artane, mens moderne, kultiverte artar




FIGUR 2. Sterkt beitetrykk og mykje gjødsel bidrar til utvikling av artsfattige grasmarker dominert av nokre få artar.



FIGUR 3. Korleis slått, beite og ingen bruk påverkar artsmangfaldet og kva som er effekten av gjødsling på artsmangfaldet i slåttemark, beitemark og eng som ikkje er i bruk (etter Fogelfors 1985).

(som engsvingel, timotei og raigras) trivst betre med gjødsling. Det er også grunnen til at bonden gjødslar. Fulldyrka enger har uansett liten verdi i høve til biologisk mangfald, så dei treng me ikkje ta inn i diskusjonen her. Ei heilt anna sak er naturbeitemarker og delvis også overflatedyrka område. I slike område som det er påvist verdifullt biologisk mangfald i, er det ønskjeleg at det ikkje blir gjødsla. For at bonden ikkje skal tape pengar




FIGUR 4. Korleis ulike typar bruk påverkar talet på planter og sommarfuglar (etter Nedkvitne, Garmo og Staaland 1995, omteikna etter Erhardt 1985).

på dette, må styresmaktene inn med støttetiltak. Et viktig føremål med denne rapporten er å identifisere område med høgt biologisk mangfald som kan utløyse støtte til dei brukarane som driv miljøvennleg.

Korleis ulike typar bruk påverkar planter og sommarfuglar kjem fram i figur 4. For plantene sin del ser me at figuren viser same resultat som me

såg i figur 3. Ugjødsla slåttenger er dei mest artsrike. Område med lett beitepress er også artsrike. Gjødsling bidrar til å redusere det biologiske mangfaldet. Lett beite er optimalt for høgt utval av sommarfuglar og ugjødsla slåttenger er også gunstig. Gjødsling bidar til å redusere mangfaldet av sommarfuglar.

Når det er sagt, er det også klart at det er ein grunn til at bonden gjødslar. Det kjem klart til uttrykk i figur 5. Kurvene viser korleis produksjonen av tørststoff (hovudsakleg tørt gras), målt i tonn/hektar, varierer frå år til år. Variasjonen mellom år skuldast variasjoner i temperatur- og nedbørstilhøva, ein variasjon som alle bønder er vel kjente med. Figuren viser også at gjødsla enger produserer meir gras enn ugjødsla enger og det er grunnen til at det blir gjødsla. Igjen må det vere slik at dersom me ber bonden om ikkje å gjødsle for å ta vere på biologisk mangfald, må bonden få kompensasjon for det tapet som følger av at han/ho ikkje gjødslar. Verdivurderinga av kulturlandskap som er undersøkte og omtalte i denne rapporten gir føringar for slik kompensasjon.



FIGUR 5. Grasproduksjonen (målt i tørststoff, tonn/hektar) i gjødsla og ugjødsla enger (etter Fogelfors 1985).

Metode og kjelder

Rapporten er basert på feltarbeid utført av forfattaren på Haugalandet, i 2007-2010, mesteparten i 2008 og 2009. I tillegg er det sjekka opplysningar frå litteratur, publisert eller upublisert, alt som er tilgjengeleg og relevant. Dei undersøkte områda er avgrensa på kart og sjekka mot flybilete (ortho-foto) av nyare dato. I rapporten er det gitt omtale av 74 område, spreidd over store delar av Haugalandet, sjå figur 6.



FIGUR 6. Undersøkte kulturlandskap på Haugalandet.

Verdisetting

I tråd med DN-Håndbok 13 er det brukt desse verdiklassane: A (svært viktig), B (viktig) og C (lokalt viktig). For dei fleste av lokalitetane er det ført fullstendige krysslister for alle karplanter som blei observerte under synfaringa. Ei kryssliste er eit A4-ark med ei liste over alle karplantene i området (namna er forkorta for å få plass til alle) og for kvar art som blir observert i felt, blir det sett eit kryss på lista, eller ein ring rundt artsnamnet. Når ein først er kjent med slike kryssliste, er det ein tidseffektiv måte å registrere artsmangfaldet på i eit område.

Mal for lokalitetsomtale

Dei einskilde lokalitetane har fått omtale etter ein mal, i hovudtrekk slik det går fram av DN-Håndbok 13, 2. reviderte utgåve (Direktoratet for naturforvaltning 2007). Første del av lokalitetsomtalen nemner kort lokalitetsnamn, kartblad i M711-serien frå Statens kartverk, UTM-referanse (slik det er gjort greie for på alle M711-kart), kommune, inventør, dato for feltundersøking, naturtype (på overordna nivå, etter kodar i DN-Håndbok 13), utformingar (meir detaljert enn naturtype, etter

kodar i DN-Håndbok 13), verdi (A, B, C), vegetasjonssone (etter Moen 1998) og vegetasjonsseksjon (etter Moen 1998). Etter denne korte oversikta, kjem sjølve lokalitetsomtalen. Følgjande punkt er med: beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag, naturtypar og utforming, arts mangfald, påverknad/bruk, tilstand, skjøtsel og omsyn, verdivurdering (nærare grunngjeving for kvifor lokaliteten er plassert i ein verdiklasse), kjelder og stedkvalitet. I denne delen er naturtypar og utformingar klassifisert etter kodane i Fremstad (1997), som liknar på systemet i DN-Håndbok 13, men som har andre kodar og som ofte er meir nøyaktig enn handboka.

Raudlisteartar

Mange artar er såkalla ubikvistar, dei finst nær sagt over alt. Dei er ein del av mangfaldet, men kan ikkje nyttast til å skille mellom område. Nokre artar er økologiske spesialistar og er knytte til bestemte naturtypar eller vegetasjonstypar. Slike artar blir kalla *indikatorartar* eller signalartar. Under omtalen av arts mangfaldet på ein lokalitet, er det lagt spesiell vekt på indikatorartar framføre ubikvistar. Ei anna gruppe artar som det er lagt stor vekt på er såkalla *raudlisteartar*. Dette er artar som står på den norske raudlista, ei offisiell liste over artar som er trua (Kålås m.fl. 2006). Dei er spesielt sårbare for inngrep, miljøendring og forstyrring og derfor er det spesiell merksemد mot dei. Den norske raudlista opererer med følgjande kategoriar: **NT** = nær trua, **VU** = sårbar, **EN** = sterkt trua, **CR** = kritisk trua, **RE** = regionalt utrydda, **DD** = dårleg datagrundlag og **LC** = utanfor fare. Akronyma er forkortingar for dei engelske termane (*near threatened, vulnerable, endangered, critically threatened, regionally extinct, least concern*). Det er mange raudlisteratar på Haugalandet, sjå tabell 1 og 2.

Mange av dei raudlista artane er knytte til ulike typar kulturlandskap. Figur 7 viser korleis dei raudlista karplanteariane som er kjent frå Haugalandet fordeler seg på trusselkategoriane. Det kjem fram eit interessant mønster om ein samanliknar tilhøvet mellom tal artar i kvar av trusselkategoriane på nasjonal nivå og på Haugalandet. Dersom det var like mange artar i kvar av kategoriane på nasjonal nivå og på Haugalandet, ville relasjonen mellom dei vere 1 (dvs. like mange kritisk trua artar i Noreg som på Haugalandet, gitt utvalet, her raudlista artar karplanter på Haugalandet). Dersom talet er >1 , er det fleire artar i ein kategori på nasjonal nivå enn på Haugalandet, dersom talet er <1 , er det fleire trua artar i ein kategori på Haugalandet enn på nasjonal nivå. Det interessante er at dette talet endrar seg etter trusselkategori. I dei

"lågare" trusselkategoriane (nær trua, sårbar og sterkt trua) er det fleire artar på nasjonal nivå enn på Haugalandet (høvesvis 2,2, 1,5 og 1,4). I den "høgare" trusselkategorien 'kritisk trua' er tilhøvet omvendt: det er fleire kritisk trua artar karplanter på Haugalandet enn det er på nasjonal nivå. I dette utvalet er det *ein* kritisk trua art (CR) på nasjonal nivå (åkersteinfrø), mens det er seks kritisk trua artar på Haugalandet (tusengyllen, engmarihand, bustsevaks, dverglin, nattsmelle og krabbekløver).

Eit typisk trekk ved dei raudlista karplantene som er kjent frå Haugalandet, er at mange av dei som hører til i ein "lågare trusselkategori" på nasjonal nivå er i same eller "høgere" trusselkategori på Haugalandet. Om me t.d. ser på kategorien 'sterkt trua' er 19 av dei raudlista karplantene på Haugalandet i denne kategorien på nasjonal nivå, mens det er 14 på Haugalandet. Grunnen til at det er relativt færre i denne kategorien på Haugalandet enn på nasjonal nivå er at 11 av dei 19 artane som er i kategorien 'sterkt trua' på nasjonal nivå på Haugalandet er i dei "høgare" kategoriane 'kritisk trua' (tre artar: tusengyllen, bustsevaks, dverglin), 'utrydda' eller 'mogeleg utrydda' (fem artar: vasskjeks, myrfangre, bulmeurt, bukkebeinurt og sodaurt) og i kategorien 'datamangel' (tre artar: hartmannsstarr, stortrollurt og mesterrot). Sagt på ein annan måte: *dei raudlista artane er meir trua på Haugalandet enn dei er på nasjonal nivå*. Dette gir grunn til uro og inviterer til tiltak. Ikke alle desse artane er knytte til jordbrukslandskap, men mange av dei er det og det er litt av bakgrunnen for at arbeidet med å kartlegge biologisk mangfald i kulturlandskapet på Haugalandet blei sett i gong. Eit viktig føremål med kartlegginga er at undersøkinga kan brukast til å stimulere til ei miljøvennlig og berekraftig bruk som m.a. tek vare på det verdifulle biologiske mangfaldet som finst i denne delen av landet.

Nokre kjenneteikn ved jordbruket på Haugalandet
Jordbruket på Haugalandet har vore igjennom store endringar dei siste åra. Det har samanheng med tilsvarande endringar på nasjonal plan, med Noreg sin integrasjon i Europa, med den globale flyten av varer og tenester, med endringar i tilgangen på anna arbeid i regionen og fleire andre tilhøve. Med utgangspunkt i offisiell norsk landbruksstatistikk skal me her trekke fram nokre karakteristiske utviklingstrekk, gjennom ei samanlikning av tal frå 1989, 1999 og 2008, som er dei siste offisielle, tilgjengelege tala.

Eitt mål for tilstanden i jordbruket er talet på driftseiningar med minst fem dekar jordbruksareal

TABELL 1. Raudlista artar karplanter på Haugalandet og korleis dei fordeler seg på trusselkategoriar på nasjonalt nivå og på Haugalandet.


Forvaltningszone	Nasjonal status	Lokal status	Forvaltningszone	Nasjonal status	Lokal status
Kalmusrot	NT	RE	Lodnefølblom	EN	EN
Pusleblom	EN	EN	Perleminneblom	EN	EN
Sandarve	NT	VU	Fuglereir	NT	NT
Solblom	VU	EN	Bukkebeinurt	EN	RE?
Flikmelde	EN	EN	Ormetunge	VU	EN
Vasskjeks	EN	RE	Mesterrot	EN	DD
Marinøkkel	NT	EN	Kvitkurle	VU	RE
Åkersteinfrø	CR	RE	Dverglin	EN	CR
Hartmannsstarr	EN	DD	Frøvårkål	NT	LC
Kjeldegras	NT	NT	Kystengkall	VU	VU
Tusengyllen	EN	CR	Berghøy mole	VU	VU
Klengelerkespore	NT	VU	Sodaurt	EN	RE?
Stortrollurt	EN	DD	Brunskjene	NT	NT
Engmarihand	NT	CR	Nattsmelle	NT	CR
Purpurmarihand	EN	EN	Sørlandsasal	NT	NT
Buntsevaks	NT	NT	Glanspiggknopp	DD	DD
Myrflangre	EN	RE?	Barlind	VU	VU
Purpurlyng	NT	NT	Kystblåstjerne	VU	EN
Hjortetrøst	NT	NT	Krabbekløver	VU	CR
Jærsoete	EN	EN	Alm	NT	NT
Bakkesoete	NT	EN	Smånesle	NT	VU
Brudespore	NT	EN	Legevendelrot	VU	DD
Skjoldblad	NT	NT	Vårsalat	NT	RE?
Bulmeurt	EN	RE	Bergfletteveronika	DD	RE
Bustsevaks	EN	CR	Austersjørøyr	EN	EN
Jærsev	NT	NT	Dvergålegras	EN	EN
Sprikepiggrø	NT	RE			

TABELL 2. Raudlista sopp, lav og mosar på Haugalandet og korleis dei fordelear seg på trusselkategoriar på den norske raudlista. Denne gruppa er ikkje kartlagt systematisk på Haugalandet og truleg finst det langt fleire raudlisteartar enn dei som er lista her.

Sopp	
Svartnande kantarell (<i>Cantharellus melanoxeros</i>)	NT
Fiolett raudskivesopp (<i>Entoloma mougeottii</i>)	NT
Mjølraudskivesopp (<i>Entoloma prunuloides</i>)	NT
Rombespora raudskivesopp (<i>Entoloma rhombisporum</i>)	NT
Dynejordtunge (<i>Geoglossum cookeanum</i>)	NT
Slimjordtunge (<i>Geoglossum difforme</i>)	EN
Tinnvokssopp (<i>Hygrocybe canescens</i>)	EN
Brun engvokssopp (<i>Hygrocybe colemaniiana</i>)	VU
Raudskivevokssopp (<i>Hygrocybe quieta</i>)	NT
Russelærsvokssopp (<i>Hygrocybe russocoriacea</i>)	NT
Raud honningvokssopp (<i>Hygrocybe splendissima</i>)	NT
Vrangjordtunge (<i>Thuemenidium atropurpureum</i>)	NT
Vranglodnetunge (<i>Trichoglossum walteri</i>)	VU

Lav	
Kystkoralllav (<i>Bunodophoron melanocarpum</i>)	NT
<i>Caloplaca demissa</i>	VU
Kystgaffel (<i>Cladonia subrangiformis</i>)	VU
Eikelav (<i>Flavoparmelia caperata</i>)	NT
Kystskriftlav (<i>Graphis elegans</i>)	VU
Liten praktkrinslav (<i>Parmotrema chinense</i>)	VU
Håkrinslav (<i>Parmotrema crinitum</i>)	EN
Grå punktlav (<i>Punctelia subrudecta</i>)	EN
Hornstry (<i>Usnea cornuta</i>)	VU


Mosar	
Spiss-stråmose (<i>Anomobryum concinnum</i>)	DD
Oddsåtemose (<i>Campylopus brevipilus</i>)	VU
Snerpfaksmose (<i>Pleuridium acuminatum</i>)	EN
Broddskjemose (<i>Rhynchostegium confertum</i>)	NT
Almehårstjerne (<i>Syntrichia laevipila</i>)	VU



FIGUR 7. Fordelinga av raudlisteartar (karplanter) på trusselkategoriar på nasjonalt nivå og på Hordalandet.

i drift. Figur 8 viser situasjonen i dei fire kommunane som inngår i denne undersøkinga. Eit sams trekk er at talet på aktive bruk gjekk ned i alle fire kommunane. Til saman gjekk talet på aktive bruk i dei fire kommunane ned frå 1142 i 1989 til 586 i 2008, ein nedgang på 556 bruk. Det er ein nedgang på 47 % i løpet av 19 år, altså nær ei halvering av talet på bruk. I absolutte tal var nedgangen størst i Karmøy kommune; 283 bruk blei lagt med i perioden. Det tilsvarer ein nedgang på 55 %, meir enn ei halvering. Den største relative nedgangen i talet på aktive bruk skjedde i Haugesund, med ein nedgang på 64 %, dvs. 2/3 av bruken. Nedgangen i Tysvær var på 42 % og nedgangen i Bokn var på 31 %.


Talet på bruk i drift er likevel berre eitt av fleire mål på karakteristiske trekk ved jordbruksareal. Eit anna mål er storleiken på jordbruksareal i drift og korleis dette har endra seg i den same perioden. Dette er framstilt i figur 9. Med tanke på nedgangen i talet på bruk i drift er det overraskande å sjå at det samla arealet av jordbruksareal i drift auka i alle kommunane. Dette er også i samsvar med trendane på nasjonalt nivå. Det blir færre bruk, men det dyrka arealet aukar. Til saman i dei fire kommunane auka storleiken på jordbruksareal i drift frå 98.924 dekar i 1989 til 118.534 dekar i 2008. Det utgjer ein auke på 19.610 dekar eller 20 % i løpet av 19 år. I absolutte tal var auken størst i Tysvær, med ein auke på 10.353 dekar (24 % auke). Den relative veksten i storleiken på jordbruksareal i drift var størst i Bokn med 50 % (3109 dekar). I Karmøy var veksten 14 % (6094 dekar) og i Haugesund 1 % (54 dekar). I Bokn og Tysvær var det ein auke i storleiken på jordbruksarealet gjennom heile perioden, mens det i Haugesund og Karmøy




FIGUR 8. Talet på driftseiningar med minst fem dekar jordbruksareal i drift i 1989, 1999 og 2008 (etter Landbrukssteljinga).

var ein liten nedgang frå 1999 til 2008. Nedgangen var på ingen måte dramatisk; tala så langt viser at det heller er snakk om ei stabilisering.

Eit anna mål som er interessant i høve til biologisk mangfald er talet på sauherdene. I dag er det stort sett sauherdene som beitar i utmarkene, mens mjølkekyr i våre dagar i mindre grad bruker utmarksarealet. Talet på sauherdene er vist i figur 10. Samla sett for dei fire kommunane var talet på sauherdene over eitt år heller stabilt frå 1989 til 2008, frå 25.195 i 1989 til 25.315 i 2008 (ein auke på 0,5 %), men som me ser er det forskjellar mellom kommunane. I Bokn var det ein jamm auke i talet på sauherdene frå 1989 til 2008, frå 2119 i 1989 til 2992 i 2008, ein auke på 41 % (873 sauherdene). I Haugesund gjekk talet på sauherdene over eitt år ned frå 1989 til 1999, men så auka det igjen til 2008. Det var likevel ein nedgang i høve til 1989, frå 1676 sauherdene i 1989 til 1151 i 2008, ein nedgang på 31 % (525 sauherdene). Tysvær hadde ein nedgang frå 1989 til 1999, men så kom ein markert auke til 2008. Totalt sett var det ein auke i høve til 1989, frå 10.383 sauherdene i 1989 til 11.512 i 2008, ein auke på 11 % (1129 sauherdene). I Karmøy skjedde det ein auke i talet på sauherdene frå 1989 til 1999, men så sank det igjen til 2008. Samla sett var det ein nedgang frå 1989 til 2008, frå 11.017 sauherdene i 1989 til 9664 i 2008, ein nedgang på 12 % (1353 sauherdene). Dessverre har me ikkje tal for kor mange av sauherdene som beitar i utmark, men truleg beitar dei fleste av dei i utmark i delar av sesongen, nokre av dei (særleg villsau) heile eller det meste av sesongen. Gjengroing har lenge vore eit typisk trekk på store delar av Hordalandet. Område som før var opne beitemarker har grodd igjen med kratt og skog. Utan tvil bidrar



FIGUR 9. Jordbruksareal i drift i 1989, 1999 og 2008, i dekar (etter Landbruksteljinga).



FIGUR 10. Talet på sauher over eitt år (winterfôra sauher) i 1989, 1999 og 2008 (etter Landbruksteljinga).

sauene til å dempe omfanget av gjengroing. Hadde det ikkje vore for sauebeitet, hadde heile Haugalandet unntake vegar, vatn og bebygde område for lengst vore dekt av kratt og skog.

Statistikken på kommunenivå viser altså at det er lokale forskjellar i talet på sauher. Dette gjeld nok også internt i kommunane; det er store forskjellar i talet på sauher og kor dei beitar. Til dømes er det store område i Tysvær som før var gamle, tradisjonsrike beitemarker i form av llynghesi, grasmarker, beitemyrar og anna som har grodd igjen dei siste tiåra. Det gjeld store areal sør for Aksdalsvatnet, frå Eikeskog i nord til Hetland i sør. Heldigvis er det også døme på at område som var i ferd med å gro igjen på ny blir rydda og tatt i bruk som utmarksbeiter, som på Sørvåg og Voll. Desse og mange andre område har vore undersøkte i denne studien og dei blir omtalte i hovuddelen av rapporten. Bønder som aktivt held oppe bruken av utmarksbeitene fortener all mogeleg støtte for

det arbeidet dei gjer for å halde Haugalandet ope og med eit variert biologisk mangfald. Bøndene som driv på Kalleviksøyna, Sørvåg, Voll og mange andre stader viser at det er mogeleg å snu gjengroinga og ta kontrollen med landskapsutviklinga tilbake slik at me får det kulturlandskapet me set pris på og som me ønskjer.

Haugesund er ingen stor jordbrukskommune, men kommunen har likevel store og areal med llynghesi og andre utmarksområde med eit variert og verdifullt biologisk mangfald. For å ta vare på dette mangfaldet er det avgjerande at utmarkene framleis blir beita, slik dei har vore i uminnelege tider. Det er derfor spesielt viktig å oppmuntre alle som driv med sau i Haugesund til å halde fram med det. Det gjeld ikkje minst miljøet omkring Kringsjås Venner som driv med sau og aktiv llynghesikjøtsel i Skåredalen-Steinsfjellet, men også brukarar på Hagland og andre stader i kommunen. Det same gjeld sjølv sagt også i Bokn og Karmøy.

Bokn, Austre Bokn, Vardefjellet

- Kartblad: 1213 III Rennesøy
- UTM: KL 985-996, 702-715
- Kommune: Bokn
- Inventør: Anders Lundberg
- Dato: 19.06.2009
- Naturtype: D Kulturlandskap, A Myr
- Utformingar: D07 Kystlynghei, A08 Kystmyr,
- Verdi: A
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oceanisk



FIGUR 12. Varden på toppen av Vardefjellet er eit gammalt landemerke. I dag er toppen eit populært turmål.

Lokalitetsomtale

Beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag: Området ligg omkring toppen av Austre Bokn, rundt toppen Vardefjellet (188 m o.h.). I søraust grensar det til markene på Våga, i aust til sjøen og til plantefelt omkring Grønevika-Ormastø. I nord og vest er det avgrensa av brattheng langs den nord/sør-gåande aksen Ørvabø-Aksdal. Frå toppen er det vidt utsyn i alle himmelretningar, utsikta er praktfull. Området er om lag 2,3 km langt og 0,7-1,3 km breitt.



FIGUR 11. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

Naturtypar og utformingar: Området er eit gammalt utmarksbeiteland. Det er heller einsarta med få, men store og velutvikla vegetasjonstypar. Følgjande vegetasjonstypar blei registrerte:

- H1a Tørr lynghei. Røsslyng-utforming
- H1b Tørr lynghei. Purpurlyng-utforming
- H3a Fuktig lynghei. Røsslyng-blokkebær-utforming
- H3c Fuktig lynghei. Klokkelyng-rome-bjønnskjegg-utforming
- H3f Fuktig lynghei. Bjønnskjegg-utforming
- H3g Fuktig lynghei. Blåtopp-utforming
- K3a Fattig fastmattemyr. Klokkelyng-rome-utforming

Dominerande typar er H1a og H3c. H1b er særleg å finne i den vestre delen av området, i sør- og vestvendte skråningar på skrinn jord med god solinnsstråling. Kystlynghei i det heile blir no rekna som sterkt trua. Det same gjeld meir spesifikt for vegetasjonstypane purpurlynghei og tørrhei (Fremstad & Moen 2001).

Artsmangfold: Det blei registrert 51 artar karplanter under synfaringa. Mange av dei er typiske kyststartar og artar som høyrer heime i velutvikla kystlynghei, slike som røsslyng, klokkelyng, purpurlyng, dvergsmyle, bjønnskjegg (begge underartane), heistarr, kornstarr, bråtestarr, tepperot, hei-blåfjør, kystmaure og andre. I lyngheia veks m.a. mjuk kråkefot som indikerer lågt beitepress. På



FIGUR 13. Kystlynghei på Vardefjellet, utsikt nordover.



FIGUR 14. Kystmyr og llynghesi, utsyn mot aust, mot Falkeidflæet-Nedstrandsfjorden.

skuggefylle berg veks den kysttilknytta bregna blankburkne.

Påverknad/bruk: Delar av området blir beita av sau, men sentrale delar blir truleg ikkje lenger beita.

Truslar: Gjengroing er den største trusselen. Plantefelta i nordaust har alt begynt å spreie seg inn i den opne llynghelandskapet, meir sør for plantefelta enn vest for dei.

Tilstand: Området er framleis ope og karakterisert av llynghesi og litt myr. Dei siste åra har beitepresset

vore lågt og brakje (einer) har ekspandert, men meir i tilgrensande område enn i området.

Skjøtsel og omsyn: Det bør oppmuntrast til auka beite i området. Beitet vil også bidra til å halde område ope og tilgjengeleg for turfolk. Varden på toppen av Vardefjellet er eit populært turmål og friluftslivet har stor interessa av å halde landskapet ope og tilgjengeleg. I dette området ligg det godt til rette for å oppnå stor gevinst for mange ulike føremål: jordbruk og sauehald, lokal matproduksjon, friluftsliv og biologisk mangfald. Lyngbrenning vil gjere at brakjen forsvinn heilt og det vil auke beiteverdien av området betydeleg. Brenninga vil også gjere området lettare tilgjengeleg for turgåing og det vil auke det biologiske mangfallet. Det bør derfor oppmuntrast til lyngbrenning. Plantefelta i nordaust vil vere ei utfordring, men ved å brenne under høveleg vindretning skulle det ikkje bli noko problem.

Verdivurdering: Store, velutvikla utformingar av ulike typar kystlynghei gjer at området har særstverdi. Så store og intakte llynghelandskap er i ferd med å bli sjeldsynte i regionen. Området får derfor høgaste verdi, A.

Kjelder: Området er ikkje tidlegare synfart av botanikarar.

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.

Bokn, Austre Bokn, Våga, Nipa-Supanskallen

- Kartblad: 1213 III Rennesøy
- UTM: LL 000-006, 694-704
- Kommune: Bokn
- Inventør: Anders Lundberg
- Dato: 19.06.2009
- Naturtype: D Kulturlandskap, F Skog, G Havstrand
- Utformingar: D07 Kystlynghei, F Bjørkeskog, G Fattig strandberg
- Verdi: B
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk



FIGUR 16. Nipa-Supanskallen sett frå Aksdalsstommen, mot aust. Nipa er det høgaste punktet på halvøya, litt til høgre i biletet. Vågavågen i framgrunnen. Det omtalte området er det lyngdominerte feltet i mellomgrunnen.

Lokalitetsomtale

Beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag: Området er ei halvøy i den søraustre delen av Austre Bokn. Det hører til utmarka til gardane på Våga. Avgrensinga av området er vist i fig. 15. Det er berre



FIGUR 15. Flyfoto som viser avgrensinga av halvøya.

den delen av halvøya som er dominert av lynghei som her er inkludert og omtalt. Den nordlegaste delen er grasdominert naturbeitemark og i sørvest er det dels fulldyrka, dels overflatedyrka, dels tilplanta. Desse delane er ikkje inkluderte i det omtalte området. Området er om lag 800 m langt og inntil 240 m breitt.

Naturtypar og utformingar: Vegetasjonen er dominert av kystlynghei og strandberg. Følgjande typar blei registrert under synfaringa:

A Bjørkeskog. Røsslyng-utforming (ung type, utvikla ved at bjørk har kolonisert H1a)
H1a Tørr lynghei. Røsslyng-utforming
H3c Fuktig lynghei. Klokkelyng-rome-bjønnskjegg-utforming
X1a Strandberg. Fattig utforming

Artsmangfald: Under synfaringa blei det registrert 27 artar karplanter i området. Talet er ikkje høgt, men artane som finst er typiske lynghei- og strandbergartar. Typiske lynghei- og kyststartar er dvergsmylje, geitsvingel, bjønnskjegg, kornstarr, bråtestarr, heisev, rome, flekkmarihand, tepperot, klokkelyng, røsslyng og kystmaure. Strandberga er dominerte av lav med karakteristiske soneringar. Nedst i denne er det eit svart belte med marebek, fulgt av eit grått belte og så eit gult belte med



FIGUR 17. Kystlynghei med brakje. Sauer på lyngbeite i bakgrunnen. Mot nordvest.



FIGUR 18. Kystlynghei, mot søraust.

messinglav og andre. På strandberga er det berre spreidd med karplanter, som kystbergknapp.

Påverknad/bruk: Halvøya er delt på fleire bruk. Under synfaringa gjekk det sauere på beite i nord, men det var spor etter både sau og storfe i sør.

Truleg blir heile halvøya brukt som utmarksbeite og vegetasjonen ber preg av at beite i området har lange tradisjonar og det er positivt.

Truslar: Gjengroing er ein potensiell trussel, frå brakje og bjørk.

Tilstand: Området er i det store og heile ope og dominert av lyng og andre lyncheiartar.

Skjøtsel og omsyn: For å auke beiteverdien bør området brennast. Det vil også bidra til å hindre gjengroing og å auke det biologiske mangfaldet. Bjørk har etablert seg i små og avgrensa populasjonar, i litt brattare terrenget som sauene unngår fordi dei har tilgang på beiteplantar på lettare tilgjengelege flater og skrånningar. Bjørka kan gjerne takast ut til ved. Om området blir beita, vil bjørka ikkje kunne spreie seg vidare.

Verdivurdering: Velutvikla og typiske lyncheiartar gjer at området har verdi B.

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.

Bokn, Vestre Bokn, Are

- Kartblad: 1113 II Skudeneshavn
- UTM: KL 963-967, 644-652
- Kommune: Bokn
- Inventør: Anders Lundberg
- Dato: 18.08.2009
- Naturtype: D Kulturlandskap, A Myr, E Ferskvatn/våtmark, G Havstrand
- Utformingar: D04 Naturbeitemark, D07 Kystlynghei, D15 Skrotemark, A08 Kystmyr, E12 Evjer, bukter og viker, G02 Undervassenger, G05 Strandenger, G Strandberg, G0903 Fuglegjødsla vegetasjon
- Verdi: B
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk

Lokalitetsomtale

Beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag: Området ligg vest for fergestaden Arsvågen, på ei halvøy i den søraustre delen av Vestre Bokn, på vestsida av halvøya. I vest grensar det til sjøen, frå Vestre Arsvågen i sør til Høgnåsvika i nord. Området er knapt



FIGUR 19. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

800 m langt og inntil 360 m breitt. Landskapet er svakt skrånande frå sjøen i vest og det er småkupert med parallelle søraust/nordvest-gåande dalar. Dei høgaste kollane kjem opp i 30 m o.h.

Naturtypar og utformingar: Utvalet av vegetasjonstypar er stort, med 23 registrerte typar. Dei fleste vegetasjonstypane og dei som dekkjer mest areal er ulike typer kulturlandskap (grasmarker, lynghei, torvmyrar). Den store variasjonen skuldast ulike typer bruk. Variasjonen heng også saman med variasjonar i væta; både tørre, fuktige og våte utformingar er representerte. Følgjande vegetasjonstypar blei observert:

- G1a Fuktig fattigeng. Heisev-utforming
- G1b Fuktig fattigeng. Knappsev/lyssev-utforming
- G1c Fuktig fattigeng. Oseanisk finnskjegg-utforming
- G2 Blåtopp-eng
- G4a Frisk fattigeng. Engvein-raudsvingel-gulaks-eng, vanleg utforming
- H1a Tørr lynghei Røsslyng-utforming
- H1b Tørr lynghei. Purpuryng-utforming
- H3a Fuktig lynghei. Røsslyng-blokkebær-utforming
- H3c Fuktig lynghei. Klokkeling-rome-bjønnskjegg-utforming
- H3f Fuktig lynghei. Bjønnskjegg-utforming
- I2a Vegetasjon i vegkantar og anna skrotemark. Hønsegras-jordrøyk-utforming
- K3a Fattig fastmattemyr. Klokkeling-rome-utforming
- K4a Fattig mjukmatte/lausbotnmyr. Mjukmatte-utforming
- K4b Fattig mjukmatte/lausbotnmyr. Lausbotn-utforming
- L3 Intermediær mjukmatte/lausbotnmyr
- P2b Flyteblad-vegetasjon. Nøkkerose-utforming
- U1 Ålegras/alge-undervasseng
- U2a Havgras/tjørnaks-undervasseng. Havgras-utforming
- U5a Øvre salteng. Raudsvingel/saltsev-salteng, saltsev-utforming
- U5b Øvre salteng. Raudsvingel/saltsev-salteng, raudsvingel-utforming
- U5c Øvre salteng. Raudsvingel/saltsev-salteng, raudsvingel-fjerekoll-tiriltunge-utforming
- X1a Strandberg. Fattig-utforming
- X2 Fuglegjødsla kystvegetasjon



FIGUR 20. Kystlynghei og grasmark ved Hognåsvika.

Artsmangfald: Under feltarbeidet blei det registrert 129 artar karplanter og det er mykje for eit så avgrensa område. Det har samanheng med den varierte vegetasjonen og det høge talet vegetasjonstypar i området, kvar med sitt typiske utval av planteartar. Kyst- og lyncheiartar er godt representerte: bjønnkam, kysttjørnaks, kvitmyrak, dvergsmyle, heistarr, bråtestarr, grønstarr, knappsev, lyssev, heisev, rome, øyrevier, heiblåfjør, kristtorn, fagerperikum, kystmaure, vivendel og kystgrisøyre. Strandfloraen er også variert med artar som knopparve, sylarve, strandkjeks, skjoldberar, klourt, vassmynte og strandbalderbrå. På strandberga er det ein rik lav- og moseflora, m.a. med artane saltblomstermose, sprikesteinmose, klipperagg, strandoransjelav, messinglav og blærelav. Området er eit gammalt kulturlandskap og det er derfor ikkje overraskande at floraen gjenspeglar det, m.a. finst det fleire fine førekommstar av attståande hageplanter: plomme (gammal plommehage på grensa til utmarka), solbær, eplemynte, kung (oregano) og peparmynte. I beitemarkene finst det også interessante beitemarkssopp, t.d. stor møkkfleinsopp. Området har eit rikt fugleliv (måkar, tjeld, våtmarksfugl, heipiplerke og andre) og eit rikt insektliv, m.a. gråbrun markgrashoppar (med eit imponerande spel) og vestleg haustlibelle.



FIGUR 21. Purpurelyng (*Erica cinerea*) er blitt ein trua art og står no på den norske raudlista. Han blir rekna som nær trua (NT).



FIGUR 22. Vassmynte (*Mentha aquatica*) veks i strandkanten.



FIGUR 23. I området finst interessante beitemarksopp. Biletet viser stor møkkfleinsopp (*Psilocybe merdaria*).



FIGUR 24. Gråbrun markgrashoppar (*Chorthippus brunneus*). Songen er flott og kan høyrast på minst ti meters avstand.



FIGUR 25. Vestleg haustlibelle (*Sympetrum nigrescens*) fyk i august. Vengespennet er 5,5-6,5 cm.

Påverknad/bruk: Området har lenge vore beita av husdyr og blir det framleis. Familien som har området driv med gardsbesøk og har husdyr av ulike slag, m.a.villsau og esel (!) som beitar i lynghei (villsau) og grasmarker (esel).

Truslar: Gjengroing kan vere eit potensielt trugs-mål, men er i dag ikkje spesielt påtrengjande.

Tilstand: Tilstanden er i det store og heile god.

Skjøtsel og omsyn: I delar av området er lyngen gammal og det hadde gjort seg med lyngbrenning, det er truleg lenge sia sist. I andre delar er det mykje einstape og denne bør haldast under oppsikt. Om han spreier seg meir, bør det setjast inn tiltak.

Verdivurdering: Innslag av kystlynghei og kystmyr med tilhøyrande trua vegetasjonstypar (kystlynghei) og trua artar (purpurlyng) aukar verdien av området, men areala av desse typane er små. Grasmarkene er eller har vore gjødsla og det dempar verdien for det biologiske mangfaldet. Området får derfor verdi B.

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 26. Villsau på beite.

Faktarute: Saltblomstermose (*Schistidium maritimum*)


Saltblomstermose (*Schistidium maritimum*) er ein av dei få mosane som veks på strandberg som er utsette for saltsprut. Arten veks i eit par cm høge, mørkt grøne tuver, i sprekker på berget, både på sure og basiske strandberg, men ikkje på kalkstrandberg. Han er mest talrik i sprutsonen, og kan også finnast litt lenger inne, men aldri langt frå sjøen. Livsmiljøet på veksestaden er svært krevjande, med saltpåverknad og vekselvis fuktig og tørt og derfor er det berre nokre få mosar som klarer seg der. Saltblomstermose har med andre ord ein svært spesialisert økologi.



FIGUR 27. Saltblomstermose (*Schistidium maritimum*) er utbreidd langs heile norskekysten (Hallingbäck et al. 2006).



FIGUR 29. Saltblomstermose (*Schistidium maritimum*) på strandberg i Hognåsvika.



FIGUR 28. Blad, bladspiss og bladceller hos saltblomstermose (Hallingbäck et al. 2006).

Bokn, Vestre Bokn, Lammaneset-Boknahovet


- Kartblad: 1113 II Skudeneshavn
- UTM: KL 937-950, 718-732
- Kommune: Bokn
- Hovedtype landskap: D Kulturlandsksp, A Myr, E Ferskvatn/våtmark
- Naturtypar: D07 Kystlynghei, A08 Kystmyr, E Oligotroft ferskvatn
- Tilstand: God hevd. Området blir beita av sauer, beitetrykket er passeleg stort, og lyngbrenning blir brukt for å betre kvaliteten på beitene. Delar av området blir brent kvart år, slik at det no finst lyng i ulike aldersklassar og god variasjon i artsmangfaldet.
- Verdi: A
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk
- Undersøkt: 27.06.2007
- Inventør: Anders Lundberg

Lokalitetskarakteristikk

Generelt: Lammaneset er ei halvøy på den nordvestre delen av øya Vestre Bokn, mellom Breidvika i sør og Boknahovet i nord. I vest er området avgrensa av Karmsundet og i aust av dalføret sørover frå Halvardsvika. Området som blir beita er om lag 1000 mål med utmarksbeite.

Vegetasjon: Vegetasjonen er dominert av ulike typar lynghei, frå tørrhei (H1) til fukthei (H3). Røsslynghei (H1a) er den dominante tørrheitypen, men i sør- og vestvendte skråningar er også purpurlyng-utforminga (H1b) særs godt utvikla og dekkjer særs store areal til denne typen å vere. Røsslyngheia er artsattig og det er typisk for denne typen. Purpurlyngheia er klart meir artsrik, som vanleg er, og inneholder fleire varmekjære og noko edafisk kravfulle artar, slike som fagerperikum. I fuktheiane inngår mellom anna klokke-lyng, heisev, storbjønnskjegg, kornstarr, krypvier og rome.

Kulturpåverknad: Sauebeite, lyngbrenning. Området blir beita av om lag 80 vinterfôra villsauer og 45 lam. I tre år gjekk også to herfordkveg på beite her, men det tok slutt for 4-5 år sidan. Sauene



FIGUR 30. Flyfoto som viser avgrensinga av området.



FIGUR 31. Kystlynghei med sauer på lyngbeite (foto: Annlaug Fludal).

går ute heile året. Dei får høy ein gong i veka og litt kraftfôr om vinteren, om lag tre sekker i året, altså lite. Drifta er nær økologisk og området blir ikkje gjødsla. Lyngbrenninga tok til for 10 år sidan og det er sidan brunne kvart år unntake eitt år det var for vått.



FIGUR 32. Lyngbrenning svir vekk gammal, grov lyng. Etter brannen spirer ung, frisk lyng med god beiteverdi (foto: Edvar Kalstø).

Artsfunn: Purpurlyng i store mengder.

Tilstand: Det meste av området er som nemnt dominert av ulike typar hei, pluss litt myr og ferskvatn. Delar av heia er invadert av einstape som stadvis opptrer i store mengder. Ein måte å bli kvitt denne på er å trakke på den nedre delen av stengelen så han brekk. Dette blir praktisert med hell, men problemet er at det er store mengder einstape og det er vanskeleg å gjere dette med alt. Grunneigaren har tankar om å engasjere skulelever til dette og dette vil truleg vere ei god løysing. I utkanten av området, heilt i nord og i aust er det noko gjengroing med oppslag av bjørk, rogn og andre treslag. Det er typisk at dette skjer i utkanten av det området som blir beita, mens dei sentrale delane ikkje har liknande oppslag. Dette indikerer at beitepresset godt kan aukast noko. I bratte skråningar finst det likevel litt buskar og småtre, men ikkje i dei delane som blir beita. Sør for det området som blir beita, til dømes sørvest

for Halvardsvatnet, er det tett bjørkeskog. Skillet mellom skogen og lyngheia nord for denne er skarpt og tydeleg og illustrerer korleis beitet hindrar skogen i å breie seg.

Inngrep: I den sentrale delen av området er det ingen tekniske inngrep. I utkanten av området i søraust går det traktorveg frå tunet lenger vest til ein liten saudefjøs. Dette er nødvendig for rasjonell drift og ein føresetnad for skjøtsel, utvikling og vedlikehald av det biologiske mangfaldet.

Verdivurdering: Området får verdi A fordi det er eit stort, velutvikla, variert og intakt kystlynghei-område som er aktivt skjøtta. Brukarane er entusiastiske villsaufolk som skjøttar området på ein god måte og som påverkar artsmangfaldet på ein positiv måte. Drifta er idell for å ta vare på kystlynghei og brukarane fortener all mogeleg ros, oppmuntring og støtte for den flotte innsatsen for å ta vare på dette landskapet.

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.

Haugesund, Hagland, nord for Ravnafiske

- **Kartblad:** 1113 I Haugesund
- **UTM:** KM 863-870, 007-015
- **Kommune:** Haugesund
- **Hovudtype landskap:** D Kulturlandskap, A Myr
- **Naturtypar:** D07 Kystlynghei, A08 Kystmyr
- **Tilstand:** Under synfaringa i juni 2007 var området preg av ingen eller svak hevd. I dag (2010) er det aktiv lystheidrift med vill sau og lystbrenning og tilstanden er blitt god, ei klar forbetring sia 2007.
- **Verdi:** A i område som er brent (om lag 200 mål), B på areal som ennå ikkje er brent. Område som ikkje er brent kan fort bli A-område om dei blir brente.
- **Vegetasjonssone:** Boreonemoral
- **Vegetasjonsseksjon:** O3 Sterkt oseanisk
- **Undersøkt:** 28.06.2007 og 25.05.2010
- **Inventør:** Anders Lundberg

Lokalitetskarakteristikk

Generelt: Området utgjer ei halvøy mellom Hagland i sør, over Skiftevikfjellet til Smørsund og Trettøya i nord. I sør er området avgrensa av vegen vestover frå Hagland til Ravnafiske, med leirstad og hytteutleige. Eit typisk trekk med berggrunnen er aust-vest-gåande ryggar med smale, mellomliggende dalsøkk. På ryggane og i sidene dominerer kystlynghei, i sørka mellom opptrer små, langsmale dalmyrar.

Vegetasjon: Kystlynghei er den dominerande ve-



FIGUR 33. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

getasjonstypen, helst tørrhei av typen røsslyngut-forming (H1a). I tillegg til røsslyng inngår artar som blåtopp, storbjønnskjegg, klokkeling, tepperot, flekkmarihand, rome, heisev og blåknapp. Alle desse er vidt utbreidde artar som er typiske for vegetasjonen. I sørhellingane opptrer den meir tørre typen med purpurlyng-utfoming (H1b). Her inngår fagerperikum, mjølbær (store felt) og gullris. Dalmyrane er av fattigmyrtypen (K4).

Kulturpåverknad: Delar av området blei brent i 2009 og 2010, for å betre beiteverdien av lystheia. Siw Bogshamn oppgir at arealet som blei brent i 2009 og 2010 er om lag 200 mål. Dette har vore positivt ved at eldre og grov lyst med låg beiteverdi er blitt erstatta av ung lyst med betre beiteverdi. Under synfaringa i 2010 blei det sett spesielt på dei felta som då var brent, truleg året før, og dei såg fine ut. Brannen hadde tatt knekken på brake og overjordiske delar av gammal røsslyng, men den siste spirte frå røtene og sto med fine og unge overjordiske skot. Brenninga hadde også ført til fornys spiring av urter og andre planter, som tepperot, heiblafljør, bråtestarr og klokkeling. Dette er velkjent og typisk i lystheimråde som er brent. Frå sommaren 2008 har det gått 110 vill sauar på beite i området. Desse fekk lam første gong i 2009 og igjen i 2010, vel 100 lam kvart år. Planen er å gå ned til 90 vinterföra dyr frå 2010/11.

Artsfunn: Floraen er typisk for skrinne kystlynghei i mosaikk med kystmyr.

Kulturspor: Området er eit gammalt kulturlandskap og har tydeleg preg av tidlegare husdyrbeite, truleg også brenning. Den tradisjonelle bruken tok tydelegvis slutt for lenge sia, men blei tatt opp igjen frå 2008. To brukarar gjekksaman om å legge området til rette for beite. Dei har sett opp gjerde mot aust. Elles finst gjerde mot sør og i vest og nord dannar sjøen ei naturleg grense.

Tilstand: Dei delane av området som nyleg er brent er i god tilstand, med god beiteverdi og biologisk mangfald. Lyngen i delar av området som ikkje er brent er gammal og grov, med låg beiteverdi. Brenning vil heilt klart auke beiteverdien i desse delane av området også. Då området i stor grad grensar til sjø, er det liten fare for ukontrollert spreying, særleg om vinden er austleg. Ei føremon med brenninga er at området blir lattare å ta seg fram i. Brukarane seier at dette har letta tilkomsten til utmarka og det gjer drift og tilsyn lettare.



FIGUR 34. Oversiktsbilete som viser området dominert kystlynghei på skrinn jord og nakne berg.

I utkanten av den austlege delen av området er det eit lite plantefelt, men dette har ennå i liten grad spreidd seg i lyngheia. Inne i området er det begynnande oppslag av småvokst bjørk og noko trollhegg. Desse buskane er ennå så små at om det kjem beitedyr inn, vil dei fort forsvinne.

Inngrep: Det er nokre bunkersar og utsiktspunkt/skytestillingar frå andre verdkrigene i området. Elles er det ingen tekniske inngrep i området.

Verdivurdering: Dei delane av området som er brent er A-område (per 2010 om lag 200 mål). Dei delane som ikkje er brent har verdi som B-område. Også desse områda vil fort bli A-område dersom dei blir brent. Planen er å brenne vidare i 2011 og framover.

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.

Haugesund, Hagland-Svehaug

- Kartblad: 1113 I Haugesund
- UTM: KL 863-876, 004-006
- Kommune: Haugesund
- Hovedtype landskap: D Kulturlandskap, E Ferskvatn/våtmark
- Naturtypar: D04 Naturbeitemark, D07 Kystlynghei, A08 Kystmyr, E Ferskvatn, vasskant
- Tilstand: God hevd
- Verdi: B
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk
- Undersøkt: 12.06.2008
- Inventør: Anders Lundberg



FIGUR 35. Flyfoto som viser avgrensinga av området.



FIGUR 36. Kantvegetasjon med bukkeblad (*Menyanthes trifoliata*).

Lokalitetskarakteristikk

Generelt: Området ligg på sørsida av grusvegen til leirstaden Ravnafloket, sør for Kvednavatnet. I den nordre delen av området ligg haugane Svehaug og Bogshamnshaugen, i søraust ligg Rennevatnet. Området er småkupert med veksling mellom små kollar og sokk. I området er det fem-seks vatn og i tillegg små kulpar og våte sokk som i stor grad bidrar med variasjon i habitat- og artsmangfold. Namnet Svehaug indikerer at det blei svidd her i eldre tid. Det viser at lyngbrenning har lang tradisjon i området.

Vegetasjon: Vegetasjonen like sør for vegen til Ravnafoke er dominert av grasmark som blir brukt til beite, for tida av unge stutar. Beltet er om lag 100 m breitt. Beitet er ekstensivt og vegetasjonen artsrik. I den sørlegaste delen overtar kystlynghei. Kystlyngheia har ei utstrekning nord-sør på om lag 350 m og i vest-aust på om lag 450 m. Grasdominert beitemark og kystlynghei dekkjer det meste av arealet, men i sokk mellom kollane finst ferskvatn og fattigmyr. I nordvest grensar området til eit plantefelt. Registrerte vegetasjonstypar:

- G1a Fuktig fattigeng. Heisev-utforming
- G1b Fuktig fattigeng. Knappsev/lyssev-utforming
- G4a Frisk fattigeng. Engkvein-raudsvingel-gulakseng, vanleg utforming
- G4b Frisk fattigeng. Engkvein-raudsvingel-gulakseng, jordnøtt-utforming
- H1a Tørr lynghei. Røsslyng-utforming

K4b Fattig mjukmatte/lausbotnmyr. Lausbotn-utforming (med duskull)
O3 Elvesnelle-starr-sump. Bukkeblad-utforming
O3b Elvesnelle-starr-sump. Flaskestarr-utforming
P1a Langskot-vegetasjon. Kysttjørnaks-utforming
P2 Flyteblad-vegetasjon. Andmat-utforming
P2a Flyteblad-vegetasjon. Fløtgras-utforming
P2b Flyteblad-vegetasjon. Nøkkerose-utforming
P2c Flyteblad-vegetasjon. Vanleg tjørnaks-utforming

Kulturpåverknad: Beite og gjødsling i den midtre delen. Beitet er ekstensivt og bidrar til å auke artsmangfaldet. Gjødslinga skjer på flatene, der det er lettare å kome til med traktor, men bonden fortel at dei spreier fullgjødsel for hand også, der dei ikkje kjem til med traktoren. Det er likevel ingen tvil om at gjødslinga ikkje er jamt fordelt i landskapet. Den midtre delen er meir gjødsla enn den nordre halvdelen, som er noko meir småkupert. Dette



FIGUR 37. Gjødsla naturbeitemark, sørover.

viser tydeleg igjen i vegetasjonen. I midtre delar er det stort innslag av artar som profitterer på gjødsel, slike som engsoleie, kjeldeurt (særs talrik) og gras som likar feit jord (smyle, knereverumpe, engrapp, tunrapp). I nord er grasmarkene dominerte av andre, meir nøy same graminider (grasaktige planter), som gulaks, raudsvingel, heisev og engfrytle, og av langt fleire urter. I sør er det lynchei som ikkje er gjødsla.

Artsfunn: Solblom (*Arnica montana*) er talrik i dei delane av grasmarka som ikkje er gjødsla. Førrekomsten er den mest talrike på Haugalandet. Arten var svært vanleg på Haugalandet inntil for to-tre tiår sia, men har hatt ein dramatisk tilbakegang etter det. Årsaka er sur nedbør og gjengroing på grunn av manglande husdyrbeite. I seinare år er nedbøren blitt mindre sur, på grunn av reinskning og mindre utslepp frå industrien, og der det framleis blir beita, har arten klart å overleve. Førrekomsten av solblom ved Svehaug er truleg den største i Rogaland og ein av dei aller største på Vestlandet. I grasmarkene som inneheld solblom er det også godt med kattefot, ein annan art som har gått tilbake i distriktet dei siste tiåra, men som tydelegvis klarer seg godt ved Svehaug. Heiblåfjør er vanleg. Den mest talrike urten i grasmarkene er likevel jordnøtt, og her og der finst slektningen karve. Karve var vanleg i kulturlandskapet på Haugalandet, men store mengder gjødsel har tatt

knekken på han dei fleste stader. Her klarar han seg framleis. Kystgrisøyre er talrik i grasmarkene.

Vatna i området er frå naturen si side oligotrofe (naturleg næringsfattige), men er blitt gjødsla med åra og inneheld i dag også eutrofe (næringskrevjande) artar. Rundt det største vatnet er det mengder av flaskestarr og bukkeblad, den siste i uvanleg store mengder. Vassgro er godt etablert i vatn og dammar. Arten er heller sjeldsynt i distriktet. Vassvegasjonen er elles sett saman av nøy same artar, som elvesnelle, flotgras, vanleg tjørnaks, kysttjørnaks, sumpsevaks, kvit nøkkerose og gul nøkkerose, og meir næringskrevjande artar som kjempepigknopp, andmat, mannasøtgras og tusenblad. Under feltarbeidet registrerte eg 104 artar karplanter.

Kulturspor: I nord finst ein liten dam, demt med ein betongmur i nord. Vatnet i dammen blir brukt til husdyra og frakta med traktor til fjøset. Kantane omkring dammen er omgjevne av frodig og artsrik vassvegetasjon. Dette er ein av dei få gardsdammane som er igjen på Vestlandet.

Tilstand: Dei delane som får lite eller ikkje gjødsel, er artsrike med innslag av regionalt sjeldsnyte artar, nokre av dei uvanleg talrike (solblom). Grasmarkene her er av dei finaste i sitt slag. Der gjødselmengdene er større, i midtre delar, går arts mangfaldet tydeleg ned.

Inngrep: Ingen større tekniske inngrep.



FIGUR 38. Solblom (*Arnica montana*) var ein karakterart som gamle slåttemarker på Haugalandet. Han er gått sterkt tilbake og står no på den norske raudlista og blir rekna som sårbar (VU).

Verdivurdering: Førekomensten av solblom og andre regionalt sjeldsynte artar gjer at området er særs verdifullt i høve til biologisk mangfald. Dersom det kan inngåast ein avtale med grunneigaren om å kutte vidare spreiing av fullgjødsel, er det gode sjansar for at også resten av området utviklar seg mot same flotte artsrikdomen som dei ikkje-gjødsla områda. Slik området trer fram i dag, blir verdien sett til B. Ein avtale med grunneigaren om å slutte med fullgjødsel, vil kunne endre statusen til A.

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 39. Fastmattemyr med duskull (*Eriophorum angustifolium*).

Haugesund, Kalland, Klauv

- **Kartblad:** 1113 I Haugesund
- **UTM:** KL 930-944, 978-992
- **Kommune:** Haugesund
- **Hovedtype landskap:** D Kulturlandskap
- **Naturtypar:** D07 Kystlynghei og A08 Kystmyr (små dalmyrar)
- **Tilstand:** Svak hevd. Området har tidlegare vore brukt til husdyrbeite, men det må vere mange år sia.
- **Verdi:** C
- **Vegetasjonssone:** Boreonemoral
- **Vegetasjonsseksjon:** O3 Sterkt oseanisk
- **Undersøkt:** 11.06.2008
- **Inventør:** Anders Lundberg

Lokalitetskarakteristikk

Generelt: Området ligg i den nordlegaste delen av Haugesund kommune, på grensa mot Sveio. Det er ein del av utmarka til gardane Kalland og Skardstad. Sentralt i området ligg fjelletoppen Klauv, 246 m o.h. Området er landskapsmessig (topografisk) greitt avgrensa som eit høgdedrag som reiser seg over omkringliggjande lågland. Kart og flybilete indikerte at dette var eit større, ope utmarksbeite og derfor blei det oppsøkt.

Vegetasjon: Vegetasjonen er dominert av ulike typar lynghei, helst tørrhei (H1). Denne er dominert av røsslyng, men med innslag av klokkeling, andre lyngartar og ei heil rekke andre typiske artar. I sør- og vestvendte skråningar finst mindre førekomstar av purpurlynghei (H1b), m.a. med fagerperikum. I små dalar og andre søkk i landskapet finst kystmyr

av fattigmyrtypen, dominert av duskull og andre fattigmyrartar. I sørskråninga finst areal med mykje einstape. Ved foten av høgdedraget i sør finst frisk fattigeng (G4) som blir nytta som husdyrbeite.

Registrerte vegetasjonstypar:

G4 Frisk fattigeng. Engvein-raudsvingel-gulakseng

H1a Tørr lynghei. Røsslyng-utforming

H1 Tørr lynghei. Einstape-utforming

H1b Tørr lynghei. Purpurlyng-utforming

K2b Fattig tuemyr. Røsslyng-kysthei-utforming

K3a Fattig fastmattemyr. Klokkelyng-rome-utforming

Kulturpåverknad: Området har i uminnelege tider vore nytta som beite, men beitepresset er i dag lite.

Artsfunn: Røsslyng, klokkeling, purpurlyng, rypebær, pors (talrik), heistarr (talrik), heiblåfjør. Førekomsten av rypebær er interessant. Arten har hovudførekomst i fjellet, men opptrer som sjeldsynt i lyngheilandskap langs kysten. Området er heller artsrikt til kystlynghei å vere. Under synfaringa blei det registrert 61 artar.

Kulturspor: Restar av gamle gjerde viser at området tidlegare har vore beita.

Tilstand: Området er framleis grunnleggjande kystlynghei, men lyngen er gammal, storvaksen og grov. I vest er det oppslag av småbjørk (ung bjørk) og noko brakje. Busken pors er talrik i området og indikerer høg bonitet. Pors er ein av dei få plantene i kystlandskapet som bidrar med nitrogentilføring i jorda. Dette gir høgare produksjon og viser at området har potensiale som eit høgverdig utmarksbeite.

Inngrep: Trigonometrisk punkt på toppen, stiar, elles ingen tekniske inngrep. Området er med andre ord godt intakt.

Verdivurdering: Slik området står fram i dag, har det liten verdi både som beite og som kystlynghei i god hevd. Gjengroinga er likevel ikkje kome lenger enn at det er mogeleg å betre beiteverdien av området og å auke verdien av området som kystlynghei med eit fint og representativt artsinnhald. Ein lyngbrann her vil gjere underverk og nær sagt umiddelbart auke beiteverdien. Den gamle lyngen vil bli svidd av og ny, ung og frisk lyng vil spire. Området har i dag lokal verdi, C, men dette vil auke om området blir brent og beite med husdyr.

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 40. Flyfoto som viser avgrensinga av området.



FIGUR 41. Naturbeitemark med føltblom (*Leontodon autumnalis*) på sørsida av Klauv.




FIGUR 42. Lynghei som invaderes av bjørk og kratt, i sørskråninga av Klauv.



FIGUR 43. Austsida av Klauv er beplanta og igjengrodd med brauke og andre buskar.

Haugesund, aust for Steinsfjellet

- **Kartblad:** 1113 i Haugesund
- **UTM:** KL 918-926, 919-937
- **Kommune:** Haugesund
- **Hovudtype landskap:** D Kulturlandskap, A Myr
- **Naturtypar:** D07 Kystlynghei og A08 Kystmyr
- **Tilstand:** Svak hevd, prega av gjengroing
- **Verdi:** Område som er brent og beita er A-område. Lyngmark som ikkje er brent og som har gammal og grov lyng er B-område. Desse områda kan bli A-område om dei blir brent.
- **Vegetasjonssone:** Boreonemoral
- **Vegetasjonsseksjon:** O3 Sterkt oseanisk
- **Undersøkt:** 12.06.2008
- **Inventør:** Anders Lundberg



Lokalisatsjekarakteristikk

Generelt: Området ligg i den austre delen av Haugesund kommune og grensar i aust til Tysvær. I sør er det avgrensa av plantefeltet på nordsida av Toskatjødn, i vest av plantefelta omkring toppen av Steinsfjellet (228 m o.h.) og i nord av plantefeltet vest for Krokavatnet. Området er dominert av lynghei og myr, men plantefelta i sør, vest og nord eksanderer inn i området. Området er kupert og ligg på begge sider av skrånande dalføre som strekk seg fra Toskatjødn i sør (63 m o.h.) til om lag 180 m o.h. i nord. Aust for denne nordre delen av dalføret ligg ein topp 237 m o.h. Høgda over havet gjer at området skil seg topografisk (landskapsmessig) og økologisk frå kystlynghei på ytterkysten.

Vegetasjon: Den arealmessig dominerande vegetasjonen i området er kystlynghei, helst tørre utformingar (H1a), som kler toppane og dalsidene. I sokka mellom toppane finst dalmyrar (fattigmyr av typen K3, med mindre innslag av intermediærrik myr av typen L3). I dalmyrane inngår typiske artar som duskull, torvull, rundsoldogg og myrfiol. Ein regionalt sjeldsynt vegetasjonstype er kystfjellhei (H5) med innslag av dvergbjørk. Typen dekkjer ikkje store areal, men utgjer ein viktig del av mangfaldet. Registrerte vegetasjonstypar:

H1a Tørr lynghei. Røsslyng-utforming
H1b Tørr lynghei. Purpurlyng-utforming

FIGUR 44. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

H5 Kystfjellhei, med dvergbjørk

K3b Fattig fastmattemyr. Røsslyng-kysthei-utforming
L3 Intermediær mjukmatte/lausbotnmyr

Kulturpåverknad: Området vore beita av husdyr i lang tid og ber framleis preg av det i positiv tyding, jamvel om det har skjedd stor grad av gjengroing dei siste tiåra. Frå tidleg på 1990-talet har området vore beita av villsau frå Kringsjå samdrift. I dag (2010) er det om lag 80 vinterfôra sauar på beitet i området, 170-180 om sommaren. Dette er svært positivt for å halde landskapet ope og for å utvikle det biologiske mangfaldet i området. Villsauene et både lyng og brake. Området som blir beita er om lag 2000 mål, inklusive ca. 100 mål planteskog. Det kan vere at det i dag er noko meir skog enn dei 100 måla som i si tid blei planta, då planteskogen har spreidd seg (men det er også tatt ut noko skog, sjå under). I tillegg beitar Kringsjå samdrift om lag 1200 mål lynghei og myr i det tilgrensande området i Tysvær. Miljøet omkring Kringsjå har utvikla seg til å bli ein fagleg møtestad for folk som driv med sau i distriktet. Ei helg i september 2010



FIGUR 45. Lyngheiane aust for Steinsfjellet er eit gammalt kulturlandskap, like gammalt som den første, faste busetjinga i Skåre.

var det såleis samla omkring 50 sauebønder på Kringsjå. Her driv dei med dommarkurs, trening av hundar og samsnakk om sauедrift, lyngbrenning og anna skjøtsel. Slike samlingar er viktige for å utvikle eit fagmiljø og ei interesse for sauehald og lyngskjøtsel i heile distriktet. Kringsjå samdrift er kjenneteikna av entusiasme og pågangsmot og dei fortener stor støtte for det viktige arbeidet dei gjer for å ta vare på og utvikle kulturlandskapet og artsmangfaldet knytta til det.

Brakerydding: Fram til 2010 er det brent og rydda om lag 50 mål.

Lyngbrenning: Dette viktige arbeidet tok til rundt 2002-03 og i løpet av dei 7-8 åra som har gått sia den tid har dei brent sørsida av Buafjellet, heile Trongå og sørsida mot Fedjedalen, om lag 200 mål til saman. Dette har hatt store, positive verknader for å ivareta det gamle kulturlandskapet og for å utvikle det biologiske mangfaldet på ein positiv måte. I desember 2010 blei det svidd av om lag 400 mål.

Skogrydding: I ein periode kunne ein ikkje sjå havet frå Kringsjå. Det er litt av eit paradoks for ein stad med eit slikt flott namn! Sia har folka på Kringsjå tatt ut 30-40 mål skog og tynna i tillegg og no er det utsikt til Utsira og vidare. Dei oppgir at dei har som målsetting å stoppe vidare spreiing av skog. Det er avgjerande for å halde på kvalitetane i området, kvalitetar som blir sett pris på av turfolk (30.000 besökande i året, blir det sagt).



FIGUR 46. Villsau frå Kringsjå samdrift på beite (foto: Svein Erik Halvorsen).

Artsfunn: Røsslyng er den dominerande arten, men det inngår også andre dvergbuskar som rypebær, klokkeling og purpurling (den siste fåtallig). Saman med purpurling veks fagerperikum. Andre typiske artar i dei fattige utformingane av heiane er bjønnkam, smyle, blåtopp, bjønnskjegg (begge underartane), skrubbær og heiblåfjør. I fuktige parti veks pors, som er ein av dei få nitrogenfikserande plantene i kystlandskapet. Nitrogenet som pors dannar naturleg i jorda gir god bonitet og høg beiteverdi. Ein heller sjeldsynt art i kystlynghei er dvergbjørk (figur 49). Under feltarbeidet blei det registrert 90 artar karplanter i området.



FIGUR 47. Brakerydding og lyngbrenning må til for å restaurere lyngheia som ikkje var i bruk som beitemark i ein lang periode før 1991. No er trenden med gjengroing og forfall snudd, takka vere innsatsen frå Kringsjå samdrift (foto: Svein Erik Halvorsen).

Sauebeite, brakerydding, skogrydding og lyngbrenning har bidratt til å auke det biologiske mangfaldet på ein positiv måte. Mange artar som er knytte til lynghei, myr, opne bergknausar og andre kulturlandskap gjekk i ein periode tilbake, men har tatt seg opp igjen etter at lyngskjøtseilen tok til igjen. Det gjeld såleis steinskvett, heipplerke, orrfugl, bergirisk og hare. Det gjeld også firfirsle, stålorm, hoggorm, paddar og frosk.

Kulturspor: Området er i dag eit viktig friluftsområde som er mykje brukt til turgåing. Steinsfjellet er truleg den mest brukte innfallsparten til området, men også stien frå Toskatjødn er mykje brukt, ikkje minst fordi det her er god parkering. Toppen Kringsjå er eit mykje brukt turmål med sitt vide utsyn, jf. namnet. Mange av stiane er steinsette med flate steinar. Dermed blir det danna mindre gjørme som elles ville vore resultatet i og ved stiane utan steinane og det blir mindre erosjon. Eit flott tiltak. Området er i det heile eit av dei mest brukte turområda i Haugesund og naturkvalitetane i området er ei viktig årsak til dette. Det er derfor viktig at desse blir haldne ved like. I lang tid har det vore i forfall, men arbeidet Kringsjå samdrift og Kringsjås Venner gjer bidrar i stor grad til å snu den uheldige utviklinga.

I området finst fleire viktige kulturminne. Ved Buafjellet finst det såleis seks steinhytter, to på vestsida og fire på austsida. Steinhyttene blei i si tid brukte til å lagre torv, den viktigaste kjelda

til brensel og varme på Haugalandet i eldre tid (sjå Falkeid 1998). I dette området blei det spadd torv til slutten av 1950-åra. Ved Buafjellet finst det også ei gammal sauekvee laga av stein, brukt for å samle sauene om sommaren når dei skulle klippast. Ved Litlatrongjå finst ei anna sauekvee.

Tilstand: Området er dominert av tørr kystlynghei. I lang tid har det skjedd ei gjengroing, men utviklinga er no snudd ved at området igjen blir beita. Ulike typar bartre, artar av furu og gran, spreier seg frå omkringliggende plantefelt i sør, vest og nord, men det finst også spontane oppslag av bjørk, osp og rogn, særleg i fjellsider og anna bratt skrånande terreng. I sjølve lyngheiane er det vakse fram mykje brakje etter at beitet tok slutt. Førekomsten av strid kråkefot, som er beitesvak, indikerer også at beitepresset i delar av området ikkje er stort, og det vil vere bra om beitet i tida framover blir jamnare fordelt over større delar av lyngheia. Dei delane som er brent og beita, både på Haugesunds- og Tysvær-sida, viser at det er mogeleg å vedlikehalde verdiane i kystlyngheiane, om det berre blir skjøtta på ein god måte.

Inngrep: Det er ingen større tekniske inngrep i området. I tilgrensande område i vest står antennemasta på toppen av Steinsfjellet og det går veg fram til denne, men dette er utanfor området slik det er avgrensa her. Det største inngrepet i området er skogplantinga. Den tok til omkring 1920 og det er planta om lag 100.000 tre. Dei fleste av



FIGUR 48. Fram mot 1991 var området aust for Steinsfjellet ikkje i bruk som beiteland og bjørk og andre tre og buskar fekk breie seg fritt. I dag er dette gamle kulturlandskapet i ferd med å bli rydda. Biletet er frå 2008.

desse er framande treslag som ikkje høyrer heime i regionen, som kvitgran, normannsgran, sitkagran, norsk gran, furu og buskfuru. Etter kvart som plantefelta voks fram med høge tre og tette plantingar endra dette totalt karakteren av området. Området var utmarka til gardsbruks i Skåredalen og blei brukt som husdyrbeite og til torvtaking. Det kan ha vore brukt til dette føremålet i minst 1000 år, og det kulturlandskapet denne drifta skapte blei ein del av den lokale identiteten til Haugesund og Skåre, eit landskap og ein identitet som var i ferd med å bli viska ut i løpet av nokre får tiår. Ville nokon finne på å la slikt skje med andre kulturminne som er 1000 år gamle? Neppe. Skjøtselen som no skjer på Kringså er framifrå og fortener all mogeleg støtte.

Verdivurdering: Området er dominert av kystlynghei, men gjengroinga er kome langt i delar av området. Skjøtselen dei siste åra har i stor grad endra dette og tilstanden til dei delane som blir beita og brent er svært god. Arbeidet som miljøet omkring Kringså gjer er avgjerande for at lyngheiane og myrane varer ved og deira innsats er derfor særskilt viktig og støtteverdig. Utan deira innsats vil området i løpet av overskueleg framtid bli tett skog. Dette vil forringe dei biologiske kvalitetane i området (nedgang i mangfaldet av artar og naturtypar, einsretting og dominans av innførte, framande treslag som forsurer jordsmonnet og fortrenger artane som høyrer til her). Ikkje



FIGUR 49. Dvergbjørk (*Betula nana*) inngår i lyngheiane aust for Steinsfjellet.

minst vil framveksten av skogen forringe dei store friluftskvalitetane i området. Utsikta frå toppane er storlått (etter at delar av skogen blei rydda), og innsatsen som blir lagt ned i området gjer at sjansane for at "Kringså" skal bli til "Nullsjå" no heldigvis ikkje er store. Dette kunne lett blitt resultatet utan innsatsen på Kringså. Dei delane av området som er brent og rydda for brake er heilt klart A-område. Område som er dekt av planteskog har null verdi i høve til biologisk mangfald, m.a.o. ikkje ein gong C-område. Område som er dominert av eldre lynghei som ikkje er brent har verdi som B-område. Dersom også desse områda blir brent, vil dei fort utviklast til A-område.

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.

Haugesund, Toskatjødn-Kyrkjeleitet

- **Kartblad:** 1113 i Haugesund
- **UTM:** KL 922-928, 910-916
- **Kommune:** Haugesund
- **Hovudtype landskap:** D Kulturlandskap, A Myr
- **Naturtypar:** D07 Kystlynghei, A 08 Kystmyr (litt fattigmyr)
- **Tilstand:** Svak hevd, prega av gjengroing
- **Verdi:** C
- **Vegetasjonssone:** Boreonemoral
- **Vegetasjonsseksjon:** O3 Sterkt oseanisk
- **Undersøkt:** 13.06.2008
- **Inventør:** Anders Lundberg

Lokalitetskarakteristikk

Generelt: Området ligg sør for Toskatjødn, sør og aust for E134, i Haugesund kommune, på grensa til Karmøy kommune i aust. Det utgjer såleis



FIGUR 50. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

inngangsportalen til Haugesund frå aust, det første folk som kjem til Haugesund frå aust får sjå. Avgrensinga i sør går om lag ved Kyrkjeleitet. Den gamle pilgrimsvegen til Avaldsnes går igjennom området. Pilgrimsvegen var i bruk frå Mellomalderen og er nær tusen år gammal. Bakken frå Toskatjødn til Kyrkjeleitet blir kalla Feginbrekka og ved Kyrkjeleitet fekk pilgrimane det første synet av Olavskyrkja på Avaldsnes som var målet deira. Nemninga *fegin* tyder glad og er uttrykk for forventningane piligrimane hadde når dei nærma seg målet. Nemninga *leite* blei brukt om stader på høgdedrag med vidt utsyn. Namna Feginbrekka og Kyrkjeleite er derfor namn med historisk sus. Dei velutvikla lyncheiane er minst like gamle som pilgrimsvegen. I nyare tid har dei vore underlagt internasjonale, botaniske undersøkingar, då professor C.H. Gimmingham undersøkte området for om lag 50 år sia (Gimmingham 1961). Han er kjend som ein av dei største ekspertane på det vesteuropæiske lyncheilandskapet og har skreve mange bøker og vitakaplege artiklar om temaet. Seinare er området også undersøkt av Steinnes (1988) og Lundberg (1998).

Vegetasjon: Området er dominert av tørr røsslynghei, H1a. I tillegg finst fattig sigevassmyr, type K3a (klokkeling-rome-utforming med mykje duskull), særleg langs Feginbrekka. Eit mindre felt er dominert av bregna einstape og på nokre av toppane dominerer tørr gras-urterik hei, såkalla H2a. Registrerte vegetasjonstypar:

H1a Tørr lynchei. Røsslyng-utforming
H1 Tørr lynchei. Einstape-utforming
H2a Tørr gras-urterik hei. Fattig utforming
K3a Fattig fastmattemyr. Klokkeling-rome-utforming

Kulturpåverknad: Husdyrbeite har lange tradisjonar i området, men tok slutt for nokre år sia. Det tidlegare beitet set framleis preg på området.

Artsfunn: Smørtelg høyrer til dei litt meir sjeldsynte bregnene i distriktet. Heistarr er typisk for velutvikla lyncheiar på kysten. På toppane er dvergsmyle talrik, og på slike skrinne, veldrenerte toppar finst også karve. Arten fanst på nær sagt alle gardsbruk på Haugalandet i eldre tid, men moderne gjødselspreiarar har tatt knekken på han dei fleste stader og dette er ein av dei få stadene



FIGUR 51. Lynghei ved Kyrkjeleitet med bjørk og øyrevier.

han har overlevd. Under feltarbeidet blei det registrert 69 artar karplanter.

Kulturspor: Den gamle pilgrimsvegen til Olavskyrkja på Avaldsnes går igjennom området, sjå punktet generelt.

Tilstand: Området er framleis grunnleggjande lynghei, men fråvær av beite har ført til gjengroing med bjørk, rogn, gran og furu. Gjerdene i området er godt intakte og det ligg godt til rette for å gjeninnføre beite. Området er eigd av Haugesund kommune. Kommunen legg stor vekt på å tre fram på ein positiv måte, både for innbyggjarane og for gjester og turistar. I og med at området er inngangsportalen til byen frå aust, vil kommunen få mykje igjen for å ta vare på det slik at det kan inngå som eit del av kommunen sin kulturelle og historiske identitet, på lik linje med dei tre måkane i byvåpenet.

Området er tidlegare undersøkt i 1984 (Steinnes

1988). Han skriv at vegetasjonen då var prega av sterkt beitepress som førte til ein mosaikk av røss-lynghei og grasmarker. Området var i 1984 hardt beita av sau gjennom heile året og lyngen var om lag 15 cm høg, småbjørk og einer mangla. Dette er ein heilt annan situasjon enn i dag og det skuldast at området ikkje har vore beita på lenge. Det har ført til forfall og reduksjon av både beiteverdi og naturverdiar. Området er likevel ikkje tapt, det har ennå verdi og med skjøtsel (beite og rydding) kan området bli svært attraktivt.

Inngrep: Ei kraftlinje går like aust for området, men elles finst ingen tekniske inngrep.

Verdivurdering: Slik området trer fram i dag, lynghei med langt komen gjengroing, kan det i beste fall klassifiserast som eit C-område. Med skjøtsel kan det utan tvil oppgraderast.


Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.

Haugesund, Ørpelteit, Tjodnaåsen-Kyrkjeleitet

- Kartblad: 1113 i Haugesund
- UTM: KL 925-927, 904-909
- Kommune: Haugesund
- Hovudtype landskap: D Kulturlandskap
- Naturtypar: D07 Kystlynghei (Fattig gras-urterik hei)
- Tilstand: Høgt beitetrykk
- Verdi: -
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk
- Undersøkt: 13.06.2008
- Inventør: Anders Lundberg

Lokalitetskarakteristikk

Generelt: Det undersøkte området ligg sør for Kyrkjeleitet, mot Tjodnaåsen i sør. I vest grensar det til Ørpelteitvegen og i aust til lystlynghei i Karmøy kommune. Tjodnaåsen er det sentrale landemerket og er delvis opparbeidd som kulturbete. Områda i nærleiken mot vest har dei siste åra vore sterkt



FIGUR 52. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

utbygde, med ny austre innfartsveg til Haugesund, kjøpesenter og nye bustadområde. Jordbruksmarken er på retrett og bonden som driv dette området er ein av dei få som framleis held stand.

Vegetasjon: Det er ein tydeleg gradient i vegetasjonen frå dei delane som ligg mest mot sørvest (nærast veg og fulldyrka mark) og dei som grensar mot nord og aust. Dei førstnemnte områda er grasdominert beitemark, dei sistnemnte er grasdominert hei med tydeleg innslag av artar frå det beitemarkene er utvikla frå, nemleg kystlynghei. Registrerte vegetasjonstypar:

- G1a Fuktig fattigeng. Heisev-utforming
- G1b Fuktig fattigeng. Knappsev/lyssev-utforming
- G4a Frisk fattigeng. Engkvein-raudsvingel-gulakseng, vanleg utforming

Kulturpåverknad: Området blir beite av stutar og sau og beitepresset er heller høgt.

Artsfunn: Området er grasdominert, av trivuelle artar som englodnegras, engkvein, smyle, gulaks, tunrapp, geitsvingel og finnskjegg. Beiteindikatorar er det mange av, slike som harestarr, kjeldeurt, tunarve, engsoleie, lækjeveronika og smalkjempe. Det inngår også typiske heiartar som heisev, flekkmarihand, heiblåfjør, skrubbær, kystmaure og litt røsslyng. Artssamansetjinga er typisk for sterkt beita område på kysten. Det blei registrert 58 artar under felter arbeidet. Det er ikkje mange, området er heller ikkje stort og det er ikkje så verst med tanke på at dei fordeler seg på nokre få vegetasjonstypar.

Kulturspor: Beite og anna jordbruksaktivitet.

Tilstand: Beitepresset i området er stort og hadde det vore mindre, ville arts mangfaldet vore høgare. I tilgrensande område i nord og aust er beitepresset for lite. Dersom det beita arealet kunne vore utvida mot nord (grunneigar her er Haugesund kommune) og aust, ville verdien av alle desse områda auka monaleg. Det hadde vore plass til fleire dyr og beitepresset ville blitt mindre (fordi arealet av det som blei beita blei større).

Inngrep: Traktorveg.

Verdivurdering: Området har i dag liten verdi i høve til biologisk mangfald, men dette kan endre seg om det beita arealet blir utvida, sjå punktet tilstand.

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 53. Beitemark ved Ørpelveit-Tjodnaåsen, sett mot nord. Gjengroinga er komen langt.



FIGUR 54. Våren 2008 hadde lite nedbør og vind som gav omfattende tørkeskader på kollar med skrinn jord. Slike periodar inntreff år om anna og vegetasjonen på slike stader er gjerne tørketilpassa.

Haugesund, Røvær, Gitterøy

- **Kartblad:** 1113 i Haugesund
- **UTM:** KL 796-803, 945-953
- **Kommune:** Haugesund
- **Inventør:** Anders Lundberg
- **Dato:** 25.07.2000. Sjekka mot ortofoto
frå 2002 i februar 2009
- **Naturtype:** D Kulturlandskap, E Ferskvatn, G Havstrand/kyst
- **Utformingar:** D07 Kystlynghei, A08 Kystmyr, G strandberg
- **Verdi:** A
- **Vegetasjonssone:** Boreonemoral
- **Vegetasjonsseksjon:** O3 Sterkt oseanisk



FIGUR 55. Flyfoto over Gitterøy. Ein ser tydeleg at øya er dominert av kystlynghei, med langstreckte dalmyrar i sokka. Langs sjøen er det velutvikla strandberg.

Lokalisatoriale

Beliggenhet/lavgrensing/naturgrunnlag: Øya har i lengde på 825 m i nordvest-søraustleg retning og ei breidde på 250-450 m. Samla strandlinje er om lag 3,5 km og arealet er 280 dekar.

Naturtypar og utformingar: Kystlynghei er den dominerande vegetasjonstypen. Tørre typar er mest utbreidde, men det finst også fuktige variantar. I små dalsøkk finst fattigmyr (kystmyr). Her og der finst små vatn med litt kantvegetasjon. Strandberga er velutvikla og dei har spreidde innslag av karplanter. Truleg er desse vegetasjonstypane representerte, men det er sannsynleg at lista ikkje er komplett:

- H1a Tørr lynghei. Røsslyng-utforming
- H1c Tørr lynghei. Røsslyng-slåttestarr-torvull-utforming
- H2a Tørr gras-urterik hei. Fattig utforming
- H3 Fuktig lynghei
- K3 Fattig fastmattemyr
- Vassvegetasjon
- X1a Strandberg. Fattig utforming
- +++

Artsmangfald: Under besøk i juli 2000 registrerte eg 94 artar karplanter. Den mest sjeldsynte av desse er klengjelerkespore, som veks to stader på øya. Arten står på den norske raudlista og blir rekna som nær trua (NT). Arten er talrik på Gitterøy og den største førekomensten dekte eit felt på 0,3 x 3,5 m, tett i tett. Det er mogeleg dette er den største førekomensten i Noreg. Her i landet er han berre kjent frå Vest-Agder og Rogaland. Ein annan interessant art er skjoldblad, som står på den norske raudlista. Hei- og kyststartar er det mange av, likeeins strandplanter og nokre vassplanter.

Påverknad/bruk: Sauer på beite. Det er skilt ut ein tomt midt på øya og på flybiletet ser det ut som om det er laga til ein mur eller grunnmur her (kan vere gammal). Øya er elles fri for inngrep.

Tilstand: Heiane er beita og lyngen er i god stand. God hevd.

Skjøtsel og omsyn: Sauebeitet bør halde fram.

Verdivurdering: Velutvikla kystlynghei, kystmyr og raudlisteartane klengjelerkespore og skjoldblad gjer Gitterøy til eit A-område.

Kjelder: Lundberg (2002, 2004, upubl. b).

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 56. Brent lynghei med daud brake på Gitterøy 25.07.2000.



FIGUR 57. Klengjelerkespore (*Ceratocapnos clavicularata*) på Gitterøy. Han har status som nær trua (NT) på den norske raudlista.

Haugesund, Røvær, Hillersøy

- Kartblad: 1113 i Haugesund
- UTM: KL 785-791, 947-956
- Kommune: Haugesund
- Inventør: Anders Lundberg
- Dato: 24.07.2000. Sjekka mot ortofoto
frå 2002 i februar 2009
- Naturtype: D Kulturlandskap, G Havstrand/kyst, E Ferskvatn
- Utformingar: D07 Kystlynghei, A08 Kystmyr, E Ferskvatn, Plantefelt, G strandberg
- Verdi: A
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk

Lokalitetsomtale

Beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag: Øya er 920 m lang og på det breiaste 500 m. Ho har ein omkrets på 2,7 km og eit areal på 290 dekar. Høgaste punktet på øya er 30 m o.h.

Naturtypar og utformingar: Vegetasjonen er dominert av kystlynghei, truleg både tørre og fuktige utformingar. I små dalsøkk finst kystmyr. Midt på øya ligg eit vatn, 120 m langt, 30-35 m breidt. Flybiletet indikerer at det finst flytebladvegetasjon rundt det meste av vatnet. Langs stranda opptrer fattig strandberg-vegetasjon. Omkring kyrkjegården er det eit plantefelt på 4 dekar og eit anna omtrent like stort plantefelt finst i sørvest. Registrerte vegetasjonstypar:

H1a Tørr lynghei. Røsslyng-utforming
H1c Tørr lynghei. Røsslyng-slåttestarr-torvull-
utforming
H3 Fuktig lynghei
I7 Plantefelt
K3 Fattig fastmattemyr
Vassvegetasjon
X1a Strandberg. Fattig utforming
+++

Artsmangfald: På øya har eg registrert 87 artar karplanter. Heiartar, kystplanter og strandartar er talrike. Interessante artar er søtbjørnebær,



FIGUR 58. Flyfoto over Hillersøy. Kyrkjegården ligg i plantefeltet nordaust på øya og er lokalitet for skjoldblad. Midt på øya ser ein tydeleg eit vatn. Det indre av øya er dominert av lynghei.

fagerperikum, skjoldblad (raudlisteart) og heistarr.
Påverknad/bruk: Kyrkjegården på Røvær ligg på Hillersøy og det er ein liten kai på vestsida og veg frå kaien til kyrkjegården. På vestsida av øya er det bygd ein liten dam med demning. På vestsida er det også nokre kaiar og sjøhus. Det meste av øya er utan tekniske inngrep.

Tilstand: God

Skjøtsel og omsyn: Hindre at plantefelta spreier seg.

Verdivurdering: Førekommst av velutvikla kystlynghei og kystmyr, samt raudlistearten skjoldblad, gjer av øya kjem i klasse A.

Kjelder: Lundberg (2002, 2004, upubl. b).

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.

Haugesund, Røvær, Indrevær

- **Kartblad:** 1113 I Haugesund
- **UTM:** KL 808-813, 930-934
- **Kommune:** Haugesund
- **Inventør:** Anders Lundberg
- **Dato:** 02.08.2000, sjekka mot ortofoto frå 2002 i januar 2009
- **Naturtype:** D Kulturlandskap, G Havstrand/kyst, A Myr, E Ferskvatn
- **Utformingar:** D07 Kystlynghei, A08 Kystmyr, E1202 Bukter og viker, G06 Tangvoll, G strandberg
- **Verdi:** A
- **Vegetasjonssone:** Boreonemoral
- **Vegetasjonsseksjon:** O3 Sterkt oseanisk

Lokalitetsomtale

Beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag: Øya er ein del av Røvær-øygruppa. Ho er knapt 500 m brei (aust-vest) og om lag 370 m lang (nord-sør). Øya har ei strandlinje på om lag 2 km og arealet er knapt 170 dekar. Sia 1982 har øya vore verna som naturreservat, m.a. for å ta vare på fuglelivet. Berggrunnen er gabbro. Høgaste punktet på øya ligg 24 m o.h.

Naturtypar og utformingar: Kystlynghei er den dominante vegetasjonstypen. Under feltregistreringa i 2000 blei det ikkje systematisk notert vegetasjonstypar, men ortofoto stadfestar at hei er den dominante vegetasjonstypen. Tørrhei er mest utbreidd, men i sør finst også fukthei og litt myr. Midt på øya finst eit lite vatn med litt kant-



FIGUR 59. Flyfoto over Indrevær. Lynghei dominerer det meste av øya. Midt på finst eit lite vatn. Strandberga er særst fint utvikla.

og vassvegetasjon. Følgjande vegetasjonstypar er truleg representerte:

- H1a Tørr lynghei. Røsslyng-utforming
- H1c Tørr lynghei. Røsslyng-slåtttestarr-torvull-utforming
- H2a Tørr gras-urterik hei. Fattig utforming
- H3 Fuktig lynghei
- K3 Fattig fastmattemyr
- P1a Langskot-vegetasjon. Tusenblad-tjørnaks-utforming
- P2c Flyteblad-vegetasjon. Vanleg tjørnaks-utforming
- U5a Øvre salteng. Raudsvingel/saltsev-salteng, saltsev-utforming
- U5b Øvre salteng. Raudsvingel/saltsev-salteng, raudsvingel-utforming
- U5c Øvre salteng. Raudsvingel/saltsev-salteng, raudsvingel-fjørkoll-tiriltunge-utforming
- V2a Fleiarig gras/urte-tangvoll. Lågurt-utforming (med gåsemure)
- V2b Fleiarig gras/urte-tangvoll. Høgurt-utforming (med krushøymole)
- X1a Strandberg. Fattig utforming

Artsmangfald: Under synfaringa i august 2000 registrerte eg 100 artar karplanter. Hei er ein dominerande vegetasjonstype og ikkje overraskande er heiplantene talrike, slike som røsslyng, klokke-lyng, stortranebær, fagerperikum, heistarr, bråtestarr, heisev og heifrytle. På skrinne knausar veks kystarten dvergsmyle. Ramslauk og kusymre finst i bergsprekker. Strandberga er godt utvikla og her veks artar som bitterbergknapp, kystbergknapp, rosenrot og fjørkoll. I grunne pyttar veks kattehale. Den mest sjeldsynte arten på øya er utan tvil raudlistearten klengjelerkespore som er talrik nokre få stader (figur 00). Arten er berre kjent frå nokre få stader i landet og arten finst her ved si absolutte nordgrense. Frøa blir spreidde med saueull.

Påverknad/bruk: Sauebete, lyngbrenning

Tilstand: Heiane er beita av sau og har vore brente i seinare år. Dei er i svært god stand (god hevd).

Skjøtsel og omsyn: Øya bør framleis beitast av sau.

Verdivurdering: Førekomensten av intakt kystlynghei og kystmyr og stor førekomst av raudlistearten klengjelerkespore gjer at verdien av øya er svært viktig, A.

Kjelder: Lundberg (2002, upubl. b).

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 60. Det indre av øya er ein mosaikk av knausar, lynghei, grasmarker (ugjødsla naturbeitemark) og små pyttar.



FIGUR 61. Talrik forekomst av klengjelerkespore (*Ceratocapnos clavicularis*).

Haugesund, Røvær, Røvær (hovudøya)

- Kartblad: 1113 IV Utsira
- UTM: KL 773-785, 946-968
- Kommune: Haugesund
- Inventør: Anders Lundberg
- Dato: 21. og 24.07.2000, 04.08.2000.
Sjekka mot ortofoto frå 2002 i februar 2009.
- Naturtype: D Kulturlandskap, G Havstrand/kyst, F Skog, E Ferskvatn, A Myr
- Utformingar: D07 Kystlynghei, A08 Kystmyr, D04 Grasmark/naturbeitemark, F01 Rik edellauvskog, E Små ferskvatn, G06 Tangvoll, G05 Strandeng, G Strandberg
- Verdi: A
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk


Lokalitetsomtale

Beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag: Øya er 2,1 km lang (nord-sør) og på midten om lag 1,1 km brei. Ho har ein samla omkrets på 9,1 km og eit areal på knapt 1500 dekar. Busetnaden er koncentrert til austre og midtre delar av øya. Kysten er sterkt innskoren med fleire langsmale viker. I nord er det to slike som skjer seg inn i landmassivet frå nordvest som begge nester deler øya i to. Også i sør er det to markerte, langsmale viker som trengjer inn i øymassivet frå sørvest (figur 62). Det høgaste punktet på øya er 43 m o.h. Dette er også det høgaste punktet i øygruppa.

Naturtypar og utformingar: Vegetasjonen på Røvær er variert. Grasdominert naturbeitemark er ein dominerande type, særleg i dei midtre delane av øya som ikkje er dyrka. Kystlynghei er også vidt utbreidd, særleg i den sørlege delen, omkring den lange vika Va. I dei største og vidaste dalane og sokka er det fulldyrka eng til slått, og her og der finst mindre åkerlappar som i dag blir brukte til å dyrke poteter. Strandberga er vide og breie, særleg i nord og vest. I små grunne viker finst små strandenger med typisk variasjon mellom ulike nivå (nedre-øvre strandeng) og miljø (salt-brakt). Det er ingen større ferskvatn på øya, men nokre små finst. Dei er alle grunne og med vassvegetasjon av ulike slag. Her og der finst mindre plantefelt (nær busetnaden), men også noko lauvkratt med til dels rik undervegetasjon. Under feltarbeid



FIGUR 62. Kart over Røvær-øygruppa med dei ulike øyene (etter Lundberg 2002).



FIGUR 63. Flyfoto over hovudøya Røvær og nabøya Ur i nordaust, knytte sammen med bru.



FIGUR 64. Bilete frå Grønevika, med strandenger, ugjødsla grasmarker, knausar og kystlynghei.

på Røvær har eg systematisk registrert karplanter, men ikkje vegetasjonstypar. Dette er ei liste over vegetasjonstypar eg har sett opp etter notat, biletet og flyfototolking (ho er nok ikkje komplett):

D2c Lågurt-edellauvskog, rike kyst-hasselkratt
 G4a Frisk fattigeng. Engkvein-raudsingel-gulaks-eng, vanleg utforming
 G4b Frisk fattigeng. Engkvein-raudsingel-gulaks-eng, jordnøtt-utforming
 G10 Hestehavre-eng
 H1a Tørr lynghei. Røsslyng-utforming
 H1c Tørr lynghei. Røsslyng-slåttestarr-torvull-utforming
 H2a Tørr gras-urterik hei. Fattig utforming
 H3 Fuktig lynghei
 K3 Fattig fastmattemyr
 O5 Takrøyrvaks-sump
 P1a Langskot-vegetasjon. Tusenblad-tjørnaks-utforming
 P2b Flyteblad-vegetasjon. Nøkkerose-utforming
 P2a Flyteblad-vegetasjon. Fløtgras-utforming
 P2c Flyteblad-vegetasjon. Vanleg tjørnaks-utforming
 U3c Salin og brakk forstrand. Bendel-utforming
 U3d Salin og brakk forstrand. Strandstjernestrand-kjempestrandkryp-utforming
 U3e Salin og brakk forstrand. Saulauk-utforming
 U4a Nedre og midtre salteng. Saltgras-salteng

U5a Øvre salteng, raudsvingel/saltsev-salteng. Saltsev-utforming
 U5b Øvre salteng, raudsvingel/saltsev-salteng, raudsvingel-utforming
 U5c Øvre salteng, raudsvingel/saltsev-salteng, raudsvingel-fjørekoll-tiriltunge-utforming
 U7a Brakkvasseng. Fjøresevaks-utforming
 U7e Brakkvasseng. Rustsevaks-utforming
 V1c Eittårig meldetangvoll. Tangmelde-utforming
 V2a Fleiårig gras/urte-tangvoll. Lågurt-utforming (med gåsemure)
 V2b Fleiårig gras/urte-tangvoll. Høgurt-utforming (med krushøymole)
 V2c Fleirårig gras/urte-tangvoll. Gras-utforming (med strandrug)
 V5a Driftinfluert grus/stein-strand. Strandkvann-utforming
 V5c Driftinfluert grus/stein-strand. Østersurt-utforming
 X1a Strandberg. Fattig utforming

Artsmangfold: På Røvær (hovudøya) har eg registrert 249 artar karplanter. Det utgjer 92 % av karplantefloraen i øygruppa. Pusleblom (ved Va), står på den norske raudlista og blir rekna som sårbar. Ein annan raudlisteart, skjoldblad, opptrer i massevis mange stader på øya og førekomensten er av dei mest talrike i Noreg. Andre interessante artar på øya er blankburkne, hassel, humle, salturt



FIGUR 65. Skjoldblad (*Hydrocotyle vulgaris*) i kanten av Kalvatjørn. Arten er talrik på Røvær, men står på den norske raudlista med status nær trua (NT).

(truleg utgått), havbendel, saltbendel, kvit nykerose, vårskrinneblom, norsk bjørnebær, søtbjørnebær, rundskolm, kristtorn, fagerperikum, kattehale, eføy, karve, kusymre, østersurt, vassmynte, brunrot, lintorskemunn, bakkeveronika, solblom (raudlisteart), strandlauk, fjøresevaks, rustsevaks, loppestarr, knortestarr, heistarr, berg-røyrkvein, dunhavre, hestehavre, hjartegras, lundrapp og fjøresaltgras.

Påverknad/bruk: Store delar av øya er beita, mykje kystlynghei og grasdominert naturbeitemark. Delar av øya er busett og dyrka. Der finst små

vegar og sidevegar, litt kaiar og sjøhus og det er bru til nabøya Ur.

Tilstand: Dei seminaturlege vegetasjonstypane er alle i god hevd.

Skjøtsel og omsyn: Alle delar av øya bør beitast med moderat beitepress.

Verdivurdering: Førekomst av velutvikla kystlynghei, kystmyr, raudlisteartar (pusleblom og skjoldblad), gjer at øya kjem i klasse A. Dette gjeld område som ikkje er gjødsla.

Kjelder: Lundberg (2002, 2004, upubl. b).

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.

Haugesund, Røvær, Ulvøy

- **Kartblad:** 1113 i Haugesund
- **UTM:** KL 789-796, 947-957
- **Kommune:** Haugesund
- **Inventør:** Anders Lundberg
- **Dato:** 25.07.2000. Sjekka mot ortofoto fra 2002 i februar 2009.
- **Naturtype:** D Kulturlandskap, G Havstrand/kyst, E Ferskvatn
- **Utformingar:** D07 Kystlynghei, A08 Kystmyr, E1202 Bukter og viker, G Strandberg
- **Verdi:** A
- **Vegetasjonssone:** Boreonemoral
- **Vegetasjonsseksjon:** O3 Sterkt oseanisk



FIGUR 67. Bilete frå det indre av Ulvøy, med skrinneberg, lynchei, små naturbeitemarker og ein liten ferskvasspytt med flytebladvegetasjon.

Lokalitetsomtale

Beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag: Øya er 860 m lang langs ein akse sørvest-nord aust, og breidda varierer frå om lag 100 m i sør til knapt 500 m i nord. Kystlinja er ganske innskoren med fleire langsmale viker og øya har ein samla omkrets på om lag 4 km. Arealet er om lag 250 dekar. Det høgaste punktet på øya ligg 25 m o.h.



FIGUR 66. Flyfoto over Ulvøy.

Naturtypar og utformingar: Kystlynghei er den dominerande vegetasjonstypen. I langsmale dalsøkk opptrer kystmyr. Strandberg finst rundt heile øya, men er spesielt breie og velutvikla på nordsida, som er svært eksponert mot Røværfjorden og Sletta. Her har strandberga ei breidde på inntil 100 m. Truleg er følgjande vegetasjonstypar representerte, og det er sannsynleg at det er fleire:

- H1a Tørr lynchei. Røsslyng-utforming
- H1c Tørr lynchei. Røsslyng-slåttestarr-torvull-utforming
- H3 Fuktig lynchei
- K3 Fattig fastmattemyr
- P1a Langskot-vegetasjon. Tusenblad-kysttjørnaks-utforming
- P2a Flyteblad-vegetasjon. Fløtgras-utforming
- X1a Strandberg. Fattig utforming
- +++

Artsmangfald: På Ulvøy er det registrert 103 arter karplanter (Lundberg upabl. b). Heiarter, myrarar, vassplanter og kystplanter er talrike. Nokre interessante arter er blankburkne, fagerperikum, skjoldblad (raudlisteart), brunrot og lintorske-munn.

Påverknad/bruk: Sauebeite.

Tilstand: God

Skjøtsel og omsyn: Sauebeitet bør halde fram.

Verdivurdering: Førekomsten av velutvikla kystlynghei og kystmyr plasserer Ulvøy i klasse A.

Kjelder: Lundberg (2002, upabl. b).

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.

Haugesund, Røvær, Ur

- **Kartblad:** 1113 I Haugesund
- **UTM:** KL 785-788, 953-963
- **Kommune:** Haugesund
- **Inventør:** Anders Lundberg
- **Dato:** 22.07.2000, 04.08.2000 og 26.06.2001. Sjekka mot ortofoto frå 2002 i februar 2009
- **Naturtype:** D Kulturlandskap, G Havstrand/kyst, E Ferskvatn
- **Utformingar:** D07 Kystlynghei, A08 Kystmyr, D04 Naturbeitemark, E Vassvegetasjon, G Strandberg
- **Verdi:** A
- **Vegetasjonssone:** Boreonemoral
- **Vegetasjonsseksjon:** O3 Sterkt oseanisk

Lokalitetsomtale

Beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag: Øya er 800 m lang og knapt 400 m brei på midten. Ho har ein omkrets på 3,2 km og eit areal på 180 dekar. Det

høgaste punktet på øya ligg 28 m o.h. Den søre 2/5 av øya er busatt, den nordre 3/5 av øya er stort sett utmark, men med to mindre felt dyrka slåtteng. **Naturtypar og utformingar:** Kystlynghei er ein dominerande vegetasjonstype, særleg i nord. I tillegg finst kystmyr. Strandberg er utbreidde langs heile strandkanten, men er særleg breie i nordvest.

G4a Frisk fattigeng, engkvein-raudsvingel-gulakseng. Vanleg utforming (naturbeitemark)
G4b Frisk fattigeng, engkvein-raudsvingel-gulakseng. Jordnøtt-utforming (naturbeitemark)
H1a Tørr lynghei. Røsslyng-utforming
H1c Tørr lynghei. Røsslyng-slåttestarr-torvull-utforming
H3 Fuktig lynghei
K3 Fattig fastmattemyr
P1 Langskot-vegetasjon med hesterumpe
P2c Flyteblad-vegetasjon. Vanleg tjørnaks-utforming
V2c Fleirårig gras/urte-tangvoll. Gras-utforming (med strandrug)
X1a Strandberg. Fattig utforming
+++



FIGUR 68. Hollkoppevika med strandeng, strandberg og lynghei.



FIGUR 69. Holkopp med torvmyr og torvskjør (dei to vasspyttane som blei skapte etter uttak av torv frå myra).

Artsmangfald: På Ur er det registrert 169 artar karplanter (Lundberg upubl. b). Interessante artar er harerug, vårværneblom, søtnejebær, rundskolm, heiblåfjør, kristtorn, fagerperikum, kattehale, hesterumpe, jordnøtt, kusymre, brunrot, lintorskemunn, bakkeveronika, vanleg tjørnaks, berg-røyrkvein og strandrug.

Påverknad/bruk: Husdyrbeite (kalvar og sau). Øya har bru frå hovudøya og veg til bustadhus på den sørlege delen av øya.

Tilstand: God

Skjøtsel og omsyn: Moderat husdyrbeite bør halde fram i område som blir beita og område som tidlegare har vore beita, men som ikke blir beita i dag, bør beitast.

Verdivurdering: Førekost av intakt kystlynghei og kystmyr gjør at dette området kjem i klasse A. Den store artsrikdomen understøttar dette ytterlegare.

Kjelder: Lundberg (2002, upubl. b).


Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.

Haugesund, Tømmervågen-Torevarden

- **Kartblad:** 1113 I Haugesund
- **UTM:** KL 866-880, 964-978
- **Kommune:** Haugesund
- **Hovudtype landskap:** D Kulturlandskap, A Myr
- **Naturtypar:** D07 Kystlynghei, A08 kystmyr
- **Tilstand:** Stort sett god hevd, då sau er beitar delar av området. Det kan sjå ut som om dei nordre delane (i alle fall ved og sør for Tømmervågen og omkring Tømmerhammar) er beita, men truleg er beitetrykket mindre eller delvis fråverande i søre delar, mot Årabrot.
- **Verdi:** A
- **Vegetasjonssone:** Boreonemoral
- **Vegetasjonsseksjon:** O3 Sterkt oseanisk
- **Undersøkt:** 13.07.2006
- **Inventør:** Anders Lundberg

Lokalitetskarakteristikk

Generelt: Området strekkjer seg fra Tømmervågen i nord til Malmbukta i sør. Fjelltoppen Tømmerhammar ligg sentralt i området, med toppen 95 m o.h. Fjellet er ikkje høgt i absolutt mening, men så nær storhavet utanfor, gir det eit mektig inntrykk. I sør er området avgrensa av plantefeltet omkring Torevarden, vestover mot Malmbukta. I aust går grensa med bekken som renn inn i Førlandsvatnet frå sør. Torevarden i den austre delen av området når opp i 85 m o.h. Frå toppen av Tømmerhammar og Torevarden er det utsikt i alle himmelretningar.



FIGUR 70. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

I vest ligg Røvær og storhavet, i sør ser me Haugesund by med byfjella i aust og i nord og nordvest ligg Espevær, Bømlo og Stord.

Vegetasjon: Vegetasjonen er dominert av kystlynghei, både tørre og fuktige utformingar. Karakteristiske artar er røsslyng, klokkeling, storbjønnskjegg, smyle, bjønnkam, purpurlyng, mjølbær, duskull, stjernestjarr og kornstarr. Innslaget av urter i heia er påfallande, mellom anna i nordskråninga av Torevarden. Her veks mellom anna tepperot, kvitveis, gullris, flekkmarihand og skogstjerne. Den sentrale delen av området er dominert av røsslynghei, særleg på knausane og i skråningane, med fukthei og fattigmyr i dalane og sokka. Her og der finst nokre få, små myrtjørner. Nede ved Tømmervågen finst små strandenger som er mykje oppsøkte av sauene. Det salte graset i strandengene er svært attraktivt for sauene. Lyngmarka, myrane og siga er stort sett fattigvariantar, men innimellom finst rikare sig med markert innslag av næringskrevjande artar (sjå artsfunn).

Kulturpåverknad: Sauebeitet er positivt for å hindre gjengroing, og for å halde lyngen ung og vital. Beitet bidrar til å utvikle og betre beiteverdien på lyngen. Delar av lyngheia blir også beita av storfe. **Artsfunn:** Små populasjonar av den sjeldsynte arten brunskjene, den einaste kjende førekomsten i Haugesund (figur 72). Saman med denne veks også engstarr, loppestarr og myrsaulauk, alle typiske rikmyrartar.

Kulturspor: Området er beita av husdyr (sau og storfe). I det tilgrensande området på sørsida av og inst i Tømmervågen finst ei stor jordfylling, den største eg har sett. Toppen av fyllinga ligg høgt over Tømmervågen, med bratte, ustabile skrentar ned mot vågen. Her er det stor rasfare og fare for folk og fe. Dette ser ikkje betryggande ut.

Tilstand: Lyngheia er godt intakt og gir eit mektig inntrykk ut mot storhavet. Her og der finst litt oppslag av lågvaksen rogn. Det meste av lyngheiane på Vestlandet, i Trøndelag og Nordland ligg på strandflata, det relativt flate, litt småknudrete terrenget langs kysten, inntil 50 m o.h.. Unnatak finst, slik som på dei høgaste delane av Bokn, Bømlo (Siggjo), Fitjar og Stadlandet, men størsteparten av kystlyngheiane er knytta til strandflata. Slik er det



FIGUR 71. Utsyn sørover mot Årabrot, med kystmyr, lynghei, vatn og strandberg.

ikkje her. Store delar av landskapet her stig markert over strandflata, slik denne er utforma i tilgrensande område i sør (Karmøy) og nord (Sveio). Dette skil området frå dei fleste andre kystlyngheiane i distriktet.

Inngrep: Ingen tekniske inngrep i området (men sjå under kulturspor).

Verdivurdering: Velutvikla kystlynghei med bra variasjon i typar og dominert av artsfattige utforminger, men med innslag av sjeldsynte og næringskrevjande artar gjer at verneverdien er svært stor. Klasse A.

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 72. Brunskjene (*Schoenus ferrugineus*) er ein sjeldsynt art som i Haugesund berre er kjent frå dette området.

Haugesund, Årabrot

- Kartblad: 1113 i Haugesund
- UTM: KL 866-870, 950-957
- Kommune: Haugesund
- Hovudtype landskap: G Kyst og havstrand
- Naturtypar: G06 Tangvoll, G09 Kalkrike strandberg
- Tilstand: Svak hevd.
- Verdi: A
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oceanisk
- Undersøkt: 12.07.2006, 26.05.2010, 02.06.2010
- Inventør: Anders Lundberg

Lokalitetskarakteristikk

Generelt: Berggrunnen er ein del av Karmøy ofiolitt-kompleks, av same type som på Vormedal og nordover langs kysten via Haugesund til Årabrot. Han er bygd opp av deformert fyllitt, sterkt folda og omdanna under den kaledonske fjellkjedefoldinga, den geologiske hendinga som bygde opp Skottland (=Kaledonia) og langfjella i Noreg. Det var den gongen "Karmøy" (som blei danna på havbotn langt uti havet) kolliderte med Det baltiske skjoldet (gamle "Noreg"). Kollisjonen blei dreven av kolossale krefter i jorda sitt indre og førte til at fyllitten blei omdanna frå mjuk og lettøyseleg til hardare og ikkje så lettøyseleg. Likevel er han rik på kalk og andre mineral som plantene kan få tak i (minerala er lettøyselege) og det forklarer innslaget av kalkrevjande planteartar.

Vegetasjon: Langs sjøen er strandberga utan høgareståande planter, men dekt av ulike lavartar. I buktene finst steinstrender med fleirårig tangvollvegetasjon, med artar som strandrug, strandkvann, strandkjeks og krushøymole. I litt fuktige parti i dei austre delane finst store populasjonar av pors. Arten har ein viktig økologisk funksjon ved at han har symbiose med koloniar av strålesoppen *Frankia* som er i stand til å omdanne fritt nitrogen (som finst i lufta og som alle planter treng, men ikkje kan ta opp i den forma det ligg føre i luft) til nitrogen som er tilgjengeleg for plantene. Område med pors er derfor viktig for alle plantene i området. Pors har fin duft då heile planten har talrike kjertlar som skil ut aromatiske stoff. I eldre



FIGUR 73. Flyfoto som viser avgrensinga av området. Avgrensinga mot aust fangar inn eit variert og spennande kulturlandskap med sårbare og spesielt interessante artar.

tid blei bukettar av pors selt på torget i Haugesund. Bukettane blei m.a. hengt i utedoen for å få godlukt der. Pors blei også lagt saman med lintøy og anna tøy som skulle leggast vekk for vinteren – det fungerte mot møll. Seinare blei pors erstatta av møllkuler. Dei austre delane av området er elles dominert av naturbeitemark. Dei er særverdifulle for dei er av den gamle typen som ikkje har vore gjødsla eller som har vore lite gjødsla og det er lenge sia dei var gjødsla. Slike enger og beitemarker var før vanlege over heile Haugalandet, men i dag er det omtrent ingen igjen. Det er derfor særskilt viktig å ta vare på dei få som er.

Følgjande vegetasjonstypar er fint utvikla i området (lista over vegetasjonstypar er ikkje fullstendig):

G4 Frisk fattigeng. Engkvein-raudsvingel-gulakseng

H1a Tørr lynghei. Røsslyng-utforming



FIGUR 74. Kystlandskap med strandberg, fleirårige gras/urte-tangvollar, kystlynghei og gammal grasmark. Sjåvik.



FIGUR 75. Strandberg bygd opp av bergarten fyllitt, danna ved sedimentering av leire i den geologiske perioden kambro-silur. Leira er avsett gjennom fleire periodar, derfor er bergarten lagdelt. Dei tydelege foldingane viser at bergarten har vore utsett for sterke krefter. Det skjedde då Karmøy kolliderte med Haugesund for 450 millionar år sia. Fyllitt er rik på lettøyselege mineral og det gjer at strandberga inneheld planteartar som treng mykje kalk.



FIGUR 76. Rosenrot (*Rhodiola rosea*) på strandberg.

H2c Tørr gras-urterik hei. Purpurlyng-utforming
H3 (H3e?) Fuktig llynghei. Pors-utforming
O3f Elvesnelle-starr-sump. Sevaks-utforming (med sumpsevaks og buntsevaks)
O Hesterumpe-utforming
V2b Fleirårig gras/urte-tangvoll. Høgurt-utforming (med strandkann, strandkjeks, krushøymole og andre)
V2c Fleirårig gras/urte-tangvoll. Gras-utforming (med strandrug)
X1a Strandberg. Fattig utforming
X1b Strandberg. Rik utforming
+++

Kulturpåverknad: Tidlegare beite.

Artsfunn: Området er spesielt artsrikt. På strandberga kan ein finne kystbergknapp, bitterbergknapp, rosenrot (figur 76), skogkløver, blodtopp, grønstarr (store, flotte tuer) og grov nattfiol (nasjonalt freda orkidé). Kalkindikatorar er vill-lin, loppestarr, hårstarr, blåstarr og hjartegras. Små fragment av kystlynghei er også representert, med tydeleg innslag av purpurlyng, krepling, flekkgrisøyre (regionalt sjeldsynt) og kystgrisøyre. I små myrpyttar veks sumpsevaks, buntsevaks, småsevaks, kattehale og hesterumpe. I grasbakkane i dei austre delane av området er det mykje kusymre (figur 77), det lyser store mengder gult frå lang avstand. Her er det også godt med orkideen vårmarihand. Under ei synfaring i juni 2010 blei det

funne liten vasskrans (*Zannichellia palustris*), figur 79. Arten er sjeldsynt i Noreg og i Rogaland er han elles berre kjent frå Jæren. Han står på den norske raudlista og er rekna som sårbar (VU). Stor salamander er kjent frå området. Området har også ein artsrik moseflora, med artar som krypsilkmose (*Homalothecium sericeum*), saltblomstermose (*Schistidium maritimum*) og stormakkmosse (*Scorpidium scorpioides*). Den siste er ein indikatorart for baserike myrer og sig.

Tilstand: Strandområda (strandberg og små viker) er i dag brukte til bading og turgåing. Austre delar av området har vore beitemark, men dei blir truleg ikkje lenger beita. Delar av dette er under gjengroing, med høgvaksen fukteng, m.a. med mykje mjødurt og strandrøyr. Beiteverdien i området er stor og med litt opprusting av gjerdene, vil det å gjenoppta beitet ikkje kome i konflikt med frilufts-livsinteressene.

Inngrep: Ingen tekniske inngrep i dag, men dei austre delane av området er trua av bustadbygging.

Verdivurdering: Stor artsrikdom med innslag av fleire regionalt sjeldsynte artar og raudlisteartar gjer at området har stor verdi. Gamle, ugyptsla enger i austre delar av området er regionalt svært sjeldsynte, sårbare og verneverdig. Klasse A.

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 77. Kusymre (*Primula vulgaris*), kusom i lokal dialekt, er eit påfallande trekk i dei sør- og vestvendte bakkane i austre delar av området.



FIGUR. 78. Orkideen vårmarihand (*Orchis mascula*) er talrik i dei austre grasmarkene.



FIGUR 79. Den sjeldsynte arten liten vasskrans (*Zannichellia palustris*) blei påvist i området i 2010. Han veks i små, grunne pyttar.



FIGUR 80. Pors (*Myrica gale*) veks i store mengder i området. Arten blomstar på bar kvist, før bladsprett (som på biletet) og den gode angen kan kjennast på lang avstand. Pors er ein viktig plante i kystlandskapet som forsyner andre planter som veks i området med nitrogen, som alle planter treng. Førekomensten av pors var viktig for at dei første landåmsmemnnene som slo seg ned på Haugalandet i bronsealderen kunne dyrke jorda, elles ville jorda vore steril og utan næring. Pors er derfor det me kallar ein nøkkelart i økosystemet.

Karmøy, Avaldsnes, Fosen, Bratt-helgaland, Duberg

- Kartblad: 1113 i Haugesund
- UTM: KL 914-915, 792-794
- Kommune: Karmøy
- Hovudtype landskap: D Kulturlandsksp
- Naturtypar: D04 Naturbeitemark
- Tilstand: God hevd, moderne dreve jordbrukslandskap.
- Verdi: -
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oceanisk
- Undersøkt: 08.08. og 21.09.2007
- Inventør: Anders Lundberg

Lokalitetskarakteristikk

Generelt: Området er ein del av bruket Duberg på garden Bratt-Helgeland. Det er ein kolle sør for Helgelandsvika og går i vest og nord bratt ned til Karmsundet. Toppen er om lag 25 m o.h.

Vegetasjon: Vegetasjonen er i dag grasdominert beitemark, beita av sau. Talrike artar er engkvein, jordnøtt, vassarve, engrapp, ryllik, kvitkløver, engsyre og følblom, altså vidt utbreidde, triviele artar.

Kulturpåverknad: Eriksen (1992, s. 25) fortel at området var brukt som slåttemark inntil 1950-60-åra og at det sia har vore brukt til beite.


Artsfunn: Jordnøtt er typisk for beitemarker på kysten, men elles ingen spesielle artar.

Tilstand: Moderne kulturbete.

Inngrep: Ingen tekniske inngrep frå nyare tid.

Verdivurdering: Ingen spesiell verdi for biologisk mangfald.

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 81. Flyfoto som viser avgrensinga av området.



FIGUR 82. Bruket Duberg på Bratthelgeland.



FIGUR 83. Grasmarka på denne delen av Duberg blei før bruk som slåttemark, men er no beitemark.

Karmøy, Avaldsnes, Fosen, Bratt-helgaland, Steintre

- Kartblad: 1113 i Haugesund
- UTM: KL 915-916, 797-799
- Kommune: Karmøy
- Hovedtype landskap: D Kulturlandskap
- Naturtypar: D04 Naturbeitemark
- Tilstand: God hevd, moderne dreve jordbrukslandskap
- Verdi: -
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oceanisk
- Undersøkt: 08.08. og 21.09.2007
- Inventør: Anders Lundberg


Lokalitetskarakteristikk

Generelt: Garden Brathelgeland ligg på vestsida av Fosen, mot Karmsundet, tvers ovafor Hydro. Namnet Steintre indikerer at området blei brukt som avlastingsbeite (trede) for storfe, og at beitene her var skrinne (steinete). Det siste er også situasjonen i dag. Det meste av området har jorddekkje, men det er tynnt. Eriksen (1992, s. 28) oppgir at Steintre blei brukt som slåttemark, men det gjeld ikkje i dag. Grasmarka grensar til kystlynghei, lengre vekke frå innmarka og böen.

Vegetasjon: Vegetasjonen er mager grasmark, i dag brukt som beitemark for villsau. Vegetasjonen er karakterisert av artar som engkvein, englodne-gras, tunrapp, engrapp, geitsvingel, ryllik, engsyre, tepperot og følblom. På den skrinnaste jorda finst fragment av kystlynghei, med røsslyng, krekling, smyle, krypvier og purpurlyng.

Kulturpåverknad: Tidlegare blei området slått med ljå. Slåtten starta normalt ei veke ut i juli og varte ut månaden. Alt blei tørka på bakken før det blei tatt i hus. I dag blir området beita av villsau.

Artsfunn: Ingen spesielle karplanter. Eggrøyskopp blei funnen under synfaringa. Denne er god mat både for folk og fe.



FIGUR 84. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

Kulturspor: Det gamle våningshuset står framleis, men er ikkje bebudd. Sauehuset er restaurert og sauene går inn og ut etter behov.

Tilstand: Området blei undersøkt fordi det tidlegare har vore rapportert som eit interessant kulturlandskap (Eriksen 1992). Det står i dag fram som eit moderne dreve jordbruksområde med godt gjødsla og intensivt beita grasmarker. Det er mykje tett planteskog og noko spontant lauvskogskratt i området.

Inngrep: Ingen tekniske inngrep frå nyare tid.

Verdivurdering: Området har ingen spesiell verdiar i høve til biologisk mangfald.

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 85. Garden Bratthelgeland sett fra sør. Karmsundet til venstre.



FIGUR 86. Steintre blir i dag brukt som beite for villsau, men har tidlegare vore slåttemark.

Karmøy, Avaldsnes, Fosen, Skokkane

- Kartblad: 1113 I Haugesund
- UTM: KL 938-942, 804-807
- Kommune: Karmøy
- Hovedtype landskap: F Skog
- Naturtypar: F Edellauvskog
- Tilstand: God
- Verdi: Lokal verdi, C
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk
- Undersøkt: 17.06.2008
- Inventør: Anders Lundberg

Lokalitetskarakteristikk

Generelt: Området ligg på austsida av øya Fosen, austvendt ned mot Førdesfjorden. Det er klart avgrensa mot fjorden i aust, mot dyrka mark i sør og vest, og mot lynghei i nord.

Vegetasjon: Området er dominert av skog, hovedsakleg to typer: fattig smyle-bjørkeskog med litt blåbær og einskilde tre av sommareik og hassel i noko rikare utformingar. Ned mot sjøen finst rikare bjørk-eikeskog med kusymre, lundrapp og andre litt meir krevjande artar. Ved sjøen er det ei smal sone strandberg og steinstrand. Her veks typiske strandartar som fjerekoll og gåsemure, saman med ikkje-strandartar som blåstarr, blodtopp og hjartegras, som alle tre indikerer god berggrunn. Delar av skogen er utvikla frå eldre lynghei, spesielt tydeleg i den nordlege delen. Registrerte vegetasjonstypar:

A4 Blåbærskog
A7 Grasdominert fattigskog
D1 Blåbær-edellauvskog
X1a Strandberg. Fattig utforming



FIGUR 87. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

Kulturpåverknad: Tidlegare beite.

Artsfunn: lundrapp, smyle, hassel, bjørk, eik, kvitveis, hegg, trollhegg, jordnøtt, blåbær, kusymre. Det blei registrert 33 artar karplanter under feltarbeidet.

Kulturspor: Steingardar.

Tilstand: God

Inngrep: Ingen tekniske inngrep.

Verdivurdering: Ein velutvikla skog dominert av fattige utformingar, men med rikare innslag inni mellom. Verdi C.

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 88. Delar av skogen i Skokkane er ung, sjå dei tynne stammane. Skogen er utvikla frå beitemarker og undervegetasjon dominert av gras er typisk for beitepåverka skog.

Karmøy, Avaldsnes, Fosen, Tjoland

- Kartblad: 1113 i Haugesund
- UTM: KL 917-920, 777-780
- Kommune: Karmøy
- Hovudtype landskap: F Skog
- Naturtypar: F01 Edellauvskog
- Tilstand: Beitepåverka med grasdominert undervegetasjon
- Verdi: B
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oceanisk
- Undersøkt: 17.06.2008
- Inventør: Anders Lundberg

Lokalitetskarakteristikk

Generelt: Området ligg på øya Fosen, på garden Tjoland, i ein skrånning vendt mot sør aust. Det undersøkte området er dominert av skog og er klart avgrensa av eit vatn i aust/sør aust, av dyrka mark i nord og av open beitemark i vest.

Vegetasjon: Skogen er open med grasdominert undervegetasjon forma av lang tids beite. Førekomsten av så mange og så store, gamle lindetre set området i ei særstilling i distriktet. Lind er generelt sjeldsynt i ytre Rogaland, men det finst også andre (mindre) førekommstar. Lind er kjent som ein høgt skatta nyttevekst som til alle tider har vore nytta som emnet til ulike reiskapar og føremål (Nedkvitne og Gjerdåker 1997) og dei fleste førekommstane av lind i ytre strok har nok vore ekstra hardt utnytta (fordi treet er meir sjeldsynt her enn i fjordane), slik at dei fleste i dag er kraftig desimerte. Den velutvikla førekommsten på Tjoland viser at generasjonar av bønder her har tatt vare på trea. Truleg har dei vurdert førekommsten som ein naturressurs og "kapital" dei ville ta vare på i tilfelle det skulle bli brukt for han i framtida.

Skogen kan klassifiserast som:

D4c Alm-lindeskog. Vestleg utforming (utan alm)



FIGUR 89. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

Kulturpåverknad: Husdyrbeite.

Artsfunn: engrapp, markrapp, ramslauk, osp, bjørk, eik, vassarve, lind, bergflette, jordnøtt. Klourt ved vatnet. Det blei funne 23 artar karplanter under feltarbeidet. Dette er lite til å vere ein lindeskog og skuldast sterkt beitepress.

Tilstand: Lindetrea er talrike, store og høgreiste og i god stand.


Inngrep: Sjølve skogen er utan tekniske inngrep, men han inngår i eit aktivt drive jordbrukslandskap med husdyrbruk.

Verdivurdering: Dette er truleg den største (i areal) og mest talrike førekommsten av lind og lindeskog i distriktet. Verdi B.

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 90. Lindeskogen på Tjoland sett frå sør.



FIGUR 91. Lindetre med store, flotte stammar. Grasdominert undervegetasjon skuldast husdyrbeite.

Karmøy, Avaldsnes, Høvring

- Kartblad: 1113 I
- UTM: KL 944-958, 757-779
- Kommune: Karmøy
- Hovudtype landskap: D Kulturlandskap, A Myr
- Naturtypar: D07 Kystlynghei, A08 Kystmyr
- Tilstand: Svak-god hevd
- Verdi: B
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk
- Undersøkt: 19.09.07
- Inventør: Anders Lundberg

Lokalitetskarakteristikk

Generelt: Høvring er ei øy aust for Kopervik, nord for Vestre Bokn. Ho er 1,5 km på det breiaste (aust-vest) og vel 2 km lang (nordvest-søraust). Øya har



FIGUR 92. Flyfoto over Høvring. Grasmarkene på småbruket Øygarden viser tydeleg i den nordaustre delen av øya.

vore bebudd, men i dag er det berre hytter og fritidsbustader på øya. Øya har til alle tider vore kjend for sine gode beiter og i matrikkelen av 1668 heiter det såleis at øya har "Vindterbede till 6 Gield Nøed".

Vegetasjon: Vegetasjonen er i hovedsak kystlynghei (tørre og fuktige utformingar) og kystmyrtorvmyr. I bratte skråningar og i utkanten av dei gamle bøane finst lauvskog, dominert av bjørk, men og med litt eik og hassel. På austsida av øya finst eit plantefelt. Lyngheiane er dominerte av røsslyng, men med tydeleg innslag av artar som pors, klokkelyng, tytebær, blåtopp, ung bjørk, rome, bjønnskjegg, krypande brakje, mjølbær, lusgras, purpurlyng, krekling, blokkebær og smyle. Her og der finst mjuk kråkefot, som er beitesvak, og førekomsten indikerer at beitepresset er lågt. Myrane er ulike utformingar av fattigmyr, men med innslag av interessante artar som kvitmyrak.

På Øygarden er det ei slåtteng av den gamle typen som aldri har vore gjødsla. Enga er mager og dominert av nøyse gras og litt urter (blomsterplanter) som jordnøtt. I utkanten av enga fann eg i 1997 den største førekomsten av orkideen grov nattfiol i kommunen. Eg talde 135 blomstrande individ av arten, men det kan ha vore fleire. I 2007 var dette området markert beita og med planar om vidare opptrapping av beitet i området vil dette bety at nattfiolene vil forsvinne. Den gamle slåtten skjedde seint, gjerne i juli, på eit tidspunkt då nattfiolene og andre blomsterplanter hadde fått modne frø. Sterkt beitepress gjennom heile året gjer at nattfiolene ikkje får modne frø før dei blir beita og i lengda vil dette gjere at populasjonen dør ut. Ei løysing på dette kunne vere å gjerde inn ein del av den gamle slåttenga og slik sørge for at denne ikkje blir beita, men slått ein gong kvar seinsommar.

Kulturpåverkanad: Øya blir beita av sau, men beitepresset er lite i høve til arealet.

Artsfunn: Purpurlyng er talrik over heile øya. Til vanleg er denne helst å finne i sør- og vestvendte skråningar (fordi han er varmekjær), men på Høvring opptrer han i alle himmelretningars. Tydelegvis har øya eit lokalklima som passar purpurlyngen godt.

Kulturspor: Då det var fastbuande på Høvring, dreiv folk med fiske og jordbruk. På innmarka hadde dei åker, eng og dyrka eller overflatedyrka



FIGUR 93. Den søre delen av Høvring er open lynghei dominert av røsslyng. Meir lyngbrenning vil betre beiteverdien og fremme det biologiske mangfaldet.



FIGUR 94. Gammal slåtteng på Øygarden med Karmøyrs mest talrike forekomst av orkideen grov nattfiol (*Platanthera chlorantha*).

beite, men i dag er alt beite. Utmarksareala var mykje større enn innmarkene og her hadde dei beite heile året, også om vinteren. Den tidlegare drifta var ein føresetnad for utviklinga av lystheiane med sitt arts mangfald og dette preget er framleis godt synleg.

Tilstand: Delar av lystheia har gammal, grov lyng og er delvis invadert av brakje og lauvtre (bjørk, rogn og andre). Særleg den søre delen av øya er ennå open og intakt og her er det eit stort beitepotensiale.

Inngrep: Dei siste tiåra er det bygd mange hytter på øya, men utanom dette er øya i det store og heile utan tekniske inngrep frå nyare tid.

Verdivurdering: Lysthei- og myrarealet på Hørvring er betydeleg, truleg i underkant av 2000 mål med beitedland. Beitepresset er i dag for lite til å hindre gjengroing, men talet på beitedyr (helst villsau) er på veg oppover. Dette er god skjøtsel for lystheiane og nødvendig for å halde oppe artsdiversiteten som kjenneteiknar dei. Tilstanden i dag tilseier verdi B, men dette kan endrast til A for område som blir brent og stelt.

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 95. Grov nattfiol (*Platanthera chlorantha*) blir pollinert av nattsvermarar som kan "stå" i lufta. Formen på blomstrane er tilpassa nattsvermarane og blomstrane skil ut duft som nattsvermarane kan kjenne på ein kilometers avstand. Den kvite fargen hjelper nattsvermarane til å orientere seg mot nattfiolene når det er mørkt.

Karmøy, Avaldsnes, Landanes

- **Kartblad:** 1113 i Haugesund
- **UTM:** KL 863 866
- **Kommune:** Karmøy
- **Inventørar:** John Bjarne Jordal og Anders Lundberg
- **Dato:** 27.09.2008 (Per Fadnes, Arne Vatten og Asbjørn Knutsen, jf. Fadnes 2009), 14.10.2008 (JBJ), 26.05.2010 (AL)
- **Naturtype:** D04 Naturbeitemark, D07 Kystlynghei
- **Utformingar:** D0404 Frisk fattigeng, D0703 Fuktig lynghei
- **Verdi:** B
- **Vegetasjonssone:** Boreonemoral
- **Vegetasjonsseksjon:** O3 Sterkt oseanisk

Lokalitetsomtale

Beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag: Skildringa er hovudsakleg skriven av John Bjarne Jordal 20.02.2009 basert på Fadnes (2009) og eige felt-



FIGUR 96. Flyfoto som viser avgrensinga av halvøya.

arbeid 14.10.2008. Lundberg har lagt inn supplante informasjon. Lokaliteten ligg ved Landa i nordlege del av Karmøy kommune. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, vintermild underseksjon (O3t).

Naturtypar og utformingar: Lokaliteten er ei naturbeitemark. Viktigaste vegetasjonstypar er bergknausar og frisk fattigeng (G4).

Artsmangfald: Av planter blei det notert m.a. hårvæve, kamgras, knegras og kystmaure. Det blei elles m.a. notert følgjande soppartar: gul vokssopp *Hygrocybe chlorophana*, mørnjevokssopp *Hygrocybe coccinea*, grå vokssopp *Hygrocybe irrigata*, seig vokssopp *Hygrocybe laeta*, engvokssopp *Hygrocybe pratensis*, grøn vokssopp *Hygrocybe psittacina*, skarlagenvokssopp *Hygrocybe punicea*, raudskivevokssopp *Hygrocybe quieta* (NT), honningvokssopp *Hygrocybe reidii* og raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima* (NT). Fadnes (2009) rapporterte dessutan gul småköllesopp *Clavulinopsis helvola*, *Entoloma exile*, beiteraudskivesopp *Entoloma sericeum*, mørktanna raudskivesopp *Entoloma serrulatum*, skjør vokssopp *Hygrocybe ceracea*, kjeglevokssopp *Hygrocybe conica*, skarlagenvokssopp *Hygrocybe punicea* og også dei same raudlisteartane raudskivevokssopp *Hygrocybe quieta* (NT) og raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima* (NT).

Påverknad/bruk: Lokaliteten er beita av sau, og litt gjødsla på større grasflekkar.

Truslar: Mogelege trugsmål er fysiske inngrep, gjødsling, opphøyr av beite, attgroing.

Tilstand: Delar av området, i sør og delvis i vest, er gjødsla beitemark. Andre delar som ikkje er så lett å kome til med traktor er ugførla eller svakt gjødsla naturbeitemark.

Skjøtsel og omsyn: Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Ein bør unngå gjødsling, tilleggsføring og fysiske inngrep.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei størr, intakt naturbeitemark med funn av fleire indikatorartar og to raudlisteartar i låg kategori på raudlista. Det finst innslag av kamgrasenger, ein truga vegetasjonstype.

Kjelder: Lundberg (1998), Fadnes (2009).

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 97. Grasmarkene i den sørlege delen av halvøya, sett nordover.



FIGUR 98. Skarlagenvokssopp (*Hygrocybe punicea*) er ein beitemarkssopp som likar seg i ugjødsda grasmarker. Foto: John Bjarne Jordal.

Karmøy, Avaldsnes, Myklabust

- Kartblad: 1113 i Haugesund
- UTM: KL 934-935, 864-865
- Kommune: Karmøy
- Hovudtype landskap: F Skog
- Naturtypar: F01 Edellauvskog
- Tilstand: God
- Verdi: Lokal verdi, C
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk
- Undersøkt: 16.06.2008
- Inventør: Anders Lundberg

Lokalisatskarakteristikk

Generelt: Området er austvendt og ligg ned mot Førdesfjorden. Det er klart avgrensa av fjorden i aust og dyrka mark i vest. I sør grensar det til eit eldre hytteområde som etter kvart ser ut til å få fleire faste bustader. Hytta til Haugesund mållag ligg sentralt i området.

Vegetasjon: Området er dominert av gammal eikeskog med uvanleg høge og store eiketre. Skogstypen kan klassifiserast som D2a lågurt-eikeskog, med djup, god og frisk til fuktig moldjord. Skogen står tett heilt ned til sjøen og det er ingen strandvegetasjon. Registrerte vegetasjonstypar:

D2a Lågurt-eikeskog

Kulturpåverknad: Platanlønn er planta i området og trea er i dag store og velvaksne. I eit lite område finst også talrike oppslag av unge platanlønn, men skogen her er tett med lite lys ved bakken og det gjenstår å sjå om nokre av desse ungspirene klarer å overleve. Etter 20 år med systematiske undersøkingar på Stord, viser det seg at 100 % av slike ungskot av platanlønn dør etter få år (Lundberg 2002a, b, 2005, 2010).

Artsfunn: Skogen er dominert av sommareik, ask, bjørk, med innslag av hassel, krossved, kristtorn og platanlønn. Bergflette og vivendel klatrar på stammene. I undervegetasjonen er vårvål lokalt dominerande med sine tette, samanhengande teppe, men også ramslauk og jordnøtt er talrike. Kusymre er eit karakteristisk innslag og den sjeld-



FIGUR 99. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

synte arten lundstjerneblom er talrik. Her veks han nær nordgrensa for arten sitt utbreiingsområde i Europa. Den sjeldsynte arten fuglereir blei funnen her i 1965, men har ikkje vore sett sia, trass i at eg har leita etter han fleire gonger. Under feltarbeidet registrerte eg 33 artar karplanter i området, som er lite i areal.

Kulturspor: I utkanten av området finst nokre forvilla hageplanter, utan at dei gjer noko skade. Alm er planta i hagane.

Tilstand: Skogen er frodig, men noko prega av nærliken til gamle hyttehagar.

Inngrep: Det finst eit par små kaier og båtstøer ved sjøen.

Verdivurdering: Førekomsten av store eiketre, rik undervegetasjon, sjeldsynte artar, men lite areal, gjer at området har lokal verdi (C).

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 100. Lundstjerneblom (*Stellaria holostea*) nær nordgrensa for arten sitt område i Europa.

Karmøy, Avaldsnes, Selen

- Kartblad: 1113 i Haugesund
- UTM: KL 926-929, 744-757
- Kommune: Karmøy
- Inventør: Anders Lundberg
- Dato: 26.07.1981. Sjekka mot ortofoto i februar 2009
- Naturtype: D Kulturlandskap, G Havstrand/kyst, E Ferskvatn, A Myr
- Utformingar: D07 Kystlynghei, A08 Kystmyr, E Ferskvatn, G04 Strandeng, G06 Tangvoll, G Undervasseng
- Verdi: A
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk

Lokalitetsomtale

Beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag: Selen er ei øy på austsida av Karmsundet, 4 km søraust for Kopervik. Øya er 1,4 km lang og 375 m på det breiaste. Fleire stader er ho markert innskoren av bukter og viker, fleire med sandbotn. Omkretsen er 5,4 km og arealet vel 300 dekar. I nordvest finst ei lite vatn med tett vassvegetasjon.

Naturtypar og utformingar: Vegetasjonen er beiteprega, med kystlynghei som ein hovudtype, både tørre og fuktige utformingar. I langsmale dalsøkk finst små dalmyrar av typen fattig fastmattemyr/ kystmyr. Undervassenger med ålegras er store og velutvikla i bukter med sandbotn. Langs sjøen finst strandberg med spreidde karplanter, med driftinfluert grus- og steinstrand-vegetasjon i små viker.

H1 Tørr lynghei

H2 Tørr gras-urterik hei

H3 Fuktig lynghei

K3 Fattig fastmattemyr (kystmyr)

U1 Ålegras-undervasseng


V5 Driftinfluert grus/steinstrand

X1a Strandberg. Fattig utforming

Ung lauvskog (bjørk, osp, rogn)

O-P Ferskvatn

+++



FIGUR 101. Flyfoto som viser avgrensinga av øya.

Artsmangfald: Floraen er dominert av kyst-, hei- og strandartar, t.d. heistarr, grisnestarr, ålegras og åkerdylle.

Påverknad/bruk: For tida er det 25 vinterföra vill-sauer på øya. Nokre få hytter og små kaiar.

Tilstand: Selen har i mange år vore beita av sau og lyngheiane blir jamleg brente. Dei er derfor i god hevd.

Skjøtsel og omsyn: Det er ønskjeleg at neverande bruk med sauebeite og lyngbrenning held fram.

Verdivurdering: Velskjøtta kystlynghei og kystmyr gjer at Selen kjem i klasse A.

Kjelder: Lundberg (1998).

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.

Karmøy, Avaldsnes, Søylå

- Kartblad: 1113 i Haugesund
- UTM: KL 883-885, 842-844
- Kommune: Karmøy
- Inventør: Anders Lundberg
- Dato: 20.07.1982 og 26.08.2009
- Naturtype: G Havstrand/kyst, F Skog
- Utformingar: G05 Strandeng og strandsump, F0204 Hasselkratt
- Verdi: A
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk

Lokalitetsomtale

Beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag: Området ligg på Nygård og hører til gardsnr. 88. Den sentrale delen av området er ein langgrunn våg ("søyle"), om lag 250 m lang og om lag 50 m brei. Området ligg nord for vegen til Husøy (Husøyvegen). Vågen er langgrunn og høver ikkje som småbåthamn og det er derfor ikkje kaiar eller andre



FIGUR 102. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

tekniske installasjonar langs stranda.

Naturtypar og utformingar:

- D2c Lågurt-edellauvskog, rike kyst-hasselkratt
- H1a Tørr lynghei. Røsslyng-utforming
- U4a Nedre salteng, saltgras-salteng. Fjøresaltgras-utforming
- U5a Midtre og øvre salteng, raudsvingel/saltsevsalteng. Saltsev-utforming
- U5b Midtre og øvre salteng, raudsvingel/saltsevsalteng. Raudsvingel-utforming
- U7e Brakkvasseng. Rustsevaks-utforming
- U8b Brakkvass-sump. Havsevaks-utforming (store areal). Den største førekomensten ligg i den nordre (inste) delen av vågen, med eit areal på om lag 1,5 mål (figur 103).
- U8c Brakkvass-sump. Havstarr-utforming
- U8e Brakkvass-sump. Strandrøyr-utforming
- U9a Sumpstrand. Mjødurt-utforming
- V2c Fleirårig gras/urte-tangvoll (med kveke)

Artsmangfald: Under synfaringa 26.08.2009 blei det registrert 77 artar karplanter i området. Den arten som opptar mest areal er havsevaks. Andre artar som dekkjer eit visst areal er hassel, røsslyng, fjøresaltgras, saltsev, raudsvingel, rustsevaks, havstarr, strandrøyr, mjødurt og kveke. Den sjeldsynte arten pusleblom (raudlisteart) blei funnen av AL i 1982, i rustsevaks-samfunn, men arten blei ikkje sett 26.08.2009. Andre registrerte artar er t.d. sverdlilje, pors, markjordbær, blodtopp, skogkløver, strandvindel, kystmaure, gulmaure. Området har også eit rikt fugleliv og under siste synfaring blei det observert ein raudstilk, fire stokkender (♀) og mange svaler.

Påverknad/bruk: Vågen er som nemnt langgrunn og dette er nok ein viktig grunn til at han har blitt liggjande urørt av teknisk utbygging, som ein enklave, ei urørt naturperle, i eit område som elles er dominert av bustadfelt, vegar og industriområde.

Truslar: Gjengroing kan vere eit potensielt trugs-mål mot dei opne strandengene. Nokre av dei har ein tett vegetasjon av raudsvingel og andre artar og dette kan vere ei årsak til at den sjeldsynte arten pusleblom er blitt mindre talrik, ev. har forsvunne. Nokre stader blir strandsona brukt for å kaste hageavfall og skrot. Det gjeld m.a. heilt i nord og naboane her bør få litt informasjon og rettleiing om dei store naturkvalitetane i området.

Tilstand: Dei fleste vegetasjonstypene er velutvikla og i god stand. Det gjeld ikkje minst U8b, dominert



FIGUR 103. Havsevaks (*Bulboschoenus maritimus*) dannar store, velutvikla belte langs kanten av bukta, den største førekomensten av denne naturtypen i kommunen.

av havsevaks. Særleg vegetasjonen som grensar til sjøen har fått utvikle seg fritt utan forstyrringar i lang tid og utformingane er velutvikla. Om det ikkje skjer tekniske inngrep eller forstyrringar, vil dei fortsette med å utvikle seg.

Skjøtsel og omsyn: Strandenger og strandsumpar er attraktive beitemarker for husdyr, både sauер og storfe. Det hadde vore fint å gjeninnføre eit svakt-moderat beitetrykk i området. Dette ville opne vegetasjonen og trakk frå dyra ville også

skape hol i plantedekket. Slike hol er gunstige for mosaikken av mikrohabitat og fleire planteartar er spesielt knytte til slike mikrohabitat.

Verdivurdering: Store areal av havsevaks, velutvikla strandumpar, innslag av fleire sjeldsynte planteartar og førekomst av raudlistearten pusleblom gjer at området har stor verdi, klasse A.

Kjelder: Lundberg (1998).

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.

Karmøy, Avaldsnes, Visnes nord

- Kartblad: 1113 i Haugesund
- UTM: KL 863-866, 846-854
- Kommune: Karmøy
- Inventør: Anders Lundberg
- Dato: 26.08.2009
- Naturtype: D Kulturlandskap, G Havstrand, A Myr
- Utformingar: D07 Kystlynghei, A08 Kystmyr, G Strandberg
- Verdi: A
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oceanisk



FIGUR 104. Flyfoto som viser avgrensinga av Visnes nord.

Lokalitetsomtale

Beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag: Området ligg nord for gruveområdet på Visnes og utgjer den nordvestre delen av Visnes-halvøya. Det har ei aust/vest-utstrekning på 860 m og nord/sør-utstrekning på inntil 400 m. Det meste av dette er kystlynghei. Landskapet er småkupert, med mange toppar omkring 20 m o.h., den høgaste 30 m o.h. Mellom kollane er det langsmale dalar og søkk med myr. Berggrunnen er kalkrik grønstein.

Naturtypar og utformingar: Det meste av området er kystlynghei, i mosaikk med (mindre areal av) myr. Langs sjøen er det nær samanhengande areal med strandberg. Følgjande vegetasjonstypar blei registrert:

F2c Bergsprekk og bergvegg. Baserik utforming
G4a Frisk fattigeng, engvein-raudsvingel-gulakseng. Vanleg utforming (naturbeitemark)
G4a Frisk fattigeng, engvein-raudsvingel-gulaks-



FIGUR 105. Landskapet skil seg frå andre delar av distriktet med sine små "tårn" i veksling med slakare skråningar og søkk. "Tårna" er bygde opp av bergartar i den såkalla Visnes-gruppa (grønstein), av lava frå jorda sitt indre som fløynde i gangar oppover mot havbotnen. Tørr røsslyng-hei er dominerande vegetasjonstype.

eng. Geitsvingel-utforming (litt fuktigare enn vanleg utforming)
G11 Vekselfuktig, baserik eng, engstarr-loppestarr-eng
H1a Tørr lynghei. Røsslyng-utforming
H1b Tørr lynghei. Purpurlyng-utforming
H3c Fuktig lynghei. Klokkelyng-rome-bjønnskjegg-utforming
H3f Fuktig lynghei. Bjønnskjegg-utforming
H4 Røsslyng-bjønnkam-hei
U5a Øvre salteng, raudsvingel/saltsev-salteng. Saltsev-utforming (fragment)
U5b Øvre salteng, raudsvingel/saltsev-salteng. Raudsvingel-utforming (fragment)
V2a Fleirårig gras/urte-tangvoll. Lågurt-utforming (med gåsemure)
V2c Fleirårig gras/urte-tangvoll. Gras-utforming (ei utforming med strandrug, ei anna med kveke)
X1a Strandberg. Fattig utforming

Artsmangfold: Området er dominert av kalkrik grønstein og er dermed heller artsrikt. Under synfaringa blei det registrert 102 artar karplanter. Mange av dei er typiske kystplanter, som bjønnkam, kysttjørnaks, englodnegras, dvergsmyle, kne-gras, geitsvingel, bjønnskjegg, heistarr, grønstarr, knappsev, lyssev, heisev, rome, øyrevier, grøfteleie, kystbergknapp, purpurlyng, klokkelyng, kystmaure, vivendel og svartknoppurt. Andre er kalkkrevjande artar som murburkne, olavsskjegg, hjartegras, engstarr, loppestarr og hassel. I planteskogen er det ein rik soppflora, m.a. med smør-sopp, stor teglkremle, fiolett svovelriske og skjegg-musserong.

Påverknad/bruk: Området har tidlegare vore beita, men ikkje dei siste åra.

Truslar: Bartre er i ferd med å spreie seg frå Fransehagen og andre plantefelt.

Tilstand: Området er i det store og heile eit ope kystlyngheilandskap, med flekkvis innslag av ein-skilde bartre.

Skjøtsel og omsyn: Det er sterkt ønskjeleg med sauebeite. Lyngheia er i fin tilstand og tilhøva ligg godt til rette for beite. Beiteverdien er god alt i dag, men for å betre beitekvaliteten ytterlegare vil lyngbrenning gjere underverk. Det er ei grei sak å kontrollere brannen ved å brenne med vind frå sør eller sør aust. Då vil brannen gå mot nord og nordvest, som grensar mot sjøen.

Verdivurdering: Velutvikla utformingar av kyst-lynghei (trua vegetasjonstypar) og innslag av trua lyngartar (purpurlyng) og førekomst av mange sjeldsynte planteartar gjer at verdien blir spesielt høg, klasse A.

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 106. Murburkne (*Asplenium ruta-muraria*) veks i sprekker på baserike berg, her grønstein.



FIGUR 107. Bregna olavsskjegg (*Asplenium septentrionale*) er sjeldsynt i distriktet og veks i sprekker på grønstein.



FIGUR 108. Skjeggmusserong (*Tricholoma vaccinum*).



FIGUR 109. Stor teglkremle (*Russula velenovskyi*).

Karmøy, Avaldsnes, Visnes sør

- Kartblad: 1113 I Haugesund
- UTM: KL 854-866, 845-854
- Kommune: Karmøy
- Inventør: Anders Lundberg
- Dato: 26.08.2009
- Naturtype: D Kulturlandskap, A Myr, E Ferskvatn/våtmark
- Utformingar: D07 Kystlynghei, A08 Kystmyr, E 1002 Lite myrtjern og myrpytt
- Verdi: B
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oceanisk

L2 Intermediær fastmattemyr

P1a Langskot-vegetasjon. Tusenblad-tjørnaks-utforming

Artsmangfald: Under synfaringa blei det registrert 58 artar karplanter. Kystlynghei er ein dominerande vegetasjonstype og mange av artane er typiske lylngheiartar: røsslyng, purpurlyng (fåtallig), klokkeling, krekling, mjølbær, blåbær, tytebær og blokkebær, bråtestarr, heisev og pors. I myrpyttar og andre fuktige steder veks kvit nøkkerose, småblærerot, myrmjølke og andre. I området finst også ein interessan lav- og moseflora, m.a. sprikesteinmose (*Hedwigia stellata*), sjå fig. 114, og rust-kartlav (*Rhizocarpon oederi*), sjå fig. 111. Den siste er ein karakterart for mineralrikt berg.

Lokalitetsomtale

Beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag: Det undersøkte området ligg vest-nordvest og aust-nordaust for Visnesvatnet. Det er på det breiaste 1,7 km breitt (aust-vest) og er inntil 700 m langt (nord-sør). Det meste av området er utmark og fungerer som utmarksbeite for villsau. I nord er ein del av Visnesvatnet fylt med gruvemassar, planert og sådd til med gras. I sørvest er det grasmarker som truleg er gjødsla.

Naturtypar og utformingar: Det meste av området er kystlynghei i ulike utformingar. I små sokk finst myr og pyttar med ein til dels artsrik flora og insektliv. Følgjande vegetasjonstypar blei registrert:
H1a Tørr lylnghei. Røsslyng-utforming
H1b Tørr lylnghei. Purpurlyng-utforming
H3c Fuktig lylnghei. Klokkeling-rome-bjønnskjegg-utforming
K3a Fattig fastmattemyr. Klokkeling-rome-utforming



FIGUR 110. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

Påverknad/bruk: Området blir beita av villsau. Det finst gamle gruveskjer i området, men det er ingen aktivitet ved desse i dag. Det går eit par traktorvegar inn i området frå nord, på begge sider av Visnesvatnet. Sør for området ligg ein motorkrossbane, men det hender tydelegvis at det blir kørt i ulovleg også utanfor banen, i utmarka som her er omtalt. Motoriserte, terrenggåande køyretøy set sine tydelege spor i terrenget og dei tar lang tid å hele. Det blir kørt både i lylnghei og i myr, i begge typar gir det stor skade og set langvarige spor.

Truslar: Ulovleg køyring i utmark utanfor motorkrossbane (som grensar til det omtalte området). I nordvest er det eit par plantefelt i tilgrensande område og bartre frå desse spreier seg inn i det opne heiområdet.

Tilstand: Med unnatak av dei områda der vegetasjonen er skada av ulovleg køyring utanfor den tilgrensande motorkrossbanen er området i god stand.

Skjøtsel og omsyn: Området blir beita av villsau og det er fint om dette kan halde fram. Gjødsling er ikkje ønskjeleg då det øydelegg lingen.

Verdivurdering: Området har mykje lylnghei, men variasjonan av lylngheitypar er liten. Området er også heller artsfattig. Verdien av området blir redusert av skjemmande og ulovleg køyring med motoriserte køyretøy frå den tilgrensande motorkrossbanen. Verdien av området blir derfor B. Dersom gjødslinga og ulovleg køyring tar slutt, kan området bli A-område.

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 111. Rust-kartlav (*Rhizocarpon oederi*) er ein karakterart for mineralrike berg.



FIGUR 112. Purpurlyng (*Erica cinerea*) er mange stader i tilbakegang og blir vurdert som nær trua (NT).

Faktarute: Sprikesteinmose (*Hedwigia stellata*)

Sprikesteinmose veks på stein og berg og danner 2-4 cm høge, gul- til kvitgrøne, matte tuver. I tørr tilstand er bladspissane sprikande, derav det norske namnet. Blada er ovale og smalnar av mot spissen som er tydeleg utdradd. Bladspissen er kvass, tanna og fargelaus (kvitaktig, eit typisk kjenneteikn for arten i felt). Arten liknar litt på artar i slektene gråmose (*Racomitrium*) og knausmose (*Grimmia*), men begge desse har nerve i bladet. Sprikesteinmose veks både på sure og litt basiske bergartar, gjerne på stader som er utsette for stov. I Norden er arten knytt til kysten av Sør-Noreg og det sørlege Sverige. Utbreiinga i Noreg er suboseanisk (figur 113).




FIGUR 113. Utbreiinga av sprikesteinmose (*Hedwigia stellata*) i Norden (etter Hallingbäck et al. 2008).



FIGUR 115. Bladspiss og blad hos sprikesteinmose (etter Hallingbäck et al. 2008). Eit typisk kjenneteikn er den lange og fargelause spissen.



FIGUR 116. Bladcellene i den midtre delen av bladet er rek-tangulære medavrunda kan-tar, til vanleg med ein, meir sjeldsynt to papiller per celle (etter Hallingbäck et al. 2008).



FIGUR 114. Sprikesteinmose veks i matter på berg. Den gråaktige fargen skuldast den markerte bladspissen.

Karmøy, Avaldsnes, Østhuslia

- Kartblad: 1113 i Haugesund
- UTM: KL 937-938, 843-846
- Kommune: Karmøy
- Hovudtype landskap: F Skog
- Naturtypar: F01 Edellauvskog
- Tilstand: God
- Verdi: B
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk
- Undersøkt: 16.06.2008
- Inventør: Anders Lundberg



FIGUR 118. Bjørk-eikeskog.

Lokalitetskarakteristikk

Generelt: Området ligg aust for garden Tuastad, ned mot Førdefjorden. Skogen er austvendt, litt unnasols og med eit humid lokalklima. Skogen er vel avgrensa, mot fjorden i aust og mot dyrka mark i vest og nord. I sør ekspanderer skogen inn i gammal lynghei.



FIGUR 117. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

Vegetasjon: Vegetasjonen er dominert av ein stor samanhengande skog, helst bjørkeskog, i veksling med eikeskog. Begge typar er velutvikla og med ein frodig, om enn ikkje spesielt artsrik undervegetasjon. Smyle, blåbær og etasjemose er vanlege artar i eikeskogen, men her og der med mindre, litt rikare felt. Bjørkeskogen er ein artsfattig type, delvis fuktig med bjørnemose, smyle, pors og blåbær. Det er mange daude tre i skogen og det indikerer ein viss alder og ekstensiv bruk. Dei daude trea gir opphav til ein rik soppflora, m.a. knivjuke og knuskkjuke, og eit rikt liv av småkryp som igjen gir opphav til eit rikt fugleliv. Registrerte vegetasjonstypar:

A4a Blåbærskog. Blåbær-utforming (med bjørk)
D1 Blåbær-edellauvskog
G3 Sølvbunke-eng

Kulturpåverknad: Delar av skogen blir beita av storfe. Skogen har truleg vore beita til alle tider og det viser igjen med stort innslag av gras og grasliknande vekstar i undervegetasjonen. Kombinasjonen skog/beite kjem også klart til uttrykk i nord, der det framleis finst mindre grasmarker som forgreiner seg inn i skogen frå dei meir samanhengande beitemarkene i nord og vest. Delar av skogen er truleg utvikla frå eldre lyngheiar og undervegetasjonen i desse delane av skogen ber preg av det med innslag av typiske heiartar.

Artsfunn: Bjørk og eik er dominante treslag, men med innslag av hassel, hegg, kristtorn, lind og krossved. Jordnøtt er talrik, her som elles i regionen. Meir sjeldsynte innslag er kranskonvall og lundstjerneblom; andre artar er kusymre og



FIGUR 119. Beiter med stort innslag av høymole, myrtistel og andre ugras.



FIGUR 120. Vestlandsvikke (*Vicia orobus*) i rik blomstring.

skogsvinerot. Under feltarbeidet blei det registrert 59 artar karplanter. Det er noko meir enn i andre edellauvskogar i nærleiken og skuldast stort innslag av beitemarksartar. Denne skogen er beita i større grad enn dei fleste andre edellauvskogar i området.

Kulturspor: Steingardar, båtstø.

Tilstand: God.


Inngrep: Ingen.

Verdivurdering: Så pass store, så pass gamle og velutvikla skogar er ikkje vanlege i distriktet og dette gjer at området har stor verneverdi, B. Moderne skogar manglar daude tre, og innslaget av daud ved i denne skogen bidrar til å auke artsmangfaldet og dermed verneverdien.

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.

Karmøy, Skudenes, Blikshavn-Hovdastad-Dale-Tjøstheim

- **Kartblad:** 1113 II Skudeneshavn
- **UTM:** KL 880-890, 655-690
- **Kommune:** Karmøy
- **Hovedtype landskap:** D Kulturlandskap, A Myr
- **Naturtypar:** D07 Kystlynghei, A08 Kystmyr, A05 Rikmyr, A06 Kjelder, D03 Artsrike vegkantar
- **Tilstand:** God hevd. Det meste av området er beita, av sauher og storfe på utmarksbeite. I løpet av det siste året er delar av llynghøya brent (figur 122).
- **Verdi:** A
- **Vegetasjonssone:** Boreonemoral
- **Vegetasjonsseksjon:** O3 Sterkt oceanisk
- **Undersøkt:** 06.08.2007
- **Inventør:** Anders Lundberg



Lokalitetskarakteristikk

Generelt: Området er i nord avgrensa av Burma-vegen, i aust av Austre Karmøyveg, i sør av innmarka på Hovdastad og i vest av grensa mellom innmark og utmark mellom Hovdastad og Tjøstheim. På Tjøstheim er området avgrensa vidare nordvestover mot den søraustre enden (bukta) av Dalsvatnet. Grensa mellom innmark og utmark mellom Hovdastad-Tjøstheim-Dalsvatnet er klar og tydeleg og eit klassisk døme på det historisk viktige og funksjonelle skillet mellom innmarks- og utmarkssystemet i det gamle vestnorske jordbruksområdet. Mange stader er dette skillet viska ut eller forstyrra av moderne landskapselement som skogplantefelt, bustadfelt, vegar og industri. Her er det intakt og vel bevart slik det har vore i minst tusen år. I dag er dette ganske unikt.

Berggrunnen er dominert av gabbro, men med felt av djupbergarten serpentinitt, danna djupt nede i eit magmakammer (smeltekammer nede i jordskorpa under ein vulkan) for 5-600 millionar år sidan. Serpentinitt er ein mjuk bergart, og her opptrer han som låge haugar som skil seg markert ut i terrenget. Vegetasjonen er skrinn og fjellet (haugane) er brunlege på farge. Serpentinitten er rik på olivin og andre mineral og dette gjer at vege-

tasjonen har ei spesiell samansetjing (sjå under). Ein av dei mest markerte serpentinitt-haugane er Aurfjellet, mellom Dalsvatnet og Kigavatnet.

I tida like etter siste istid sto havet høgare enn i dag (fordi landet var trykt ned av den tunge isen) og på denne delen av Aust-Karmøy ligg den øvre marine grensa på om lag 33 m over dagens havnivå. Under dette nivået finn ein marine avsetningar i form av blåleire. Denne er rik på mineral og salter og forklarer kvifor området inneheld mange kalkkrevjande plantearter som opptrer i store mengder. Det som i dag er små dalar og skrånningar (figur 123), var for 10.500 år sidan (då øvre marin grense blei danna) små bukter ved det dåverande "Karmsundet". Den gongen vokste det strandplanter i desse vikene, men i dag opptrer mineral- og næringskrevjande myr- og sigplanter her. Nokre av dei er særskilt sjeldsynte.



FIGUR 122. Brent llynghesi sør for Blikshavn. Mellom daud brakje og restrar av grov, gammal lyng spirer nytt gras, ny lyng og små urter.

Vegetasjon: Vegetasjonen er dominert av kystlynghei i ulike utformingar, i veksling med forskjellige myrtypar og sig. Variasjonen i desse vegetasjons-typepane er uvanleg stor, større enn dei fleste andre stader i Noreg og Europa. Her finst alt fra nøysame, artsfattige typar sett saman av vidt utbreidde artar med små krav til veksestaden, til rike og ekstremrike utformingar med stort innslag av ei rekke sjeldsynte artar med høge krav til veksestaden. Nokre av desse regionalt og nasjonalt sjeldsynte artane er særstalrike her.

Lynghieiane er særstalrikt varierte og variasjonen skulda veksling langs to økologiske (miljømessige) gradientar (økologiske overgangssonar): frå tørt til fuktig og frå fattig til rik. Dei tørre utformingane (H1) er arealmessig dominerande. Størst utbreiing har røsslyng-utforminga (H1a), men også purpurlyng-utforminga (H1b) dekkjer uvanleg store areal. Den rike førekomensten av purpurlyng i dette området er vidt kjent mellom folk frå Kar-møy (figur 126). Mange tar turen for å sjå den rike lyngblomstringa her i august. Elles finst ei rekke ulike heitypar i området. Typiske artar er nemnde i parentes, men det inngår også andre artar i desse vegetasjonstypepane.

H1 Tørr llynghesi

H1a Røsslyng-utforming (røsslyng, brakje, mjøl-

bær, krekling, strid kråkefot, fjelljamne)
H1b Purpurlyng-utforming (skogfiol)
H1e Røsslyng-heigråmose-lav-utforming (røsslyng, heigråmose, grå reinlav)
H2 Tørr gras- og urterik hei
H2a Fattig utforming (hundekvein, kattefot, brå-testarr, flekkmarihand)
H2b Rikare utforming (blåstarr, loppestarr, lyng-augnetrøst, vill-lin, gulaks)
H2c Purpurlyng-utforming (purpurlyng, heiblåfjør, fagerperikum)
H3 Fuktig llynghesi
H3b Røsslyng-purpurlyng-utforming
H3c Klokkelyng-rome-bjønnskjegg-utforming
H3e Pors-rome-blåtopp-utforming
H3f Bjønnskjegg-utforming (storbjønnskjegg)
H3g Blåtopp-utforming
H3h Kornstarr-utforming
H4 Røsslyng-bjønnkamhei.

Landskapet i området er småknudrete med små toppar og haugar omgitt av små søkk og dalmyrar. Høgste toppen er Geithaug, som når opp i 88 m o.h. Også myrane er særstalrikt varierte, frå fattige til rike utformingar. Følgjande typar myr og sig er registrert i området (også her er typiske artar nemnde i parentes):



FIGUR 123. Denne dalen låg under havnivå like etter istida, 10500 år før notid, og under lynghumusen ligg lag av marin leire med mineral som mange kalkrevjande planter likar.

K Fattigmyrvegetasjon

K1 Skog-/krattbevokst fattigmyr

K1c Pors-utforming (pors, øyrevier, røsslyng, gråstarr, stjernestarr, trådsev)

K2 Fattig tuemyr

K2b Røsslyng-kysthei-utforming (røsslyng, rome, bjørnneskjegg, heitorvmose)

K3 Fattig fastmattemyr

K3a Klokkelyng-rome-utforming

K4 Fattig mjukmatte/lausbotnmyr

K4a Mjukmatte-utforming (slåttestarr, duskull)

K4b Lausbotn-utforming (elvesnelle, bukkeblad)

K4c Høgstarr-utforming (flaskestarr, elvesnelle)

L Intermediær myrvegetasjon

L3 Intermediær mjukmatte/lausbotnmyr

L3a Mjukmatte-utforming (smalsoldogg, kvitmørak, stormakkmos)

L3b Lausbotn-utforming (dikesoldogg, småblæret, gytjeblærerot)

L4 Høgstarrmyr

L4a Flaskestarr-trådstarr-utforming

M Rikmyrvegetasjon

M2 Middelsrik fastmattemyr (engstarr, loppestarr, grønstarr, småevaks, jáblom)

M3 Ekstremrik fastmattemyr

M3a Brunskjene-nebbstarr-utforming (brunskjene, nebbstarr, breiull, myrstjernemose, brunklomose,

strandkjempe)

M4 Rik mjukmatte/lausbotnmyr

M4a Mjukmatte-utforming (småevaks, myrsau-lauk)

M4b Lausbotn-utforming (blærerot)

N Kjelde- og sigvegetasjon

N3 Sig-vegetasjon (loppestarr, jáblom, tettegras, knopparve, svarttopp, skogsnelle)

Boka *Karmøy's flora* (Lundberg 1998) rapporterte mange sjeldsynte planteartar frå dette området, mellom anna fleire masseførekomstar av den sjeldsynte arten brunskjene. Feltundersøkingar i 2006 og 2007 avdekkja ennå fleire av desse masseførekomstane av sjeldsynte artar i dette området, og det stadfester og styrkar konklusjonen at området har særhøgt biologisk mangfold. Også variasjonen i habitat- og vegetasjonstypar er spesielt stor og alt i alt er mangfaldet i hei- og myrtypar større enn i dei fleste andre område med kystlynghei i Europa.

Vegetasjonen ved og på serpentinit-knausane er spesiell og interessant. På tørre stader dominerer røsslyng, av og til i lag med planterarter som normalt ikkje veks langt inn i landet, slike som strandkjempe, knopparve og strandsmelle. I våte sig, gjerne ved foten av haugane, kan ein finne



FIGUR 124. Masseforekomst av den sjeldsynte og krevjande arten brunskjene (*Schoenus ferrugineus*) sør for Blikshavn.

masseforekomstar av brunskjene og andre artar som krev eller toler spesielle miljøtilhøve.

Kulturpåverknad: Området utgjer utmarkene til gardane Hovdastad, Tjøstheim og Blikshavn. Dei har vore utnytta som beiteareal for husdyr til alle tider. Frå gammalt av kjente bøndene plantene i lystheia og i myrane og dei visste kva verdiar og eigenskapar dei hadde. Mest verdifull var rimelegvis røsslyng, som hadde god beiteverdi både sommar og vinter. Mjølbær er vanleg på skrinn jord, nesten berre bart berg, og lokalnamnet "studaplommer" frå Dale og gardane der omkring er interessant. Det viser at planten var kjend mellom folk, men bæra blei ikkje rekna som mat for folk, berre for dyr (stutar).

Artsfunn: I rikmyrar og fuktige, mineralrike sig inngår mange krevjande artar som brunskjene (i store mengder, figur 124), breiull, engstarr, loppestarr og dvergjamne. I grunne myrar opptrer også buntsevaks, som er svært sjeldsynt i regionen (figur 125). Den rike førekomensten av purpurlyng er som nemnt også typisk for området. Kyststarten dvergsmyle finst på fleire av toppane.

Kulturspor: Steingardar og gjerde viser at området har vore og framleis blir brukt til beite for husdyr. I løpet av det siste året har delar av området vore brunne og det er positivt for det biologiske mangfaldet. Ein del brakje blei svidd av og drepen,

mens røsslyng og andre spirer fint i etterkant. Det same gjer også mange andre urter, dvergbuskar og halvgras, som kattefot, tepperot, tettegras, grønstarr, purpurlyng, fjelljamne, blåklokke, kornstarr og kystmaure. Fram til om lag 1950 blei det skore torv i myrane, men desse kulturspora er i ferd med å viskast ut.

Tilstand: Lystheia er svært godt intakt, utan teikn til gjengroing. Det finst berre eitt lite plantefelt som grensar inntil området, på Blikshavn. Fråveret av planteskog og oppslag av buskar og tre set området i ei særstilling samanlikna med mange andre lystheimområde i Karmøy i dag.

Inngrep: Sør for Geithaug ligg skytebanen til Jeger- og fiskeforeningen, med tilkomstveg frå Austre Karmøyveg. Området ligg godt skjerma både frå Austre Karmøyveg og dei nærmeste bustadene (på Blikshavn) og det er greitt avgrensa mot lysthei- og myrområdene som er omtalte her.

Kjelder: Lundberg (1998).

Verdivurdering: Området er eit stort, intakt og variert kystlystheilandskap. Variasjonsbreidda i habitat- og vegetasjonstypar og tilhøyrande planteartar er uvanleg stort, truleg større enn noko anna tilsvarende område i Europa. Det er ingen teikn på gjengroing og tilstanden er svært god. Området har derfor svært stor verdi, utan tvil klasse A.

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.




FIGUR 125. Den regionalt sjeldsynte arten buntsevaks (*Eleocharis multicaulis*) i ei mineralrik myr sør for Blikshavn.



FIGUR 126. Purpuryng (*Erica cinerea*) er spesielt talrik i dei tørre lystheiane på Blikshavn.

Karmøy, Skudenes, Falnes

- **Kartblad:** 1113 II Skudeneshavn
- **UTM:** KL 882-884, 621-625
- **Kommune:** Karmøy
- **Hovudtype landskap:** D Kulturlandskap, G Kyst og havstrand
- **Naturtypar:** D01 Slåtteng, D04 Naturbeitemark (grasmark), D09 Fuktenger, G06 Tangvoll
- **Tilstand:** Svak hevd. Området blir dreve ekstensivt, delvis slått, delvis beita. Området har vore meir intensivt nytta tidlegare. Det er grasdominert utan teikn til oppslag av buskar eller tre.
- **Verdi:** B
- **Vegetasjonssone:** Boreonemoral
- **Vegetasjonsseksjon:** O3 Sterkt oseanisk
- **Undersøkt:** 06.08.2007
- **Inventør:** Anders Lundberg



FIGUR 127. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

Lokalisetskarakteristikk

Generelt: Området dekkjer halvøya mellom Beiningen i sør og Laksaskjer i nord. Berggrunnen er spesiell, og hører til det såkalla Skudenes-komplekset. Her er han bygd opp av konglomerat, opphavleg samankitta stein, grus, sand og havslam avsett i eit grunthav i den geologiske perioden som blir kalla ordovicium, for om lag 450 millionar år sia. Desse sedimentære bergartane dekka i si tid heile Karmøy (eller det som seinare skulle bli Karmøy). Det meste er likevel tært bort seinare og det er berre restane på den søraustre delen av Karmøy som er igjen.

Vegetasjon: Vegetasjonen er dominert av grasmark, i dag helst brukt til beite, men delar av dette har tidlegare vore nytta som slåtteng. I grasmarka inngår artar som gulaks, englodnegras dvergsmyle og knegras, saman med urter som jordnøtt, tettegras, rome, blodtopp (som har hovudtyngda si i Noreg i Karmøy), ryllik, kystmaure, blåklokke (lokalt talrik), tiriltunge og grasstjerneblom.

Kulturpåverknad: Beite og slått.

Artsfunn: I fuktige strandnære sig opptrer den sjeldsynte arten skjoldblad (raudlista) i store mengder. Området husar ein av dei største førekostane av denne arten på Haugalandet. Ein annan ekstremt sjeldsynt art er engmynte/temynte.

Kulturspor: Steingardar.

Tilstand: Dei siste åra har bruken vore ekstensiv og beitetrykket kan gjerne aukast noko. Ingen teikn til forbusking.

Inngrep: Ingen tekniske inngrep.

Verdivurdering: B.

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 128. Artsrik eng på Falnes med blåklokke (*Campanula rotundifolia*), ryllik (*Achillea millefolium*) og andre.



FIGUR 129. I fuktige sig på Falnes finst Karmøyrs mest talrike forekomst av skjoldblad (*Hydrocotyle vulgaris*). Bladstilken er festa i sentrum av undersida av bladet, ikkje i enden av bladet slik som hos dei fleste andre plantene.

Karmøy, Skudeneshavn, Ferkingstad hamn-Langåker

- Kartblad: 1113 II Skudeneshavn
- UTM: KL 814-822, 705-724
- Kommune: Karmøy
- Inventør: Anders Lundberg
- Dato: Mange gonger, sist 13.08.2009
- Naturtype: G Havstrand/kyst, D Kulturlandskap
- Utformingar: D04 Naturbeitemark, D Fulldyrka eng, D03 Artsrike vekantar, D0410 Frisk, baserik eng, G05 Strandeng, G Strandberg, G05 Strandeng, G04 Sandstrand
- Verdi: A
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk



FIGUR 130. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

Lokalitetsomtale

Beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag: Området strekk seg fra Ferkingstad hamn i nord til grensa mot Taravika på Langåker i sør. Det er om lag 1,8 km i luftlinje, men kystlinja er lengre. Breidda aust-vest er inntil 480 m. Det omfattar delar av matrikkelgardane Ferkingstad, Nes og Langåker. Landskapet er flatt og vidsynt og det meste av arealet ligg lågare enn 10 m o.h. Nokre få kollar ligg 15 og 20 m o.h., med Nesvarden som ein av dei høgaste. Delar av slettelandet er dyrka og i dag brukt som eng til slått; andre delar er naturbeitemark, nokre av dei med ein variert flora av beitemarksopp. Langs sjøen dominerer strandberg, bygd opp av harde, sure bergartar, men nokre stader finst viker med rullesteinsstrand eller sandstrand. Nokre stader er rullesteinsstrendene store og breie, danna gjennom ein lang periode etter kvart som landet steig etter istida. Strandberga er sterkt eksponerte og dermed nokså breie med fint utvikla sonerinagar av karakteristiske lav. Langs strandberga finst talrike små og mellomstore littoralbasseng med ferskt eller brakt vatn. Sør for Ferkingstad hamn ligg Hopstjørnet, som er ein avsnørt, grunn poll som får tilført saltvatn på flo sjø. Ved Nessjøen ligg ei lita, fin sandstrand. Eit karakteristisk trekk ved kulturlandskapet er dei mange steingardane.

Nokre stader finst lange, godt intakte geilar bygd av store rullestein, som på Nes (figur 132).

Naturtypar og utformingar: Vegetasjonen er variert og utvalet av vegetasjonstypar er stort:
G4a Frisk fattigeng, engkvein-raudsvingel-gulakseng. Vanleg utforming (naturbeitemark)
I4 1 Ugrasvegetasjon på dyrka mark, fulldyrka eng
I4 5 Ugrasvegetasjon på dyrka mark, potet-åker (artsrik med sjeldsynte artar)
I5a Sterkt gjødsela vegetasjon. Vassarve-gjetartaska-utforming
I5c Sterkt gjødsela vegetasjon. Stornesle-utforming
O5a Takrøyr-sevaks-sump. Fattig takrøyr-utforming
P2a Flyteblad-vegetasjon. Fløtgras-utforming
U2e Havgras/tjørnaks-undervasseng. Hesterumpe-utforming



FIGUR 131. Sandstrand, rullesteinsstrand, beitemark og tun ved Nessjøen.

- U4a Nedre salteng, saltara-salteng. Fjøresaltgras-utforming
- U5a Øvre salteng, raudsvingel/saltsev-salteng. Saltsev-utforming
- U5b Øvre salteng, raudsvingel/saltsev-salteng. Raudsvingel-utforming
- U5c Øvre salteng, raudsvingel/saltsev-salteng. Raudsvingel-fjørekoll-tiriltunge-utforming
- V1c Eittårig melde-tangvoll. Tangmelde-utforming
- V2a Fleirårig gras/urte-tangvoll. Lågurt-utforming
- V2b Fleirårig gras/urte-tangvoll. Høgurt-utforming
- V2c Fleirårig gras/urte-tangvoll. Gras-utforming
- V3 Ferskvasspåverka driftvoll
- V5a Driftinfluert grus/stein-strand. Strandkvann-utforming
- V6a Fordyne. Strandkveke-utforming
- V6b Fordyne. Strandrug-utforming
- V6c Fordyne. Strandarve-utforming
- V7a Primærdfyne. Marehalm-utforming
- V7b Primærdfyne. Strandrug-utforming
- X1 Strandberg. Fattig utforming
- X2a Fuglegjødsla kystvegetasjon. Lav-utforming

Artsmangfald: Under synfaringa 13.08.2009 blei det registrert 147 artar karplanter; eit høgt tal for eit område av denne storleiken. Langs strandberg og rullesteinstrender finst artar som knortestarr, strandarve, kystarve, strandsmelle, blodtopp, strandkjeks og strandkvann. På og ved sandstrender veks marehalm, kjeldegras, strandkveke, strandrug, sandstarr og tiggarsoleie. Kalkrik skjelsand

finst også under mange av grasmarkene og her trivst mange kalkkrevjande og termofile (varmekjære) artar som småevaks, grisnestarr, blåstarr, knopparve, kystfrøstjerne og raudknapp. Nokre stader finst små åkerlappar med ein særslig interessant ugrasflora. Her kan ein finne smånesle, åkerfiol, kystjordrøyk, åkervortemjølk, åkerveronika, krokhals og andre, alle i store mengder. Andre sjeldsynte artar som er kjent frå området er purpur marihand (raudlisteart), strandkål og østersurt. I nord er det kjent hekkande sandlo.

Fuglefauna: Mange fugleartar hekkar i området: gravand, ærfugl, åkerrikse (syng i området, kan ha hekka), tjeld, vipe (nær trua, NT), enkeltbekkasin, sandsvale, skjærpiplerke, steinskvett. Åkerrikse er ein raudlista art og blir rekna som sterkt trua (VU). Vipe var før ein karakterart for kulturlandskapet på Haugalandet, men har gått sterkt tilbake i det meste av landet. Arten står derfor på den norske raudlista og blir rekna som nær trua (NT). Sandsvale hekka to stader i området, langs Stolsåna og i sandtaket ved Ferkingstadmoloen. Den siste lokaliteten er øydelagt, men habitata langs Stolsåna er framleis intakte. Nokre av dei nemnte fugleartane er knytte til strendene, andre til kulturlandskapet innanfor. Dette viser at det er viktig å ta vare på breidda i landskapet, også jordbrukslandskapet innanfor strendene.

Området er også eit viktig trekk- og overvinteringsområde, mellom anna for desse artane: Islom



FIGUR 132. Steingardar og geil på Nes, ved Litlatre. Tunet på bruk 23/2 i bakgrunnen.



FIGUR 133. Sandrøyr/marehalm (*Ammophila arenaria*), Nessjøen.



FIGUR 134. Kjeldegras (*Catabrosa aquatica*) er ein trua art og står på den norske raudlista.



FIGUR 135. Åkranes i området har sandjord og ein særskilt artsrik og interessant ugrasflora med artar som i dag er sjeldsynte. Åkervortemjølk (*Euphorbia helioscopia*) er talrik i og ved åkerflekkane.



FIGUR 136. Krokhals (*Anchusa arvensis*) er eit sjeldsynt åkerugras.

(på sjøen), smålom (på sjøen), storlom (på sjøen), gulnebbblom (på sjøen), alkefuglar (på sjøen), svartstrupe, rovfuglar og ugler.

Påverknad/bruk: Området blir beita av sau. Båtnaust på Hop frå eldre jernalder.

Truslar: Gjødsling bidrar til utarming av det biologiske mangfaldet og gjennom RMP kan grunneigarane oppmuntrast til mindre gjødsling.

Tilstand: God.

Verdivurdering: Området er eit storslått kulturlandskap med unike kvalitetar. Det inneholder fornminne (nausttufter frå eldre jernalder) og nyare tids kulturminne (steingardar, geilar). Vegetasjonen er variert med fleire sjeldsynte vegetasjonstypar og floraen er svært artsrik med mange sjeldsynte og raudlista planteartar. Utan tvil er dette eit A-område.

Kjelder: Lundberg (1998).

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 137. Åkerstemorsblom (*Viola arvensis*) trivst på open sandjord.

Karmøy, Skudeneshavn, Hemnes-Laksoddene-Sandhåland

- Kartblad: 1113 II Skudeneshavn
- UTM: KL 816-823, 681-686
- Kommune: Karmøy
- Hovedtype landskap: D Kulturlandskap
- Naturtypar: G03 Sanddyner, G06 Tangvoll, D04 Naturbeitemark, D08 Kalkrike enger, D09 Fuktenger, D03 Artsrike vegkantar
- Tilstand: Delar av området har god hevd (beite), andre delar har svak hevd med oppslag av høgvaksne gras og urter. Artsmangfaldet er ekstremt høgt.
- Verdi: A
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk
- Undersøkt: 07.08.2007
- Inventør: Anders Lundberg

Lokalitetskarakteristikk

Generelt: Området dekkjer grenseområda mellom matrikkelgardane Sandhåland og Hemnes. Det er i aust avgrensa av Vestre Karmøyveg, i vest av havet. I sør går grensa ved dei fulldyrka engene/beitemarkene på Sandhåland, avgrensa av traktorvegen frå riksveg 14 til Hålandsanden. I nord er området avgrensa av grensa mellom Hemnessanden og den dyrka marka nord for sanden. Området dekkjer altså Hålandsanden og Hemnessanden og beitemarkene omkring desse. Dei er fordelt på fleire bruk. Alle har vore beita, men berre nokre av dei blir framleis beita.

Vegetasjon: På og like ved sandstrendene er det tangvollvegetasjon, sanddynevegetasjon og liknande, alle i godt utvikla utformingar. I baklandet finst fuktige og friske enger og beitemarker, til dels sær artsrike og med høgt innhald av sjeldsynte planteartar. Registrerte vegetasjonstypar:

F3d Bergknaus og bergflate. Kystbergknapp-dvergsmykle-utforming
G1a Fuktig fattigeng. Heisev-utforming
G1b Fuktig fattigeng. Knappsev/lyssev-utforming
G1c Fuktig fattigeng. Oseanisk finnskjegg-utforming



FIGUR 138. Flyfoto som viser avgrensinga av området. Sentralt i området ligg Hemnessanden (i nord) og Sandhålandsanden (også kalt Hålandsanden) med Laksoddene i mellom. Omkring dei to sandstrendene finst eit variert og spennande kulturlandskap med til dels kalkrike jordsmonn, både tørre og fuktige typar, og sær artsrike grasmarker.

G4a Frisk fattigeng, engkvein-raudsvinge-gulakseng. Vanleg utforming
G11 Vekselfuktig, baserik eng, blåstarr-engstarr-eng
G12a Våt/fuktig, middels næringsrik eng. Bekkeblom-utforming
G12c Våt/fuktig, middels næringsrik eng. Mjødurt-utforming
I2 Vegetasjon på vegkantar og anna skrotemark
I4 Ugrasvegetasjon på dyrka mark
U8d Brakkvassump. Takrøyr-utforming
V1c Eittårig melde-tangvoll. Tangmelde-utforming
V2 Fleirårig gras/urte-tangvoll. Høgurt-utforming



FIGUR 139. Dei fuktige, gamle beiteområda på Sandhåland og Hemnes husar den mest talrike førekomensten av den nasjonalt sjeldsynte og freda orkidéen purpurmarihand (*Dactylorhiza purpurella*) i Noreg.



FIGUR 140. Orkidéen stortviblad (*Listera ovata*) i beite-landskapet på Hemnes.

(krushøymole, engstorkenebb, knortestarr)
 V3 Ferskvasspåverka driftvoll
 V4a Driftinfluert sand-forstrand. Strandreddik-utforming
 V4b Driftinfluert sand-forstrand. Sandslirekne-utforming
 V4c Driftinfluert sand-forstrand. Sodaurt-utfor-ning
 V5a Driftinfluert grus/stein-strand. Strandkann-utforming
 V6a Fordyne. Strandkveke-utforming
 V6c Fordyne. Strandarve-utforming
 V7a Primærdyne. Marehalm-utforming
 V7b Primærdyne. Strandrug-utforming
 V7c Primærdyne. Strandrug-strandskolm-utfor-ming
 W1 Svingel-dyne
 W2a Dyneeng. Friskeng-utforming
 W2b Dyneeng. Tørreng-utforming
 W4a Dynetrau. Sev-utforming (med sandsev)
 X1a Strandberg. Fattig utforming

Kulturpåverknad: Beite og slått har bidratt til å skape sær artsrike område.

Artsfunn: I beitelandskapet i baklandet av sand-dyneområda inngår mellom anna desse sjeldsynte artane: purpurmarihand (fleire tusen av denne freda orkideen), vårmarihand, kusymre, engfiol, hjartegras, ormetunge, stortveblad, flatsev (einas-te kjende veksestaden i Nord-Rogaland). Typiske innslag er skogkløver, gulskolm, blodtopp. Nokre stader inngår artar som kjem inn frå tilgrensande etablert sanddynevegetasjon, slike som gulmaure, raudknapp, blodstorkenebb, flekkgrisøyre og kyst-frøstjerne. I fuktige enger og sig inngår fjøresau-lauk, myrsaulauk (av og til saman, det er ikkje van-leg!), knopparve, blåstarr, musestarr, knortestarr, fjøresevaks og ryllsev.

Fuglefaua: Følgjande hekkefuglar er kjent frå området: gravand (mogeleg hekking), åkerrikse (to syngande på Hemnes i 2010), tjeld, vipe (i dag rekna som nær trua, NT, på den norske raudlista), skjærpiplerke, grashoppesangar (ikkje konstatert hekkande, men syngande individ indikerer hekking) og sivsangar. Grashoppesangar blir rekna som sårbar (VU) på den norske raudlista.

Trekk-/overvintrande fuglar er mellom anna avosett (Sandhålandsanden på trekk) og myr-sangar (syngande).

Kulturspor: Beite, steingardar, geil, teigblanding (kontinuerleg minst sia 1700-talet), stor stein-blokk av stor kulturhistorisk verdi (brukt av par som ville trulove seg), tongard (svake spor etter den opphavlege tunstaden), tufter etter det gamle klyngetunet (Sandhålandsgarden) som låg her inn-



FIGUR 141. Den sjeldsynte arten ormetunge (*Ophioglossum vulgatum*) i beitelandskapet på Hemnes.



FIGUR 142. Geleaktige koloniar av blågrønalga skyfall (*Nostoc muscorum*). Koloniane opptrer berre i visse delar av året og kan plutselig dukke opp, derav det norske namnet, knytta til gammal overtru. Koloniane dukkar ikke plutselig opp, dei er der heile tida, men i periodar i form av mikroskopiske sporer.

til 1700-talet (i nærleiken av tongarden, som er eldre), seinare flytta til Høge Håland pga. sandflukt, steinbygd veg frå den gamle tunstaden mot utmarka i aust, spor av den gamle ferdssvegen langs Vest-Karmøy, her frå Sandhåland over Laksoddan til Hemnes, lokaltdominert av karve (som elles er blitt sjeldsynt pga. blautgjødsel), opplags-plass for tare som blei tørka på hesjer (!) i eldre tid.

Tilstand: Tangvollane, fordynene, kvite sanddyner og etablerte sanddyner er alle godt utvikla og intakte. Mange av beitemarkene i baklandet har skjelsand i grunnen og innslaget av kalkkrevjande eng- og fuktmarksplanter er stort. Delar av området blir framleis beita, av sauер og ungdyr, mens andre delar ikkje lenger blir beita. Beitepres-set synest å vere passe stort i dei delane som blir beita, men beitet bør introduserast i dei delane som ikkje lenger blir beita. Her er det oppslag av høgvaksne artar som mjødurt og strandrør, som begge opptrer i tette setnader. Dei tette førekom-stane gjer at talet på artar, som elles er særhøgt, blir mindre. Beite vil kunne opne for at meir lys-krevjande artar kan spire. Det er mange av dei i området, så rekryteringsgrunnlaget er det beste.

Inngrep: Ingen tekniske inngrep.

Verdivurdering: Området er ekstremt artsrikt, med mange nasjonalt og regionalt sjeldsynte artar, stor variasjon i kulturmarkstypar og tilhøyrande biologisk mangfald, liten grad av gjengroing. Tett samanheng mellom kultur, kulturlandskap og biologisk mangfald – ein av dei flottaste perlene i norsk natur! Klasse A.

Kjelder: Lundberg (1982, 1983, 1987, 1997, 1998, 2008).

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 143. Teigblanding på Sandhåland med Laksoddan til høgre. Områda omkring det dyrka området innafor sanden er ekstremt artsrike og inneheld mange sjeldsynte artar.



FIGUR 144. Geilen frå den opphavlege tunstaden på Sandhåland til Høge Håland (der tuna ligg i dag).



FIGUR 145. Baklandet i sanddyneområda har frå gammalt av vore viktige jordbruksområde og saman med den kalkrike sanden har dette bidratt til utviklinga av artsrike vegetasjonstypar, her med mykje fagerknoppurt (*Centaurea scabiosa*).

Karmøy, Skudenes, Mjølhus-Kvalvik-Rørvik

- Kartblad: 1113 II Skudeneshavn
- UTM: KL 824-829, 635-648
- Kommune: Karmøy
- Inventør: Anders Lundberg
- Dato: 25.08.2009
- Naturtype: G Havstrand/kyst, D Kulturlandskap
- Utformingar: D04 Naturbeitemark, D Kulturbitemark, G Strandberg, G06 Tangvoll, D07 Kystlynghei
- Verdi: A
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk

Lokalitetsomtale

Beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag: Strandberg er den dominerande naturtypen langs sjøen, men i Kvalvik og Rørvik er det rullesteinstrender. I sona innanfor strandberga er det naturbeitemark i nord, på Mjølhus, og kystlynghei lenger sør. Berggrunnen hører til Vest-Karmøy eruptivkompleks og er bygd opp av den harde og sure bergarten granitt. Nesen mellom Rørvik og Kvalvik blir kalla Kvalvikneset. Det er eit særprega naturmiljø både med omsyn til geologi, topografi (landformer) og flora. Berggrunnen er som sagt granitt, men innbakt i granitten finst ofte såkalla xenolittar. Det er brotstykke av andre typer bergartar som granitt-lavaen tok med seg på vegen gjennom gangar i jordskorpa den gongen desse bergartane blei danna. Brotstykkja blei deformerte av den sterke varmen frå granitt-lavaen, men dei smelta ikkje heilt slik at dei i dag viser igjen i berget på Kvalvikneset som innbakte blokker av andre bergartar enn granitten som omgir dei. Eit anna interessant trekk ved Kvalvikneset er dei mange littoralbassenga som er utforma i berget nær stranda. Dei trer fram som små naturlege dammar utan innløp og utløp, men likevel med ei viss utskifting av vatn via skumsprøyt, saltdrev og fordamping. Vatnet i desse dammane varierer i kvalitet gjennom sesongen, både med omsyn til oksygengehalt og salinitet. Dei fleste har innhald av grønalgar. Karplanter er til vanleg fråverande, men i nokre av dei opptrer sjeldsynte og økologisk spesialiserte artar som trådtjørnaks.



FIGUR 146. Flyfoto som viser avgrensinga av området. Rørvik er den sørlege vika, Kvalvik nord for denne og Kvalvikneset mellom dei to.

Naturtypar og utformingar: Berggrunnen gjer at vegetasjonen i hovudsak er dominert av nøyseme artar. Dette gjeld naturbeitemarkene og strandberga. Rullesteinstrendene i Rørvik og Kvalvik blir gjødsla av tang og tare og her er det godt med plantenæringsstoff og ein artrik vegetasjon. Her finn ein artar som strandkvann, engstorkenebb og knortestarr.

G4 Frisk fattigeng, engkvein-raudsvingel-gulakseng (naturbeitemark)
H1 Tørr lynghei
H3 Fuktig lynghei
K3a Fattig fastmattemyr. Klokkelyng-rome-utforming
O5e Takrøyr-sevakssump. Piggknopp-utforming (med kjempepiggnopp)
U2d Tjørnaks-undervasseng. Tjørnaks-utforming (med trådtjørnaks)



FIGUR 147. Kvalvikneset med eksponerte strandberg og kysthei.

U2e Tjørnaks-undervasseng. Hesterumpe-utforming
U8b Brakkvassump. Havsevaks-utforming
U9a Sumpstrand. Mjødurt-utforming
V2a Fleirårig gras/urte-tangvoll. Lågurt-utforming (med strandvindel)
V2c Fleirårig gras/urte-tangvoll. Gras-utforming (med strandrug)
V5a Driftinfluert grus/stein-strand. Strandkvann-utforming
X1 Strandberg. Fattig utforming

Artsmangfald: trådtjørnaks (figur 148), tusengylen (raudlisteart), kystarve, blodtopp, engmynte, vassmynte, fagerknoppurt, grisnestarr, engstarr, knortestarr, duskstarr, heistarr, purpur marihand (raudlisteart), engstorkenebb, skjoldberar, klourt, gulmaure.

Påverknad/bruk: Delar av området blir beita, særlig i nord (på Mjølhus).

Truslar: Vidare hyttebygging kan skade vedifullt biologisk mangfald.

Inngrep: Det ligg nokre få hytter i nærleiken av Kvalvik og på Rompaneset, men det meste av området er utan tekniske inngrep. Området er derfor



FIGUR 148. Trådtjørnaks (*Stuckenia filiformis*) veks i området.

i stor grad det me kan kalle naturnært.

Tilstand: Vegetasjonstypene er robuste og slitersterke og veltipassa skrinn jord og hardt klima. Tilstanden er svært god.

Verdivurdering: Velutvikla og veltipassa vegetasjonstypar og blandinga av typiske og sjeldsynte artar, inklusive raudlisteartar, gjer dette til eit klart A-område.

Kjelder: Lundberg (1998)

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.

Faktarute: Blåmose (*Leucobryum glaucum*) – ein signalart i kystlynghei

Blåmose dannar konvekse tuver over fuktig, därleg drenert jord, gjerne på stader med liten fordamping. I fuktig tilstand er fargen blågrøn, i tørr tilstand blir han lysare. Blada held godt på vatn. Det skuldast spesielle bladceller som kan suge opp vatn på liknande vis som torvmosar. Blada er stive, i stor grad pga. den tjukke og uvanleg breie nerva. Bladnerva er nesten like brei som bladet, så brei at det nesten ser ut som om blada er utan nerver. Blåmose dannar sjeldsynt kapslar og arten har spesialisert seg på vegetativ spreiling gjennom lett avfallande, små blad som blir dannar på korte sidegreiner (Hallingbäck et al. 2006).

Blåmose veks på humusrik jord, torv eller fuktige berg, aldri på kalkrik jord. Arten er vanleg langs kysten nord til Nordland. Store, velutvikla og konvekse tuver av blåmose indikerer høg naturverdi og kan m.a. finnast i kystlynghei med stor grad av stabilitet og kontinuitet. Små tuver har liten eller ingen indikatorverdi i kystområde, då arten er vidt utbreidd langs kysten. Under gunstige miljøtilhøve veks arten om lag 1 cm i året og store tuver indikerer derfor stor grad av stabilitet, utan forstyrrende inngrep (Nitare 2000).



FIGUR 149. Blåmose (*Leucobryum glaucum*) er ein såkalla signalart når han veks i store, konvekse tuver som her, og indikerer lang stabilitet utan forstyrrende inngrep.

Karmøy, Skudeneshavn, Nalei-Høyne

- Kartblad: 1113 II Skudeneshavn
- UTM: KL 848-857, 617-622
- Kommune: Karmøy
- Inventør: Anders Lundberg
- Dato: 19.06.2009
- Naturtype: D Kulturlandskap, G Havstrand/kyst, B Berg
- Utformingar: D07 Kystlynghei, G Strandberg, D Gammaleng, B04 Nord vendte kystberg
- Verdi: A
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk

Lokalisatoriale

Beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag: Området utgjer den sørlegaste delen av Karmøy og er avgrensa av Hålandsvågen i vest og det vestre innløpet til Skudeneshavn i aust. Berggrunnen hører til Vest-Karmøy eruptivkompleks med sine harde, sure bergartar. Strøkretningen på fjellet går sør-aust-nordvest og dette skapar små dalar og sokk langs strøkretninga. På nordsida av desse små dalane er det eit gunstig lokal-/mikroklima og det gir innslag av varmekjære hasselkratt. Skråningane på sørsida av dalane har eit humid mikroklima med innslag av fuktighetskrevjande artar som likar milde vintrar, både mosar og karplanter.

Naturtypar og utformingar: Vegetasjonen er dominert av kystlynghei, helst tørre typar, men med innslag av fuktige typar.



FIGUR 150. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

Fulldyrka slåtteng

- D2c Lågurt-edellauvskog, rike kyst-hasselkratt
- G4 Frisk fattigeng, engkvein-raudsvingel-gulakseng (naturbeitemark)
- G14 Frisk, næringsrik "gammaleng"
- H1 Tørr lynghei
- H2 Tørr gras/urterik hei
- H3 Fuktig lynghei
- X1 Strandberg. Fattig utforming
- +++

Artsmangfald: Området er uvanleg artsrikt og innhold svært sjeldsynte artar. Den mest sjeldsynte av desse er raudlistearten kystblåstjerne (figur 151), som berre er kjent frå fem stader i Noreg. Arten blir rekna som sårbar og det gjeld i høgaste grad her. Han har vore kjent frå lokalitetene sia 1953. Då botanikaren Kåre A. Lye besøkte staden i 1973, såg han «flere hundre blomstrende eksemplar». Eg har oppsøkt førekomensten mange gonger, men aldri gjort forsøk på å estimere talet. Eg kan dermed ikkje seie om populasjonen er stabil eller i tilbakegang. Det bør derfor vere ei prioritert oppgåve framover å kartlegge bestandsstatus og –utvikling. Kystblåstjerne inngår i vegetasjonstypen H2 Tørr gras/urterik hei.

Andre interessante artar i området er hinnebregne, blankburkne, dvergsmyle, heistarr, stolpestarr, bråtestarr, flekkmarihand, torvull, heisev, markfrytle, heifrytle, havsevaks, skjørbuksurt (ein type som viser overgangar til dansk skjørbuksurt), vanleg hagtorn, klokkeling, bakkesøte (raudlisteart), kystgrisøyre, vivendel, kattehale, villapal, nyresoleie, stor vårkål, bitterbergknapp, kystbergknapp, åkersvinerot, lundstjerneblom, vestlandsvikke.

Påverknad/bruk: Heile området har tidlegare vore beita, i dag er det berre grasmarkene i midtre delar som blir beita.

Inngrep: I nord grensar området til bustadfelt og i midtre delar er det små, dyrka teigar i form av grasmark som i dag blir slått, mens andre delar blir beita. I seinare år har det blitt skilt ut ei rekke tomter i området, ikkje minst langs og nær sjøkanten. Viss dette indikerer at tomteigarane har håp om å bygge hytter, sjøhus eller andre hus på desse tomtene, er det grunn til uro i høve til det biologiske mangfaldet som kjenneteiknar området i dag. Også med tanke på at området ligg nær inntil bustadfeltene omkring Skudeneshavn



FIGUR 151. Den sjeldsynte arten blåstjerne (*Scilla verna*) veks i området (foto: Svein Imsland).



FIGUR 152. Kystbergknapp (*Sedum anglicum*) er ein karakterart for strandberg, fattig-utforming.



FIGUR 153. Svaberglav (*Anaptychia fusca*) er vanleg i dei indre delane av strandberga.

er det grunn til å vere på vakt mot utbyggingsplanar. Nyare forsking viser at det er viktig med gode grøntareal nær bustadfelt og bymiljø og i og med at dette området har ein uvanleg stor artsrikdom med innslag av raudlisteartar og andre sjeldsynte artar og vegetasjonstypar, er det viktig at det blir skjerma mot framtidig nedbygging.

Truslar: Gjengroing og spreiing av gran (figur 154).

Tilstand: Dei delane som er beita er i god stand, men i dei delane som ikkje lenger blir beita, m.a. lyngheiane, er det no innslag av spreidde buskar og lauvtre. Her er det behov for å gjeninnføre beite for å hindre at tre og buskar får spreie seg vidare. Per i dag er tilstanden god, men behov for overvaking av utviklinga.

Skjøtsel og omsyn: Det er akutt behov for å rydde gran og andre tre og buskar som er i spreiing.

Verdivurdering: Førekomsten av artsrik kystlynghei og fattig kystmyr, samt innslag av raudlistearten kystblåstjerne og andre sjeldsynte artar gjer at området kjem i klasse A.

Kjelder: Lundberg (1998).

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 154. Gran er i spreiing i området og truar kystblåstjerne og andre grasmarks- og heiartar. Grana må ryddast vekk.

Karmøy, Skudenes, Natterhukmyr-Ytre Holmavatnet

- Kartblad: 1113 II
- UTM: KL 857-880, 673-697
- Kommune: Karmøy
- Hovudtype landskap: D Kulturlandsksp, A Myr
- Naturtypar: D07 Kystlynghei, A08 Kystmyr
- Tilstand: God hevd
- Verdi: A
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk
- Undersøkt: 19.09.2007
- Inventør: Anders Lundberg



FIGUR 155. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

Lokalitetskarakteristikk

Generelt: I nord er området avgrensa av Burmavegen, i vest av grusvegen frå Burmavegen sør til Indre Holmavatnet. Grensa går derifrå langs nordsida av Indre Holmavatnet og vidare langs nordsida av plantefeltet i den nordvestre enden av Hilleslandsvatnet og frå sørrenden av dette plantefeltet nordaust til Dalsvatnet og derifrå nord til Burmavegen. Grensa mellom Dalsvatnet og Stiglene er markert med steingarden som dannar grensa mellom Tjøstheim (i vest) og Dale (i aust). Det grensar i aust til området Blikshavn-Hovdastad-Dale-Tjøstheim, som er omtalt over. Grensa mellom dei to går grovt sett langs eit markert bergartsskille, mellom ei sone med gabbro (i aust) og ei sone med granitiske bergartar i vest. Desse høyrer til den såkalla Vest-Karmøy eruptivkompleks og er bygde opp av harde sure bergartar, i sterk kontrast til den mjukare og meir lettøyselege bergarten gabbro som dominerer i aust. Dei to områda er begge dominerte av kystlynghei i veksling med myr, men forskjellen i berggrunnen gjer at vegetasjonen blir heilt ulik i dei to områda. Dei er derfor komplementære og utfyller kvarandre, men kan ikkje erstatte kvarandre når det gjeld å ta vare på biologisk mangfald. Jordmonnet er skrinn lyngpodsol, utvikla over eit tynnt morenedekke.

Vegetasjonen og det biologiske mangfaldet i området er nært knytta til eigedoms- og brukshistoria. Området utgjer ein del av utmarka til garden Tjøstheim. Dei lange steingardane i området er

viktige for å forstå den historiske arealbruken og vegetasjonen som er utvikla i etterkant av den. Steingarden mellom Tjøstheim og Dale mellom Dalsvatnet og Stiglene er alt nemnt. Frå Dalsvatnet går ein annan steingard vestover og endar i Humravatnet. Truleg markerer denne steingarden skillet mellom dei gamle kubiteitene (på sørsida av steingarden) og dei gamle sauebeitene (på nordsida av steingarden). Kuneset på nordvestsida av Dalsvatnet markerer kor eit av dei gamle kubiteitene låg. Slike "smalagardar" var i bruk på dei fleste gardane på Karmøy og blei sette opp på 1700- og 1800-talet.

Utmakene i området var også særskilt viktige som torvmyrar og dei mange namna på myrane i området indikerer dette. På nordsida av smalagarden finn ein såleis namn som Håkådalens, Skåremyra, Stiklemyra, Natterhukmyra, Gamlamyra, Prestemyra og Kyrkjemyra. På sørsida av smalagarden finn ein Åkramyra.



FIGUR 156. Natterhukmyr, mot nord. Søre Sålefjell i bakgrunnen.

Vegetasjonen me finn i området er i stor grad prega av den gamle bruken. I dei gamle utmarksbeitene dominerer lynghei i ulike utformingar, i dei gamle torvmyrare finn me ei rad ulike myrtypar med tilhøyrande plante- og fugleartar, insekter osb.

Vegetasjon: Vegetasjonen er dominert av ulike typar kystlynghei, som kler små knausar og hauigar i landskapet, i veksling med små dalmyrar i sokka mellom knausane. Mens næringskrevjande og artsrike utformingar er dominerande i det tilgrensande området i aust, dominerer her nøy same og artsfattige utformingar. Desse utgjer ein viktig del av variasjonsbreidda i det vestnorske lyngheisystemet og dei er godt utvikla her. Lyngheiane er dominerte av røsslyng, men med ei rekke andre artar som pors (som forsyner jorda med nitrogen, ein viktig byggstein for alle andre planter), rome, øyrevier, blåtopp og gullris. I torvvegane veks ein del ryllsev. Myrane er dominerte av ulike artar starr, flaskestarr, slåttstellarr, trådstarr og andre, og dessutan knappsev, pors, klokkeling, myrfiol, bukeblad og kysttjørnak, for å nemne nokre typiske. Følgjande vegetasjonstypar er representerte:

H1 Tørr lynghei
H1a Røsslyng-utforming (røsslyng, brakte, mjølbær, krekling, strid kråkefot)
H1b Purpurlyng-utforming (skogfiol), lite av denne typen her
H1e Røsslyng-heigråmose-lav-utforming (røsslyng,

heigråmose, grå reinlav)

H2 Tørr gras- og urterik hei

H2a Fattig utforming (hundekvein, kattefot, bråtestarr, flekkmariehand)

H2b Rikare utforming (blåstarr, loppestarr, lyngaugnegrøst, vill-lin, gulaks)

H2c Purpurlyng-utforming (purpurlyng, heiblåfjør, fagerperikum)

H3 Fuktig lynghei

H3b Røsslyng-purpurlyng-utforming

H3c Klokkeling-rome-bjønnskjegg-utforming

H3e Pors-rome-blåtopp-utforming

H3f Bjønnskjegg-utforming (storbjønnskjegg)

H3g Blåtopp-utforming

H3h Kornstarr-utforming

H4 Røsslyng-bjønnkamhei.

Også myrane er godt utvikla i området, med vekt på fattigmyr-typar:

K Fattigmyrvegetasjon

K1 Skog-/krattbevokst fattigmyr

K1c Pors-utforming (pors, øyrevier, røsslyng, gråstarr, stjernestarr, trådsev)

K2 Fattig tuemyr

K2a Røsslyng-dvergbjørk-utforming

K2b Røsslyng-kysthei-utforming (røsslyng, rome, bjønnskjegg, heitorvmose)

K3 Fattig fastmattemyr

K3a Klokkeling-rome-utforming

K4 Fattig mjukmatte/lausbotnmyr



FIGUR 157. Ved Dalsvatnet finst mineralrike sig med krevjande planteartar som breiull (*Eriophorum latifolium*) og andre, på stader som var havbotn for 10500 år sia.



FIGUR 158. Flekkmarihand (*Dactylorhiza maculata*) er den mest talrike orkidéen i llynghelandskapet omkring Dalsvatnet.

K4a Mjukmatte-utforming (slåttestarr, duskull)
K4b Lausbotn-utforming (elvesnelle, bukkeblad)
K4c Högstarr-utforming (flaskestarr, elvesnelle)
Dei fleste av desse typane finst også i det tilgrensande området i aust (som er omtalt over), men desse fattige typane er betre utforma her i granitt-området enn i det tilgrensande gabbro-feltet i aust.

Kulturpåverknad: Sjå kulturspor og generell lokalisetskarakteristikk.

Artsfunn: Dvergbjørk er kjent frå området. Denne er sjeldsynt på kysten. Elles dominerer artar som er typiske/representative for vestnorsk kystlynghei. I tida like etter siste istid var Dalsvatnet ein del av "Hilleslandsfjorden" og marine avsetningar omkring vatnet gir grobotn for ein kalkrevjande flora, med artar som breiull (figur 157), engstarr og andre. Solblom.

Kulturspor: Området har til alle tide vore sentral for den lokale økonomien og var det fram til om lag 1950. I det trelause kystlandskapet var folk avhengig av tilgang på brensel, til oppvarming og matlaging, og den viktigaste kjelda til brenne var torv i myrane. Dette området var særsviktig i så måte, ikkje berre for gardsbruka som eigde grunnen, men også folk folk andre stader på Karmøy



FIGUR 159. I beitemarkene omkring Dalsvatnet finst den mest talrike forekomsten av solblom (*Arnica montana*) i Karmøy.

som ikkje hadde eigne torvmyrar. Fleire gamle torvvegar er framleis lett synlege og intakte. Ein av dei går frå nordenden av Humravatnet og om lag ein kilometer nordover. Ein annan går frå Burmavegen og sørvestover, med start ved ammunisjonslageret og derifrå vestover til Sandvatnet. Torvvegane er viktige kulturminne som på ein fin måte illustrerer korleis utmarksareala her var ein nødvendig og sentral del av økonomien i lokal- samfunnet.

Tilstand: Området er 100 % fritt for planteskog. Ein stor del av lyngen er gammal og grovvokst og er moden for brenning. Elles er hei- og myrvegetasjonen godt intakt.

Inngrep: Ingen tekniske inngrep.

Verdivurdering: Kystlyngheia er stor, velutvikla og godt intakt. Fråværet av planteskog gjer at det ikkje er oppslag av unge bartre. Området er representativt for fattigutformingar av kystlynghei og kystmyr og begge hovudgruppene er særskilt godt utvikla. Området har derfor svært høg verdi, klasse A.

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 160. Strandkjempe (*Plantago maritima*) er vanleg på strender ved sjøen, men ved Dalsvatnet veks han i innlandet, på marin leire som blei avsett då dette var havbotn like etter siste istid.

Karmøy, Skudeneshavn, Nedre Risdal

- **Kartblad:** 1113 II Skudeneshavn
- **UTM:** KL 844-845, 642-643
- **Kommune:** Karmøy
- **Hovudtype landskap:** D Kulturlandskap
- **Naturtypar:** D04 Naturbeitemark, D Kulturnerteite, D09 Fukteng
- **Tilstand:** God hevd. Området blir beita av sau og storfe, og delar av området blir gjødsla. Det meste er moderne kulturbeite.
- **Verdi:** -
- **Vegetasjonssone:** Boreonemoral
- **Vegetasjonsseksjon:** O3 Sterkt oseanisk
- **Undersøkt:** 06.08. og 20.09.2007
- **Inventør:** Anders Lundberg

Lokalitetskarakteristikk

Generelt: Området ligg ved Nedre Risdals-bruket (g.br. nr. 40/1) på sørvestsida av riksveg 14, om lag 1 km nord for Skudeneshavn. Sentralt i området ligg eit gammalt, vel bevart, men fråflytta tun med to våningshus. Det eine er eit typisk 1800-tals hus, type jærhus; det andre er typisk tidleg 1900-tals hus. I tillegg finst ei lita løe, utedo og brønn, alle tidstypiske. Like nordvest for tunet ligg Risdalsfjellet. Eriksen (1992) har tidlegare omtalt delar av området som eit verdifullt kulturlandskap, og undersøkingane mine blei gjort for å sjekke dagens status.

Vegetasjon: Det meste av området blir i dag brukt som kulturbeiter, for storfe og sau. Eriksen (1992, s. 33-35) omtalte eit felt som tidlegare blei brukt



FIGUR 161. Flyfoto som viser avgrensinga av områda Nedre Risdal, Torvavegen og torvmyr aust for Torvhodl.

som slåttemark: "Marka ble slått årvisst. Gresset ble tørka på bakken og tatt hjem etterpå. På den tida var marka gul av solblom. Siden er området tatt i bruk som beite, og solblom har nærmest forsvunnet." Ho nemner ikkje når dette var, berre at det var "tidligere", men i 1992 fann ho i det minste litt solblom (minst to blomstrande individ er avbildar). I dag er solblomen heilt forsvunnen og beitemarka er sett saman av artar som englodnegras, sølvbunke, engkvein, veggistel, ryllik, engsyre og lyssev. Som beitemark er ho i dårleg stand og i høve til biologisk mangfald er området i dag av liten interesse. Dømet illustrerer på ein klar og tydeleg måte tilhøvet mellom drift og biologisk mangfald: så lenge området blei slått var det stort innslag av solblom og andre urter og artar som i dag er sjeldsynt. I dag er området beita av sau og i liten grad stelt, slik at jorda blir vass-sjuk og invaderd av lyssev, veggistel og andre ugras med liten beiteverdi og med liten relevans for forvaltning av biologisk mangfald (lågt tal artar og trivielle artar/brysame artar).

Eriksen (1992, s. 62-64) undersøkte også Kuhaugen, i skråninga på nordsida av tunet. I dag er området delvis grodd igjen med bjørnebærkratt og ung bjørk og delvis tilplanta med epletre. Innimellom finst grasmark med engkvein, hundegras, raigras og englodnegras. Dette er trivielle, vidt utbreidde artar.

Eriksen (1992, s. 43-45) nemner også Svinehaugen, avgrensa av ein steingard, som ho omtaler som ei tidlegare slåtteng. I dag er området beita av sau og dominert av trivielle artar som sølvbunke, englodnegras, engkvein, engsyre, kvitkløver, knappsev, myrtistel, gulaks og vanleg arve. Eit anna interessant, men i dag ikkje spesielt verdifullt område på Nedre Risdal er Andersbrekka, i skråninga nordvest for tunet. "For svært lenge sida var dette ei slåttemark" (Eriksen 1992, s. 56), men i dag dominerer krattskogen. Av treslag finn me hassel, eik, bjørk, gran, rogn, platanlønn og selje. Undervegetasjonen har artar som gaukesyre (talrik), einstape, vivendel, jordnøtt, skogburkne og raud jonsokblom. Vegetasjonstypen kan kallast "roteskog", ei blanding av artar som er typisk for forstyrra område som ikkje har fått utvikle seg på eigahand og som derfor er korkje "fugl eller fisk". Igjen ser me kor mykje drift og arealbruk betyr for det biologiske mangfaldet. Slåtten bidrog til utvikling av artsrike grasmarker, opphør av slått og beite gjorde at kratt og skrapskog kunne vekse fram.



FIGUR 162. Nedre Risdal med våningshus frå 1800-talet.

Alt i alt er vegetasjonen på Nedre Risdal i dag prega av dårleg stelte beiter med heller triviell artssamsetjing og markert innslag av ugras.
Kulturfjærverknad: Tun frå 1800- og tidleg 1900-talet.

Artsfunn: Ingen spesielle artar.

Tilstand: Beitepresset er relativt høgt og beitene blir gjødsla. Dette gjer at det artmangfaldet blir heller lite.

Inngrep: Ingen andre tekniske inngrep enn det gamle tunet.

Verdivurdering: Dei botaniske verdiane i området er i dag sterkt eroderte og har ingen spesiell verdi. Dei kulturhistoriske og arkitektoniske verdiane er store. Det er ikkje mange slike tun igjen i dag.

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 163. Kystarten dvergsmyle (*Aira praecox*) er talrik på knausane på Nedre Risdal.

Karmøy, Skudeneshavn, Risdal, Torvavegen

- **Kartblad:** 1113 II Skudeneshavn
- **UTM:** KL 846-848, 641-643
- **Kommune:** Karmøy
- **Hovudtype landskap:** D Kulturlandskap
- **Naturtypar:** D04 Grasmark (beitemark) og A08 Kystmyr
- **Tilstand:** God hevd, men treng vedlikehald og skjøtsel
- **Verdi:** -
- **Vegetasjonssone:** Boreonemoral
- **Vegetasjonsseksjon:** O3 Sterkt oseanisk
- **Undersøkt:** 20.09.2007
- **Inventør:** Anders Lundberg

Lokalitetskarakteristikk

Generelt: Torvavegen går langs ein av dei best bevarde geilane (fegatene) i distriktet. Fegata er fleire hundre meter lang og gjekk opphavleg austover frå tunet på Nedre Risdal til bøgarden i grensa mellom innmark og utmark (lyngheia). Det meste av geilen er framleis intakt, med unnatak av delen

mellom tunet og Vestre Karmøyveg. Torvavegen går i eller langs geilen og her blei torva frakta med hest og kjerre frå torvmyrane i utmarka til tunet på Nedre Risdal.

Vegetasjon: Området er i dag brukt som beitemark for sau. Grasmarka er dominert av englodnegras, sølvbunke, engkvein og rylik. I fuktige, dårleg drenerte parti veks mykje lyshev og myrtistel.

Kulturpåverknad: I dag beite, tidlegare beite og torvtaking (tok seinast slutt omkring 1950).

Artsfunn: Ingen spesielle arter.

Kulturspor: Tuftene av eit eldre våninghus er synlege på bøen. Like ved står ei løe til nedfalls. Jordkjellaren er intakt. Eit lite steinkast frå det gamle tunet ligg den gamle grønsakhagen, inngjerda av ein høg steingard. I dag er hagen overvaksen med bjørk, rogn og ein gammal prydbusk.

Tilstand: Eit unikt kulturlandskap i forfall.

Inngrep: Ingen tekniske inngrep frå nyare tid.

Verdivurdering: Dei kulturhistoriske verdiene er her store og spesielle, men vegetasjonen er triviell og utan spesiell interesse. Med betre skjøtsel kan dette endre seg.

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 164. Geilen på Nedre Risdal førte husdyra frå tunet til utmarka og hindra dyra i å beite i åker og eng. I dag blir den gamle innmarka brukt til beite for sau og lyngheia i bakgrunnen blir lite brukt.

Karmøy, Skudenes, Risdal, torvmyr aust for Torvhodl

- Kartblad: 1113 II
- UTM: KL 847-850, 643-645
- Kommune: Karmøy
- Hovedtype landskap: A Myr, D Kulturlandskap
- Naturtypar: A08 Kystmyr/gammal torvmyr og D07 Kystlynghei
- Tilstand: God hevd.
- Verdi: C
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk
- Undersøkt: 20.09.2007
- Inventør: Anders Lundberg

Lokalitetskarakteristikk

Generelt: Området er ein del av Øvre Risdal, men Nedre Risdal hadde torvrett her og blei brukt av folket der.

Vegetasjon: Myrvegetasjonen er fattig flatmyr, med rome (talrik), knappsev (karakterart for mange torvmyrar i utmarka), duskull, geitsvingel, heisev, kvitmyrak, klokkeling, blokkebær og krekling. På låge kollar dominerer tørr kystlynghei med røsslyng, storbjørnnskjegg, kornstarr, knegras og lys reinlav. I sørveste skråningar dominerer open, tørr purpurlynghei, med purpurlyng, blåknapp, følblom og kystmaure.



FIGUR 165. Slåttemyr på Øvre Risdal.

Kulturpåverknad: Tidlegare torvtaking, no ekstensivt beite. Myra ligg som nemnt på Øvre Risdal, men folk på Nedre Risdal hadde torvrett har. Øvre Risdal slo graset på og ved myrane i vårnipa og gav det som friskt gras til husdyra. Denne slåtten var nok også positiv for utviklinga av det biologiske mangfaldet.

Artsfunn: Alt i alt nokså artsrikt område for desse vegetasjonstypene (sjå vegetasjon).

Tilstand: Både myrane og heiane er godt intakte. Heiane skil seg positivt ut med flott, kortvaksen og tett røsslyng (god beiteverdi).

Inngrep: Ingen tekniske inngrep frå nyare tid.

Verdivurdering: Området er lokalt verneverdig. Typene som er representerte er alle godt utvikla og intakte. Det biologiske mangfaldet er i stor grad påverka av tidlegare og neverande bruk. For å videreføre dette, må ekstensivt beite haldast oppe.

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 166. Denne torvmyra ligg på Øvre Risdal, men folk frå Nedre Risdal hadde torvrett her. Vegetasjonen er typisk for fattige torvmyrar på kysten.

Karmøy, Skudeneshavn, Røyrvik-Syreglånå-Syrevågen

- Kartblad: 1113 II Skudeneshavn
- UTM: KL 823-838, 623-637
- Kommune: Karmøy
- Inventør: Anders Lundberg
- Dato: 05.07.83. Sjekka mot ortofoto i februar 2009.
- Naturtype: G Havstrand/kyst, D Kulturlandskap, A Myr
- Utformingar: D04 Naturbeitemark, G Strandberg, G05 Strandeng, G06 Tangvoll, A08 Kystmyr/fattigmyr, D07 Kystlynghei
- Verdi: A
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oceanisk



FIGUR 167. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

artar. Syreglånå er det høgaste punktet i området, 65 m o.h.

Lokalitetsomtale

Beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag: Området utgjer den sørvestre delen av Karmøy og er forma som eit breidt nes. I luftlinje er det 1500 m frå nord til sør og 1700 m frå vest til aust. Kystlinja er om lag 5,6 km lang. Berggrunnen høyrer til Vest-Karmøy eruptivkompleks og er sett saman av to bergartar. Det meste av arealet er bygd opp av granitt (den sørvestre delen), men i den nord-austre delen går det eit felt av granodioritt frå Røyrvik til Syrevågen. Både granitt og granodioritt er harde og sure bergartar som gir opphav til eit skrint jordsmonn. Jordsmonnet i området er likevel meir variert enn berggrunnen skulle tilseie, på grunn av avsetningar over berggrunnen. Den sentrale delen av området har eit sparsamt dekke av bregrus, torvjord og lynghumus. Særleg i eit parti sør for høgda Syreglåna er det djupare torv i eit dalsøkk om lag 200 x 700 m stort. Ved foten av Syreglåna, på nordsida, finst eit mindre felt med leirhaldige breavleiringar. Ved Syresjøen aust for Bråtå finst eit felt med sparsamt dekke av havavleiringar, torvjord og lynghumus. Berre langs strandberga får berggrunnen direkte innverknad på plantelivet ved førekommst av nøyssame

Naturtypar og utformingar: Vegetasjonen er dominert av lynghei; tørre utformingar på høgdene, fuktige utformingar i sokka. Sør for Syreglåna finst eit større myrdrag, av typen kystmyr (A08 etter DN-Håndbok 13, 2. utgave, 2007; K3a etter Fremstad 1997). I nokre av dei meir beskytta vikene finst tanggjødsla rullesteinstrenger med fleirårig, driftinfluert vegetasjon. I nokre av vikene finst også små strandenger og nokre av dei har ein sær variert og interessant vegetasjon. Langs strandberga er dei ingen samanhengande vegetasjon av karplanter, men spreidde førekommstar av nøyssame strandbergartar.

- G4 Frisk fattigeng, engkvein-raudsvingel-gulakseng (naturbeitemark)
- H1 Tørr lynghei
- H3 Fuktig lynghei
- I7 Plantefelt
- K3a Fattig fastmattemyr. Klokkelyng-rome-utforming
- U7e Brakkvasseng. Rustsevaks-utforming
- U8d Brakkvassump. Takrøyr-utforming
- V5a Driftinfluert grus/stein-strand. Strandkvann-utforming
- X1 Strandberg. Fattig utforming
- +++

Artsmangfald: Kystlynghei er ein vidt utbreidd vegetasjonstype i området og heiartane er godt representerte, slike som røsslyng, klokkelyng og heistarr. På strandnære berg finst knortestarr og dvergsmyle fleire stader. Strandfloraen er heller artsrik, med innslag av både vidt utbreidde artar og sjeldsynte artar: skjoldberar, havbendel, rustsevaks, musestarr, taresaltgras, shetlandsaugnetrost, klourt og pusleblom. Den siste står på den norske raudlista og blir rekna som direkte trua i Noreg. Her og der finst kusymre.

Fuglefauna: Mange fugleartar hekkar i området: knoppsvane, ærfugl, orrfugl (har hekka på Syre), tjeld, vipe (nær trua, NT), enkeltbekkasin, rødstilk, makrellterne (raudlista art som blir rekna som sårbar, VU), teist (mogeleg hekking på Syreneset), sanglerke (raudlista og rekna som sårbar, VU), skjærpiplerke, grashoppesangar (ikkje konstatert hekkande, men er dei siste åra funne syngande ved Syrevågen), sivsangar, fuglekonge. Grashoppesangar blir rekna som sårbar og står på den norske raudlista (VU).

Området har også ein viktig funksjon som trekk- og overvintringsområde for ei rekkje artar: vadefuglar (Syrevågen), lappfiskand (Syrevågen), vannrikse. Lappfiskand og vannrikse står på den norske raudlista og blir rekna som sårbare (VU). Sebeltene i Syrevågen er eit viktig område for trekkande fuglar, mellom anna vannsangar, hortulan, grashoppesangar, hauksangar, kvartbekkasin, myrsangar, røyrsangar, stjertmeis og skjeggmeis.

Påverknad/bruk: Beite i delar av området. På eit høgdedrag i sørvest er det bunkersar og kanonstillingar frå andre verdskrigene.

Inngrep: Om lag 100 m nord for Kjelavågen er det ei eldre hytte.

Tilstand: Vegetasjonstypene er representative for varierte kystlandskap og dei er i svært god tilstand.

Verdivurdering: Førekomsten av kystlynghei, kystmyr og velutvikla strandflora gjer dette til eit klar A-område. Verdivurderinga blir vidare understreka og forsterka av førekomensten av den raudlista arten pusleblom.

Kjelder: Lundberg (1998)

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.

Karmøy, Skudenes, Sandhåland-Skårnes

- Kartblad: 1113 II Skudeneshavn
- UTM: KL 814-824, 657-685
- Kommune: Karmøy
- Inventør: Anders Lundberg
- Dato: 21.08.2009
- Naturtype: G Havstrand/kyst, D Kulturlandskap
- Utformingar: D04 Naturbeitemark, D Kulturbetemark, G Strandberg
- Verdi: A
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk

Lokalitetsomtale

Beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag: I luftlinje er det om lag 2,4 km fra nord til sør, men strandlinja er lenger. Berggrunnen hører til Vest-Karmøy eruptivkompleks som her er sett saman av



FIGUR 168. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

granodioritt (nord for Breivik) og granitt (i sør). Vestkysten er nokså rettskåren, men det finst også viker og bukter, som Otravik, Breivik og Hølpestvika. Strandberga er nakne utan avsetninger, men litt innafor finst dekke med bregrus og lynghumus. Fleire stader finst små littoralbasseng i strandberga. Det meste av området er strandberg (breie soner, sjå figur 169) og beitemark; berre mindre delar er dyrka.

Naturtypar og utformingar: Det er ikkje ført ei systematisk oversikt over vegetasjonstypar i området, men følgjande typar er i alle fall representert:
G4a Frisk fattigeng, engkvein-raudsvingel-gulakseng. Vanleg utforming (naturbeitemark)
G Kamgras-eng
H1a Tørr lynghei. Røsslyng-utforming
O5 Takrøyr-sevaks-sump. Takrøyr-utforming
P1a Langskot-vegetasjon. Tusenblad-utforming
P2a Flyteblad-vegetasjon. Fløtgås-utforming
P2 Flyteblad-vegetasjon. Andmat-utforming
U8e Brakkvassump. Strandrøyr-utforming
U8 Brakkvassump. Sverdlilje-utforming
X1 Strandberg. Fattig utforming
+++

Figur 171. Fleire stader finst littoralbasseng utforma i berget, med flytebladvegetasjon (med fløtgås) og kantvegetasjon med ryllsev.

Artsmangfald: Under synfaringa 21.08.2009 blei det registrert 137 artar karplanter. Nokre av dei er: kamgras, hjartegras, dvergsmyle, hestehavre, blåstarr, knortestarr, bekkestjerneblom, blodtopp, kattehale, tusenblad, hesterumpe, klokkeling, røsslyng, kusymre, temynte, flekkgrisøyre og kystgrisøyre.

Fuglefaua: Følgjande hekkefuglar er kjent frå området: gravand, ærfugl, åkerrikse (ei syngande på Haga i 2010), tjeld, vipe (nær trua, NT), enkeltbekkasin, rødstilk, strandsnipe, sanglerke (raudlista og rekna som sårbar, VU), skjærpiplerke og sivsangar.

Det er eit stort trekk langs heile vestkysten av Karmøy. På Sandhåland Camping er det sett opp ei observasjonsbu for å kunne registrere trekket her. Det er mellom anna observert grålire, havlire, polarjo gulnebbblom, islom og storlom. Strandsona i området er viktig for overvintrande fjørepolytt.



FIGUR 169. Ekstremt eksponerte strandberg, med vulkanske bergartar frå Vest-Karmøy eruptiv-kompleks.



FIGUR 170. Innbakt i berget av granitt er såkalla xenolittar, dvs. boller av ein annan bergart. Bollene er av gabbro og stammar frå det som i dag er Aust-Karmøy. Granitten som bollene ligg i, oppsto under vulkansk aktivitet. Lavastrumar av granitt trengde seg igjennom sprekksoner i eit lag av overliggjande gabbro og smeltemassane reiv med seg brotstykke av gabbro på vegen opp mot det som då var havbotn. På vegen oppover avtok temperaturen i lavasmelta og xenolittane blei derfor ikkje smelta om, og ligg godt bevarte som boller av gabbro inne i den størkna granitten. I området finst det mange slike xenolittar.



FIGUR 169. Ekstremt eksponerte strandberg, med vulkanske bergartar frå Vest-Karmøy eruptiv-kompleks.

Påverknad/bruk: Det meste av grasmarkene blir brukt som beite for sau og storfe.

Truslar: Gjødsling.

Tilstand: God.

Skjøtsel og omsyn: Det vil vere ei føremon om gjødslinga skjer i mindre omfang.

Verdivurdering: Området er eit flott og levande kystkulturlandskap med representativ flora og vegetasjon. Jamvel om området er i aktiv bruk er det veklsigna fritt for større tekniske inngrep, utover det som følgjer med jordbruksdrifta. Kystlyngheia er uvanleg godt utvikla, særleg i overgangen mellom strandberg og naturbeitemarker i baklandet, slik som på Haga (omkring Breivik). Verdi A.

Kjelder: Lundberg (1998).

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.

Karmøy, Skudeneshavn, Sandve hamn-Sandvesanden-Mjølhussanden

- Kartblad: 1113 II Skudeneshavn
- UTM: KL 823-827, 648-658
- Kommune: Karmøy
- Inventør: Anders Lundberg
- Dato: Undersøkt jamleg sia 1979. Sjekka mot ortofoto i februar 2009.
- Naturtype: G Havstrand/kyst, D Kulturlandskap
- Utformingar: D04 Naturbeitemark, G04 Sandstrand, G Strandberg, D Kulturbeteitemark, D Fulldyrka eng
- Verdi: A
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk

Lokalitetsomtale

Beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag: Området strekkjer seg fra Sandve hamn i nord, via Nordre og Søre Åkervik, Sandvesanden, over Øygardstuva til Mjølhussanden i sør. I luftlinje er det ein avstand frå nord til sør på om lag 1 km, men strandlinja er langt lengre på grunn av bukter og nes. I nord, mellom Sandve hamn og Sandvesanden er det strandberg langs sjøen, med naturbeitemark i bakkane innanfor. Sandvesanden har ei lengd på om lag 160 m sjølinje og ei sandflate på inntil 140 m, som er breiare enn elles på Karmøy. I bakkanten av denne sandflata er det dynebakkar med samanhengande vegetasjon. Sandvesanden er skilt frå Mjølhussanden med neset og haugen Øygardstuva. Det renn ein bekk ut gjennom Sandvesanden. Til vanleg har denne løp langs nordsida av sanden, men det hender at det bygger seg opp med sand der bekken møter sandflata og då blir bekkeløpet lagt langs sørsida av sanden. I og langs bekken er det ein rik og interessant flora.

Sanden på Sandvesanden er kalkrik og baserik med svært høge pH-verdiar. I fordynene ligg pH på 9,1 og i primærdynene er det verdiar på 8,9. I dyneeng med mykje liljekonvall var det pH på 8,5 (Lundberg 1982, 1987). Alle desse verdiane er ekstremt høge og det forklarer kvifor floraen på Sandvesanden er så spesielt artsrik med innslag av mange sjeldsynte og krevjande planteartar.

I sjeldne år blir sandflata på Mjølhussanden dratt ut i sjøen, heile stranda "forsvinn". Under



FIGUR 172. Flyfoto som viser avgrensinga av området. Sandvesanden ligg sentralt i området, omgitt av kalkrike, artsrike grasmarker. I sør ligg Mjølhussanden.

laget med sand kjem det då til syne restar av ein underliggende morene, ei fossil rullesteinstrand. Men kvar gong blir sanden etter nokre veker kasta på land igjen, slik at stranda blir som ho pleier å vere. Denne dynamikken er typisk for aktive sanddynesystem. På Mjølhussanden er det dyrka langt ut mot sandflata slik at sanddynene i dag er låge og smale. Innslaget av sanddyneartar er likevel typisk.

Naturtypar og utformingar: Områda mellom Sandve hamn og Sandvesanden blir brukt som beitemark for sau og vegetasjonen er ei blanding av dyneeng og naturbeitemark. Vegetasjonen er gjerne dominert av raudsvingel og andre gras typisk for grasdominert naturbeitemark, men innslaget av sanddyneartar er påfallande. Det same gjeld Øygardstuva. Sanddynene på Sandvesanden



FIGUR 173. Sandvesanden sett frå sør.

er høge og velutvikla og vegetasjonen er typisk for velutvikla sanddyneområde. På strandflata framføre dynene finst tangvollvegetasjon. Innover i soneringa finst fordyner med fordynevegetasjon, fylgt av primærdynar som etter kvart går over i svingel-dynar og dyneeng.

G4 Frisk fattigeng, engkvein-raudsvingel-gulakseng (naturbeitemark)

G11 Vekselfuktig, baserik eng

V1c Eittårig melde-tangvoll. Tangmelde-utforming

V1f Eittårig melde-tangvoll. Saftstjerneblom/strandbalderbrå-utforming

V3 Ferskvasspåverka tangvoll (med kjeldegras, tiggarsoleie, krypkvein og froskesev)

V4a Driftinfluert sand-forstrand. Strandreddik-utforming (med nordsjøreddik)

V6a Fordyne. Strandkveke-utforming

V6c Fordyne. Strandarve-utforming

V7a Primærdyne. Marehalm-utforming

V7b Primærdyne. Strandrug-utforming

W1 Svingel-dyne (med strandrug og kveke)

W2b Dyneeng, tørreng-utforming (mange variantar)

X1 Strandberg, fattig utforming

Artsmangfold: På Sandvesanden og Mjølhussanden har eg registrert 151 artar karplanter. Det er svært mykje på eit så avgrensa område og med

eit så avgrensa tal naturtypar (i hovudsak sanddyner). Dei mest sjeldsynte artane er marinøkkel, austersjørøy, kjeldegras, bakkesøte, tusengyllen, krabbekløver, lodnefølblom og ormetunge, som alle er raudlisteartar. Førekomsten av austersjørøy og tusengyllen (figur 174) utgjer nordgrensene for desse artane i verda. Ein lokalt sjeldsynt art er førekomensten av strandmelde på Mjølhussanden.

Fuglefauna: Kjente hekkefuglar er åkerrikse (synande minst tre stader på strekket, rekna som kritisisk trua, CR), tjeld og vipe (nær trua, NT). Svartstrupe er ein av fleire trekk-/overvintrande fuglar i området.

Vekkjerringar og edderkoppar: Stol (2010) har undersøkt vekkjerring-faunaen på Sandvesanden. Han fant fem artar: sadelvekkjerring (*Lacinius ephippiatus*), skogvekkjerring (*Oligolophus tridens*), fjellvekkjerring (*Mitopus morio*), mørkhoftevekkjerring (*Leiobunum rotundum*) og vintervekkjerring (*Paroligolophus agrestis*). Løvbrekke (2009) undersøkte edderkoppfaunaen på Sandvesanden og han fant to artar: kystdvergedderkopp (*Silometopus ambiguus*) og sandbjørneedderkopp (*Arctosa perita*). Kystdvergedderkopp er ein sørvestleg art som i Noreg berre er kjent frå Rogaland og Hordaland. Han står på den norske raudlista og blir rekna som nær trua (NT). Sandbjørneedderkopp er ein sørleg art og funnet på



FIGUR 174. Tusengyllen (*Centaurium littorale*) blei oppdagat på Sandvesanden i 1930. Han vokst ved Sandvesvelgen, men er truleg utgått herifrå pga. ulovleg sprengning med dynamitt. Førekomenst var den nordlegaste i verda.

Sandvesanden er den nordlegaste førekomensten i Noreg. Arten er raudlista og blir rekna som sårbar (VU).

Påverknad/bruk: Naturbeitemarkene i utkanten av dei to sanddyneområda blir beita av sau.

Inngrep: Det er opparbeidd grusveg til parkeringsplass med toalett i den sørøstre delen av Sandvesanden. Bekken er lagt i røyr under parkeringsplassen.

Trussel: Sandstrendene, både forstrender og bakdynner, er utsatte for erosjon og slitasje. Installasjonar for sandvolleyball er øydeleggande for utviklinga av tangvollane på forstranda (figur 175).

Tilstand: Sanddynene er velutvikla og vegetasjonen er spesielt artsrik. Området er i god hevd.

Verdivurdering: Førekomensten av sjeldsynte og velutvikla naturtypar (sanddynar), førekomst av raudlisteartar og stort utval av vegetasjonstypar og artar gjer at området har svært stor verdi, eit klart A-område.

Kjelder: Lundberg (1982, 1983, 1984, 1987, 1997, 1998).

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 175. Sandvolleyball øydelegg sårbare og sjeldsynte vegetasjonstypar.

Karmøy, Skudenes, Skitnadal, Neset, Kolbeinsplasset

- Kartblad: 1113 II
- UTM: KL 887-893, 640-645
- Kommune: Karmøy
- Hovudtype landskap: D Kulturlandskap
- Naturtypar: D04 Naturbeitemark
- Tilstand: God hevd
- Verdi: -
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oceanisk
- Undersøkt: 20.09.2007
- Inventør: Anders Lundberg

Lokalitetskarakteristikk

Generelt: Neset ligg om lag 2 km nordaust for Falnes kyrkje. Neset er heller flatt, med dei høgaste haugane 10-16 m o.h. Berggrunnen er gabbro og utgjer den sørlegaste delen av gabbro-feltet som strekkjer seg diagonalt over Karmøy. Flatene på heile halvøya er dekt av marine avsetningar og fleire stader er gamle strandterrassar bygd opp av små, avrunda steinar lett synlege.


Vegetasjon: Vegetasjonen er i dag grasmark, brukt som sauebeite. Beitemarka er mager med artar som engkvein, følblom, rylik (heller talrik), kvitkløver, kystmaure og blåklokke. Mindre teigar har i eldre tid vore nytta som åker og her veks i dag mykle myrtistel og lyssev.

Kulturmåverknad: Sauebeite.

Artsfunn: Ingen spesielle artar.

Kulturspor: Området husar fleire fornminne, tre er avmerka på økonomisk kartverk. Neset var tidlegare ein husmannsplass under Skitnadal og steingardar, geilar og hustufter er framleis godt synlege. Husmannsplassen gjekk under namnet Kolbeinsplasset, etter Johannes Kolbeinsen som budde her i siste halvdel av 1800-talet. I 1865 hadde han 2 kyr og 18 sauher og i åkeren sådde han $\frac{3}{4}$ tønne havre og 1 tønne poteter (Lillehammer 1982).

Tilstand: Området blir gjødsla og har innslag av artar typisk for moderne kulturbeiter, som kvitklø-



FIGUR 176. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

ver og engsvingel. Bruket som området er ein del av har 110 vinterföra sauher, pluss 230 lam. Beitene på garden (fulldyrka og overflatedyrka) er om lag 250 mål, alt grasmark. Beitepresset er altså hardt. Eigaren har arbeid i Nordsjøen og driv med sau på si.

Inngrep: Ingen tekniske inngrep frå nyare tid.

Verdivurdering: Verdien av området i høve til biologisk mangfold er forringa av kraftig beitepress og gjødsling. Verdien er derfor liten i høve til biologisk mangfold, men utan tvil stor i høve til nyare tids kulturminne (steingardar, geil, hustufter, rydningsrøyser).

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 177. Kolbeinsplasset låg under Skitnadal og hadde stor aktivitet i siste halvdel av 1800-talet. I dag blir bruket brukt som sauebeite.



FIGUR 178. Geil ved Kolbeinsplasset.

Karmøy, Skudeneshavn, Stavasanden

- Kartblad: 1113 II Skudeneshavn
- UTM: KL 824-826, 720-726
- Kommune: Karmøy
- Inventør: Anders Lundberg
- Dato: Undersøkt mange ganger sia 1979, sist 12.08.2009
- Naturtype: G Havstrand/kyst, D Kulturlandskap, E Ferskvatn/våtmark
- Utformingar: G03 Sanddyner, E06 Viktig bekdedrag, D04 Naturbeitemark, D Kulturneitemark, K Fulldyrka eng
- Verdi: A
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk

Lokalitetsomtale

Beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag: Stavasanden ligg like nord for Ferkingstad hamn og bekken Stolsåna har sitt utløp i den søre delen av sanden. Han strekk seg nordaustover til neset Klobben.



FIGUR 179. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

Sjøen utanfor Stavasanden er grunnare enn ved dei andre sandstrendene på Vest-Karmøy og det gjer at det ofte byggjer seg opp store, kraftige bølgjer som fraktar sand inn mot land. Sanddynene på Stavasanden er derfor av dei høgaste og mest velutvikla på Karmøy, inntil 5 m høge. Sandstranda har ei lengde på knapt 400 m.

Naturtypar og utformingar: Sandstrandvegetasjon dominerer området. I fronten av dynene er det tangvollvegetasjon og fordyner. Fronten på dynene er ofte bratt, fordi dynene er høge og fordi dei blir eroderte av folk som går og hoppar i fronten av dei. Strandrug er den dominante arten i primærdynene, men det finst også innslag av sandrør (marehalm). Bak primærdynene vekslar det mellom svingel-dyner og dyneeng med stort innslag av gjeldkarve og andre typiske sanddyneartar som trivst på veldrenert, kalkrik sandjord.

Opphavleg var Stavasanden eit mykje større område enn i dag. Sanddyneområdet er i dag gjenomskore av Stavavegen og bakdynelandskapet er brukt til to fotballbanar, mens andre delar er dyrka. I området sør for Stavavegen er det likevel framleis igjen restareal med bakdynevegetasjon av ein annan type enn det som ligg nord for Stavavegen og som har eit høgt arts mangfald. Det gjeld områda aust for Nordre Ferkingstadveg, inntil Stolsåna, og områda på nordsida av Stolsåna, omkring fotballbanane. Vegetasjonen her er ei veksling mellom dyneeng, naturbeitemark og fragment av dynehei. Den siste typen er ein særstua naturtype i Noreg, den einaste i sitt slag på Karmøy og ein av dei få i Rogaland. Langs Stolsåna finst velutvikla brakkvassump dominert av takrøyr.

U8d Brakkvassump. Takrøyr-utforming
V4a Driftinfluert sand-forstrand. Strandreddik-utforming (med nordsjøreddik)
V6a Fordyne. Strandkveke-utforming
V6c Fordyne. Strandarve-utforming
vV7a Primærdyne. Marehalm-utforming
V7b Primærdyne. Strandrug-utforming
W1 Svingel-dyne
W2b Dyneeng. Tørreng-utforming
W2d Dynehei. Lyng-utforming (aust for den gamle kyrkjegården)

Arts mangfald: Floraen er sett saman av artar som er typiske for velutvikla sanddynesystem, slike som kystfrøstjerne, nordsjøreddik, blodtopp, lod-



FIGUR 180. Stavasanden sett frå sør med primærdyner i framgrunnen. I den nordre delen av sanden ser ein tydeleg steinfyllinga og det planerte området som bør fjernast for å gjenskape sanddynelandskapet her.

nestorkenebb, blodstorkenebb, gjeldkarve, gulmaure, raudknapp, bakkestjerne, fagerknoppurt, lodnefølblom og kystløvetann. I august 2009 blei det gjort eit sensasjonelt funn av bakkemynte på Stavasanden (figur 181). Funnet er eit av dei få på heile Vestlandet.

Fuglefauna: Vipe (nær trua, NT), sandsvale og tjeld hekkar i området. Truleg hekkar også grashoppe-sangar i sevbeltene lags Stolsåna. Arten er raudlista og blir rekna som sårbar (VU). Haust og vinter er det mykje sjøfugl og vadalar i området på og utanfor stranda. Spurvefuglar brukar også stranda flittig om vinteren, mellom anna svartrødstjert, steinskvett og svartstrupe. Andre trekk- og overvintrande artar er svartstrupe, kvitbrystlo, dvergterne, islom, storlom, smålom og gulnebbblom.

Påverknad/bruk: Stavasanden blir brukt til bading i sesongen og vegetasjonen er i noko grad påverka av slitasje. I området er det fleire flotte kulturminner frå nyare og eldre tid. Den gamle kyrkjegarden ligg inntil Nordre Ferkingstadveg. Tidlegare har det vore tre mindre kyrkjer her. I alle fall den siste sto innanfor kyrkjegardsmuren. Ho blei bygd i 1820, 18,5 x 8,8 m, men blei tatt ned og bygd opp igjen som eit hus på Farland i 1854. Kyrkjegarden har kanskje vore i bruk som kristen gravplass sia før Svartedauden; den runde forma på kyrkjegardsmuren indikerer det.



FIGUR 181. Den sjeldsynte arten bakkemynte (*Acinos arvensis*) blei funnen ved Stavasanden under synfaringa i 2009. Førekomsten er ein av få på Vestlandet.



FIGUR 182. Gul vokssopp (*Hydrocybe chlorophana*) veks i dyneengene i bakkant av Stavasanden.

I den nordlege delen av området står det to bautasteinar, Skjoldmøiane, som er gamle kulturminne.

Tilstand: Svært velutvikla sanddynere, noko slitasje. Sanddynene er høge og velutvikla, av dei største og mektigaste på Karmøy. Sanddynevegetasjonen er noko prega av slitasje. Området inneholder mange ulike vegetasjons- og naturtypar, også typar som ikkje finst i dei andre sanddyneområda på Karmøy.

Inngrep: I den nordre delen av Stavasanden er det deponert stein som kjem frå utskytinga av Ferkingstad hamn. Dei er dekte med jordmassar og planert slik at bilar kan køyre oppå. Om desse massane blir fjerna på ein skånsam måte, kan sanddynene og sanddynevegetasjonen etablere seg på ny. Det ligg mykje sand under dei deponerte massane og det er liten tvil om at området lar seg restaurere utan altfor stor innsats. Røynsle frå sanddynene på Jæren, t.d. Bybergsanden, viser at sanddynevegetasjonen etablerer seg alt første året etter at ei

hytte blei fjerna (Lundberg 2010, s. 99). Tilsvarende vil sanddynevegetasjonen raskt reetablere seg på den nordre delen av Stavasanden om dei deponerte massane blir fjerna. Dette ville auke verdien av område som sanddynenatur ennå meir, og det ville auke verdien av område som friluftsområde som folk kan bruke til tura, bading og soling.

Skjøtsel og omsyn: Det er behov for å fjerne stein- og jordmassar som er deponerte i den nordre delen av området.

Verdivurdering: Stavasanden med sine mektige sanddynere, typiske sanddynevegetasjon og variasjon av artar og vegetasjonstypar er ein svært sjeldsynt og trua naturtype. Det er svært viktig å sikre at han blir tatt vare på og det finst godt høve til å utvikle verdien ytterlegare ved å fjerne deponerte massar i nord. Området har verdi A.

Kjelder: Lundberg (1982, 1983, 1984, 1987, 1997, 1998).

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.

Karmøy, Skudeneshavn, Taravika

- Kartblad: 1113 II Skudeneshavn
- UTM: KL 818-824, 703-706
- Kommune: Karmøy
- Inventør: Anders Lundberg
- Dato: Undersøkt jamleg sia 1979, sist 14.08.2009
- Naturtype: G Havstrand/kyst, D Kulturlandskap
- Utformingar: D Kulturbetinga engvegetasjon, D Kulturmarksvegetasjon, G05 Strandsump, G06 Tangvoll, G Strandberg, G04 Sandstrand
- Verdi: A
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk

Lokalitetsomtale

Beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag: Taravika er ikkje stor i areal, men har ein ornitologisk og økologisk funksjon som er gedigen. Berggrunnen høyrer til Vest-Karmøy eruptivkompleks og er sett saman av kvartsdioritt. Det meste av området ligg under marin grense og har marine sediment som har gitt opphav til det beste åkerlandet i mils omkrets. På nordsida av Taravika er det finkorna fykesand av same type som på dei andre sandstrendene på Karmøy. Det er ikkje utvikla mektige sanddyner, men tangvollsona med tilhøyrande vegetasjonstyper er særstak velutvikla. Inst i Taravika blir det kvart år kasta på land store mengder tang og tare som kan byggje seg opp i 1-2 m tjukke lag. Her er det eit yrande liv av tanglopper og anna strandkryp som fungerer som mat for trekkfugl.



FIGUR 183. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

Naturtypar og utformingar: Tangvoll-vegetasjonen er meir velutvikla enn dei fleste andre stader, men det finst også fint utvikla sandstrandvegetasjon. På sørsida av vika finst rullesteinstrand-vegetasjon og strandberg. Langs og ved utløpet av Stolsåna er det ein rik bekkekantvegetasjon med ein artsrik flora med innslag av svært sjeldsynte planteartar og vegetasjonen her har ein viktig funksjon for fuglelivet.

G4a Frisk fattigeng, engvein-raudsvingel-gulakseng. Vanleg utforming (naturbeitemark)
I4a Ugrasvegetasjon på dyrka mark, utforming mest med eittårlige artar
V1a Eittårig melde-tangvoll. Strandmelde-utforming
V1c Eittårig melde-tangvoll. Tangmelde-utforming
V2 Fleiårig gras/urte-tangvoll
V3 Ferskvasspåverka driftvoll
V4a Driftinfluert sand-forstrand. Strandreddik-utforming
V6b Fordyne. Strandrug-utforming
X1 Strandberg. Fattig utforming
+++

Artsmangfold: Smånesle, engmynte, froskesev, bo-gestarr, fjøresaltgras, åkerveronika, nordsjøreddik, tiggarsoleie, tangmelde.

Fuglefuna: Taravika har ein svært viktig funksjon for fuglelivet, spesielt som trekklokalitet, men også som hekke- og matsøkingsområde. Til saman er det observert om lag 150 fugleartar i og ved Taravika, eit imponerande høgt tal. Under trekket stoppar tusenvis av vadefuglar og andre fuglar i vika og mange av dei er langvegsfarande. Dei mest talrike artane er myrsnipe, tjeld, sandlo, brusfugl, vipe (nær trua, NT) og stare. Nokre sjeldsynte er alas-kasnipe, rustsnipe, sibirlo, rødstrupesnipe, kratt-varslar og sabinemåke. Hekkefuglar i og omkring vika er mellom anna gravand, engelsk gulerle, sandlo, tjeld, vipe (nær trua, NT), steinskvett og skjærpiplerke. Dei mange trekkfuglane som brukar vika viser at ho har ein ornitologisk funksjon langt utover det lokale og det nasjonale. Artar frå andre delar av Noreg og frå andre land og verdsdelar stoppar fast og jamleg i Taravika og me har eit nasjonalt og internasjonalt ansvar for å sikre at vika også i framtida kan fungere som rastepllass og matfat for dei mange gjestene som her finn mat, ly og kvile på sine lange vegruter.



FIGUR 184. Tangvollvegetasjonen er spesielt godt utvikla i Taravika. Her står nord-sjøreddik i framgrunnen og tangmelde dominerer i bakgrunnen.



FIGUR 185. Tigergarsoleie (*Ranunculus sceleratus*) likar seg ved bekkar med næringsrikt vatn.



FIGUR 186. Åkerveronika (*Veronica agrestis*) er blitt ein sjeldsynt art, men er taltik i sandjorda i åkraane ved Taravika.



FIGUR 187. Fjellmyrløpar (*Limicola falcinellus*) er ein av dei minste vadefuglane. Han hekkar i høgfjellet frå Hardangervidda nordover til Finnmark og Kola og vidare austover gjennom Sibir. Arten overvintrer i Frankrike, Portugal og Aust-Afrika og brukar Taravika som rastepllass mellom hekkeområda og overvintringsområda. Fjellmyrløpar står på den norske raudlista med status som sårbar (VU). Foto: Frank Steinkjellå.



FIGUR 188. Alaskasnipe (*Calidris melanotos*) er ein amerikansk vadar. Han blir sett årleg i Noreg, og av og til i Taravika. Foto: Frank Steinkjellå.




FIGUR 189. Steppekrattvarslar (*Lanius meridionalis pallidiros*) er ein sjeldsynt art som berre er sett få gonger i Noreg. Han høyrer heime i Kazakstan og overvintrer til vanleg i India. Av og til kjem individ av arten ut av kurs og landar på kysten av Noreg, m.a. i Taravika. Her finn trekkfuglar og sjeldsynte gjester mat og kvile. Taravika har derfor ein viktig funksjon for fuglelivet i store delar av verda, både Europa, Nord-Amerika, Asia og Afrika. Området er lite og sårbart og må takast vare på som ei naturperle med internasjonal betydning. Foto: Frank Steinkjellå.



FIGUR 190. Også mange av våre heimlege fuglaartar brukar Taravika til matsøk, hekking og kvile. Denne svartbaken (*Larus marinus*) fant rikeleg med mat i sjøen.



FIGUR 191. Ein fiskemåke (*Larus canus*) gir lyd etter å ha funne godt med mat i Taravika. Arten som før var så vanleg langs heile kysten har hatt ein markert tilbakegang og han står no på den norske raudlista og blir rekna som nær trua (NT).



FIGUR 192. Gravanda (*Tadorna tadorna*) hekkar i området og finn mat i tarevollane.



FIGUR 193. Stare (*Sturnus vulgaris*) kan opptre i store flokkar i Taravika. Arten var tidlegare svært vanleg i store delar av landet, men er blitt meir sjeldsynt og står no på den norske raudlista med status NT (nær trua). Bestanden i Noreg kan ha minka med 20-30 %.



FIGUR 194. Tjeld (*Haematopus ostralegus*) er ein fast gjest i Taravika.

Påverknad/bruk: Baklandet i nord og nordaust er fulldyrka åker.

Tilstand: Alt som det er mogeleg å dyrke i baklandet er dyrka, så det er ingen fare for at det skal skje ei utviding av det dyrka arealet. Den delen av området som er naturmark (tangvoll, sandstrand og anna strand) er i svært god stand.

Inngrep: Delar av bekkeløpet er steinsatt.

Verdivurdering: Taravika er ein viktig trekklokalitet for fugl, ein av dei aller viktigaste langs norskekysten.

Området er etter kvart blitt internasjonalt kjent for dei mange sjeldsynte trekkfuglane som søker mat og kvile her. Tangvollane er uvanleg store og mektige, inntil 2-3 m tjukke. Tangvollvetasjen er derof godt utvikla. Utan tvil er dette eit A-område.

Kjelder: Lundberg (1998).

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.

Karmøy, Skudeneshavn, Taravika-Hebneståa

- Kartblad: 1113 II Skudeneshavn
- UTM: KL 813-820, 685-704
- Kommune: Karmøy
- Inventør: Anders Lundberg
- Dato: 14.08.2009
- Naturtype: G Havstrand/kyst, D Kulturlandskap
- Utformingar: D04 Naturbeitemark, D Kulturbetemark, G Strandberg
- Verdi: A
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oceanisk

Lokalitetsomtale

Beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag: Området strekker seg frå Taravika i nord, via Grøtvika til Hebneståa i sør. Langs sjølinja er det ei strekning på om lag 2 km. Berggrunnen er bygd opp av harde, sure bergartar som inngår i det såkalla Vest-Karmøy eruptivkompleks. Ein viktig del av



FIGUR 195. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

området er kulturlandskapet innanfor stredene.

Naturtypar og utformingar:

- G1a Fuktig fattigeng. Heisev-utforming
- G1b Fuktig fattigeng. Knappsev/lyssev-utforming
- G1c Fuktig fattigeng. Oceanisk finnorskjegg-utforming
- G2 Blåtopp-eng
- G4a Frisk fattigeng, engkvein-raudsvingel-gulaks-eng. Vanleg utforming (naturbeitemark)
- G12c Våt/fuktig, middels næringsrik eng. Mjødurt-utforming
- H1a Tørr lynghei. Røsslyng-utforming
- H3a Fuktig lynghei. Røsslyng-blokkebær-utforming
- H3c Fuktig lynghei. Klokkelyng-rome-bjønnskjegg-utforming
- H3e Fuktig lynghei. Pors-rome-blåtopp-utforming
- H3f Fuktig lynghei. Bjønnskjegg-utforming
- I2a Skrotemark-vegetasjon. Hønsegras-jordrøyk-utforming
- O3f Elvesnelle-starr-sump. Sevaks-utforming
- P1a Langskot-vegetasjon. Tusenblad-tjørnaks-utforming
- P2a Flyteblad-vegetasjon. Fløtgras-utforming
- V1c Eittårig melde-tangvoll. Tangmelde-utforming
- V2a Fleirårig gras/urte-tangvoll. Lågurt-utforming
- V2b Fleirårig gras/urte-tangvoll. Høgurt-utforming
- V2c Fleirårig gras/urte-tangvoll. Gras-utforming
- V5a Driftinfluert grus/stein-strand. Strandkvann-utforming
- V5c Driftinfluert grus/stein-strand. Østersurt-utforming
- X1a Strandberg. Fattig utforming

Artsmangfold: Under synfaringa 14.08.2009 blei det registrert 136 artar karplanter, eit heller høgt tal. Kystplantene utgjer eit hovudelement i floraen, med artar som kysttjørnaks, englodnegras, dvergsmyle, bjønnskjegg, musestarr, knappsev, lyssev, heisev, rome, øyrevier, pors, kjeldeurt, grøftesoleie, kystbergknapp, blodtopp, klokkelyng, kusymre, vivendel, tusenfryd og svartknoppart. Strandplantene er også godt representerte med artar som strandrug, knortestarr, krushøymole, tangmelde, sylarve, strandarve, strandsmelle, skjørbuksurt, gåsemure, strandkjeks, strandkvann, strandkryp, fjørekoll, strandkjempe, klengjemau-re, strandstjerne og strandbalderbrå. To andre interessante artar er smånesle og lodnestorkenebb.



FIGUR 196. Kystlynghei og rullesteinstrand ved Grøtvik, sett sørover.



FIGUR 197. Kystlynghei, type H1a Tørr lynchei. Røsslyng-utforming.



FIGUR 198. P2a Flyteblad-vegetasjon,. Flötgras-utforming.

Fuglefauna: Tjeld og vipe (nær trua, NT) hekkar i området. Trekk-/overvintrande fuglar er mellom anna svartstrupe, gjess, ender og kvartbekkasin.

Påverknad/bruk: Dei indre delane av området er brukt som beitemark, mindre delar er dyrka. I overgangen mot strandberga langs sjøen finst naturbeitemark. Området blir beita av sau og storfe, helst ungdyr. I Otravika finst ei lita hamn for småbåtar og det går ein enkel veg ned dit. Heilt i sør, på Hemnes, er det ein molo som gir hamn for småbåtar. Det finst eit par traktorvegar i området.

Truslar: Gjødsling kan vere eit problem i naturbeitemarkene.

Tilstand: God.

Skjøtsel og omsyn: Husdyrbeite bidrar til å halde vegetasjonen open og skapar inntrykk av eit levande kulturlandskap.

Verdivurdering: Området utgjer eit storslått kystkulturlandskap med stor variasjon i naturtypar og biologisk mangfold. Det er eit typeområde for eksponert Atlanterhavskyst, med uvanleg fint utvikla strandberg med tilhøyrande breie soneringar. I vikene finst mektige rullesteinssstrender. Nokre av desse ligg i dagens sjøkant og er såleis aktive, andre/högare delar av dei ligg ved fossile, tide-



FIGUR 199. Stornesle (*Urtica dioica*) på rullesteinstrand, ein opphavleg veksestad for arten. I dag er han mest vanleg som ugras i beitemark og vegkantar, men opphavleg vokser han på havstrand med god tilgang på næring frå rotna tang og tare. Svarholmen i bakgrunnen til høgre.

gare tiders sjøkantar. Naturbeitemarkene er varierete og typiske og det finst fint utvikla kystlynghei. Strandvegetasjonen er særslig godt utvikla. Verdi A.

Kjelder: Lundberg (1997, 1998).

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.

Karmøy, Skudeneshavn, Vikra-Sandve hamn

- Kartblad: 1113 II Skudeneshavn
- UTM: KL 820-824, 657-662
- Kommune: Karmøy
- Inventør: Anders Lundberg
- Dato: Undersøkt jamleg sia 1979. Sjekka mot ortofoto i februar 2009
- Naturtype: G Havstrand/kyst, D Kulturlandskap
- Utformingar: G Strandberg, G05 Strandsump, D03 Artsrik vegkant/skrotemark, D04 Naturbeitemark
- Verdi: A
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk

Lokalitetsomtale

Beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag: Berggrunnen er bygd opp av granitt, men ved Vikrasanden er det eit felt med marine avsetningar.

Naturtypar og utformingar: Sentrale delar av området er utbygd med hus, veg og molo, men i utkanten og innimellom finst velutvikla vegetasjon med stort innslag av sjeldsynte planteartar. Eit viktig vegetasjonsområde er Vikrasanden med velutvikla brakkvassvegetasjon med takrøyr og havsevaks.

I2 Vegetasjon på vegkantar og anna skrotemark
O5c Takrøyr-sevaks-sump. Dunkjevle-utforming



FIGUR 200. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

- U8b Brakkvassump. Havsevaks-utforming
- U8d Brakkvassump. Takrøyr-utforming
- V5a Driftinfluert grus/stein-strand. Strandkvann-utforming
- X1 Strandberg. Fattig utforming
- Purpurmarihand-vegetasjon, masseførekomst (ingen kode i Fremstad eller DN-Håndbok 13)

Artsmangfold: Raudlistearten purpurmarihand opptrer i mengder like bak (nord for) sjøhusa på nordsida av hamna (1401 blomstrande eksemplar, pluss mange ikkje-blomstrande i 1996). Like i nærlieken finst ein stor førekomst av breidt dunkjevle, ein av dei få kjende førekomstane i kommunen. Havsevaks (førekomsten har vore kjent sia 1930), knortestarr, takrøyr, bergrøyrkvein, berghøymole (raudlisteart) og kjeldegras (raudlisteart) er andre sjeldsynte artar. Strandreddik, engstorkenebb og småborre er kjent frå tidlegare.

Fuglefauna: Steinskvett, tjeld og vipe (nær trua, NT) hekkar i området. Vannrikse er ein overvintrande art. Han er raudlista og blir rekna som sårbar (VU).

Påverknad/bruk: Sauer beitar på nordsida av bukta. Elles er området i dag eit restareal som knapt er i bruk.

Truslar: Den austre delen av området ligg like ved mekaniske verkstader og anna næringsaktivitet i den nordvestre delen av Sandve hamn. Vidare utbygging her er eit trugsmål mot den rike førekomsten av purpurmarihand og førekomsten av breidt dunkjevle.

Inngrep: Sandve hamn er ei utsprengt utviding av ei naturleg bukt på Sandve. Inst i hamna er det bygd opp sjøhus i gammal stil og det er også nokre få bedrifter i området. Ved utløpet av hamna er det bygd moloar. Storaurvegen er lagt i fylling tvers over sjøen utanfor Vikrasanden, men fyllinga er grovsteina og det ser ut til å skje ei tilnærma normal utskifting av tidevatn gjennom fyllinga som dermed ikkje har redusert den økologiske funksjonen og verdien av vegetasjonen innanfor. Likevel er det eit skrekkdøme på kunnskapsløyse og manglande aktsemd for verdifull natur. Truleg har fyllinga bidratt til at takrøyr er blitt så dominerande.

Tilstand: Flora og vegetasjon er velutvikla, men sårbare for inngrep då dei ligg nær inntil hamn, veg og kaiar. Per i dag er tilstanden god.

Verdivurdering: Området inneholder verdifulle og



FIGUR 201. Vikrasanden med takrøyr-dominert strand (U8d).

sjeldsynte vegetasjonstypar og planteartar. Ikkje minst gjeld dette masseførekomensten av raudlis-tearten purpurmarihand som her har ein av sine mest talrike førekomstar i Noreg. Dette gjer at området kjem ut som A-område.

Kjelder: Lundberg (1997, 1998)

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 202. Den sjeldsynte orkideen purpurmarihand (*Dactylorhiza purpurella*) er talrik i området.

Karmøy, Stangaland, Midt-Stokke, Bratthammarhaugen

- Kartblad: 1113 II
- UTM: KL 902, 736
- Kommune: Karmøy
- Hovedtype landskap: D Kulturlandskap (gammal husmannsplass)
- Naturtypar: D04 Naturbeitemark
- Tilstand: God hevd
- Verdi: -
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk
- Undersøkt: 20.09.2007
- Inventør: Anders Lundberg

Lokalitetskarakteristikk

Generelt: Småbruket ligg omkring toppen Bratthammarhaugen (66 m o.h.), om lag 1 km sørvest for Stokkastrand skule. Bruket blei sjølveigande i 1899 og var før det husmannsplass under Mel-



FIGUR 203. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

stokke. I 1865 hadde bruket 2 kyr og 12 sau. På innmarka hadde dei åker, eng og beitemark og i åkeren sådde dei 1 tønne havre og 1 tønne poteter. Det budde folk her fram til om lag 1970, men drifta var slutt lenge før det. Sia har den gamle innmarka vore brukt som husdyrbeite og blir i dag beita av storfe.

Vegetasjon: Vegetasjonen er grasmark, med sølvbunke, engkvein og englodnegras, men med markert innslag av urter som rylik, engsyre, følblom, smalbladkjempe, blåknapp og svartknoppurt. Typen kan klassifiserast som mager eng.

Kulturpåverknad: I dag er alt beitemark, men tidlegare har det vore både åker, eng og beitemark. I det gamle jordbruket blei all gjødsel (husdyrgjødsel) brukt på åkeren, ikke på eng og beite. I seinare år har det truleg vore gjødsla med kunstgjødsel.

Artsfunn: Ingen spesielle arter.

Kulturspor: Det gamle våningshuset er for lengst ramla ned, men det sto i alle fall til tidleg i 1970-åra (sjå biletet). Tuftene er framleis tydelege. Innmarka er inngjerda av imponerande steingardar, høge og uvanleg breie. Her har dei tydelegvis hatt mykje stein. Dette kjem også til uttrykk i fleire og store rydningsrøyser, som viser at dei hadde meir stein enn dei trengde til steingardane. Steingardane og røysene er uvanleg store, flotte og mange og dette gjer området til eit særprega kulturlandskap. Bruket hadde også jordkjellar som ennå står, men taket er i ferd med å rase saman.

Tilstand: Grasmarka er i god hevd, både beita og truleg gjødsla. Så lenge det budde folk her og det var drift her, må slåttengene ha vore mager eng typisk for kysten. Desse var vanlege på Karmøy i eldre tid, men i dag er dei nesten vekke. På Bratthammar står grasmarkene i dag fram som trivelle, grasdominerte beitemarker av den moderne typen, utan spesiell verdi for biologisk mangfald.

Inngrep: Ingen tekniske inngrep utanom tufter, steingardar og rydningsrøyser.

Verdivurdering: Som kulturlandskap har området stor verdi, særleg dei kulturhistoriske elementa, men ingen spesiell verdi i høve til biologisk mangfald.

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 204. Bratthammarhaugen i 1973 (foto: AL).



FIGUR 205. Bratthammarhaugen i 2007. Rydningsrøysa er den same, men huset er borte. Beitemarka er om lag som i 1973.

Karmøy, Stangaland, Midt-Stokke, Kvednavik

- Kartblad: 1113 I Haugesund
- UTM: KL 904-906, 741-743
- Kommune: Karmøy
- Hovedtype landskap: F Skog og G Havstrand
- Naturtypar: F01 Edellauvskog, G Strandberg, G Rullesteinstrand, D Eng, E06 Bekkekant
- Tilstand: Brukbar
- Verdi: B
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk
- Undersøkt: 16.06.2008
- Inventør: Anders Lundberg

Lokalitetskarakteristikk

Generelt: Området ligg aust for Stokkastrand skule, ned mot Karmsundet. Berggrunnen liknar grønstein og det gir eit godt, mellomrikt jordsmonn.



FIGUR 206. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

Vegetasjon: Vegetasjonen er dominert av edellauvskog, vekselvis blåbær-eikeskog og rike kyst-hasselkratt. I tillegg finst små grasmarker som tidlegare har vore slått og beita. Stranda er breiare enn mange andre stader langs Karmsundet og strandvegetasjonen er velutvikla. Langs stranda er strandberga dominante, men i sjølve Kvednavik er det rullesteinstrand med fleirårig gras/urte-tangvoll, gras utforming (med strandrug). Ved utløpet av Kvednabekken er det ein svært spesiell og velutvikla kantvegetasjon med mykje mynte, både engmynte og temynte. Begge er svært sjeldsynte. Registrerte vegetasjonstypar:

- D1a Blåbær-eikeskog
- D2c Rike kyst-hasselkratt
- G14 Frisk, næringsrik "gammaleng"
- Q2e Urte- og grasøyr, fukt-utforming i låglandet, rik (med engmynte og temynte)
- V2c Fleirårig gras/urte-tangvoll. Gras utforming (med strandrug)
- X1a Strandberg. Fattig utforming

Kulturpåverknad: Tidlegare slått og beite. I dag blir området mykje nytt til skulebruk. Det er fornuftig å bruke nærmiljøet til skulen på denne måten og det er ei god investering for framtida. Det skapar litt slitasje på tre og undervegetasjon, men med litt omtanke for naturverdiane i området skulle det kunne gå bra.

Artsfunn: Skogen er dominert av sommareik og hassel. I undervegetasjonen finst liljekonvall, kvitveis, jordnøtt og kusymre. Klatreplanta vivendel er vanleg. Ved stranda veks temynte, engmynte, blodstorkenebb, skogkløver, blodtopp og strandrug. Under feltarbeidet blei det registrert 30 artar karplanter. Det er ikkje spesielt mange, men området er heller ikkje stort.

Kulturspor: Fint restaurert bekkekvern.

Tilstand: Noko slitasje pga. trakk, men ikkje meir enn det som er å vente med den bruken som er her.

Inngrep: Ingen.

Verdivurdering: Ein fin edellauvskog, noko påverka av slitasje, men i typisk utforming og med høgt biologisk mangfald. Strandsona er også fint utvikla med strandberg, rullesteinstrand og artsrik bekkekant-vegetasjon med sjeldsynte artar. B

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 207. Edellauvskogen i Kvednavik sett mot aust med Karmsundet i bakgrunnen.



FIGUR 208. Eikeskog (D1a) og kysthasselkratt (D2c) med gammal beitemark i framgrunnen.



FIGUR 209. Ved utløpet av Kvednabekken veks dei sjeldsynte artane temynte (*Mentha x verticillata*) og engmynte (*Mentha x gracilis*) som inngår i vegetasjonstypen Q2e.



FIGUR 210. Rullesteinstrand med fleiårig gras/urte-tangvoll (V2c) med strandrug, strandkjempe o.a.

Karmøy, Stangaland, Sør-Stokke, Bratthammar

- Kartblad: 1113 II Skudeneshavn
- UTM: KL 904-906, 734-736
- Kommune: Karmøy
- Hovudtype landskap: F Skog
- Naturtypar: F01 Edellauvskog
- Tilstand: Godt utvikla edellauvskog
- Verdi: A
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk
- Undersøkt: 16.06.2008 og 26.05.2010
- Inventør: Anders Lundberg

Lokalitetskarakteristikk

Generelt: Området er austvendt, på nedsida av Austre Karmøyveg, ved Karmsundet. Berggrunnen er bygd opp av såkalla tett gangsverm, danna av lavabergartar som har strøymt i gangar gjennom havskorpa opp mot dåverande havbotn. Smeltemassane blei kjølna då dei kom i kontakt med sjøvatnet på havbotnen og lavaen storkna i form av



FIGUR 211. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

bobler eller puter, derav namnet putelava som er synleg i området. Berggrunnen hører til i gruppa grønstein og er heller rik på mineral som plantene i dag dreg nytte av. Då området er austvendt, er ikkje klimaet så gunstig som det elles ville vore med meir solinnstråling.

Vegetasjon: Vegetasjonen er dominert av ulike typar lauvskog. Skogen står tett ned til sjøen, men med strandberg næraast sjøen. Skogen i området er velutvikla, ein av dei mest velutvikla i kommunen. Følgjande vegetasjonstypar blei registrert:

- D1a Blåbær-edellauvskog, blåbær-eikeskog (i sør)
- D2a Lågurt-edellauvskog, lågurt-eikeskog (i nord), figur 212
- D2c Rike kyst-hasselkratt
- X1a Strandberg. Fattig utforming

Kulturpåverknad: Tidlegare beite.

Artsfunn: Skogen er sett saman av ulike treslag, som hassel, bjørk, sommareik, ask, lind, hegg, kristtorn og krossved. Vivendel og eføy er vanlege slyngplanter i tre og berg. Undervegetasjonen inneheld typiske edellauvskogsartar som lundrapp, ramslauk (lokalt talrik), liljekonvall, kvitveis, jordnøtt (talrik) og kusymre. Den sjeldsynte arten lundstjerneblom er talrik. Andre artar i skogbotnen er vårkål, tågebær og skogkløver. Her og der kan ein finne blankburkne, gjerne på skuggefylle berg. Arten er knytt til bergartar med høgt innhald av mineral. Under feltarbeidet blei det registrert 55 artar karplanter.

Kulturspor: Ei gammal båtstø. Steingardar viser at området har vore beitemark. Beitet har tatt slutt og skogen har eksplandert etter det.

Tilstand: Edellauvskogen er fint utvikla med heller store, rakstamma eiketre og andre treslag. Undervegetasjonen er frodig og artsrik med innslag av sjeldsynte artar. Skogen er ikkje gammal, men eldre enn dei fleste i distriktet. Han er inne i ei positiv utvikling mot "gammalskog" og det er viktig at denne prosessen får virke vidare utan inngrep av noko slag.

Inngrep: Ingen.

Verdivurdering: Ein av dei finaste edellauvskogane langs Karmsundet. A

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 212. Edel-lauvskogen, her D2a Lågurt-edel-lauvskog, lågurt-eikeskog, er mellom dei mest velutvikla i distrikket, med gamle, store eiker og andre edellauvtre.



FIGUR 213. Frodig undervegetasjon med ramslauk (*Allium ursinum*).



FIGUR 214. Skog-fiol (*Viola riviniana*) veks i skog-botnen.

Karmøy, Stangaland, Sør-Stokke-Blikshavn-Mjåvatnet


- Kartblad: 1113 II Skudeneshavn
- UTM: KL 875-898, 690-735
- Kommune: Karmøy
- Hovedtype landskap: D Kulturlandskap, A Myr
- Naturtypar: D07 Kystlynghei, A08 Kystmyr, A05 Rikmyr, A06 Kjelder, D03 Artsrike vegkantar
- Tilstand: God hevd. Det er litt plante-skog i området, men grensene er trukke utanom desse.
- Verdi: A
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk
- Undersøkt: 06.08.2007
- Inventør: Anders Lundberg

Lokalisetskarakteristikk

Generelt: Området strekkjer seg fra Melstokkevatnet i nord til Blikshavn i sør. I aust er området avgrensa av lauvskogen vest for Austre Karmøyveg og i vest av Ørnareirsvatnet, Øvre Buadalsvatnet og Stiklevatnet (Stiglene). Berggrunnen er grønstein i nordaust og gabbro i sørvest. Grensa mellom dei to bergartsformasjonane går diagonalt gjennom området. Søre-Sålefjell ligg i området og er Karmøyas høgaste punkt, 132 m o.h.

Vegetasjon: Vegetasjonen er ei veksling mellom kystlynghei og kystmyr i mange ulike utformingar. Følgjande heitypar er representerte (typiske artar er nemnde i parentes):

- H1 Tørr lynghei
- H1a Røsslyng-utforming (røsslyng, brakte, mjølbær, krekling, strid kråkefot, klokkeintergrønn)
- H1b Purpurlyng-utforming (skogfiol)
- H1e Røsslyng-heigråmose-lav-utforming (røsslyng, heigråmose, grå reinlav, pigglav)
- H2 Tørr gras- og urterik hei
- H2a Fattig utforming (hundekvein, kattefot, bråtestarr, flekkmarihand, solblom)
- H2b Rikare utforming (blåstarr, loppestarr, augnetrøst, vill-lin, gulaks)
- H2c Purpurlyng-utforming (purpurlyng, heiblåfjør, fagerperikum)
- H3 Fuktig lynghei



FIGUR 215. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

- H3b Røsslyng-purpurlyng-utforming
- H3c Klokkelyng-rome-bjønnskjegg-utforming
- H3e Pors-rome-blåtopp-utforming
- H3f Bjønnskjegg-utforming (storbjønnskjegg)
- H3g Blåtopp-utforming
- H3h Kornstarr-utforming
- H3i Pyttlav-utforming
- H4 Røsslyng-bjønnkamhei.

- Følgjande myrtypar er representerte:
- K Fattigmyrvegetasjon
 - K1 Skog-/krattbevokst fattigmyr
 - K1c Pors-utforming (pors, øyrevier, røsslyng, gråstarr, stjernestarr, trådsev)
 - K2 Fattig tuemyr
 - K2a Røsslyng-dvergbjørk-utforming
 - K2b Røsslyng-kysthei-utforming (røsslyng, rome, bjønnskjegg, heitorvmose)
 - K3 Fattig fastmattemyr
 - K3a Klokkelyng-rome-utforming



FIGUR 216. Storfe på lyngbeite sør for Himra Mjåvatnet i 2006.

K4 Fattig mjukmatte/lausbotnmyr

K4a Mjukmatte-utforming (slåttestarr, duskull)

K4b Lausbotn-utforming (elvesnelle, bukkeblad)

K4c Høgstarr-utforming (flaskestarr, elvesnelle)

L Intermediær myrvegetasjon

L3 Intermediær mjukmatte/lausbotnmyr

L3a Mjukmatte-utforming (smalsoldogg, kvitmørak, stormakkmosse)

L3b Lausbotn-utforming (dikesoldogg, småblære-rot, gytjeblærerot)

L4 Høgstarrmyr

L4a Flaskestarr-trådstarr-utforming

M Rikmyrvegetasjon

M2 Middelsrik fastmattemyr (engstarr, loppestarr, grønstarr, småsevaks, jåblom)

M3 Ekstremrik fastmattemyr

M3a Brunskjene-nebbstarr-utforming (brunskjene, nebbstarr, breiull, myrstjernemose, brunklomose, strandkjempesmuse)

M4 Rik mjukmatte/lausbotnmyr

M4a Mjukmatte-utforming (småsevaks, brunmyrkjempesmuse, myrsaulauk)

M4b Lausbotn-utforming (blærerot)

N Kjelde- og sigvegetasjon

N3 Sig-vegetasjon (loppestarr, jåblom, tettegras, knopparve, svarttopp, skogsnelle)

Kulturpåverknad: Tidlegare beite og torvtaking, i dag framleis beite (figur 216).

Artsfunn: Solblom (figur 217), dverglin, bustsevaks (figur 218). Kattefot er typisk art for kystlyng-



FIGUR 217. Solblom (*Arnica montana*) har hatt ein markert tilbakegang dei siste tiåra, men finst fleire stader i lyngheiane vest for Snørteland. I lokal dialekt blir han kalla Jonsokblom og liknande, fordi han blomstrar omkring St Hans.

hei, men har vore i tilbakegang. Arten finst her og der i området (figur 219).

Tilstand: Godt intakte heiar og myrar.

Inngrep: Ei høgspentlinje går gjennom austre delar av området. Fleire av vatna som grensar inn til området er oppdemte. Aust for Søre Sålefjell blei det på slutten av 1800-talet leita etter kopparkis, og ved "Gruvene" kan ein framleis sjå spora av denne aktiviteten. I dag er dei kulturminne.

Verdivurdering: Klasse A.

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 218. Dverglin (*Radiola linoides*) (med ørsmå kvite blomstrar) og bustsevaks (*Isolepis setacea*) (syltynne strå) er i dag mellom dei mest sjeldsynte plantene i den norske floraen, men er begge talrike ved Tømmervik. Groblad (med store, breie blad) er også med på biletet.



FIGUR 219. Kattefot (*Antennaria dioica*) er ein art som slit med opphøyr av beite, gjengroing og sur nedbør. Han finst her og der i området, som her ved Himra Mjåvatnet.

Karmøy, Torvastad, Dalsvågen 1 (lynghei)

- Kartblad: 1113 I Haugesund
- UTM: KL85-86, 89-90
- Kommune: Karmøy
- Inventør: Anders Lundberg
- Dato: Sist sjekka mot ortofoto i april 2010.
- Naturtype: D Kulturlandskap
- Utformingar: D07 Kystlynghei: D0701 Tørr lynghei, D0702 Tøtt gras-urterik hei
- Verdi: A
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk



FIGUR 220. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

Lokalitetsomtale

Beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag: Området ligg inst i Dalsvågen, på den nordvestre delen av Karmøy. Det er dominert av kystlynghei og har ei utstrekning aust-vest på om lag 750 m og nord-sør på inntil 400 m. Området er småkupert og dei høgaste kollane ligg berre vel 10 m o.h. Berggrunnen er fyllitt og strøkretningar går nord/sør, dels søraust/nordvest. Dette skapar eit landskapsrom med langsmale søkk («dalar») og viker som skjer seg inn i landmassivet.

Naturtypar og utformingar:

H1a Tørr lynghei. Røsslyng-utforming
H2b Tørr gras-urterik hei. Rikare utforming
H3a Fuktig lynghei. Røsslyng-blokkebær-utforming

Artsmangfold: Murburkne, harerug, hjartegras, røsslyng, blåstarr, loppestarr, hassel, dvergmispel, begerhagtorn, bergflette, prikkperikum, lintorskemunn, hengeaks, rome, vårmarihand, jáblom, grov nattfiol, heiablåfjør, tågebær, tranebær, blokkebær, bakkeveronika, vestlandsvikke, blodtopp, skogbingel.

Påverknad/bruk: Området var beita inntil 1950-åra, i alle fall av sau, truleg også av storfe. Like sør for området står ennå det gamle uthuset som fungerte som mjølkehus. Vegetasjonen er open og velutvikla og lyngen er i god stand.

Truslar: Gjengroing er ei potensielt trugsål.

Tilstand: Aust for området er det eit plantefelt og gran og andre tre og buskar er i ferd med å spreie



FIGUR 221. Velutvikla tørr røsslynghei i fin blomstring ved Dalsvågen 01.09.1998. Slike velutvikla lyngheier var vanlege over heile Vestlandet, men er i dag ein trua vegetasjons- og landskapstype.

seg vestover, inn i lyngheia. Denne prosessen er ikkje kome lenger enn at han kan stoppast der som beitet blir tatt opp igjen.

Skjøtsel og omsyn: For at lyngheia skal haldast i hevd, må ho igjen bli beita. Lyngbrenning er på sikt også eit aktuelt verkemiddel. Dette bør skje med vind frå sør eller søraust, for å unngå at branen spreier seg mot sør og aust. I nord og nordvest grensar området til sjø.

Verdivurdering: Lyngheia er i god stand og uvanleg artsrik. Lyngheia er variert med innslag av ulike undertypar og med innslag av sjeldsynte planteartar. Området blir derfor vurdert som særskilt viktig, klasse A.

Kjelder: Lundberg (1998).

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.

Karmøy, Torvastad, Dalsvågen 2 (strandeng)

- Kartblad: 1113 I Haugesund
- UTM: KL 85, 90
- Kommune: Karmøy
- Inventør: Anders Lundberg
- Dato: Sist sjekka mot ortofoto i mars 2010.
- Naturtype: G Havstrand
- Utformingar: G05 Strandeng
- Verdi: A
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk

Lokalitetsomtale

Beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag: Området grensar til Dalsvågen 1, som er omtalt over. Strandenga er den største i kommunen og ein av dei største i Rogaland. Ho ligg inst i Dalsvågen på nordvestsida av Karmøy. Strandenga har ein einsarta topografi, men med små, men økologisk distinkte forskjellar i bakkenivået. Dette skapar ei sonering frå dei ytre, sjønære delane til dei indre, meir ferskvasspåverka delane. I små saltpanner er det brakt miljø. I tillegg til dei artane som er nemnte i lista under, finst mosane strandstjernehmose (*Campylium stellatum*) og fjørevrangmose (*Bryum salinum*), som begge er typiske for velutvikla strandenger.

Naturtypar og utformingar:

U3c Salin og brakk forstrand/panne. Bendel-utforming
U3e Salin og brakk forstrand/panne. Saulauk-utforming
U4a Nedre salteng. Saltgras-salteng. Fjøresaltgras-utforming
U5a Midtre og øvre salteng, raudsvingel/saltsevsalteng. Saltsev-utforming
U5c Midtre og øvre salteng, raudsvingel/saltsevsalteng. Raudsvingel-fjørekoll-tiriltunge-utforming
U7a Brakkvasseng. Fjøresekks-utforming
U7e Brakkvasseng. Rustsekks-utforming

Artsmangfald: Tangmelde, rustsekks, strandkvann, fjøresekks, raudsvingel, strandkryp,



FIGUR 222. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

strandarve, saltsev, strandrug, strandkjeks, gåsemure, fjøresaltgras, havbendel, fjøresaulauk, myrsaulauk, grisnestarr.

Påverknad/bruk: Området er tidlegare beita av husdyr, men beitet tok slutt på 1950-talet.

Truslar: Ingen kjente.

Tilstand: God tilstand.

Skjøtsel og omsyn: Det er ikkje noko påtrengande behov for skjøtsel. Dersom den tilgrensande lyngheia på ny blir beita, kan strandenga gjerne beitast også, dersom beitepresset er moderat. Sauene likar svært godt det salte graset som dominerer strandengene.

Verdivurdering: Strandenga er ei av dei største i Rogaland og den største i kommunen. Ho er variert med fleire vegetasjonstypar og heller artsrik. Ho er derfor særskilt verdifull, klasse A.

Kjelder: Lundberg (1998).

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 223. Strandenga i Dalsvågen, sett mot nord. Legg marke til fargesjatteringane i strandenga. Dei tilsvrar vegetasjonstypene som er nemnde i lista over naturtypar og utformingar. Mosaikken skuldast ulike høgdenivå i strandenga og varierande grader av salinitet i ulike høgdenivå, frå forstrand til nedre, midtre og øvre saltstrand.

Karmøy, Torvastad, Føynå, Duøy

- Kartblad: 1113 i Haugesund
- UTM: KL 820-823, 879-884
- Kommune: Karmøy
- Inventør: Anders Lundberg, saman med naturforvaltar Peder Christiansen
- Dato: 06.05.2009
- Naturtype: D Kulturlandskap, G Havstrand
- Utformingar: D04 Naturbeitemark, D07 Kystlynghei, G0903 Fuglepåverka strandberg
- Verdi: A
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk

Lokalitetsomtale

Beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag: Duøy ligg i den søraustre delen av øygruppa Føynå, like sør for innseglinga til hovudhamna i øygruppa. Berggrunnen er tett gangsverm, hovudsakleg grønstein, av same type som ein finn diaginalt over Karmøy. Dette gir grunnlag for ein artsrik flora. Øya er knapt 500 m lang nord/sør og breiast i sør med knapt 300 m. Høgaste punktet er ein kolle i sørvest, 22 m o.h. Store delar av øya ligg om lag 10 m o.h.

Naturtypar og utformingar: Vegetasjonen er ei veksling mellom kystlynghei og naturbeitemark: G4a Frisk fattigeng. Engkvein-raudsvingel-gulaks-utforming (naturbeitemark)

H1a Tørrhei. Røsslyng-utforming

X1a Strandberg. Fattig utforming

X2b Fuglegjødsla kystvegetasjon. Gras/urt-utforming

Artsmangfald: Kusymre (figur 226), røsslyng.

Påverknad/bruk: Det har tidlegare vore fast busetnad på øya, men i dag bur det ingen her. I den nordre delen står eit våningshus og lenger sør eit våningshus og løe, omgjeve av grasmarker, det som tidlegare var innmark. I nord er det eit sjøhus og brygge. Øya blir beita av vill sau (figur 227) og



FIGUR 224. Flyfoto som viser avgrensinga av øya. Dei to bruka er lett synlege. Sentrale delar av øya er den gamle innmarka, no beitemark for sau, omgitt av kystlynghei.

lyngheiane har vore brent i seinare år for å betre kvaliteten på beitene.

Truslar: Gjødsling.

Tilstand: Heile øya blir beita og lyngheiane blir brente. Brenninga gjer at lyngen er ung og vital og det er lite brakje.

Skjøtsel og omsyn: Fortsatt beite.

Verdivurdering: Innslaget av kystlynghei i god stand med aktivt beite og godt stell av lyngheiane gjer at øya blir vurdert som A-område. Om gjødslinga held fram, kan verdien bli redusert til B-område.

Kjelder: Lundberg (2003, upubl. a).

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.




FIGUR 225. Den norde delen av Duøy med kystlynghei og grasmark. Austre Hamn på Feøy i bakgrunnen, Ulvøy i bakgrunnen til høgre.



FIGUR 226. Kusymre (*Primula vulgaris*), kusom i lokal dialekt, er talrik i grasbakkane på Duøy.



FIGUR 227. I dag er det igjen beite på Duøy, no med vill-sau. Dette er viktig for å halde kulturlandskapet i hevd.



FIGUR 228. Kart over øygruppa Føyndøya (etter Lundberg 2003).

Karmøy, Torvastad, Føynå, Feøy

- **Kartblad:** 1113 I Haugesund
- **UTM:** KL 810-821, 882-901
- **Kommune:** Karmøy
- **Hovudtype landskap:** D Kulturlandskap, A Myr, E Ferskvatn/våtmark, G Havstrand
- **Naturtypar:** D07 Kystlynghei, D Gras-mark, D0701 Tørrhei, D0703 Fukthei, D Kulturbetinga engvegetasjon, A08 Kystmyr (fattigmyr), E Sump- og vassvegetasjon, G Strandberg, G08 Polar, G05 Strandeng
- **Tilstand:** God hevd, i aktiv bruk som sauebeite
- **Verdi:** A
- **Vegetasjonssone:** Boreonemoral
- **Vegetasjonsseksjon:** O3 Sterkt oseanisk
- **Undersøkt:** 18.06.2008
- **Inventør:** Anders Lundberg

Lokalisetskarakteristikk

Generelt: Feøy er den største øya i øygruppa Føynå og den einaste som i dag har fast busetnad. Øya er om lag 1 km brei (aust-vest) og nær 2 km lang fra nord til sør. Berggrunnen er ein del av Karmøy-ofiolittkompleks, stort sett grønstein. Den søre og sørvestlege delen er dioritt, Sauøy-dioritt, som er hard og sur. Det meste av berggrunnen gir opphav til eit grøderikt jordsmonn og ein variert vegetasjon. Store delar av øya ligg under øvre marin grense og marine sediment er vanlege over store delar av øya. Marin leire dannar eit vidt utbreidd lag i nedre delar av jordsmonnet og dette påverkar vegetasjonen si samansetjing og øya har eit visst innslag av planteartar som krev godt jordsmonn. Klimaet er vintermildt og sommarkjøleg med mykje vind. Toppen av knausane har gjerne grunn, skrinn jord som i periodar om våren med vind og lite nedbør kan vere utsette for tørke. På slike stader finn ein tørketånde vegetasjon som er tilpassa periodevis tørke, med planter som fjørekoll og dvergsmyle.

Vegetasjon: Feøy er ei ganske stor øy med varierande miljøtilhøve og variasjonen i vegetasjonen er stor. Kystlynghei er ein dominerande vegetasjonstype, men dei vidaste dalsøkka er oppdyrka og blir no brukte som beitemark for villsau. I sokka mellom knausane i utmarka finst langsmale myrar og små vatn. Langs stendene dominerer strand-



FIGUR 229. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

berg, men med små strandenger i smale viker. Følgjande vegetasjonstypar blei registrert:

- D2c Lågurt-edellauvskog, rike kyst-hasselkratt
- G1a Fuktig fattigeng. Heisev-utforming
- G1b Fuktig fattigeng. Knappsev/lyssev-utforming
- G1c Fuktig fattigeng. Oseanisk finnskjegg-utforming
- G2 Blåtopp-eng
- G3 Sølvbunke-eng
- G4a Frisk fattigeng, engkvein-raudsvingel-gulaks-eng. Vanleg utforming
- G4b Frisk fattigeng, engkvein-raudsvingel-gulaks-eng. Jordnøtt-utforming
- G10 Hestehavre-eng
- G12a Våt/fuktig, middels næringsrik eng. Bekkeblom-utforming
- G12b Våt/fuktig, middels næringsrik eng. Engkar-se-krypsoleie-utforming
- G12c Våt/fuktig, middels næringsrik eng. Mjødurt-utforming
- H1a Tørr lynghei. Røsslyng-utforming



FIGUR 230. Nordaustre delar av Feøy, sett frå Ulvøy.

H1c Tørr lynghei. Røsslyng-slåttestarr-torvull-utforming
 H2a Tørr gras-urterik hei. Fattig utforming
 H3a Fuktig lynghei. Røsslyng-blokkebær-utforming
 H3c Fuktig lynghei. Klokkelyng-rome-bjønnskjegg-utforming
 H3f Fuktig lynghei. Bjønnskjegg-utforming
 H3g Fuktig lynghei. Blåtopp-utforming
 H3h Fuktig lynghei. Kornstarr-utforming
 I2 Vegetasjon på vegkantar
 I7 Plantefelt
 K2b Fattigmyrvegetasjon, fattig tuemyr. Røsslyng-kysthei-utforming
 K3a Fattig fastmattemyr. Klokkelyng-rome-utforming
 K4a Fattig mjukmatte/lausbotnmyr. Mjukmatte-utforming
 K4b Fattig mjukmatte/lausbotnmyr. Lausbotn-utforming
 K4c Fattig mjukmatte/lausbotnmyr. Høgstarr-utforming (med flaskestarr)
 O5a/b Takrøyr-sevaks-sump. Takrøyr-utforming
 O5e Takrøyr-sevaks-sump. Piggknopp-utforming
 P1a Langskot-vegetasjon. Tusenblad-tjørnaks-utforming
 P2a Flyteblad-vegetasjon. Fløtgras-utforming
 U1 Ålegras/alge-undervasseng
 U2a Havgras-undervasseng. Havgras-utforming
 U3c Salin og brakk forstrand/panne. Bendel-utfor-

ming
 U3d Salin og brakk forstrand/panne. Strandstjerne/strandkjempe/strandkryp-utforming
 U3e Salin og brakk forstrand/panne. Saulauk-utforming
 U4a Nedre og midtre salteng, saltgras-salteng. Fjøresaltgras-utforming
 U5a Øvre salteng, raudsvingel/saltsev-salteng. Saltsev-utforming
 U5b Øvre salteng, raudsvingel/saltsev-salteng. Raudsvingel-utforming
 U5c Øvre salteng, raudsvingel/saltsev-salteng. Raudsvingel-fjørekoll-tiriltunge-utforming
 U7 Brakkvasseng. Fjøresevaks-utforming
 U7 Brakkvasseng. Rustsevaks-utforming
 V1c Eittårig melde-tangvoll. Tangmelde-utforming
 V2a Fleirårig gras/urte-tangvoll. Lågurt-utforming (med gåsemure)
 V2b Fleirårig gras/urte-tangvoll. Høgurt-utforming (med krushøymole)
 V2c Fleirårig gras/urte-tangvoll. Gras-utforming (med strandrug)
 V5a Driftinfluert grus/stein-strand. Strandkvann-utforming
 X1a Strandberg. Fattig utforming

Kulturpåverknad: Feøy har vore busett i lang tid og har ei kontinuerleg bruk av kulturlandskapet. Lyngheiane er også i dag påverka av sauebeite (villsau) og lyngbrenning.



FIGUR 231. Feøy har fått namnet sitt etter den gamle norske rasen villsau.



FIGUR 232. Gjødselringsopp (*Panaeolus semiovatus*) i tunet ved den vestre hamna.

Artsfunn: blankburkne, svartburkne, flötgras, kjempepigknapp, ålegras, småhavgras, takrøy, skogrøyrkvein, dvergsmyle, hestehavre, dunhavre, hjartegras, fjøresaltgras, sumpsevaks, rustsevaks, fjøresevaks, grisnestarr, heifrytle, strandlauk, kystarve, vårskrinneblom, bitterbergknapp, kystbergknapp, smørifik, broddbergknapp (forvilla), rosenrot, blodtopp, skogkløver, rundskolm, kattehale, tusenblad, jordnøtt, gjeldkarve, klokke-lyng, røsslyng, kusymre, strandvindel, kystmaure, gulmaure. Under feltarbeidet registrerte eg 161 artar karplanter. Alt i alt er det registrert 242 artar karplanter på øya (Lundberg upubl. a).

Tilstand: Lyngheiane på Feøy har til alle tider vore nytta som utmarksbeite, jf. namnet på øya. Dei siste 15 åra eller så har dei også vore brent for å betre kvaliteten på beitene og dette har gitt positive resultat. Den gamle lyngen er blitt fornya, beitekvaliteten er blitt betre og artsmangfaldet

i lyngheiane har auka. Tilstanden i dag er svært god.

Inngrep: Øygruppa har fast busetnad og dei siste åra har det vore om lag 50 busette. Øya har butikk og kai med fast anløp av rutebåtar, ein frå Torvastad og ein frå Haugesund. På øya er det grusvegar som blir brukte som gangvegar/sykkelvegar. Vanlege bilar finst ikkje. Frå Feøy er det små bruer til Sørøy og til Ulvøy. Langs sjøen er det mange sjøhus. Det meste av øya er utmark og her er det få tekniske inngrep. Nokre stader kan ein sjå små restar etter gamle gruveskjerp.

Verdивurdering: Feøy har stor variasjon i natur- og vegetasjonstypar, med kystlynghei som eit sentralt element. Lyngheiane er velstelte og godt skjøtta med aktivt beite og brenning. Dei har god beiteverdi og høgt biologisk mangfold. Verdien er derfor svært stor, klasse A.

Kjelder: Lundberg (1998, 2003, upubl. a).

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.

Karmøy, Torvastad, Føynå, Kvaløy

- Kartblad: 1113 I Haugesund
- UTM: KL 818-826, 895-913
- Kommune: Karmøy
- Inventør: Anders Lundberg, saman med naturforvaltar Peder Christiansen
- Dato: 06.05.2009
- Naturtype: D Kulturlandskap, G Havstrand
- Utformingar: D07 Kystlynghei, A08 Kystmyr, G Strandberg
- Verdi: A
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk

Lokalisetsomtale

Beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag: Kvaløy er den nordlegaste øya i øygruppa Føynå. Ho er om lag 2 km lang i nord/sør retning og inntil 5-600 m brei. Fire av toppane ligg 28, 32, 31 og 28 m o.h., men det meste av arealet ligg lågare. Berggrunnen er gabbro, av same type som går diagonalt over Karmøy.

Naturtypar og utformingar: Det indre av øya er ei veksling mellom kystlynghei og kystmyr. Langs strendene finst strandberg. Dei er fint utvikla rundt heile øya, men i nord er dei ekstremt eksponerte og velutvikla med breie soneringar.

H1a Tørrhei. Røsslyng-utforming

H1b Tørrhei. Purpurlyng-utforming

H3c Fukthei. Plokkeling-rome-bjønnskjegg-utforming

D2 Kystkratt

K3a Fattig fastmattemyr. Klokkelyng-rome-utforming (Kystmyr)

V2/5Rullesteinsstrand

X1a Strandberg. Fattig utforming

X2a Fuglegjødsla kystvegetasjon. Lav-utforming

Artsmangfald: Under feltarbeidet 06.05.2009 blei det registrert 56 artar karplanter på øya. Den nordlege delen av øya blei best undersøkt og truleg er talet karplanter høgare. Skjoldblad blei funnen



FIGUR 233. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

i fuktig sig/sauetrakk ved geilen i nordvest. Hinnebregne veks i storsteina ur med blokker i nord-aust. Andre artar er mellom anna heistarr, heisev, purpurlyng, klokkelyng, kusymreog kystgrisøyre.

Påverknad/bruk: Øya blir beita av sau.

Truslar: Ingen kjente truslar.

Tilstand: Vegetasjonstypene er store og velutvikla og i god stand. Det gjeld både kystlynghei, kystmyr og strandvegetasjonen.

Skjøtsel og omsyn: Det er ei føremon at området blir beita og beitepresset er ikkje for stort.

Verdivurdering: Velutvikla kystlynghei og kystmyr, begge med store areal og fleire undertypar, gjer at øya blir klassifisert som A-område.

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.a



FIGUR 234. Kystlynghei på Kvaløy, sett nordover.



FIGUR 235. Skjoldblad (*Hydrocotyle vulgaris*) veks på Kvaløy, som einaste forekomst i øygruppa Føynå.

Karmøy, Torvastad, Føynå, Sandholmane

- Kartblad: 1113 I Haugesund
- UTM: KL 826-834, 875-878
- Kommune: Karmøy
- Inventør: Anders Lundberg
- Dato: 02.09.2000 (AL), 06.05.2009 (AL og naturforvaltar Peder Christiansen)
- Naturtype: G Havstrand/kyst, D Kulturlandskap, E Ferskvatn
- Utformingar: G Strandberg, E1202 Ferskvatn, D07 Kystlynghei
- Verdi: A
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk

Lokalitetsomtale

Beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag: Sandholmane er ekstremt eksponerte for ver og vind og store delar av holmane er utan lausmassar og vegetasjon. Det er to større og fleire mindre holmar i gruppa, som ligg i den søraustre delen av Føynå. Austre Sandholmen er 350 m lang nord/sør og 200 m brei på det breiaste. Vestre Sandholmen er 235 m lang nord/sør og inntil 240 m brei. På begge holmane finst flotte littoralbasseng inne på land, med ein interessant vass- og undervassvegetasjon.

Naturtypar og utformingar: Eksponerte strandberg er den vegetasjonstypen som dekkjer mest areal. Fastmarksvegetasjonen er dominert av gras-



FIGUR 236. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

mark og tørr kystlynghei. Jorda er helst skrinn og dei fleste vegetasjonstypene er tørketilpassa. Nokre stader fins djupare jord med meir frodig vegetasjon. Fuglegjødsel har gjort sitt til å bygge opp jordsmonnet og her og der finns såkalla fugletuer og frodige fuglegjødsla, fargerike enger. På dei største holmane er det små dammar med ein interessant vegetasjon. I små viker finns fleirårige tangvollar. Følgjande typar er i alle fall representerete, men truleg finns det fleire:

H1 Tørr lynghei
P1 Langskot-vegetasjon med hesterumpe
P1a Langskot-vegetasjon. Tusenblad-tjørnaks-utforming (med kysttjørnaks)
P2a Flyteblad-vegetasjon. Flötgras-utforming
U2d Tjørnaks-undervasseng. Tjørnaks-utforming (med trådtjørnaks)
U8b Brakkvass-sump. Havsevaks-utforming
V2c Fleirårig gras/urte-tangvoll. Gras-utforming (med strandrug)
V5a Driftinfluert grus/stein-strand. Strandkvann-utforming
X1 Strandberg. Fattig utforming
X2a Fuglegjødsla kystvegetasjon. Lav-utforming
X2b Fuglegjødsla kystvegetasjon. Gras/urt-utforming (med strandbalderbrå o.a.)
+++

Artsmangfald: Under feltarbeidet på Sandholmane i 2000 registrerte eg 82 artar karplanter på Austre Sandholmen og 72 på Vestre Sandholmen. Trådtjørnaks, strandsmelle, kystbergknapp, tusenblad, hesterumpe, strandkvann, klokelyng, røsslyng, strandbalderbrå, kysttjørnaks, flötgras, sumpsevaks, havsevaks, knortestarr, heistarr, strandrug.

Påverknad/bruk: Ingen.

Tilstand: God

Skjøtsel og omsyn: Ingen spesielle behov.

Verdivurdering: Strandvegetasjonen er spesielt godt utvikla. I littoralbassenga på Vestre og Austre Sandholmen finst velutvikla vegetasjonstypar med innslag av regionalt sjeldsynte planteartar. Øygruppa blir derfor vurdert som eit A-område.

Kjelder: Lundberg (1998, 2003, upubl. a).

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 237. Austre Sandholmen med brakkvatn med havsevaks i kanten.



FIGUR 238. Fugletuer blir danna på stader fuglane ofte nyttar som utsiktspunkt, av gras og urter som profiterer på konsentrert fugleskit. Dei er bygde opp som små haugar av fugleskit og daude planter som er brotne ned gjennom mange år og omdanna til svart, svært næringsrik moldjord.

Karmøy, Torvastad, Føynå, Sørøy

- **Kartblad:** 1113 I Haugesund
- **UTM:** KL 813-818, 874-883
- **Kommune:** Karmøy
- **Hovudtype landskap:** D Kulturlandskap, A Myr, G Havstrand, E Ferskvatn/våtmark
- **Naturtypar:** D Kulturbetinga engvegetasjon, D07 Kystlynghei, A08 Kystmyr, E Ferskvatn, G Strandberg
- **Tilstand:** Svært god hevd, i aktiv bruk som sauebeite
- **Verdi:** A
- **Vegetasjonssone:** Boreonemoral
- **Vegetasjonsseksjon:** O3 Sterkt oseanisk
- **Undersøkt:** 18.06.2008
- **Inventør:** Anders Lundberg

Lokalitetskarakteristikk

Generelt: Sørøy er den sørlegaste øya i øygruppa Føynå. Øya er om lag 600 m brei (vest-aust) og 5-600 m i utstrekning nord-sør. Ho er innskåren av to nordvestgåande bukter på sørsida og ei sør-austgåande bukt i den nordvestre delen (Sandvågen). I nord skil ein kanal mot hovudøya Feøy. Det har vore fast busetnad i to hus på øya og omkring desse er det litt innmark som no blir brukt som sauebeite. Berggrunnen på øya er ein del av den såkalla Karmøy-ofiolitten og er sett saman av omdanna, mellomrike, opphavleg vulkanske bergartar. Den sørvestlege delen er bygd opp av den harde og sure bergarten dioritt, såkalla Sauøy-dioritt. Ein tredje type et Feøy-gabbro som finst på nordsida av Sandvågen og nordsida av Sørøy aust for bruhaugen.



FIGUR 239. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

Det meste av øya har altså mellomrike bergartar som gir opphav til eit rimeleg godt jordsmøn og ein rik vegetasjon.

Vegetasjon: Vegetasjonen er kystbeitemark av ulike slag. Lynghei er ein dominerande type. I søkka finst små myrar og ein stad eit vatn som har grodd igjen. Langs strandene finst eksponerte strandberg med velutvikla lavvegetasjon og spreidde karplanter. I sørvest er strandberga særskilt eksponerte og derfor velutvikla og breiare enn elles. I tillegg finst gammal innmark, særleg i nordvest, som no blir brukt som beite og det finst mindre areal med naturbeitemark. Registrerte vegetasjonstypar:

- G1a Fuktig fattigeng. Heisev-utforming
- G1b Fuktig fattigeng. Knappsev/lyssev-utforming
- G1c Fuktig fattigeng. Oseanisk finnorskjegg-utforming
- G2 Blåtopp-eng
- G4a Frisk fattigeng, engvein-raudsvingel-gulaks-eng. Vanleg utforming
- G4b Frisk fattigeng, engvein-raudsvingel-gulaks-eng. Jordnøtt-utforming
- G12c Våt/fuktig, middels næringsrik eng. Mjødurt-utforming
- H1a Tørr lynghei. Røsslyng-utforming
- H1c Tørr lynghei. Røsslyng-slåttestarr-torvull-utforming
- H2a Tørr gras-urterik hei. Fattig utforming
- H3a Fuktig lynghei. Røsslyng-blokkebær-utforming
- H3c Fuktig lynghei. Klokkeling-rome-bjønnskjegg-utforming
- H3f Fuktig lynghei. Bjønnskjegg-utforming
- H3g Fuktig lynghei. Blåtopp-utforming
- H3h Fuktig lynghei. Kornstarr-utforming
- I2 Vegetasjon på vegkantar
- K2b Fattigmyrvegetasjon, fattig tuemyr. Røsslyng-kysthei-utforming
- K3a Fattig fastmattemyr. Klokkeling-rome-utforming
- K4a Fattig mjukmatte/lausbotnmyr. Mjukmatte-utforming
- K4b Fattig mjukmatte/lausbotnmyr. Lausbotn-utforming
- O5a/b Takrøy-sevaks-sump. Takrøy-utforming
- U5a Øvre salteng, raudsvingel/saltsev-salteng. Saltsev-utforming
- U5b Øvre salteng, raudsvingel/saltsev-salteng.



FIGUR 240. Villsau i beitelandskapet på Sørøy.



FIGUR 241. Grisnestarr (*Carex distans*) er ein sørleg, varmekjær art som veks på Sørøy. Den lange avstanden mellom hoaksa er typisk for grisnestarr. Enden på hoaksa er typisk flate-butte, ikkje spisse.

Raudsvingel-utforming

U5c Øvre salteng, raudsvingel/saltsev-salteng.

Raudsvingel-fjørekoll-tiriltunge-utforming

V1c Eittårig melde-tangvoll. Tangmelde-utforming

V2a Fleirårig gras/urte-tangvoll. Lågurt-utforming
(med gåsemure)

V2b Fleirårig gras/urte-tangvoll. Høgurt-utforming
(med krushøymole)

V5a Driftinfluert grus/stein-strand. Strandkvann-
utforming

X1a Strandberg. Fattig utforming

Kulturpåverknad: Øya har vore brukt til husdyr-
beite i tusenvis av år.

Artsfunn: takrøy, dvergsmyle, heistarr, grisne-
starr, blåstarr, mange sev (åtte artar), heifrytle,
pors, skogkløver, jordnøtt, gjeldkarve, klokkeling,
røsslyng, skjoldberar, kattehale, kystmaure, kyst-
grisøyre. Under feltarbeidet blei det funne 106
artar karplanter. Alt i alt er det funne 145 artar
karplanter på Sørøy (Lundberg upubl. a).

Kulturspor: Det går to parallelle steingardar tvers
over øya i nord/sør-retning. Også andre stader på
øya, m.a. i dalsøkket i forlenginga av Sandvågen,
er det gamle steingardar. Steingardane viser at øya
har vore brukt som beitemark for husdyr. Dei viser
dels til eideomsgrenser mellom ulike bruk, dels
til det gamle funksjonelle skillet mellom innmark

og utmark. Steingardane er ein viktig del av kva-
litetane i det gamle kulturlandskapet.

Tilstand: Dei siste åra har lystheiane på Sørøy
vore svide kvar vår, eitt felt kvart år. Kystlyng-
heivegetasjonen er derfor i svært god tilstand med
røsslyng i ulike aldersklassar, med vekt på yngre
og midtre aldersklassar og lite innslag av grov,
gammal lyst. Lyngen har derfor gjennomgåande
god beiteverdi og øya blir beita av villsau. Kombi-
nasjonan av sauebeite og lyngbrenning er i tråd
med gammal tradisjon og det bidar til å auke arts-
mangfaldet i kystlyngheia. Ho er dominert av røss-
lyng og andre lystartar, men med høgt innslag av
urer (tepperot, flekkmarihand, tiriltunge, skrub-
bær, kystmaure og andre typiske lystheiartar) og
spreidde gras og grasliknande artar som høyrer
heime i varierte lystheilandskap, slike som gulaks,
engkvein, dvergsmyle, smyle, kamgras, heistarr,
bråtestarr, heisev og heifrytle.

Inngrep: På nordsida er det bru til Feøy. Hytter
med små brygger på nordsida, vest for bruha, og
i Sandvågen.

Verdivurdering: Skjøtselen som har vore drive på
Sørøy dei siste åra har bidratt til å betre kvaliteten
på lysten på øya, til å auke beiteverdien og til å
auke artsmangfaldet. Øya står i dag fram som eit
førsteklasses, velstelt kystlynghei-landskap med
svært høg verneverdi, utan tvil A.

Kjelder: Lundberg (1998, 2003, upubl. a).

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.

Karmøy, Torvastad, Føynå, Ulvøy

- **Kartblad:** 1113 I Haugesund
- **UTM:** KL 821-829, 885-896
- **Kommune:** Karmøy
- **Hovudtype landskap:** D Kulturlandskap, A Myr, E Ferskvatn/våtmark
- **Naturtypar:** D07 Kystlynghei, D0701 Tørrei, D0703 Fukthei, D Kulturbetinga engvegetasjon, A08 Kystmyr (fattigmyr), E Sump, G05 Strandeng og G Strandberg.
- **Tilstand:** God
- **Verdi:** B
- **Vegetasjonssone:** Boreonemoral
- **Vegetasjonsseksjon:** O3 Sterkt oseanisk
- **Undersøkt:** 18.06.2008
- **Inventør:** Anders Lundberg

Lokalitetskarakteristikk

Generelt: Ulvøy er ein del av øygruppa Føynå og ligg aust for hovedøya Feøy. Ho er om lag 1,8 km brei (aust-vest) og på det lengste om lag 2 km lang (den vestre delen). Berggrunnen på Ulvøy er den same som det meste av Feøy, grønstein. I dalane finst marine avsetningar i form av leire.



FIGUR 242. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

Vegetasjon: Kystlynghei er den dominante vegetasjonstypen på øya. Dette gjeld såleis det meste av den nordaustre halvdelen av øya. Her er kystlynghei dominante på kollane, i veksling med langsmale myrar i sørkka. I sørvest finst gamle innmarksareal som no blir brukte som beite. I eldre tid kan delar av dette ha vore gjødsla med husdyrgjødsel, men dette viser i liten grad igjen i vegetasjonen i dag. Grasmarkene på øya kan derfor best klassifiserast som naturbeitemark. Omkring dei gamle innmarkene i sørvest er det eit par plantefelt. Langs sjøen dominerer strandberg og i buktene finst fragment av strandeng. Følgjande typar er registrert:

- G1a Fuktig fattigeng. Heisev-utforming
- G1b Fuktig fattigeng. Knappsev/lyssev-utforming
- G1c Fuktig fattigeng. Oseanisk finnskjegg-utforming
- G3 Sølvbunke-eng
- G4a Frisk fattigeng, engkvein-raudsvingel-gulaks-eng. Vanleg utforming
- G4b Frisk fattigeng, engkvein-raudsvingel-gulaks-eng. Jordnøtt-utforming
- H1a Tørr lynghei. Røsslyng-utforming
- H1c Tørr lynghei. Røsslyng-slåttestarr-torvull-utforming
- H2a Tørr gras-urterik hei. Fattig utforming
- H3a Fuktig lynghei. Røsslyng-blokkebær-utforming
- H3c Fuktig lynghei. Klokkelyng-rome-bjønnskjegg-utforming
- H3f Fuktig lynghei. Bjønnskjegg-utforming
- H3g Fuktig lynghei. Blåtopp-utforming
- H3h Fuktig lynghei. Kornstarr-utforming
- I7 Plantefelt
- K2b Fattigmyrvegetasjon, fattig tuemyr. Røsslyng-kysthei-utforming
- K3a Fattig fastmattemyr. Klokkelyng-rome-utforming
- K4a Fattig mjukmatte/lausbotnmyr. Mjukmatte-utforming
- K4b Fattig mjukmatte/lausbotnmyr. Lausbotn-utforming
- K4c Fattig mjukmatte/lausbotnmyr. Høgstarr-utforming (med flaskestarr)
- O5a/b Takrøyr-sevaks-sump. Takrøyr-utforming
- U3d Salin og brakk forstrand/panne. Strandstjerne/strandkjempe/strandkryp-utforming
- U4a Nedre og midtre salteng, saltgras-salteng. Fjøresaltgras-utforming
- U5a Øvre salteng, raudsvingel/saltsev-salteng.



FIGUR 243. Kystlynghei på Ulvøy.

Saltsev-utforming

U5b Øvre salteng, raudsvingel/saltsev-salteng.

Raudsvingel-utforming

U5c Øvre salteng, raudsvingel/saltsev-salteng.

Raudsvingel-fjørekoll-tiriltunge-utforming

U7 Brakkvasseng. Fjøresekks-utforming

U7 Brakkvasseng. Rustsekks-utforming

V1c Eittårig melde-tangvoll. Tangmelde-utforming

X1a Strandberg. Fattig utforming

Kulturmåverknad: Øya blir i dag beita av sau og øya har vore brukt som husdyrbeite til alle tider.

Artsfunn: takrøy, bergrøyrkvein, dvergsmyle, bråtestarr, tusenblad, jordnøtt, klokkeling, røsslyng, kystmaure, kystgrisøyre. Under feltarbeidet registrerte eg 90 artar på Ulvøy. Alt i alt er det registrert 174 artar karplanter på øya (Lundberg upubl. a).

Kulturspor: Ei lita bru knyt øya til Feøy (figur 230) og det går ein liten kjerreveg frå bruha til dei gamle gardshusa 100 m mot søraust.

Tilstand: Lyngheiane er ein dominerande vegetasjonstype og dei er store og samanhengande, dei er i liten grad prega av oppslag av tre og buskar og dei er i det heile svært intakte, utan tekniske inngrep.

Inngrep: I dag er det ingen fast busetnad på øya, men ein del hytter på aust- og vestsida. Frå gammalt av har det vore tre bruk på øya, men husa fungerer no som feriebustader.

Verdivurdering: Kystlynghei er ein dominerande landskapstypen på øya. Delar av denne er i god stand, men andre delar har gammal, grov lyng med mindre artsutval enn det ein finn i typar som blir skjøtta med beite og lyngbrenning. Verdien i dag blir derfor vurdert som B, men med potensiale til å bli A-område om ein tar i bruk brenning og sauebeite.

Kjelder: Lundberg (2003, upubl. a).

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.

Karmøy, Torvastad, Munkaskard

- Kartblad: 1113 I Haugesund
- UTM: KL 867-874, 886-889
- Kommune: Karmøy
- Inventør: Anders Lundberg
- Dato: Sjekka mot ortofoto frå 2002 i februar 2009
- Naturtype: D Kulturlandskap, E Ferskvatn/våtmark
- Utformingar: D04 Naturbeitemark, plantefelt (lite areal), E06 Viktig bekdedrag
- Verdi: A
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk



FIGUR 244. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

Lokalisatsomtale

Beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag: Området ligg aust for Torvastadvegen. Det meste av området hører til garden Håland (matrikkelnummer 138). I sørvest er det ein liten del som hører til garden Torvastad (matrikkelnummer 131). Området er vel 500 m breitt aust/vest og på det jamne 150-200 m nord/sør. Berggrunnen hører til Torvastad-gruppa med sine lettoppløyselege bergartar som gir grøderike jordsmonn og rikt planteliv. Over berggrunnen finst marine sediment. Det meste av området er naturbeitemark og myr; berre mindre delar i aust er overflatedyrka kunsteng. Avgrensinga er elles trekt utanom fulldyrka eng.

Dei to tjørnene har ei svært interessant naturhistorie som er avdekkja gjennom undersøkingane til Austad & Erichsen (1987). Dei ligg i dag 1,5 km frå sjøen, men i perioden Yngre Dryas (om lag 10.500 år før notid) var dei havbukter då havet gjekk inn her på den tida. Havet sto då omkring 22 m høgare enn i dag. Terskelen på tjørnene ligg knapt 18 m over dagens havnivå, og sjøen sto då fire meter over denne. I botnen av tjørnene er det marine sediment. Dei er inntil 11 m tukke og dei nedste (eldste) laga blei avsett under saltvatn for 12-13.000 år sia, i den perioden som blir kalla Bølling. Dei to tjørnene er ein av dei få plassana langs kysten det er kjent sediment som er så gamle, frå den seinglasiale perioden.

Naturtypar og utformingar: Naturtypane er ikkje kartlagte i detalj, men det finst naturbeitemark (truleg G4a), fukteng, vasskantvegetasjon og vassvegetasjon.

Artsmangfald: Artar som er kjende frå området er mellom anna takrøy, sjøsevaks, tiggarsoleie og stautpigknopp.

Påverknad/bruk: Husdyrbeite.

Truslar og tilstand: Tidlegare blei nokre av bekkane lukka. Det er ikkje bra for den naturlege reinskeevna til vassdraga. Bekkane er viktige for at natur og våtmarker skal fungere optimalt. Dei fungerer også som spreatingskorridorar for planter, fisk, amfibiar, fuglar og andre. Det går eit bekkeløp tvers gjennom området, frå nordvest (bruk 138/8), men det er lagt i røyr gjennom den sentrale delen av området (bruk 138/15 og 138/12). I den sentrale delen ligg to opne småvatn/kulpar, begge med ein spesiell flora.

Skjøtsel og omsyn: Det er ønskjeleg å gjenopne dei delane av bekkane som er lagt i røyr.

Verdivurdering: Området husar ei rekke sjeldsynte artar og naturtypar og blir vurdert som A-område.

Kjelder: Austad & Erichsen (1987); Lundberg (1998).

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 245. Dei to tjørnene på Munkaskard var havbukter i perioden yngre Dryas, då havet gjekk inn hit. Det er marine sediment i botnen av dei, avsette for 13.000-10.000 år sia.



FIGUR 246. Tjørna på Munkaskard er omkransa av sjøsevaks (*Schoenoplectus lacustris*).

Karmøy, Torvastad, Røvær, Bjørkevær

- **Kartblad:** 1113 i Haugesund
- **UTM:** KL 792-797, 922-933
- **Kommune:** Karmøy
- **Inventør:** Anders Lundberg
- **Dato:** 10.07.1996, sjekka mot ortofoto frå 2002 i februar 2009
- **Naturtype:** D Kulturlandskap, G Havstrand/kyst
- **Utformingar:** D07 Kystlynghei, A08 Kystmyr, E Ferskvatn, G Strandberg, G05 Små strandenger, G06 Tangvoll
- **Verdi:** A
- **Vegetasjonssone:** Boreonemoral
- **Vegetasjonsseksjon:** O3 Sterkt oseanisk

Lokalitetsomtale

Beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag: Bjørkevær er ein del av Røvær-øygruppa (som stort sett ligg i Haugesund kommune), men er eigd av folk frå Føynå (i Karmøy kommune). Øya er vel 1 km lang



FIGUR 247. Flyfoto som viser avgrensinga av øya.

og knapt 600 m brei på det breiaste. Samla omkrets er 4,1 km og arealet er 380 dekar. Høgaste punktet på øya ligg 29 m o.h. Berggrunnen er ein del av Karmøy ofiolitt-kompleks, m.a. med gabbro og putelava.

Naturtypar og utformingar: Vegetasjonen er beite-påverka og kystlynghei er den dominante vegetasjonstypen. Langs strendene er strandberga særskilt godt utvikla. I tillegg finst myr og ferskvassvegetasjon. Følgjande typer er i alle fall representerte:

- H1a Tørr lynghei. Røsslyng-utforming
- H1c Tørr lynghei. Røsslyng-slåttestarr-torvull-utforming
- H2a Tørr gras-urterik hei. Fattig utforming
- H3 Fuktig lynghei
- K3 Fattig fastmattemyr
- O3 Elvesnelle-starr-sump
- O5 Takrør-sevaks-sump
- P1a Langskot-vegetasjon. Tusenblad-tjørnaks-utforming
- P2a Flyteblad-vegetasjon. Flötgras-utforming
- P2c Flyteblad-vegetasjon. Vanleg tjørnaks-utforming
- U5a Øvre salteng. Raudsvingel/saltsev-salteng. Saltsev-utforming
- U5b Øvre salteng. Raudsvingel/saltsev-salteng. Raudsvingel-utforming
- U5c Øvre salteng. Raudsvingel/saltsev-salteng. Raudsvingel-fjerekoll-tiriltunge-utforming
- V1c Eittårig meldetangvoll. Tangmelde-utforming
- V2a Fleiårig gras/urte-tangvoll. Lågurt-utforming (med gåsemure)
- V2b Fleiårig gras/urte-tangvoll. Høgurt-utforming (med krushøymole)
- V5a Driftinfluert grus/stein-strand. Strandkvann-utforming
- X1a Strandberg. Fattig utforming

Artsmangfald: Det er registrert 115 artar karplanter på øya og det utgjer 42 % av artane som er kjende frå heile øygruppa Røvær (Lundberg upubl. b). Kystplantene er godt representerte i floraen, slike som blankburkne, bjønnkam, øyrevier, grøftesoleie, vårkål, søtbjørnebær, revebjølle, kystmaure, smalkjempe, vivendel, kysttjørnaks, ramslauk, knappsev, lyssev, heisev, bråtestarr, grønstarr, heistarr, knegras, englodnegras, dvergsmylje og geitsvingel. Lynghei er ein dominante vegetasjonstype og også heiartane er godt repre-



FIGUR 248. Det indre av Bjørkevær er ein mosaikk av bergknausar, kystlynghei og naturbeitemark som aldri har vore gjødsla. Det er ein ekstremt sjeldsynt naturtype i dag.



FIGUR 249. Røss-lyng som spiret etter brenning og gir beiter med god beiteverdi.

senterte, slike som røsslyng, klokkeling, tepperot, skrubbær, krekling, skogstjerne, gullris og flekkmarihand. Floraen har også eit lite innslag av litt varmekjære og noko edafisk kravfulle artar som rundskolm, gulmaure, lintorskemunn og grisnestarr. Strandplanter finst det mange av, slike som krushøymole, fjorekoll, tangmelde, strandsmelle, skjørbuksurt, kystbergknapp, gåsemure, strandkjeks, strandkvann, klengjemaure, skjoldberar, klourt, strandkjempe og saltsev. I dei mange små pyttane og dammane finst ei rekke vassplanter, som elvesnelle, myrhatt, kattehale, tusenblad, hesterumpe, vasshår, vanleg tjørnaks, kysttjørnaks, fløtgras, sumpsevaks og takrøyra.

Påverknad/bruk: Øya er beita av sau og lyngheiane har vore brente dei siste åra (figur 249).

Tilstand: Svær god. Heiane er både beita og brent og lyngen er frisk og i ein optimal utviklingsfase.

Skjøtsel og omsyn: Framhald med sauebeite.

Verdivurdering: Velutvikla og velskjøtta kystlynghei i prima stand og førekomst av naturbeitemarker som aldri har vore gjødsla gjer at øya blir eit A-område.

Kjelder: Lundberg (2002, upubl. b).


Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.

Karmøy, Åkra, Nedre Liknes

- **Kartblad:** 1113 II Skudeneshavn
- **UTM:** KL 823-828, 726-737
- **Kommune:** Karmøy
- **Inventør:** Anders Lundberg
- **Dato:** Mange gonger sia 1979, sist 11.08.2009.
- **Naturtype:** D Kulturlandskap, G Havstrand/kyst
- **Utformingar:** D04 Naturbeitemark, D Kulturbetemark, G02 Undervasseng, G03 Sanddyne, G05 Strandeng og strandsump, G06 Tangvoll, G Strandberg
- **Verdi:** A
- **Vegetasjonssone:** Boreonemoral
- **Vegetasjonsseksjon:** O3 Sterkt oseanisk

Lokalitetsomtale

Beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag: Området ligg stort sett på garden Nedre Liknes og grensar i nord til sanddyneområda frå Åkra til Øvre Liknes,



FIGUR 250. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

med Folanessanden og Liknessanden som nærmeste nabo i nord. Vidare sørover finn me buktene Selvikjå, Grotla, Gjerdesvågen, Bønasand, Gerpavika. I sør grensar området til Stavasanden. Området er i luftlinje 1,2 km langt (nord-sør), men kystlinja er lengre. Det er inntil 650 m breitt aust-vest. Delar av området er fulldyrka, andre delar er overflatedyrka og det finst småvegar (med ein variert kantvegetasjon), bustadhús og andre bygningar i området.

Naturtypar og utformingar: Vegetasjonen er dominert av naturbeitemark og kulturbetemark, i veksling med strandberg og små viker med sand- og grusstrender. Registrerte vegetasjonstypar:

- Kulturbetemark
- G4a Frisk fattigeng, engkvein-raudsvingel-gulakseng. Vanleg utforming (naturbeitemark)
- G Kamgras-eng
- H1a Tørr lynghei. Røsslyng-utforming
- I2 Vegkant-vegetasjon
- O5b Takrøy-sevaks-sump. Rik takrøy-utforming
- O5e Takrøy-sevaks-sump. Piggknopp-utforming
- P2a Flyteblad-vegetasjon. Fløtgras-utforming
- P2 Flyteblad-vegetasjon. Andmat-utforming
- P3 Krypsev-vegetasjon
- U2d Havgras/tjørnaks-undervasseng. Tjørnaks-utforming (med trådtjørnaks/busstjørnaks)
- U2e Havgras/tjørnaks-undervasseng. Hesterumpe-utforming
- U5a Øvre salteng, raudsvingel/saltsev-salteng. Saltsev-utforming
- U5b Øvre salteng, raudsvingel/saltsev-salteng. Raudsvingel-utforming
- U5c Øvre salteng, raudsvingel/saltsev-salteng. Raudsvingel-fjørekoll-tiriltunge-utforming
- U7a Brakkvasseng. Fjøresevaks-utforming
- U8e Brakkvassump. Strandrøy-utforming
- U9a Sumpstrand. Mjødurt-utforming
- V1c Eittårig melde-tangvoll. Tangmelde-utforming
- V2a Fleirårig gras/urte-tangvoll. Lågurt-utforming (med gåsemure)
- V2b Fleirårig gras/urte-tangvoll. Høgurt-utforming (med krushøymole)
- V2c Fleirårig gras/urte-tangvoll. Gras-utforming (med strandrug)
- V3 Ferskvasspåverka driftvoll
- V5a Driftinfluert grus/stein-strand. Strandkann-utforming
- V6a Fordyne. Strandkveke-utforming
- V6b Fordyne. Strandrug-utforming



FIGUR 251. Bådsvika med strandklipper, sandstrand og jordbrukslandskap.



FIGUR 252. Kulturlandskap med beitemark for sau, eng til slått, potetåker og strand med tangvollvegetasjon. Dei natur- og kulturhistoriske elementa spelar fin i lag og utgjer eit samanhengande heile.



FIGUR 253. Fossil rullesteinstrand danna då havet sto høgare enn i dag.

V6c Fordyne. Strandarve-utforming

X1a Strandberg. Fattig utforming

X2a Fuglegjødsla kystvegetasjon. Lav-utforming

Artsmangfald: Under synfaringa 11.08.2009 registrerte AL 137 artar karplanter; eit uvanleg høgt arts mangfald for eit område av denne storleiken. Ei årsak er det store mangfallet av naturtypar (sjå lista over vegetasjonstypar), kvar med sitt spesielle arts mangfald. Ei anna årsak er at delar av området er dekt med kalkrike sediment, særleg skjelsand. Floraen inneholder mange sjeldsynte planteartar, slike som trådtjørnaks/busttjørnaks, kjeldegras, strandkveke, grisnestarr (talrik), kystarve, tiggarsoleie, jáblom, raudknapp og fagerknoppurt. Soppfloraen i området blei undersøkt av Per Fadnes, Arne Vatten og Asbjørn Knutsen (Fadnes 2009) 26.09.2008 og av John Bjarne Jordal 14.10.2008. Dei registrerte m.a. dvergsmyle, heisev, hårvæve, kamgras, kornstorr, krypvier, kystbergknapp, kystgrisøyre, kystmyrklegg og sumpsevaks, artar som er vidt utbreidde i området. Det blei elles m.a. notert følgjande soppartar: kvit køllesopp (*Clavaria falcata*), mjølraudskivesopp *Entoloma pru-*

nuloides (NT), grå vokssopp *Hygrocybe irrigata*, seig vokssopp *Hygrocybe laeta*, kolmjølkehette *Mycena leucogala* og brunkanthette *Mycena olivaceomarginata*. Fadnes (2009) rapporterte dessutan mørktanna raudskivesopp *Entoloma serrulatum*, dynejordtunge *Geoglossum cookeanum* (NT), slimjordtunge *Geoglossum difforme* (EN), skjeljordtunge *Geoglossum fallax*, tinnvokssopp *Hygrocybe canescens* (EN), kantarellvokssopp *Hygrocybe cantharellus*, skjør vokssopp *Hygrocybe ceracea*, gul vokssopp *Hygrocybe chlorophana*, kjeglevoksopp *Hygrocybe conica*, spiss vokssopp *Hygrocybe persistens*, engvokssopp *Hygrocybe pratensis*, grøn vokssopp *Hygrocybe psittacina*, russelærvokssopp *Hygrocybe russocoriacea* (NT), krittvokssopp *Hygrocybe virginea* og vrangjordtunge *Thuemenidium atropurpureum* (NT). Særleg slimjordtunge og tinnvokssopp er svært sjeldne artar med få funn i landet.

Fuglefauna: Vipe, tjeld og åkerrikse (syngande) hekkar i området. To av desse står på den norske raudlista, vipe (nær trua, NT) og åkerrikse (kritisk trua, CR).



FIGUR 254. Seig vokssopp (*Hygrocybe laeta*) er ein bei-temarkssopp som likar seg i ugjødsla beitemarker. Foto: John Bjarne Jordal.



FIGUR 256. Tinnvokssopp (*Hygrocybe canescens*) er ein sjeldsynt sopp som berre er kjent frå nokre få stader i landet. Foto: John Bjarne Jordal.



FIGUR 255. Slimjordtunge (*Geoglossum difforme*) er ein sjeldsynt sopp som ikkje er kjent frå mange stader i landet. Foto: John Bjarne Jordal.



FIGUR 257. Vrangjordtunge (*Thuemenidium atropurpureum*). Foto: John Bjarne Jordal.

Vekkjerringar: Stol (2010) har undersøkt vekkjerring-faunaen i Bådvika. Han fant fire artar: sadelvekkjerring (*Lacinius ephippiatus*), skogvekkjerring (*Oligolophus tridens*), fjellvekkjerring (*Mitopus morio*) og hornvekkjerring (*Phalangium opilio*). Vekkjerringane er ein interessant del av det biologiske mangfaldet som me veit altfor lite om. Stol (2010) sine undersøkingar bidrar til å tette dette holet i kunnskapen vår.

Påverknad/bruk: Husdyrbeite.

Truslar: Gjødsling og hardt beitepress.

Tilstand: God hevd.

Skjøtsel og omsyn: Det er ønskjeleg med fortsatt moderat beitepress i området. Det er ikkje ønskjeleg med tekniske inngrep som vegbygging, bygging av brygger og anna.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei større, intakt naturbeitemark og kystlynghei med funn av mange indikatorartar og åtte raudlisteartar, av desse to svært sjeldne soppartar i kategori EN - sterkt trua på raudlista og ein kritisk trua (CR) fugleart (åkerrikse). Lokaliteten er dessutan del av eit større, heilskapleg og svært artsrikt og verdifullt kulturlandskap. Det finst og litt kamgrasenger, ein trua vegetasjonstype. Området utgjer eit heilskapleg og variert natur- og kulturlandskap og det forteiner status som landskapsvernområde.

Kjelder: Lundberg (1997, 1998), Fadnes (2009).

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.

Karmøy, Åkra, Stong

- **Kartblad:** 1113 I Haugesund
- **UTM:** KL
- **Kommune:** Karmøy
- **Inventørar:** Anders Lundberg og John Bjarne Jordal
- **Dato:** 23.06.1980 og 17.07.1982 (AL), 14.10.2008 (BJJ). Sjekka mot ortofoto i mars 2009.
- **Naturtype:** D Kulturlandskap, G Havstrand/kyst, E Ferskvatn
- **Utformingar:** D04 Naturbeitemark, E Vasskantvegetasjon, G05 Strandeng, G Strandberg
- **Verdi:** A
- **Vegetasjonssone:** Boreonemoral
- **Vegetasjonsseksjon:** O3 Sterkt oseanisk

Lokalitetsomtale

Beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag: Området ligg på ei halvøy sørvest for Åkrahamn, vest for Åkrasanden. Det er 360 m breitt frå vest til aust og om lag 200 langt frå sør til nord. I nord er det avgrensa av Stongvegen og nærings- og bustadområdet langs denne. I aust grensar det til Åkrasanden (Kaiasanden) og elles til sjøen. I undergrunnen finns marin skjelsand med høgt innhold av kalk. Jordmonnet er derfor rikt på kalsium og andre mineral som gir høge baseverdier (dvs. svært godt jordsmønnt).

Naturtypar og utformingar: I all hovudsak er området dominert av naturbeitemark, men det finns også mange småhabitat som gir rom for økologisk



FIGUR 258. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

spesialiserte artar. I små viker langs sjøen finns små strandenger. Det finst også små fuktige parti, med innslag av næringskrevjande planteartar. Langs små bekkar er det ein artsrik flora med innslag av sjeldsynte artar.

Registrerte vegetasjonstypar:

- G4 Frisk fattigeng, engkvein-raudsvingel-gulakseng (naturbeitemark)
- G11 Vekselfuktig, baserik eng (med blåstarr)
- O5 Takrøy-sevaks-sump
- U5a Øvre salteng, raudsvingel/saltsev-salteng. Saltsev-utforming
- U7a Brakkvasseng. Fjøresevaks-utforming
- U8 Brakkvassump. Havsevaks-utforming
- V1f Eittårig melde-tangvoll. Saftstjerneblom/strandbalderbrå-utforming
- V3 Ferskvasspåverka tangvoll (med kjeldegras)
- X1 Strandberg. Fattig utforming

Artsmangfald: Saftstjerneblom, karve, bogeminneblom, klourt, sandsev, havsevaks, grønstarr, fjørresevaks, saltsev, fjøresaulauk, takrøy, engmynte, kjeldegras, bogestarr, vårarve, blåstarr

Under ei synfaring 14.10.2008 registrerte John Bjarne Jordal følgjande soppartar i området: gul småkøllesopp (*Clavulinopsis helvola*), vorteraudskivesopp (*Entoloma papillatum*), skjør vokssopp (*Hygrocybe ceracea*), gul vokssopp (*Hygrocybe chlorophana*), mørnjevokssopp (*Hygrocybe coccinea*), kjeglevokssopp (*Hygrocybe conica*), seig vokssopp (*Hygrocybe laeta*), engvokssopp *Hygrocybe pratensis*, skarlagenvokssopp *Hygrocybe punicea*, slank flekkskivesopp (*Panaeolus acuminatus*), spiss fleinsopp (*Psilocybe semilanceata*) og sitronkragesopp (*Stropharia semiglobata*). Ingen av desse er sjeldsynte artar, men mange er avhengige av beiting.

Fuglefauna: Hekkefuglane slit med utbygginga i utkanten av området og er som hekkefuglar langt på veg skremt vekk frå området. Tidlegare har det vore kjent som hekkeområde for rødnebbterne, vipe (nær trua, NT) og tjeld.

Påverknad/bruk: Lokaliteten er beita av sau, og kanskje litt gjødsla på større grasflekkar. I vest er det restar av anlegg frå andre verdskrigen.

Truslar: Området er stort sett fritt for nyare inngrep; inngrepa er i omkringliggjande område, spesielt i nord. Dei siste åra har nærings- og bustadområda krope stadig nærmere dette viktige naturområdet og det er no stort behov for å stoppe vidare ekspansjon og utbygging her.



FIGUR 259. Stong sett mot vest.

Tilstand: God

Skjøtsel og omsyn: Naturbeitemarka er i aktiv bruk med beiting og dette bør halde fram.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei mindre, intakt naturbeitemark med funn av flere indikatorartar og regionalt sjeldsynte artar. Det finst innslag av kamgrasenger, ein trua vegetasjonstype.

Kjelder: Lundberg (1998)

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.

Karmøy, Åkra, Åkrasanden-Øvre Liknes

- Kartblad: 1113 I Haugesund og 1113 II Skudeneshavn
- UTM: KL 825-833, 735-744
- Kommune: Karmøy
- Inventør: Anders Lundberg
- Dato: Årleg sia 1979.
- Naturtype: G Havstrand/kyst, D Kulturlandskap
- Utformingar: G03 Sanddynner, D04 Naturbeitemark
- Verdi: A
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk



FIGUR 260. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

Lokalitetsomtale

Beliggenhet/avgrensning/naturgrunnlag: Dette utgjer dei nordlegaste delane av sanddynene på Karmøy. Strendene er bygde opp av finkorna, lettrenert, kalkrik skjelsand. Dei ytre delane av strendene har rein skjelsand, i indre, eldre delar er topplaget av sanden blanda med humus frå nedbrotne plantedelar. Sanden har høg pH, på ytre delar av stranda opp til 8,6 (i tangvollsona med sølvmedesamfunn). Der sanden er blanda med humus er pH-verdiane ikkje like høge, men likevel svært høge. Dei lågaste verdiane på Åkrasanden er 7,3, i frisk hestehavreeng. Dei artsrike dyneengene har pH-verdiar på 7,7-8,7, som er klart basisk og som gir grunnlag for ein spesielt artsrik flora (Lundberg 1982, 1987, 1993).

Områda utgjer delar av utmarkene til gardane, Åkra, Medhaug, Ådland, Fagerland og Øvre Liknes. Dei ulike sandstrendene har dels namn etter gardane, dels er dei oppkalte etter folk som budde i nærlieken. I nordvest ligg Kaiasanden og aust og søraust for denne ligg Åkrasanden, den siste ofte delt i Fystesanden og Andresanden (skilt av neset Andersklubben). Grensa mellom Åkrasanden (i nord) og Mehaugsanden (i sør) går tvers over neset Hedleklubben. Sør for Mehaugsanden ligg Ådland med sandstrand og strandberg. Sør for Ådland ligg Sjursanden på garden Fagerland og Lasanden på garden Øvre Liknes. Sør for Lasanden er det to små sandstrender mellom Farlandshammaren og Følaneset, Folanessanden og Liknessanden.

Naturtypar og utformingar: Vegetasjonen er dominert av sanddynner, og med mindre parti med

strandberg. I sanddynene er det fine soneringar frå sjøsida og innover land: tangvoll, fordyner, primærdyner, svingeldyner og dyneeng. Dei siste er svært artsrike med innslag av ei rekke sjeldsynte planteartar. Følgjande vegetasjonstypar finst:
G4 Frisk fattigeng, engkvein-raudsvingel-gulakseng (naturbeitemark), ugjødsla
G10 Hestehavre-eng med og utan åkertistel og/eller svartknoppurt
G11 Vekselfuktig, baserik eng
V1c Eittårig melde-tangvoll. Tangmelde-utforming
V1e Eittårig melde-tangvoll. Smånesle-utforming
V1f Eittårig melde-tangvoll. Saftstjerneblom/strandbalderbrå-utforming
V3 Ferskvasspåverka tangvoll (med kjeldegras, tiggarsoleie, krypkvein og froskesev)
V4a Driftinfluert sand-forstrand. Strandreddik-utforming (med nordsjøreddik)
V4c Driftinfluert sand-forstrand. Sodaurt-utforming



FIGUR 261. Sandstrender på Ådland og Medhaug. Sandtunga som går ut til dei to Medhaugsholmane blir kalla ein tombolo. Nemninga blir bruk om ei landtunge av sand som forbinder øyer med fastlandet. Det er ei sjeldsynt landform i Noreg. Tomboloer er dynamiske og blir stadig på- og nedbygde. Av og til forsvinn dei heilt, for så å kome tilbake igjen. Dynamikken er styrt av styrken i bølgjeslag og straumar i sjøen, noko som varierer gjennom året.

V4d Driftinfluert sand-forstrand. Sølvmelde-utforming

V6a Fordyne. Strandkveke-utforming

V6c Fordyne. Strandarve-utforming

V7a Primærteryne. Marehalm-utforming

V7b Primærteryne. Strandrug-utforming

W1 Svingel-dyne

W2b Dyneeng, tørreng-utforming (mange varianter), svært artsrik vegetasjonstype

X1 Strandberg, fattig utforming

Artsmangfald: Til saman er det registrert 182 artar karplanter i dette området slik det her er avgrensa (Lundberg 1983). Det er ekstremt mykje på så avgrensa areal. Dyneengene er dei mest artsrike naturtypane, men det er stor variasjon i arts mangfaldet frå dei ytre til dei indre delane av

sanddynelandskapet og derfor blir det totale arts mangfaldet uvanleg stort. Førekomsten av sølv melde på Åkrasanden er den nordlegaste i verda. Lodnerublom opptrer i ei eigen rase som skil seg klart frå innlandsrasane. Fleire artar på den norske raudlista veks i området. Det gjeld såleis sodaurt (EN) og myrflangre (EN), sjå fig. 262 og 263, som begge blir rekna som sterkt trua. Denne statusen er bakgrunnen for at Miljøverndepartementet har gitt Karmøy kommune eit spesielt ansvar for å sikre førekomensten av sodaurt. Andre raudliste artar er marinøkkel (NT), bakkesøte (NT), kjelde gras (NT) og brudespore (NT), som alle blir rekna som nær trua. Eit noko uventa innslag i floraen er fjellmarikåpe. Andre sjeldsynte artar i området er stortveblad og sølv melde.



FIGUR 262. Sodaurt (*Salsola kali*) blei registrert som ny for Karmøy på Sjursanden i 1997. Han har ikkje vore sett dei siste åra, truleg øydelagt av sandvolleyball. Framleis kan det vere frø i jorda og for å ta vare på dei flotte tangvollane må sandvolleyballspel ta slutt her.



FIGUR 263. Den sjeldsynte orkideen myrflangre (*Epipactis palustris*) blei oppdaga på Liknes i 1984, på verdas nordlagaste veksestad for arten. Eit par år seinare blei han beita vekk av stutar og har sia ikkje vore sett i området.



FIGUR 264. Orkideen brudespole (*Gymnadenia conopsea*) er talrik på to stader innanfor området.



FIGUR 265. Jærsøte (*Gentianella amarella* ssp. *septentrionalis*) er i Noreg berre kjent fra Jæren, Rennesøy og Karmøy.



FIGUR 266. I 1854 oppdaga botanikaren Fredrik Christian Schübeler ei svæve på Åkrasanden som ny for vitskapen (første funn i verda). Planta blei oppkalla etter han som først oppdaga henne: *Hieracium schübeleri*. Arten er framleis talrik på Åkrasanden.



FIGUR 267. Eng med prestekrage (*Leucanthemum vulgare*), blodstorkenebb (*Geranium sanguineum*) og andre.



FIGUR 268. Sølvmelde (*Atriplex laciniata*) er i Noreg berre kjent frå Lista, Jæren og Karmøy. Han er talrik på sandstrendene mellom Åkra og Liknes.



FIGUR 269. Marinøkkel (*Botrychium lunaria*) veks i sanddynebakkane.

I sandynene i området veks det også mange mosseartar, slike som dynehårstjerne (figur 271-273), storburst (figur 274-276), sandsilkemose, krypsilke-mose, hyllemose, palmemose, kammose, putevrimose og mange andre.

Den 14.10.2008 blei eit mindre område i den søre delen av det her avgrensa og omtalte området undersøkt av John Bjarne Jordal. Området ligg



FIGUR 270. Fiolett raudskivesopp (*Entoloma mougeotti*) er ein sjeldsynt, vakker, liten sopp i dei etablerte sanddynebakkane, som her på Ådland. Førekomsten på Ådland blei funnen under feltarbeid i august 2010 og er det første funnet i Rogaland. Soppen er 3-5 cm høg, hatten om lag 1-2 cm brei, blåsvart på farge og med finskjella midtparti. Stilken har same farge som hatten. Skivene er først blåkvite, seinare med ein tone av rosa (som på biletet). Soppen har lite lukt. Arten er knytta til kalkrike naturbitemarker. Han er i tilbakegang i Noreg og derfor raudlista og vurdert som nær trua (NT). Arten er ein av mange sjeldsynte og trua artar i sanddynene i dette området og som viser kor viktig det er å ta vare på dei.


søraust for Folaneset og her blei det m.a. registrert blåstarr, gjeldkarve, gulmaure, hjartegras, hårvæve, kamgras, kornstarr, krypvier, kystfrøstjerne, prestekrage, svartknoppurt, tusenfryd og vill-lin. Det blei elles m.a. notert følgjande soppartar: gul småfingersopp *Clavulinopsis corniculata*, rombespora raudskivesopp *Entoloma rhombisporum* (NT), brun engvokssopp *Hygrocybe colemanniana* (VU), kjeglevokssopp *Hygrocybe conica*, bitter vokssopp *Hygrocybe mucronella*, grøn vokssopp *Hygrocybe psittacina*, raudskivevokssopp *Hygrocybe quieta* (NT), russelærsvokssopp *Hygrocybe russocoriacea* (NT) og krittvokssopp *Hygrocybe virginea*. Mange av dei registrerte artane er kalkkrevjande.

Faktarute: Dynehårstjerne (*Syntrichia ruraliformis*)

Dynehårstjerne (*Syntrichia ruraliformis*) dannar typisk store, tette og brune matter i vind- og soleksponerte sanddynar, gjerne på sjøsida av dynene. Blada sit i stjerneforma kransar langs stengelen og dei har ein lang, tydeleg hårspiss, kvit på farge. Dynehårstjerne toler ei viss oversanding og arten er derfor viktig i stabliseringa av sanddynene. Han er også viktig for utviklinga av eit jordsmonn og han har dermed ei nøkkelrolle i dyneøkosystemet. Han er ein pionerart som gjer det mogeleg for andre artar å etablere seg. Han har evne til å halde på væte og det gjer at andre planter ikkje tørkar ut. Av og til veks han saman med koloniar av blågrønalga skyfall (*Nostoc muscorum*), som også er viktig for andre artar i sanddynene då han forsyner jordsmonnet med nitrogen i ei form som plantene kan gjere seg nytte av. Dynehårstjerne er ein av dei få mosane som veks i den ytre-midtre delen av sanddynene og han er spesialisert til det krevjande og spesialiserte miljøet i denne delen av sanddynene.



FIGUR 271. Utbreiinga av dynehårstjerne i Norden. I Noreg er han knytt til Sørvestlandet (sanddynene på Lista, Jæren og Karmøy) og Nordvestlandet (etter Hallingbäck et al. 2008).



FIGUR 272. Blad og bladspiss hos dynehårstjerne. Eit typisk trekk er den lange, fargelause bladspissen. Med lupe kan du sjå at spissen har taggar (etter Hallingbäck et al. 2008).



FIGUR 273. Dynehårstjerne (*Syntrichia ruraliformis*), her i tørr tilstand med blada samankrølla og vridde. Eit typisk trekk er også den kvite bladspissen.

Faktarute: Storbust (*Ditrichum flexicaule*)

Storbust (*Ditrichum flexicaule*) veks i tette, mjuke, brungrøne tuver. Arten utviklar sjeldsynt kapslar og vegetativ formering er vanleg, i form av skotspissar som løsnar, blir spreidde med vinden og festar seg til jorda på høvelege stader. Han veks i kalkrike sanddyner med open vegetasjon, alltid på soleksponerte og tørre stader. I sanddyne ne på Vest-Karmøy veks ofte saman med andre kalkkrevjande mosar som kammoset (Ctenidium molluscum), sandsilke-mose (Homalothecium lutescens) og putevrimose (Tortella tortuosa).



FIGUR 274. Blad og bladbasis hos storburst (etter Hallingbäck et al. 2006).



FIGUR 275. Kart som viser utbrei-ninga av storburst i Norden (lilla og lys lilla farge). Han er mest van- leg på kalkrike stader i fjellet (etter Hallingbäck et al. 2006), men veks også i sand- dyner.



FIGUR 276. Storbust (*Ditrichum flexicaule*) er ein indikatorart på kalkrike, veldrenerte dynebakkar.

Fuglefauna

Sandsvale hekkar i området. Området er eit viktig trekk- og overvintringsområde for mange fugleartar, mellom anna mange sjøfuglar, bergand (raudlista med status sårbar, VU), smålom og islom. Sjeldsynte artar som av og til rastar her er sabine-måke, myrpiplerke og tartarpiplerke.



FIGUR 277. Under trekket er sandstrendene viktige for mange trekkfuglar som her finn mat og kvile. Hundar må haldast i band. På biletet ser me ein steinvendar (Arenaria interpres) som finn mat i taredyngene.



FIGUR 278. Sandstrendene er viktige overvintringsområde for mange sjøfuglar og ender, slik som denne ha- vella (Clangula hyemalis).

Påverknad/bruk: Sanddyneområda er tidlegare beita, no blir dei berre brukte til turgåing året rundt og bading på fine dagar.

Inngrep: I bakkant av Medhaugsanden og Åkrasanden blei det på 1970-talet gravd ned eit kloakk-rør og eit par stader går det siderøyr med ureina kloakk rett ut i sjøen, m.a. på vestsida av Hedle-klubben og på nordsida av Sjursanden. Då denne traseen blei dekt med massar, brukte ein jord, ikkje lokal sand. Resultatet var at desse områda blei invaderte av åkertistel, skvallerkål og anna ugras i hundretusenvis. Dette vitnesbyrdet om manglande vit er framleis synleg i terrenget, om lag 40 år etter.

I si tid rann Mosbronbekken ut i overgangen mellom Åkrasanden og Medhaugsanden og langs

bekken vaks den ekstremt sjeldsynte arten vasskjeks. Det første funnet av vasskjeks herifrå skjedde i 1893, då farmasøyt Helga Eide Parr frå Haugesund samla han inn til universitetsherbariet i Oslo (der ligg belegget framleis). På slutten av 1960-åra blei Mosbronbekken lagt i røyr! Denne handlinga ville i dag bli karakterisert som miljøvandalisme. Det var eit stort nasjonalt tap at Mosbronbekken blei lagt i røyr og at vasskjeks dermed blei utrydda frå sin einaste veksestad i Nord-Rogaland. I dag står vasskjeks på den norske raudlista og blir rekna som trua i Noreg. I Karmøy er han dessverre utrydda.

Eit anna uheldig inngrep var bygginga av Raude Kross-bygget midt i dei artsrike dyneengene i den nordvestre delen av Åkrasanden. I dag har heile det området som her er omtalt busetnad tett inntil det som fram til no ikkje er nedbygd. Ophavleg gjekk bakdynelandskapet mykje lenger inn (aust-over) enn i dag, og det er derfor viktigare enn nokon gong å ikkje tillate vidare bustadbygging eller andre tekniske inngrep i det som no er igjen av dette unike landskapet med sitt eineståande arts mangfald. Karmøy kommune må ta eit hovudansvar for dette.

Truslar: Slitasje, utbygging, hardt beitepress (i visse delar av området), for lite beitepress (i andre delar). Det er svært urovekkjande at det er opna for bygging av bustadhus i baklandet av Lasanden/ Folasanden. Eitt hus blei bygd i 2009 og eit anna er i ferd med å kome opp i 2010. Husa er bygde i eit område som i mange år har vore LNF-område i kommuneplanen. Områda er artsrike bakdynelandskap. Våren 2010 er det også planar om graving i friområdet, men dette er mellombels stoppa etter protestar frå naboar. Det er førebels uavklart kva som vidare vil skje, men det er grunn til uro då dette er svært viktige område i høve til biologisk mangfald. Det har lenge vore kjent at det little området, ein liten "prikk" i eit "hav" av ikkje-natur (bustadfelt, vegar), husar ein svært stor del av det biologiske mangfaldet i heile kommunen. I det heile tatt er det svært uheldig at det er opna for husbygging i dette området, då det vil skape eit større press på dei viktige delane av sanddyneområda som framleis er igjen i dette området. Dersom me skal ha sanddyner med det spesielle særpreget som fram til i dag har karakterisert sanddynene frå Åkrasanden til Liknes, må

vidare utbygging i dette området stoppast. Umistelege verdiar står på spel.

Tilstand: Sanddynene er prega av noko slitasje, men mangfaldet av artar og naturtypar er svært stort.

Skjøtsel og omsyn: Delar av området er utsett for slitasje (men store delar er det ikkje). I dei slitasjeutsette områda, må forbodet mot sykling og moperar handhevast langt sterkare. Dette må skje i samarbeid med SNO og Friluftsrådet Vest, gjerne også i samarbeid med Åkra Utviklingsforum. Temaet var oppe på årsmøtet i Åkra Utviklingsforum 22.04.2010 og det var det semje om å arbeide for å dempe ulovleg aktivitet på Åkrasanden, gjennom opplysning og halldningsskapande arbeid.

Dei siste ti åra har det vore utført eit forsøksprosjekt med slått på delar av Åkrasanden, eit samarbeid mellom Anders Lundberg og Friluftsrådet Vest (Lundberg 2010). Føremålet har vore å halde ved like og utvikle arts mangfaldet og resultata er opploftande. Prosjektet bør førast vidare og det må vurderast om slåtten skal utvidast til større område.

Den sørlege delen av området har framleis preg av å vere jordbruksområde (i indre delar av sanddyneområdet). Her er det behov for å rettleie brukarane for å få til miljøvennlig drift som tar vare på det store og verdifulle biologiske mangfaldet som er i området. For å hindre at det skjer uheldige inngrep som kan gjere uoppretteleg skade, må det vurderast om det skal setjast i verk mellombels vern.

Verdivurdering: Sanddynar er sjeldsynte i Noreg og dei er ein sterkt trua naturtype. Det sanddyneområdet som her er omtalt inneheld mange ulike vegetasjonstypar og dei fleste av desse er sjeldsynte og trua naturtypar. Dei er også uvanleg artsrike med innslag av mange sjeldsynte og sårbare artar, inklusive mange raudlisteartar, både karplanter og sopp. Truleg er det mange andre sjeldsynte og trua artar av insekter, mosar, lav og andre gruppe som er lite kjent og kartlagt. Sandstrendene er også viktige trekklokalitetar. Verneverdiane i området er uvanleg store og utan tvil er dette eit A-område, ei av perlene i norsk natur.

Kjelder: Lundberg (1982, 1983, 1984, 1987, 1997, 1998).

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.

Strendene frå Stong til Syrevågen – framlegg om etablering av Vest-Karmøy landskapsvernområde

I omtalen av strendene frå Stong til Syrevågen har det kome fram at det her er eit uvanleg stort og spesielt biologisk mangfald og eit særprega kulturlandskap. Kysten er variert med ei veksling mellom strandberg, sandstrender og rullesteinstrender. I tillegg til dei store naturhistoriske verdiane, er det store kulturohistoriske verdiane, i form av førhistoriske nausttufter, hamneanlegg, bautasteinar og anna. Samtidig skjer det ein bit-for-bit erodering av desse verdiane gjennom bustadbygging, omregulering frå jordbruksområde til bustadfelt, dispensasjoner frå gjeldande reguleringsplanar, deponi av massar, utak av massar og slitasje. For å kunne ta vare på dei store verdiane – naturhistoriske, kulturohistoriske og friluftsmessige – inviterer dette til ei *samla og heilskapleg forvaltning* av heile kyststrekninga under eitt. Ein god måte å få dette til på er å etablere Vest-Karmøy landskapsvernområde i tråd med naturmangfaldlova. Framlegget om å etablere dette landskapsvernområdet blir grunngjeve i det følgjande.

Ei stor utfordring i høve til forvaltninga av strendene på Vest-Karmøy er at det aller meste er i privat eige. Åkrasanden, Medhaugsanden og Sandvesanden er sikra som friluftsområde, men dette hindrar ikkje at store naturverdiane går tapt. Resten av sandstrendene (Sjursanden, Lasanden, Stavasanden, Hemnessanden, Sandhålandsanden og Mjølhussanden, samt nokre mindre strender) har ikkje noko vern i det heile. Det same gjeld tilgrensande strandberg og rullesteinstrender. Alle nye og større tiltak krev likevel løye frå kommunen, men kommunen har ikkje noko samla, overordna og langsiktig perspektiv på forvaltninga av strendene på Vest-Karmøy, rett og slett fordi det aldri har vore utarbeidd nokon rapport som gjer greie for og oppsummerer dei verdiane som finst i dette området. Denne rapporten er den første som gjer det. Etableringa av eit landskapsvernområde langs kysten av Vest-Karmøy vil ikkje endre på eigedomstilhøva, dei vil framleis stort sett vere i privat eige.

Naturhistoriske verdiane

Kysten veksler som nemnt mellom strandberg,

sandstrender og rullesteinstrender, kvar av dei med mange ulike vegetasjons- og naturtypar. Sandstrender er ein sjeldsynt og trua naturtype i Noreg og styresmaktene tok i 2010 initiativ til å utarbeide ein nasjonal handlingsplan for sanddynner. Sanddynene på Karmøy er flotte og velutvikla, men sterkt pressa av utbygging i baklandet (som utgjer ein naturleg del av sanddynelandskapet og som det er like viktig å ta vare på som dei ytre, sjønære delane) gjer at dei stadig blir mindre og meir pressa. Langs kysten av Vest-Karmøy er det registrert mange ulike vegetasjonstypar. Omtalen av dei einskilde områda gjer detaljert greie for kva for nokre. Mange av desse vegetasjonstypane blir rekna som trua i Noreg. Det gjeld såleis dei fleste vegetasjonstypane på sandstrendene, men også kystlynghei og kulturbetinga enger. Langs strendene finst det også mange raudlista artar, både planteartar, fuglar og insekt og småkryp. Det finst såleis 26 raudlista karplanter i området, 12 raudlista soppartar, to raudlista edderkoppar og mange raudlista fugleartar som hekkar i området eller opptrer regelmessig på trekk. I ein litt større samanheng er strendene på Vest-Karmøy små, som ein liten strek på kartet, men det biologiske mangfaldet er stort og ruvande i internasjonal sammenheng. Dette har forvaltninga til no ikkje tatt omsyn til.

Kulturohistoriske verdiane

Nausttuftene på Hop, like sør for Ferkingstadhamn, er store og velkjente. Dei er automatisk freda som kulturminne etter kulturminnelova. Dei ligg på sørsida av Hopstjørnet, som er ei avsnørt bukt som står i kontakt med sjøen utanfor via ei smal renne. Då nausttuftene var i bruk, var renna breiare og djupare, men landheving har gjort at det ikkje lenger er mogeleg å gå inn med båtar her. Hopstjørnet og nausttuftene omkring er eit komplett førhistorisk hamneanlegg av imponerande storleik. I området finst også mange gamle bautasteiner, t.d. dei såkalla Skjoldmøyane på Stavasletta.

Det finst også mange kulturminne frå nyare tid. Eitt av dei er den gamle gravplassen på Ferking-

stad, som kan vere frå mellomalderen. Frå langt nyare tid er dei mange bunkersane frå andre verdskrigen, på Stong og Syreneset.

Friluftsinteresser

Åkrasanden, Medhaugsanden og Sandvesanden er avmerka som friluftsområde i kommuneplanen og dei blir forvalta av Friluftsrådet Vest. Resten av kyststrekninga, dvs. mesteparten, er ikkje sikra som friluftsområde og i liten grad tilrettelagt for friluftsliv. Det går ein kultursti frå Åkrasanden til naustuftene på Hop, men med liten grad av tilrettelegging og informasjon. Etablering av eit landskapsvernombord frå Stong til Syrevågen vil opne for langt større grad av tilrettelegging for friluftsliv langs heile kyststrekninga, i form av stiar, gjerdelyvarar og informasjon til publikum om både natur- og kulturhistoriske fenomen langs kysten. Ein viktig del ville også vere rettleiing til publikum om å ta omsyn til jordbruks- og husdyrhald.

Jordbruksinteresser

Etablering av Vest-Karmøy landskapsvernombord vil ikkje endre vesentleg på vanleg jordbruksdrift slik ho går føre seg i dag. Jordbruksdrift har bidratt til å skape det varierte og spennande kulturlandskapet som er i området i dag og fortsatt drift er viktig for å halde dette ved lag. Undersøkingane som ligg til grunn for denne rapporten har vist at det er eit stort og viktig biologisk mangfald i kulturlandskapet på Vest-Karmøy, både i dei ytre, sjønære delane og i dei indre delane, i sjølve jordbrukslandskapet. Dette gjeld både for planteliv, fuglefauna, insektliv og småkryp. Alle områda langs Vest-Karmøy er klassifiserte som A-område og dette kan utløyse økonomisk støtte gjennom

det regionale miljøprogrammet (RMP). Bønder som driv miljøvennleg vil kunne motta slik støtte også etter etableringa av eit landskapsvernombord.

Ei samanfattning

Framlegget om å etablere Vest-Karmøy landskapsvernombord har ei fagleg og forvaltningsmessig grunngjeving. Gjennom etableringa av eit landskapsvernombord vil ein kunne få til ei heilskapleg og langsiktig forvaltning som hindrar bit-for-bit nedbygging og erosjon av store verdiar. Vegen fram mot etablering av eit landskapsvernombord må vere ein prosess som inviterer til samarbeid om avgrensing og utforming. Alle involverte instansar må få høve til å uttale seg, grunneigarar, kommunen, Friluftsrådet, Fylkesmannen, frivillige organisasjonar, publikum osb.

Eit landskapsvernombord er ikkje det same som eit naturreservat. Landskapsvernombord blir oppretta for å ta vare på særprega natur- og/eller kulturlandskap og blir m.a. brukt for å ta vare på kulturlandskap som er i aktiv bruk. I landskapsvernombord er det ikkje lov å sette i gong tiltak som kan skade eller forringje landskapet eller natur- eller kulturhistoriske element i landskapet. Vanleg jordbruksdrift kan likevel gå føre seg som før, innan rama av det som blir avtalt (og som også kan inkludere økonomiske støttetiltak til jordbruksdrift). Jordbruksdrift på Haugalandet har lenge vore under press, jf. gjennomgangen s. 9–13, og etablering av Vest-Karmøy landskapsvernombord kan vere eit bidrag til å styrke eit berekraftig jordbruk på Vest-Karmøy. På same tid vil det bidra til å ta vare på dei store og umistelege natur- og kulturverdiane som finst her.

Tysvær, Førlandsvågen, inst

- **Kartblad:** 1113 I Haugesund
- **UTM:** KL 997-LL003, LL887-895
- **Kommune:** Tysvær
- **Inventør:** Anders Lundberg, saman med landbrukskonsulent Bente Helen Bergstøl Norvalls
- **Dato:** 18.06.2009 (AL og BHBN),
19.06.2009 (AL)
- **Naturtype:** G Havstrand
- **Utformingar:** G02 Undervasseng, G Forstrand, G05 Salteng, G07 Brakkvasseng, G Sumpstrand
- **Verdi:** A
- **Vegetasjonssone:** Boreonemoral
- **Vegetasjonsseksjon:** O3 Sterkt oseanisk

Lokalitetsomtale

Beliggenhet/lavgrensing/naturgrunnlag: Området ligg i den inste (nordre) delen av Førlandsfjorden, mellom gardane Nes og Førland.



FIGUR 279. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

Naturtypar og utformingar: Området er dekt av eit stort og variert strandeng-kompleks med undervassenger, forstrender, nedre, midtre og øvre strandenger og sumpstrenger i ulike utformingar:
U1 Ålegras/alge-undervasseng
U2g Havgras/tjørnaks-undervasseng. Dvergålegras-utforming
U3c Salin og brakk forstrand/panne. Bendel-utforming
U4a Nedre salteng, saltgras-salteng. Fjøresaltgras-utforming
U5a Midtre og øvre salteng, raudsvingel/saltsevsalteng. Saltsev-utforming
U5b Midtre og øvre salteng, raudsvingel/saltsevsalteng. Raudsvingel-utforming
U5c Midtre og øvre salteng, raudsvingel/saltsevsalteng. Raudsvingel-fjørekoll-tiriltunge-utforming
U7a Brakkvasseng. Fjøresevaks-utforming
U7d Brakkvasseng. Pøylestarr-utforming
U7e Brakkvasseng. Rustsevaks-utforming
U8a Brakkvassump. Pollsevaks-utforming
U8b Brakkvassump. Havsevaks-utforming
U8c Brakkvassump. Havstarr-utforming
U9a Sumpstrand. Mjødurt-utforming

Artsmangfald: Dvergålegras (raudlisteart), ålegras, havstarr, fjøresaulauk, saltsev, strandkjeks, gåsemure, fjøresaltgras, kveke, pollsevaks, rustsevaks, fjøresevaks, pøylestarr, saltbendel, pors, krypkvein, sverdlilje.

Påverknad/bruk: Delar av området blir beita av sau.

Truslar: Forureining og utslepp.

Tilstand: Strandeng-komplekset er særskilt godt utvikla med mange ulike utformingar og store areal.

Skjøtsel og omsyn: Ingen teknisk utbygging.

Verdivurdering: Strandengene er store og velutvikla, mellom dei største i regionen. Dvergålegras er ein raudlista art og blir rekna som sterkt trua i Noreg (EN). Det er utarbeidd ein eigen handlingsplan for å sikre arten i Noreg (Direktoratet for naturforvaltning 2010). A

Kjelder: Direktoratet for naturforvaltning (2010)

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 280. Strandenger og våtmarker i den indre delen av vågen. Strendene er langgrunne og delvis tørrlagte på fjøre sjø.



FIGUR 281. Pollsevaks (*Schoenoplectus tabernaemontani*) er talrik i den indre delen av vågen.



FIGUR 282A-B. Den sjeldsynte arten påylestarr (*Carex mackenziei*) er talrik i strandengene.



FIGUR 283. Raudstilk (*Tringa totanus*) hekkar i strandenga i den indre delen av vågen.

Tysvær, Høyetre

- **Kartblad:** 1113 i Haugesund
- **UTM:** KL 950, 852
- **Kommune:** Tysvær
- **Hovedtype landskap:** D Kulturlandskap
- **Naturtypar:** D Hagemark (D17?)
- **Tilstand:** Området var tidlegare halvopen hagemark, det vil seie grasdominert beitemark med spreidd tresetting. Etter at beitet tok slutt, har området grodd igjen og skogen er no heller tett med lite utvikla og triviell undervegetasjon.
- **Verdi:** -
- **Vegetasjonssone:** Boreonemoral
- **Vegetasjonsseksjon:** O3 Sterkt oseanisk
- **Undersøkt:** 25.06.2007
- **Inventør:** Anders Lundberg

Lokalisatskarakteristikk

Generelt: Namnet Høyetre viser at området etter gammalt har vore nyttet som beite ("trede"), jf. namn som Kalvatret, Steintre og liknande i distrikten. Høyetre ligg på sørsvida av Høyevatnet.

Vegetasjon: Artsfattig bjørkeskog.

Kulturmåverknad: Området blir framleis beita, men beitepresset er lågt.

Artsfunn: Ingen spesielle arter.

Kulturspor: Tufter og steingardar fortel at har var det folk og dyr i eldre tid, men det meste er no til nedfalls.

Tilstand: Den tidlegare hagemarka er i dag svært igjengrodd med bjørk og anna kratt. Området blei oppsøkt fordi det er kjent som ei gammal slåtteng



FIGUR 284. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

(Øygarden & Vorraa 2001), men slåtteng-preget er knapt synleg lenger. Arealet er også svært lite, men små rudiment kan framleis finnast under ein brakjebusk, for å seie det litt spøkefullt.

Inngrep: Ingen tekniske inngrep frå nyare tid.

Verdivurdering: Låg verdi for det biologiske mangalfallet.

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.

Tysvær, Høyevassdraget, Eikeskog-Hetland

- Kartblad: 1113 i Haugesund
- UTM: KL 950-983, 830-900
- Kommune: Tysvær
- Hovedtype landskap: D Kulturlandskap, A Myr, D Planteskog, E Ferskvatn/våtmark
- Naturtypar: D07 Kystlynghei, A08 Kystmyr, E Oligotrofe ferskvatn, D Bjørkeskog, D Plantefelt
- Tilstand: Sentrale delar av området har i dag svak eller ingen hevd og det er prega av gjengroing. Delar av området er tilplanta med ulike slag gran og furu og bartrea spreier seg spontant frå desse. Andre delar har grodd til med fattig bjørkeskog som er i ekspansjon. Andre delar er intensivt drive, med husdyrbeite og gjødsling og vegetasjonen er omdanna frå kystlynghei til moderne, grasdominerte kulturbete. Ei gruppe grunneigarar har planar om å begynne med villsaue og har tankar om inngjerding og anna skjøtsel. Dette kan bidra til ei positiv utvikling i kommande år.
- Verdi: C
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oceanisk
- Undersøkt: 25.06.2007
- Inventør: Anders Lundberg



FIGUR 285. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

Lokalitetskarakteristikk

Generelt: Det meste av Høyevassdraget er inkludert i avgrensinga her, frå Eikeskog i nord, til Hetland i sør. I vest grensar vassdraget til Førdefjorden og i aust til Førlandsfjorden. Området har mange vatn, som Langavatnet, Vågavatnet, Ådnvatnet, Mosvatnet og fleire. Til og frå dei mange vatna renn mange bekkar. Høgaste fjellet er Vårnuten (172 m o.h.). Andre høgare toppar er Rossafjellet (132 m o.h.), Ådnafjellet (126 m o.h.) og Slettafjellet (102 m o.h.).

Vegetasjon: I hundrevis, kanskje tusenvis av år har Høyevassdraget vore dominert av kystlynghei og myr, som begge var viktig i det lokale hushaldet, som beiteland for husdyr og som kjelde til brensel (torv). Hei og myr er framleis godt representert i

området, men har fått selskap av planteskog (barskog) som etter kvart er i spontan spreiing. Kystlyngheiane er representerte med tørre og fuktige utformingar. Røsslyng er ein dominerande art, i selskap med blåtopp, brakje (einer), mjølbær og bjønnkam. I sør- og vestvendte skråningar er det godt med purpurlyng, slik som ved Ådnafjellet. Her er også heistarr godt representert. I fuktheiane er det mykje klokkelryng, saman med blåtopp, torvull, bjønnskjegg, tepperot, rome og stjernestarr. I dalsøkk og lågareliggjande parti finst fattigmyr. **Kulturpåverknad:** Området har etter gammalt vore beita (lynghei) og i myrane har det vore skore torv. Nokre stader har lyngheia gått ut av bruk som beitemark, og der kjem skogen no, men andre stader er det i seinare år fornya interesse for å ta i bruk utmarksbeitene igjen. Eit døme er Jan Haukås på Haukås. Han eig og driv i dag bruk 4/3, og leiger 4/5 og 4/13. Han har 35 sauar og 60 lam som



FIGUR 286. Delar av Høyevassdraget mot vest, sett frå Ådnafjellet. Den gamle lyngmarka er i ferd med å bli bjørkeskog og plantefelta er markerte innslag i landskapet.



FIGUR 287. Ådnadalen i Høyevassdraget.



FIGUR 288. Hoggormen (*Vipera berus*) ser ein av og til i lyngheilandskapet, som her på Hetland.

beitar på 700 mål, mest lyngmark. I tillegg har han 15 kyr, 7 ungdyr og 7 kalvar som beitar på 36 mål kulturbete og om lag like mykje utmark (lynghei). Kyra går ute 15. mai til 1. oktober, sauene går ute heile året.

Ein annan brukar er Arnold Klingsheim, på bruk 4/10. Han overtok garden etter far sin i 1960 og har drive han sia. Han har 34 sauер og om lag 74 lam. Av storfe har han 6 kyr, 12 kalvar, 8 kviger og 2 stutar. Beiteane er om lag 200 mål. Sauetalet har vore høgare enn dette og i fjor hadde han 50 sauere og for fem år sia hadde han 90. Han meiner han ikkje kan ha færre sauere enn han har i dag og vil halde det på dette nivået framover. Beiteane på bruket skil seg frå beiteane på nabobruka omkring. Utmarkene på nabobruka er lyngmark, men på dette bruket (4/10) er lyngmarka omdanna til grasdominert kulturbete. Klingsheim starta denne omdanninga for 50 år sia og frå om lag 1960 brant han lyngen kvart år, ein teig i året. Myrane blei grøfta, og lyngmarkene blei kalka og gjødsla. Litt etter litt blei lyngmarkene omdanna til grasmarker. Der det før var lyng og brakje, er det no gras. Sauene går ute heile året, dei får mjøl og litt silo-gras om vinteren, etter behov. Dei et mest gras frå kulturbetet, men tar også raudn (rogn) og selje om dei finn det. Bjørk likar dei ikkje godt.

Artsfunn: Purpurlyng er vanleg, saman med mange andre kyststartar, t.d. heistarr. Området har eit rikt fugleliv, med mellom anna strandsnipe og raudstilk.

Tilstand: Både hei og myr er invadert av gran og



FIGUR 289. Padde (*Bufo bufo*) trivst i myrane i Høyevassdraget, her ved Nordtveit.

furu spreidde frå dei mange plantefelta, og dessutan av ung bjørk, rogn og rognasal. Innslaget av strid kråkefot i lyngheia fortel at beitepresset er svakt. I dei siste åra har det blitt fornva interesse for å bruke område til beite og det går no 40 vinterföra sauere i området. Dette kan vere positivt lokalt, men er for lite til å hindre vidare gjengroing i det store og heile.

Gjengroinga har skote fart i seinare år, noko også lokale bønder har lagt merke til. Bjarne Haukås på Haukås fortel såleis at bjørk og selje veks 1-1,5 meter i året.

Verdivurdering: Innslaget av planteskog er markert og denne er i sterkt spreieing. Slik området står fram i dag har det berre lokal verdi, men dette kan endre seg med skjøtsel i form av hogst og større beitepress. Klasse C.


Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.

Tysvær, Høye, Kalleviksøya

- Kartblad: 1113 i Haugesund
- UTM: KL 950-954, 880-888
- Kommune: Tysvær
- Inventør: Anders Lundberg
- Dato: 26.05.09
- Naturtype: D Kulturlandskap, F Skog, G Kyst og havstrand
- Utformingar: D04 Naturbeitemark, D07 Kystlynghei, F0204 Hasselkratt, F0702 Gammal bjørkesuksjon, G05 Strandeng, G Fattig strandberg
- Verdi: A
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk

Lokalisering

Beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag: Kalleviksøyna er ei halvøy som ligg under garden Kallevik. Halvøya ligg mellom Førresfjorden i vest og Sør-vågen i aust. Ho er om lag 800 m lang (nord-sør)



FIGUR 290. Flyfoto som viser avgrensinga av halvøya.

og 25-200 m brei. Topografien er småknudret med haugar opp til 15 m o.h. Det meste av halvøya ligg under 10 m o.h.

Naturtypar og utformingar: Kystlynghei er den dominante vegetasjonstypen, med tørre typer på toppen av knausane og fuktige typer i skråningar og søkk. I den sørlege delen er det ei langsmal ekre, om lag 300 m lang og 20 m brei. Vegetasjonen her er fuktig fattigeng med stort innslag av lyssev. Litt nord for midten av halvøya er ho kraftig innsnevra av bukter frå begge sider. I botnen av desse små vikene er det små strandenger som aukar variasjonen i naturtypar og artar.

A4b Blåbærskog (med bjørk). Blåbær-skrubbær-utforming

D2c Lågurt-edellauvskog, rike kysthasselkratt

G1b Fuktig fattigeng. Lyssev-utforming

G4a Frisk fattigeng, engvein-raudsvingel-gulaks-eng. Vanleg utforming

G4b Frisk fattigeng, engvein-raudsvingel-gulaks-eng. Jordnøtt-utforming

H1a Tørr lynghei. Røsslyng-utforming

H3a Fuktig lynghei. Røsslyng-blokkebær-utforming

H3c Fuktig lynghei. Klokkeling-rome-bjønnskjegg-utforming

U3c Salin og brakk forstrand/panne. Saltbendel-utforming

U4a Nedre og midtre salteng, saltgras-salteng. Fjøresaltgras-utforming

U5b Øvre salteng, raudsvingel-salteng. Raudsvingel-utforming

U7a Brakkvasseng. Fjøresekks-utforming

U7e Brakkvasseng. Rustsekks-utforming

X1a Strandberg. Fattig utforming

Artsmangfold: Vegetasjonen er dominert av artar typisk for kystlynghei, utan innslag av sjeldsynte artar. Røsslyng er ein karakterart i heiane, men også med markert innslag av blokkebær, blåbær, skrubbær og tytebær. I grasdominert naturbeitemark inngår artar som gulaks, finnskjegg, kystmaure og tviskjeggveronika. I dei små strandengene finst artar som fjøresaltgras, fjøresekks, rustsekks, fjørekoll og saltbendel. På strandberga finst typiske lavartar som vanleg messinglav og svaberglav.

Påverknad/bruk: For tida går det 23 villsauer pluss lam på beite på halvøya. Inntil 2007 blei området



FIGUR 291. Kystlynghei dekkjer store delar av Kalleviksøyene. Dei siste åra er det rydda oppslag av tre og kratt og halvøya blir beita av villsau.

beita av 10-15 stutar, men no er det berre villsau her. Nordre del av halvøya blei brent våren 2008, om lag 30-40 mål. Dette fekk vekk gammal og grov lyng og brakje og beiteverdien er vesentleg betra. Beitepresset har lenge vore moderat og det er oppslag av ung rogn, men sauene likar denne og et villig. Halvøya er i nyare tid innløyst av Tysvær kommune og vil blir forvalta som friluftsområde i regi av Friluftsrådet Vest.

Truslar: Ingen kjente.

Tilstand: Beiteverdien er i dag god på det meste av arealet.

Skjøtsel og omsyn: Det bør setjast i verk tiltak for å rydde større buskar av rogn og andre tre som er blitt så høge at sauene ikkje klarer å beite dei ned.

Verdivurdering: Velutvikla kystlynghei gjer at området har stor verdi, både som utmarksbeite og for å ta vare på kystlynghei med tilhøyrande biologisk mangfald. Eigaren av villsauene er svært engasjert og motivert og han har alt gjort ein flott innsats



FIGUR 292. Villsau går på beite heile året.

for å ta vare på og utvikle kvalitetane i området. Han fortener all mogeleg støtte og oppmuntring for vidare innsats.

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.

Tysvær, Krosshaug-Såt


- Kartblad: 1113 i Haugesund
- UTM: KL 927-935, 920-937
- Kommune: Tysvær
- Hovudtype landskap: D Kulturlandskap, A Myr
- Naturtypar: D07 Kystlynghei, A08 Kystmyr (fattigmyr, intermediærrik myr), A0601 Rike sig
- Tilstand: God hevd med husdyrbeite. Delar av området er nyleg brent og det har ført til ei fornying av beiteverdien og bidrar til å auke det biologiske mangfaldet.
- Verdi: B
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oseanisk
- Undersøkt: 12.06.2008
- Inventør: Anders Lundberg

Lokalisatskarakteristikk

Generelt: Området grensar i vest til det omtalte området "Aust for Steinsfjellet" i Haugesund kommune, sjå s. 32. Beite og brenning bidrar til å halde ved lag beiteverdiane og det biologiske mangfaldet. Dette er eit levande kulturlandskap med lange tradisjonar. Fjelltoppen Såt er det høgaste punktet i området, 239 m o.h.

Vegetasjon: Vegetasjonen er dominert av røsslynghei, av typen H1a. Område som nyleg er brent har for tida mykje smyle, og utgjer den vegetasjons typen som blir kalla H2, tørr gras-urterik hei. Mellom toppane finst små dalmyrar, helst fattigmyr av typen K3. Eit påfallande trekk i vegetasjonen er små rike sig. Dei dekkjer små areal, men er meir artsrike enn omkringliggjande område. Her inngår noko meir krevjande artar som engstarr, grønstarr og myrsaulauk. I botnsjiktet opptrer edafisk krevjande artar som stormakkmosse, raudmakkmose (tidlegare kalt brunklomose) og myrstjernemose. Dei opptrer i små teppe med duse fargar i gult og brunt og er nokre av dei vakraste mosane me har i den norske naturen. Registrerte vegetasjonstypar:

- H1a Tørr lynghei. Røsslyng-utforming
- H1c Tørr lynghei. Røsslyng-slåttestarr-torvull-utforming
- H2a Tørr gras-urterik hei. Fattig utforming



FIGUR 293. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

- H3a Fuktig lynghei. Røsslyng-blokkebær-utforming
- H3c Fuktig lynghei. Klokkelyng-rome-bjønnskjegg-utforming
- H3f Fuktig lynghei. Bjønnskjegg-utforming
- H3g Fuktig lynghei. Blåtopp-utforming
- K3a Fattig fastmattemyr. Klokkelyng-rome-utforming
- M2 Middelsrik fastmattemyr

Kulturpåverkanad: Området er brukt til husdyrbeite og delar av det har nyleg vore svidd av. Det har fått vekk brakjen, som blir drepen av brann.

Artsfunn: Pors er vanleg i området, på fuktige stader. Han indikerer god bonitet med mykje nitrogen i jorda og høg beiteverdi. Sjå elles punktet vegetasjon.

Kulturspor: Området er gjerdet inn og det finst gamle torvhus i stein, men elles finst ingen tekniske inngrep.



FIGUR 294. Kystlynghei ved Krosshaug-Såt.



FIGUR 295. Kystlynghei og myr som er tatt i bruk igjen som beitemark.



FIGUR 296. Gammalt torvhus som blei bruk til tørking og oppbevaring av torv.

Tilstand: Dei sentrale delane av området er store, samanhengande og intakte lystheiområde utan oppslag av buskar og tre. I tilgrensande område er det ei viss tilgroing, m.a. på Førre-sida, men dette blir delvis halde i sjakk av eksisterande beite. Dei delane som nyleg har vore brente, skil seg frå resten av området. Delar som er brent har mykje ung og frisk lyng, med innslag av små, lyskrevjande urter som tiriltunge, tepperot og andre. Nokre felt er i dag dominerte av graset smyle, som er typisk i ein tidleg utviklingsfase etter brann. Brannen frigjer nitrogen som er bunde i lyngen og andre planter, og jorda i brannfeltene er derfor rike på nitrogen (som alle plantene treng for å vekse). Etter kvart som desse brannfeltene blir eldre, vil lyngen (som no er ung og liten) ta over og det blir mindre smyle. Dette er ein naturleg utviklingsgang som er positiv for beiteverdien. Smyle er eit rimeleg godt beitegras om sommaren, men ung røsslyng har meir beiteverdi på årsbasis.

Dei delane som ikkje nyleg er brente, har eldre og grovere lyng og meir innslag av brakje. Desse lystheiane er likevel godt intakte. Dersom desse delane blir brent, vil beiteverdien auke vesentleg og det same gjeld artsmangfaldet.

Det er mogeleg at nybrente område i det siste har vore gjødsla med kunstgjødsel. Dette vil bidra til meir grasdominans og mindre lyng. I sommarhalvåret kan dette gi brukbare beiter, men gir mindre beiteverdi om vinteren enn velskjøtta lyngdominerte område. Gjødsling hindrar utvikling av lyngbeiter.

Verdivurdering: Området har høg verdi for det biologiske mangfaldet og som beiteland. Det blir klassifisert som eit B-område. Dersom beitet held fram og større område blir brent utan at det blir gjødsla, kan det oppgraderast til A-område.

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.

Tysvær, Sørvåg

- **Kartblad:** 1113 I Haugesund
- **UTM:** KL 962-978, 876-893
- **Kommune:** Tysvær
- **Inventør:** Anders Lundberg
- **Dato:** 26.05.2009
- **Naturtype:** D Kulturlandskap, A Myr og kjelde, E Ferskvatn/vårmark, F Skog
- **Utformingar:** D07 Kystlynghei, A08 Kystmyr, E1002 Lite myrtjern og myrpytt, F0702 Gammal bjørkesuksjon
- **Verdi:** Delar som er brent og beite er A-område; delar med gammal, grov lyng er B-område. Desse kan bli A-område om dei blir brent og stelt.
- **Vegetasjonssone:** Boreonemoral
- **Vegetasjonsseksjon:** O3 Sterkt oseanisk

Lokalisering

Beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag: Området hører til gardane Sørvåg, her avgrensa til bruka 68/1, 68/7 og 67/1. Området ligg aust for Sørvågen, aust for Høyevegen og går austover til den gamle grensa mot Tysvær, det vil seie gardane på Rønnevik-sida. Inntil kommunerevisjonen av 1965 var området ein del av Avaldsnes herad. Området er om lag 1,5 km breidt (aust-vest) og noko kortare nord-sør. I aust grensar området til Guritjørna, i nord til Heretjørn. I sør inngår Longavatnet. I den vestre delen når Husafjellet opp i 74 m o.h., mens Rossafjellet lenger aust er 132 m høgt.

Naturtypar og utformingar: Det meste av området, minst 80 %, er kystlynghei i ulike utformingar. I



FIGUR 297. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

søkk og små dalar finst kystmyr (fattigmyr), såleis nord for Rossafjellet, sørvest for Guritjørna og nordvest for Longavatnet. I lia vest for Rossafjellet, ved Olderbrekkaugen, er det eit større plantefelt, om lag 800 m langt og 80-200 m breitt. Over det meste av området er det oppslag av ung og spreidd bjørk.

A4b Blåbærskog. Blåbær-skrubbær-utforming

H1a Tørr lynghei. Røsslyng-utforming

H1c Tørr lynghei. Røsslyng-slåttestarr-torvull-utforming

H3a Fuktig lynghei. Røsslyng-blokkebær-utforming

H3c Fuktig lynghei. Klokkeling-rome-bjønnskjegg-utforming

H3d Fuktig lynghei. Klokkeling-rome-heigråmose-utforming

H3f Fuktig lynghei. Bjønnskjegg-utforming

H3g Fuktig lynghei. Blåtopp-utforming

I7 Plantefelt

K2-3 Fattig tuemyr/fasmattemyr (= A08 kystmyr)

O3 Elvesnelle-starr-sump

Arts mangfold: Artsmangfaldet er typisk for kystlynghei, med dominans av vidt utbreidde og vanlege artar. Røsslyng er talrik, saman med blåtopp, heiblåfjør, skogstjerne, rome, bjønnkam og klokkeling. Heigråmose opptrer flekkvis i stor mengd.

Påverknad/bruk: I eldre tid, fram til 1970-talet, blei området brukt som sauebeite, før det også av storfe, men etter 1970-talet har det ikkje vore beita av husdyr fram til nyleg. På 1960-talet var det ein større lyngbrann i området. Brannen starta på Rønnevik-sida og breidde seg vestover mot Sørvåg, nordover til Aksdalvatnet og sør til Longavatnet. Dei siste to åra har det gått inntil 32 høglandsfe, vaksne og kalvar/ungdyr, på utmarksbeite i området. I løpet av nær framtid kjem det 8 kalvar til. Talet på dyr har vore aukande. Høglandsfe gjer ein god jobb som beiteryddarar og et villig både ungfuru og -bjørk. Store delar av området er nyleg gjerdar inn og tatt i bruk igjen til husdyrbeite.

Truslar: Bjørk og furu er talrik i området og har spreidd seg mykle. Trear er komne i frømoden alder og om ingen ting blir gjort, vil gjengroinga skyte fart. Grunneigaren på 68/7, Ove Stumo, er i gang med å ta ut skog frå området med tanke på å utvikle utmarksbeitet. Dette er ein meir enn stor jobb, men Stumo er svært engasjert og motivert og han klarer det utrulege. Han disponerer også utmar-



FIGUR 298. Fuktig llyngheti i ferd med å invaderast av bjørk og furu. Dei siste åra er denne trenden snudd, gjennom husdyrbeite, lyngbrenning og uttak av skog.

ka til bruk 67/1 (på tiårskontrakt) og samarbeider med Helge Sørvåg på 68/1.

Tilstand: Jamvel om kystlynghei per i dag er ein dominerande type, er gjengroinga komen langt.

Skjøtsel og omsyn: Dersom planane om å ta ut store mengder skog blir realiserte, vil dette kunne utvikle seg til ei stor og fin kystlynghei.


Verdivurdering: Den langt komne gjengroinga er ei utfordring i dette området, men det auka beitepresset som har vore dei siste åra (høglandsfe og sau) gjer at ungskogen ikkje kjem vidare opp og høglandsfeet tar også ungtre. Våren 2010 blei

det svidd om lag 300 mål llyngheti nord for Longavatnet og planen er å svi meir i 2011. Dei delane som nyleg er svidde har verdi A. Slik situasjonen er i dag og med den gode utviklinga området er inne i, blir resten av området vurdert som klasse B. Verdien av området vil auke med meir brenning og uttak av skog. Då kan det som no er vurdert som B-område fort bli A-område.

Stedkvalitet: Avgrensinga av området følgjer eige domsgrensene for bruk 67/1, 68/1 og 68/7. Avgrensinga er nøyaktigare enn 5 m.

Tysvær, Valhest

- Kartblad: 1113 i Haugesund
- UTM: KL 960-990, 930-999
- Kommune: Tysvær
- Hovudtype landskap: D Kulturlandskap, A Myr
- Naturtypar: D07 Kystlynghei, A08 Kystmyr
- Tilstand: Svak-god hevd. Området har eit lågt beitetrykk frå sau og er i liten grad påverka av gjengroing. På lang sikt er det noverande beitetrykket for lite til å hindre invasjon av buskar og tre, men dette vil i alle fall ta nokre tiår, med tanke på avstanden til nærmeste skogar.
- Verdi: A
- Vegetasjonssone: Boreonemoral
- Vegetasjonsseksjon: O3 Sterkt oceanisk
- Undersøkt: 26.06.2007
- Inventør: Anders Lundberg



FIGUR 299. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

Lokalitetskarakteristikk

Generelt: Det undersøkte området utgjer om lag 15 km², med fjellet Valhest (313 m o.h.) som eit sentralt landemerke. Det strekkjer seg frå Liland i nord, via Sunnfjord og Våg, til Grinde og Aksdal i sør. I vest ligg garden Stakkestad og Stakkestadvatnet. Heile dette området utgjer utmarkene til gardane omkring.

Vegetasjon: Vegetasjonen er ein mosaikk av lynghei (røsslyng med fleire), grashei (blåtopp) og myr (kystmyr). Det er litt brakje, men ikkje påfallande mykle og elles ingen teikn til gjengroing.
Kulturpåverknad: Valhest og området omkring har vore nytta som utmarksbeite og til torvtaking. Spora etter torvinna er framleis lett synlege i form av torvhus, torvskjør, torvkjæringskantar og myrflater i rektangulære mønstre og ulike høgder.
Artsfunn: Planteartane er typiske for kystlynghei. Førekomsten av strid kråkefot og mjuk kråkefot, som begge er beitesvake, indikerer lågt beitetrykk. I heiåane er det dominans av blåtopp, med innslag av røsslyng, storbjønnskjegg, tepperot, lusegras, rome, stjernestarr, heiblåfjør, lusegras, flekkmariahend og klokkelyng. Artssamansetjinga er som i hei dominert av røsslyng. Andre typiske heiatar er bjønnkam, kattefot (som er i tilbakegang i distriktet), tettegras, mjølbær og kornstarr. Under

synfaringa såg eg to heiloar, som også er (var) typisk i kystlyngheiane på Haugalandet, men som har vore i tilbakegang dei siste åra.

Tilstand: Området blir framleis beita av sau, men beitepresset er lågt. Blåtopp.

Inngrep: I utkanten av området er det nokre plantefelt (bartre), men ingen av dei har spreidd seg inn i området.

Verdivurdering: Området er stort og dominert av kysthei. Det er ikkje optimalt at blåtopphei er meir dominerande enn røsslynghei, men dette treng ikkje vere ein evigvarande tilstand. Framveksten av blåtoppheiane skuldast i stor grad sur nedbør med nitrogeninnhald, men er blitt forsterka av at lyngen i lyngheiane ikkje er blitt skjøtta på mange år. Då lyngen blei brent og beita, heldt han seg yngre og i betre helsetilstand. Då han blei overlatt til seg sjølv for 50-60 år sia, blei han gammal og svekka og blåtopp hadde lettare for å konkurrera han ut. Om heiåane igjen blir beita og brent, kan røsslyngen



FIGUR 300. Valhest sett frå aust, med hei dominert av blåtopp og myr. Området blir beita av sau, men beitetrykket er lågt og området har kapasitet for fleire beitedyrr.



FIGUR 301. Valhest sett frå vest, frå Stakkestadsidea. I venstre kanten av biletet ser ein unge, spreidde bjørketre, men elles er området ope og dominert av hei og myr. Myrane er varierte og artsrike.



FIGUR 302. Torvmyr på Valhest. Dei gamle torvskjeringskantane er framleis synlege. Torvmyrane husar ein viktig del av variasjonen i insektfaunaen, fuglefaunaen og plantelivet.



FIGUR 303. Kvitmøyak (*Rhynchospora alba*) er ein vanleg art i myrane i Valhestområdet, her frå Stakkestad.



FIGUR 304. Brunmøyak (*Rhynchospora fusca*) er svært sjeldsynt i regionen, men er her talrik i Valhestområdet.



FIGUR 305. Myrkråkefot (*Lycopodiella inundata*) er sjeldsynt i regionen, men her i ein talrik førekommst ved Valhest.




FIGUR 306. Sevblom (*Scheuchzeria palustris*) i Valhest-området. Arten er sjeldsynt på ytre Vestlandet. Han veks i mjukmatter og lausbotn i våt, næringsfattig myr. Ein flott art!

spire på ny og bli meir konkurrsedyktig. Lyng-heilandskapet er eit dynamisk landskap og kva tilstand det er i til eikvar tid, kjem an på bruken. Området er i dag stort og på mange måtar urørt, og det har eit stort potensiale til å bli av ennå

større verdi som eit typeområde på vestnorsk kyst-lynghei. Valhest-området blir derfor vurdert som svært verdifullt, klasse A. Om denne vurderinga skal stå ved lag, krev det meir beite og brenning. Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.

Tysvær, Voll-Hetlandsågen

- **Kartblad:** 1113 I Haugesund
- **UTM:** KL 95, 85
- **Kommune:** Tysvær
- **Inventør:** Anders Lundberg, saman med grunneigar Leif Hauge og landbrukskonsulent Bente Helen Bergstøl Norvalls
- **Dato:** 18.06.2009
- **Naturtype:** D Kulturlandskap, A Myr, E Ferskvatn/våtmark
- **Utformingar:** D07 Kystlynghei, D0701 Tørrhei, D0703 Fukthei, A08 Kystmyr, E Vasskantvegetasjon
- **Verdi:** Område som er brent og beita er A-område; område med grov, gammal lyng er B-område. Desse kan bli A-område der som dei blir brent, beita og ikkje gjødsla.
- **Vegetasjonssone:** Boreonemoral
- **Vegetasjonsseksjon:** O3 Sterkt oceanisk



Lokalisering

Beliggenhet/avgrensing/naturgrunnlag: Området er om lag 2000 mål stort og ligg sør for tunet på garden Voll (g.br. nr. 63/1), frå Vollavatnet i nord til Hetlandsågen og Mosvatnet i sør. I søraust går grensa omtrent ved den gamle grensa mellom Tysvær og Haukås, i aust langs vestsida av Ulvavatnet og vestsida av Hallsteinsvatnet. Landskapet er småkupert og gjennomskåre av nordvest/søraust-gåande dalar i sprekksoner i berggrunnen.

Naturtypar og utformingar: Landskapet er dominert av kystlynghei, i mosaikk med kystmyr (i dalar og sokk) og ferskvatn. I delar av området er det bjørkeskog med røsslyng i undervegetasjonen. Skogen er utvikla frå kystlynghei under gjengroing og han er ung og framleis dominert av artar frå kystlyngheia han er utvikla frå.

A7 Grasdominert fattigskog. Blåtopp-utforming (med mykje røsslyng)
H1a Tørr lynghei. Røsslyng-utforming
H1b Tørr lynghei. Purpurlyng-utforming
H3c Fuktig lynghei. Klokkelyng-rome-bjønnskjegg-utforming
H3g Fuktig lynghei. Blåtopp-utforming
I7 Plantefelt (med buskfuru)
K3a Fattig fastmattemyr. Klokkelyng-rome-utforming (kystmyr)
O5 Takrøyr-sevaks-sump

FIGUR 307. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

Artsmangfald: I kystlyngheia veks mange typiske artar, som røsslyng, klokkelyng, (i fuktige parti), purpurlyng (sørskråninga av Storsåt), blåtopp, einer, rome, heiblåfjør, tepperot, storbjønnskjegg, pors (som forsyner jorda med plantetilgjengeleg nitrogen og som dermed forbetrar kvaliteten på beitene), mjølbær (på skrinne berg), flekkmarthand, mjuk kråkefot og skogstjerne. I myrane veks artar som rundsoldogg, dikesoldogg, smalsoldogg, gytjeblærerot, tranebær og kvitlyng. I vestenden av Hallsteinsvatnet veks takrøyr.

Påverknad/bruk: Dagens brukarar, Leif Høie og tre andre brukarar, hadde per 2009 78 vinterfora vill-sauer på beite i området, men i 2010 er det auka til 100. Dei har hatt sauher sia 2006. Før den tid hadde det ikkje gått sauher på 30 år. Lyngen var i ferd med å bli stor og grov, men beitet endrar no på dette. Beitet har ein positiv effekt på kvaliteten av utmarksbeitet. Sauene får litt kraftfor om vinteren, men elles beitar dei på det dei finn i utmarka. I lyngheia er det noko oppslag av rogn, men denne blir beita av sauene og halden nede.

Truslar: I delar av området er gjengroinga med



FIGUR 308. Villsau på utmarksbeite.

bjørk komen langt og det er utvikla ein ung skog. I andre delar er landskapet framleis ope med kystlynghei og myr. I det opne landskapet dempar/hindrar villsauene vidare gjengroing, men i dei områda der det er større tre, treklynger og skog klare dei ikkje å hindre vidare spreiling. Dette gjeld m.a. i nordvest. Skogen i denne delen av området må ryddast.

Tilstand: Lyngheia er i ferd med å bli i god stand pga. beiting frå villsau.

Skjøtsel og omsyn: Det er behov for å halde fram med beitinga i åra framover. Brukarane gjer ein flott jobb med å restaurere og halde ved like dette viktige landskapet. Dette bør oppmuntrast. Mykje av lyngen er framleis grov og gammal og for å betre kvaliteten på beitene er det behov for brenning. Dette bør oppmuntrast frå no av. Det bør ryddast skog der trea er blitt for store til at sauene klarer å beite dei ned.

Verdivurdering: Velutvikla kystlynghei og fine

utformingar av kystmyr, alle med store areal, er eit typisk trekk ved området. Det blir i dag aktivt skjøtta med villsau og det gjer at området blir tatt godt vare på som utmarksbeite og kulturlandskap. Området er representativt for kystlynghei og myr i Tysvær kommune, men dessverre er det ikkje mange slike område igjen som framleis er i aktiv bruk som beiteland. Det gjer det ekstra viktig å støtte dei få som er igjen og som gjer ein flott innsats for å ta vare på karakteristiske kulturlandskap, tilhøyrande biologisk mangfald og produksjon av kortreist mat av høg kvalitet. Dei delane som er brent og beita er A-område. Lyngmark som ikkje er brent og som i dag har gammal og grov lyng er B-område. Område med ung bjørkeskog har liten verdi i høve til biologisk mangfald, lågare enn verdi C. B-område kan utvikle seg til A-område om dei blir brente. Område som i dag har skog, kan få høgare verdi om skogen blir rydda.
Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 309. Lynghei er eit dominerande landskapstrekk i delar av området, men skog og tre har vore i spreiing.



FIGUR 310. Gjengroing har breidd om seg, men dei siste åra er det blitt fornva bruk av området og utviklinga er inne i ein god prosess.

Tysvær, Våg, Hodnafjell

- **Kartblad:** 1113 IV Skjoldastraumen
- **UTM:** LM 000-010, 970-975
- **Kommune:** Tysvær
- **Hovedtype landskap:** D Kulturlandskap, A Myr
- **Naturtypar:** D Kulturbeteite, D07 Kystlynghei, A08 Kystmyr
- **Tilstand:** God hevd, men lågt biologisk mangfold på grunn av intensivt beite og gjødsling.
- **Verdi:** -
- **Vegetasjonssone:** Boreonemoral
- **Vegetasjonsseksjon:** O3 Sterkt oseanisk
- **Undersøkt:** 26.06.2007
- **Inventør:** Anders Lundberg

Lokalitetskarakteristikk

Generelt: Hodnafjell ligg i Våg, inst i Grindafjorden. Toppen ligg 325 m o.h. Grensa mellom Tysvær og Vindafjord går like aust for toppen av fjellet, og omtalen her gjeld den delen som ligg i Tysvær.

Vegetasjon: Kulturbeteitemark i den nedre delen, kystlynghei i den øvre delen omkring toppen. På toppen er jorda skrinn og vegetasjonen er sparsam, men typisk kystlynghei. Vanlege artar er blåtopp, røsslyng, storbjørnnskjegg, tepperot, flekkmarihand og klokkeling.

Kulturpåverknad: Området blir beita av sau. Beitemarka er bratt og tungdreven, men flere traktorvegar går på kryss og tvers og gjer det lett å gjødsle. Gjødsel skadar artsmangfaldet.

Artsfunn: Ingen spesielle artar.

Kulturspor: Grøfter og traktorvegar i den nedre delen.



FIGUR 311. Flyfoto som viser avgrensinga av området.

Tilstand: Den nedre delen som er gjødsla og sterkt beita har liten verdi for det biologiske mangfaldet. Den øvre delen er meir typisk kystlynghei, utan teikn til gjengroing.

Inngrep: Grøfter og traktorvegar.

Verdivurdering: Den mest interessante delen i høve til biologisk mangfold er toppen og omkringliggende areal. Arealet er lite og har ingenting spesielt ved seg. Verdien er derfor liten, lågare enn C.

Stedkvalitet: Nøyaktigare enn 5 m.



FIGUR 312. Hodnafjellet er lett tilgjengeleg med gjerdeklevar og skilt. I bakgrunnen godt gjødsla kulturgeite med lågt biologisk mangfald.



FIGUR 313. Frå toppen av Hodnafjellet er det vid utsikt over Grindefjorden, Tysvær og omlandet. Jordha er skrinn og vegetasjonen fragmentarisk kystlynghei.

Oppsummering

Til saman er det omtalt 74 område frå dei fire kommunane som inngår i undersøkinga.

Følgjande 43 område er klassifisert som A-område:

Bokn, Austre Bokn, Vardefjellet
Bokn, Vestre Bokn, Lammaneset-Boknahovet
Haugesund, Røvær, Gitterøya
Haugesund, Røvær, Hillersøy
Haugesund, Røvær, Indrevær
Haugesund, Røvær, Røvær
Haugesund, Røvær, Ulvøy
Haugesund, Røvær, Ur
Haugesund, Tømmervågen-Torevarden
Haugesund, Årabrot
Karmøy, Avaldsnes, Selen
Karmøy, Avaldsnes, Søylå
Karmøy, Avaldsnes, Visnes nord
Karmøy, Skudeneshavn, Blikshavn-Hovdastad-Dale-Tjøstheim
Karmøy, Skudeneshavn, Ferkingstad hamn-Langåker
Karmøy, Skudeneshavn, Hemnes-Laksodden-Sandhålandsanden
Karmøy, Skudeneshavn, Mjølhus-Kvalvik-Røyrvik
Karmøy, Skudeneshavn, Nalei-Høynes
Karmøy, Skudeneshavn, Natterhukmyr-Ytre Holmavatn
Karmøy, Skudeneshavn, Røyrvik-Syreglåna-Syrevågen
Karmøy, Skudeneshavn, Sandhåland-Skårnes
Karmøy, Skudeneshavn, Sandve hamn-Sandvesanden-Mjølhussanden
Karmøy, Skudeneshavn, Stavasanden
Karmøy, Skudeneshavn, Taravika
Karmøy, Skudeneshavn, Taravika-Hebneståa
Karmøy, Skudeneshavn, Vikra-Sandve hamn
Karmøy, Stangaland, Sør-Stokke, Bratthammar
Karmøy, Stangaland/Skudeneshavn, Sør-Stokke-Blikshavn-Mjåvatnet
Karmøy, Torvastad, Dalsvågen 1 (lynghei)
Karmøy, Torvastad, Dalsvågen 2 (strandeng)
Karmøy, Torvastad, Feøy, Duøy
Karmøy, Torvastad, Føynå, Feøy
Karmøy, Torvastad, Feøy, Kvaløy
Karmøy, Torvastad, Feøy, Sandholmane
Karmøy, Torvastad, Føynå, Sørøy

Tabellen fortset på neste side.

Fortsetjing frå føregåande side.

Følgjande 43 område er klassifisert som A-område:

- Karmøy, Torvastad, Munkaskar
- Karmøy, Torvastad, Røvær, Bjørkevær
- Karmøy, Åkra, Nedre Liknes
- Karmøy, Åkra, Stong
- Karmøy, Åkra, Åkrasanden-Øvre Liknes
- Tysvær, Førlandsvågen, inst
- Tysvær, Høye, Kalleviksøya
- Tysvær, Valhest

Følgjande fire område er delvis A-område, delvis B-område:

- Haugesund, Hagland, nord for Ravnafloke
- Haugesund, aust for Steinsfjellet
- Tysvær, Sørsvåg
- Tysvær, Voll-Hetlandsrågen

Følgjande 12 område er klassifisert som B-område:

- Bokn, Austre Bokn, Våga, Nipa-Supanskallen
- Bokn, Vestre Bokn, Are
- Haugesund, Hagland, Svehaug
- Karmøy, Avaldsnes, Fosen, Tjoland
- Karmøy, Avaldsnes, Høvring
- Karmøy, Avaldsnes, Landanes
- Karmøy, Avaldsnes, Visnes sør
- Karmøy, Avaldsnes, Østhuslia
- Karmøy, Skudenes, Falnes
- Karmøy, Stangaland, Midt-Stokke, Kvednavik
- Karmøy, Torvastad, Føynå. Ulvøy
- Tysvær, Krosshaug-Såt

Følgjande seks område er klassifisert som C-område:

Haugesund, Kalland, Klauv
Haugesund, Toskatjødn-Kyrkjeliteit
Karmøy, Avaldsnes, Fosen, Skokkane
Karmøy, Avaldsnes, Myklabust
Karmøy, Skudenes, Nedre Risdal, torvmyr aust for Torvhodl
Tysvær, Høyevassdraget, Eikeskog-Hetland

Følgjande ni område er vurdert som med mindre verdi for det biologiske mangfaldet:

Haugesund, Ørpelveit, Tjodnaåsen
Karmøy, Avaldsnes, Bratthelgeland, Duberg
Karmøy, Avaldsnes, Bratthelgeland, Steintre
Karmøy, Skudenes, Nedre Risdal
Karmøy, Skudenes, Nedre Risdal, Torvavegen
Karmøy, Skudenes, Skitnadal, Nerset, Kolbeinsplassen
Karmøy, Stangaland, Midt-Stokke, Bratthammarhaugen
Tysvær, Høyetre
Tysvær, Våg, Hodnafjell

Arbeidet som ligg til grunn for denne rapporten har avdekkja store naturverdiar knytta til strendene på Vest-Karmøy. For å sikre at desse verdiane blir tatt vare på på ein god, heilskapleg og langsiktig måte, blir det gjort framlegg om å etablere **Vest-Karmøy landskapsvernombordet**, frå Stong i nord til Syrevågen i sør. Landskapsvernombordet vil inkludere alle sanddynene og tilgrensande strandberg og rullesteinstrender.

Litteratur

Austad, R. & Erichsen, C. 1987. Strandforskyvning på Nord-Karmøy basert på pollen- og diatomeanalyse. Univ. Bergen, hovedfagsoppgåve, upubl. 169 s.

Direktoratet for naturforvaltning 2007. Kartlegging av naturtyper – verdisetting av biologisk mangfold. *DN Håndbok 13*, 2. utgave 2006, revidert 2007.

Direktoratet for naturforvaltning 2010. Handlingsplan for dvergålegras (*Zostera noltei*) i Noreg. *DN-rapport 2010*, 1. 22 s.

Erhardt, A. 1985. Diurnal Lepidoptera: Sensitive indicators of cultivated and abandoned grasslands. *Journal of Applied Ecology* 22: 849-861.

Eriksen, S. 1992. Kulturlandskapsregistreringer i Karmøy kommune. Forprosjekt til kulturlandskapsplanlegging. *Karmøy kommune, Miljøvernkontoret, Rapport 3*. 118 s.

Fadnes, P. 2009. Funn av sopp i naturbeitemarker i Karmøy kommune. *Agarica* 28, 53-63.

Falkeid, K. 1998. *Torv. Slit og trivesel på Haugalandet*. Lokalhistorisk stiftelse. 112 s.

Fogelfors, H. 1985. Gödslingens innverknad på flora och vegetation i naturbetesmarker. *Sveriges lantbruksuniversitet, Fakta, mark-växter* 22.

Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. *NINA, Temahefte* 12. 279 s.

Fremstad, E. & Moen, A. (red.) 2001. Truete vegetasjonstyper i Norge. *NTNU, Vitenskapsmuseet, Rapport botanisk serie 2001*, 4. 231 s.

Gimmingham, C.H. 1961. North European heath communities: A "network of variation". *Journal of Ecology* 49, 655-694.

Hallingbäck, T., Lönnell, N., Weibull, H., Hedenäs, L. og von Knorring, P. 2006. *Nationalnyckeln till Sveriges flora och fauna. Bladmossor: Sköldmossor-blåmossor. Bryophyta: Buxbaumia-Leocobryum*. ArtDatabanken, SLU, Uppsala. 416 s.

Hallingbäck, T., Lönnell, N., Weibull, H., von Knorring, P., Korotynska, M., Reisborg, C. og Birgersson, M. 2008. *Nationalnyckeln till Sveriges flora och fauna. Bladmossor: Kompaktmossor-kapmossor. Bryophyta: Anoectangium-Orthodontium*. ArtDatabanken, SLU, Uppsala. 504 s.

Kålås, J.A., Viken, A. & Bakken, T. (red.) 2006. *Norsk rødliste 2006*. Artsdatabanken.

Lillehammer, A. 1982. *Bygdebok for Karmøy. Skudeneshavn*. Bygdebokutvalget i Karmøy. Dreyer Bok, Stavanger. 869 s.

Lundberg, A. 1982. Plantesosiologiske og økologiske studier i dynevegetasjonen på Karmøy. - Univ. Bergen, Bot. inst., hovedfagsoppgåve (cand.real.). 210 s.

Lundberg, A. 1983. Forvaltning av sanddyneområda på Karmøy - friluftsliv eller naturvern? - *Norges Handelshøyskole og Univ. Bergen, Geogr. Inst., Medd.* 80. 147 s.

Lundberg, A. 1984a. A controversy between recreation and ecosystem protection in the sand dune areas on Karmøy, Southwestern Norway. - *GeoJournal* 8: 147-157.

Lundberg, A. 1984b. Vegetasjonsøkologiske studier i dynevegetasjon på Karmøy. - S. 57-71 i: Baadsvik, K. og Rønning, O.I. (red.), *Fagmøte i vegetasjonsøkologi på Kongsvoll 18. - 20.03.84. - K. norske Vidensk. Selsk. Mus. Rapp. Bot. Ser. 7*.

Lundberg, A. 1987. Sand dune vegetation on Karmøy, SW Norway. - *Nordic Journal of Botany* 7: 453-477.

- Lundberg, A. 1991a. Planter ved sjøen. - s. 91-94 i: Birkevoll, K.H. (red.), *Kystguiden. Fra Risør til Haugesund*. - Statens Kartverk, Hønefoss.
- Lundberg, A. 1991b. Plantogeografiske undersøkingar på Vestlandet. - *Blyttia* 48: 129-143.
- Lundberg, A. 1991c. EUDC sand dune inventory: Norway. - s. 5-7 i: Doody, J.P. (red.), *Sand dune inventory of Europe*. - Joint Nature Conservation Committee, Peterborough.
- Lundberg, A. 1993. Dry coastal ecosystems of Central and South Norway. - s. 109-130 i: van der Maarel, E. (red.), 1993. *Dry coastal ecosystems*. - Vol. 2 i: Goodall, D.W. (hovedred.), *Ecosystems of the world, vol. 1-30*. - Elsevier Scientific Publ., Amsterdam - London - New York - Tokyo.
- Lundberg, A. 1997. *Sandstrendene på Vest-Karmøy. Ei gāve frå breen, havet og vinden*. - Nord-Rogaland og Sunnhordland Friluftsråd, Aksnes. 32 s.
- Lundberg, A. 1998. *Karmøyrs flora. Biologisk mangfold i eit kystlandskap*. Fagbokforlaget, Bergen. 505 s.
- Lundberg, A. 2002a. Plantogeografiske studier på Røvær. – *Grobladet 2002, 2*: 4-8.
- Lundberg, A. 2002b. The interpretation of culture in nature: Landscape transformation and vegetation change during two centuries at Hystad, SW Norway. – *Norwegian Journal of Geography* 56, 4: 246-256.
- Lundberg, A. 2003. Plantogeografiske studier på Føynå. – *Grobladet 2003, 1*: 4-9.
- Lundberg, A. 2004. Skjoldblad (*Hydrocotyle vulgaris*) i Rogaland - utbreiing og økologi. - *Grobladet 2004, 1*: 4-9.
- Lundberg, A. 2005. *Landskap, vegetasjon og menneske gjennom 400 år. Naturgrunnlag, arealbruk, slitasje og skog i Hystadmarkjo, Stord*. Fagbokforlaget, Bergen. 251 s.
- Lundberg, A. 2008. Changes in the land and the regional identity of western Norway. The case of Sandhåland, Karmøy. – s. 344-371 i: Jones, M. & Olwig, K. (red.), *Nordic landscapes. Landscape, Region and Belonging on the Northern Edge of Europe*. Univ. Minnesota Press.
- Lundberg, A. 2010. Conflicts between perception and reality in the management of alien species in forest ecosystems: A Norwegian case study. *Landscape Research* 35, 319-338.
- Lundberg, A, upubl. a. Floraen på Føynå. Planteliv i eit beitelandskap på ytterkysten. 57 s. + illustrasjonar.
- Lundberg, A. upubl. b. Floraen på Røvær. Planter i havgapet. 56 s. + illustrasjonar.
- Løvrekke, H. 2009. Noen edderkoppfunn fra Rogaland og Vest-Agder 2008-09. *Insekt-Nytt* 34, 4: 13-19.
- Nedkvitne, J.J., Garmo, T.H. og Staaland, H. 1995. *Beitedyr i kulturlandskap*. Landbruksforlaget, Oslo. 183 s.
- Nedkvitne, K. og Gjerdåker, J. 1997. Lind i norsk natur og tradisjon. *Norsk skogbruksmuseum, Særpublikasjon* 12. 164 s.
- Nitare, J. (red.) 2000. *Signalarter. Indikatorer på skyddsvärd skog. Flora över kryptogamer*. Skogsstyrelsens förlag, Jönköping. 392 s.
- Norderhaug, A., Jordal, J.B., Lundberg, A. & Stabbetorp, O. 2007. Supplerende kartlegging av biologisk mangfold i jordbrukets kulturlandskap, inn- og utmark, i Rogaland, med vurdering av kunnskapsstatus. Nasjonalt program for kartlegging og overvåking av biologisk mangfold. *Direktoratet for naturforvaltning, Utredning 2007-4*. 222 s.
- Steinnes, A. 1988. Vern og skjøtsel av kysthei i Rogaland. *Økoforsk, Rapport 1988, 11*. 119 s.
- Stol, I. 2010. Vevkjerringfaunaen (Opiliones) på havstrender på Karmøy i Rogaland. *Fauna 63, 1*: 34-38.

Oversikt over miljørapporter, Fylkesmannen i Rogaland

- Nr. - 1989: Utkast til verneplan for våtmark i Rogaland. ISBN-82-90914-00-8.
- Nr. 1 - 1989: Registrerings- og kontrollarbeid i Orrevassdraget. Et evalueringsprosjekt. ISBN-82-90914-01-6.
- Nr. 2 - 1989: Kalkingsplan for Rogaland - november 1989. ISBN-82-90914-02-4.
- Nr. 3 - 1989: Vannkvalitet og fiskebestand i kalkede vann i Rogaland. ISBN-82-90914-04-0.
- Nr. 4 - 1989: Fiskeribiologiske undersøkelser. Stølsvann og Stemmenvann i Lund kommune 2.-3. september 1988. ISBN-82-90914-05-9.
- Nr. 1 - 1990: Bly - stål. Intervjuundersøkelse blant jegere på Jæren om bruken av ståltagl 1988 og 1989. ISBN-82-90914-03-2.
- Nr. 2 - 1990: Hjort på Karmøy. Bestandsforhold og forvaltingsspørsmål. ISBN-82-90914-06-7.
- Nr. 3 - 1990: Overvåking av lakseparasitten Gyrodactylus salaris i Rogaland fylke - 1989. ISBN-82-90914-07-5.
- Nr. 4 - 1990: Driftsplan for Skaulen og Seljestad villreinområde. Revidert 1990. ISBN-82-90914-08-3.
- Nr. 5 - 1990: Prøvefiske i Store Stokkavann - juli 1988. ISBN-82-90914-09-1.
- Nr. 6 - 1990: Fiskeribiologiske undersøkelser i Jensavann. Juli 1988. ISBN-82-90914-10-5. ISSN-0802-8427.
- Nr. 7 - 1990: Årsmelding 1989. ISSN-0802-8427.
- Nr. 8 - 1990: Fiskeribiologiske undersøkelser i Brekke- og Holmavassdragene, Karmøy kommune, august 1990. ISSN-0802-8427.
- Nr. 1 - 1991: Hjorteregistreringer i Maldal-Kviå, Sauda kommune 1990. ISSN-0802-8427.
- Nr. 2 - 1991: Vannkvalitet og fiskebestand i kalkede vann i Rogaland 1990. ISSN-0802-8427.
- Nr. 3 - 1991: Avfallsplan Rogaland. Forprosjekt. ISSN-0802-8427.
- Nr. 4 - 1991: Fiskedød i Årdalselva i 1990 i forbindelse med overløp fra reguleringsmagasiner. ISSN-0802-8427.
- Nr. 5 - 1991: Fiskeribiologiske undersøkelser i fem innsjøer på Jæren, 1990. ISSN-0802-8427.
- Nr. 6 - 1991: Årsmelding 1990. ISSN-0802-8427.
- Nr. 7 - 1991: Fiskeribiologiske undersøkelser i Blåsjømagasinet, Ulla/Førre, Suldal og Bykle kommuner, Rogaland og Aust-Agder fylke. ISSN-0802-8427.
- Nr. 8 - 1991: Miljødataprosjektet. «Målstyrt resipientorientert forvaltning» (MRF). Forprosjekt. ISSN-0802-8427.
- Nr. 9 - 1991: Helsekontroll og smitteforebyggende tiltak ved kultivering av vassdrag i Rogaland. Referat fra kurs arrangert i Stavanger 15. september 1991. ISSN-0802-8427.
- Nr. 1 - 1992: Årsmelding 1991. ISSN-0802-8427.
- Nr. 2 - 1992: Vannkvalitet og fiskebestand i kalkede vann i Rogaland 1991. ISSN-0802-8427.
- Nr. 3 - 1992: Tetthetsregistreringer av laks og aure i Rogalandvassdrag, 1991. ISSN-0802-8427.
- Nr. 4 - 1992: Fiskeribiologiske undersøkelser i Ulla-Førre-vassdraget, 1991. ISSN-0802-8427.
- Nr. 1 - 1993: Årsmelding 1992. ISSN-0802-8427.
- Nr. 2 - 1993: Tetthetsregistreringer av laks og aure i Rogalandvassdrag, 1992. ISSN-0802-8427.
- Nr. 3 - 1993: Skogbruk og miljøvern på vestlandet. Referat fra seminar i Stavanger 10. - 11. november 1992. ISSN-0802-8427.
- Nr. 4 - 1993: Kommunal vilt- og fiskeforvaltning. Referat fra seminar i Stavanger 18.-19. februar 1993. ISSN-0802-8427
- Nr. 1 - 1994: Vannkvalitet og fiskebestand i kalkede vann i Rogaland 1992. ISSN-0802-8427.
- Nr. 2 - 1994: Kultiveringsplan for anadrome laksefisk og innlandsfisk i Rogaland. ISSN-0802-8427
- Nr. 3 - 1994: Verneinteresser i Fuglestadvassdraget. ISSN-0802-8427.
- Nr. 4 - 1994: Inngrep og forstyrringar i sentrale deler av Setesdal-Ryfylke villreinområde. ISSN-0802-8427.
- Nr. 5 - 1994: Årsmelding 1993. ISSN-0802-8427.
- Nr. 6 - 1994: Verneinteresser i Håvassdraget. ISSN-0802-8427.

- Nr. 7 - 1994: Tilfeller av landbruksforureining og kontroll av silo- og gjødselanlegg i Rogaland i 1993 vurdert mot tidlegare år. ISSN-0802-8427.
- Nr. 1 - 1995: Årsmelding 1994 for miljøvernavdelinga. ISSN-0802-8427.
- Nr. 2 - 1995: Slamplan for Rogaland - Anbefalinger til fremtidige løsninger. ISSN-0802-8427.
- Nr. 3 - 1995: Vasspest - Kartlegging av spredningsfare i Rogaland. ISSN-0802-8427.
- Nr. 4 - 1995: Revidert verneplan for Jærstrendene landskapsvernområde. ISSN-0802-8427.
- Nr. 5 - 1995: Sanitærutslipper i Rogaland- Omfang pr. 1994 og fremtidige krav til rensing. ISSN-0802-8427.
- Nr. 1 - 1996: Årsmelding 1995 for miljøvernavdelinga. ISSN-0802-8427.
- Nr. 2 - 1996: Kraftledninger og fugledød på Jæren. ISSN-0802-8427.
- Nr. 1 - 1997: Oppdrett i Rogaland - Fylkesmannens innspill til en bærekraftig utvikling. ISSN-0802-8427.
- Nr. 2 - 1997: Bruk av bly- og ståltag til andejakt på Jæren 1995. ISSN-0802-8427.
- Nr. 3 - 1997: Årsmelding 1996 for miljøvernavdelinga. ISSN-0802-8427.
- Nr. 4 - 1997: Vannkvaliteten i Rogaland - Statusoversikt pr. 1996. ISSN-0802-8427.
- Nr. 5 - 1997: Evaluering av kommunale avfallsplaner i Rogaland. ISSN-0802-8427.
- Nr. 1 - 1998: Årsmelding 1997 for miljøvernavdelinga. ISSN-0802-8427.
- Nr. 2 - 1998: Jærstrendene landskapsvernområde - Fugl og ferdsel. Del 1: Litteraturstudie. ISSN-0802-8427.
- Nr. 1 - 1999: Årsmelding 1998. Miljøvernavdelinga. ISSN-0802-8427.
- Nr. 2 - 1999: Overvåking av lakselus på sjøaure i Rogaland sommeren 1998. ISSN-0802-8427.
- Nr. 1 - 2000: Fiskedød i Håelva, Rogaland - juli 2000. Presentasjon av resultater fra fylkesmannens arbeid. ISSN-0802-8427.
- Nr. 1 - 2002: Tiltaksplan for opprydning av forurenede sedimenter i Stavanger Havn. ISSN-0802-8427.
- Nr. 1 - 2003: Forvaltningsplan for freda rovdyr i Rogaland 2003 –2008. ISSN-0802-8427.
- Nr. 2 - 2003: Evaluering av Forskrift for nydyrkning. Effekter på miljøverdiene på Jæren, i Vindafjord og Bjerkreim i Rogaland.
- Nr. 1 - 2006: Forvaltingsplan for rovvilt i region 1. Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland og Vest-Agder. ISSN-0802-8427.
- Nr. 1 - 2007: Supplerande kartlegging av naturtypar i Rogaland i 2006. (John Bjarne Jordal). ISSN-0802-8427. ISBN 978-82-90914-11-5. EAN: 9788290914115. (Internettversjon – pdf-format).
- Nr. 1 - 2008: Supplerande kartlegging av naturtypar i Rogaland i 2007. (John Bjarne Jordal, John Inge Johnsen). ISSN-0802-8427. ISBN 978-82-90914-12-2. EAN:9788290914122. (Internettversjon – pdf-format).
- Nr. 2 - 2008: Evaluering av Naturbase for Rogaland. (John Bjarne Jordal) ISSN-0802-8427. ISBN 978-82-90914-13-9. EAN:9788290914139. (Internettversjon – pdf-format).
- Nr. 1 - 2009: Supplerande kartlegging av naturtypar i Rogaland i 2008. (John Bjarne Jordal, John Inge Johnsen). ISSN-0802-8427. ISBN 978-82-90914-14-6. EAN:9788290914146. (Internettversjon – pdf-format).
- Nr. 1 - 2010: Forvaltningsplan for Harvalandsvatnet naturreservat, Sola kommune, Rogaland. ISSN-0802-8427.
- Nr. 2 - 2010: Forvaltningsplan for Søylandsvatnet naturreservat, Hå kommune, Rogaland. ISSN-0802-8427.
- Nr. 3 - 2010: Supplerande kartlegging av naturtypar i Rogaland i 2009. (Geir Gaarder, John Bjarne Jordal, Helge Fjeldstad, John Inge Johnsen). ISSN-0802-8427. ISBN 978-82-90914-15-3. EAN: 9788290914153. (Internettversjon – pdf-format).
- Nr. 4 - 2010: Naturtypar, biologisk mangfold og bevaringsmål i Jærstrendene landskapsvernområde (Anders Lundberg). ISSN-0802-8427.
- Nr. 5 - 2010: Kulturlandskap og biologisk mangfold på Haugalandet. (Anders Lundberg). ISSN-0802-8427.

